HØGSKULEN I VOLDA

| Boks 500 | 6101 Volda | Norway | T: 70 07 50 00 | F: 70 07 50 51 |
| E: postmottak@hivolda.no | www.hivolda.no |

# Masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur

## Næringslivsspråk i Nynorskland

### Ein analyse av språkpraksisen i den maritime næringsklynga på Sunnmøre

Studiepoeng: 60

Monika Haanes Waagan

Mai/2016

# SAMANDRAG


Temaet for denne masteravhandlinga er språkpraksis i næringslivet, med særleg vekt på bruken av *det nynorske skriftspråket* i høve til bruken av bokmål og engelsk – i eit område av landet der nynorsken elles står sterkt. Målet med masterprosjektet er å skaffe ny kunnskap om korleis språkbruken fordeler seg mellom skriftspråka, korleis språkbrukarane skildrar og forklarar språkpraksisen sin, og korleis ein kan forstå språkpraksisen i relasjon til den sosiale og kulturelle konteksten han går føre seg i.

Språkpraksisen er undersøkt frå eit diskursanalytisk perspektiv og ved hjelp av metodetriangulering. Det er utført tre ulike delundersøkingar av språkpraksisen i 39 bedrifter i den maritime klynga på Sunnmøre. Det diskursanalytiske perspektivet inneber at kvalitative og kvantitative data frå delundersøkingane vert kombinerte og kopla saman med ei undersøking av kulturen og samfunnet.

Den kvantitative innhaldsanalysen viser at nynorsk er mindre synleg enn bokmål på dei skriftlege flatene som er med i undersøkinga. 9 av 39 bedrifter har nynorsk som hovudspråk på sine nettsider. Den anonyme spørjeundersøkinga nyanserer dette biletet noko. Nynorsk og bokmål blir her rapportert brukt av like mange bedrifter, og dei fleste rapporterer å bruke alle tre skriftspråka.

I intervjusamtalane kjem det fram at bruken av nynorsk som bedriftsspråk i stor grad er eit resultat av personlege språkval hos nøkkelpersonar i bedriftene. Det nynorske skriftspråket vert av nynorsk-brukarane skildra som *det naturlege språkvalet* innanfor den maritime næringsklynga, og vert kopla til lokale faktorar som kultur, næringshistorie, identitet og det lokale talespråket. Det kan likevel opplevast som meir utfordrande å vere nynorskbrukar enn bokmålsbrukar i næringslivet, og nynorsk vert framleis oppfatta som noko motstraums.

Diskursanalysen viser at berarane av diskursen om nynorsk språkpraksis i næringslivet reknar nynorsk som eit livskraftig språk. Sjølv om nynorsk stadig oftare vert brukt som bedriftsspråk, vert det framleis rekna som for lite brukt. I nynorskdiskursen koplar ein nynorsk språkpraksis mot det lokale, og språkleg markering av lokal identitet vert rekna som ein viktig grunn for å velje nynorsk. Diskursberarane i nynorskdiskursen reknar næringslivet som eit ukjent språkområde, medan språkspørsmålet verkar å vere nærast fråverande innanfor det som kan kallast klyngediskursen. Likevel viser det seg at nynorskdiskursen deler fleire viktige representasjonar av verkelegheita med klyngediskursen, mellom anna betydninga av lokal kultur og identitet. Slik kan klyngediskursen gi

energi til nynorskbrukarane si oppleving av nynorsk som eit godt klyngespråk, trass i at bokmålet, gjennom konfliktlaus diskursiv praksis, vert reprodusert som det dominerande klyngespråket.

# SUMMARY

This master thesis investigates the use of New Norwegian (Nynorsk) compared to the use of Bokmål and English within a geographic concentration of maritime businesses often referred to as the Blue Maritime Cluster. The cluster is located on the western coast of Norway, in the region of Sunnmøre where Nynorsk officially is the preferred standard of written Norwegian.

The objective of this project is to provide new knowledge on how the use of written language is distributed between Nynorsk, Bokmål and English, how users of Nynorsk describe their language practices and how we can better understand language practice in relation to the social and cultural context in which these practices occur.

Language practices are examined from the perspective of discourse analysis, using a combination of different research methods. A total of three different surveys of a selection of 39 companies in the Blue Maritime Cluster are conducted as part of this project. The discoursive perspective involves the combination of quantitative and qualitative data merged with a discoursive analysis of the social and cultural context of language practice.

The results show that Nynorsk is less visible on the surfaces than both Bokmål and English. Only 9 of 39 businesses in the cluster use Nynorsk as their main language. A second and anonymous survey sheds more light on the matter, whereas the first survey offers a presentation of objective numbers. Nynorsk and Bokmål are reported to be used by the same number of companies in the cluster, and a majority of the companies report the use of all three languages.

Three qualitative interviews implicate that the use of Nynorsk as a business language is generally the result of a personal choice made by people in key positions at these companies. For the users of Nynorsk, their language is considered the natural language choice for businesses in the Blue Maritime Cluster due to local factors such as culture, local business history, identity and the fact that Nynorsk is the preferred spoken language of the region. Still, some experience that the use of Nynorsk involves many challenges to its users in the business world, more so than when Bokmål is used, and by the majority Nynorsk is still considered somewhat out of place within business environments.

The discourse analysis show that the carriers of the Nynorsk-discourse consider Nynorsk a viable, living language. Though it is being used by increasingly more people, it is still considered too little. The Nynorsk-discourse associate the use of Nynorsk with a local linguistic identity and to underline this is considered an important reason to use this standard of written Norwegian.

While the business world is considered unknown linguistic territory in the Nynorsk-discourse, the question of language practices seems non-existent in what may be referred to as the cluster-discourse. Still it is shown that the two discourses are sharing many of its important representations of reality, the importance of local culture and identity being among the central in both of them. This may indicate that the cluster-discourse contributes to power up the experience of Nynorsk being the natural cluster language for its users, despite the fact that Bokmål through conflictless discoursive practices is reproduced as the dominant cluster language.

*D'er stridt imot Straumen å symja. Den store Straumen vil dei fleste fylgja.*

Ivar Aasen, *Norske ordsprog* [1]

# FØREORD

Nynorsken kom *med* straumen for meg. Med far min si høgtlesing frå ein 70-talsbrun Stressless. Filttøflar på ein skammel, slåbrok, ei bok i fanget og oss ungane som storøyrd publikum. I dag hugsar eg det som *kvar* søndag: «Berre ein hund», «Bygda søv», «Ord over grind», «Haugtussa», «Solsongen til Gølløg» [2]. Det var vondt, det var godt, og det sette spor – vart mitt skriftspråk – allereie før eg sjølv kunne lese og skrive. Seinare kom nynorsken med leseboka, *Med a og b til Alababa* [3], og bokstavane fekk liv: «Solo lo Ola. Eli rir. Mor ror», sa dei. På barneskulen fekk eg vurderingsbok med anten *tilfredsstillande* eller *kan bli betre* som vurdering. Etter kvart kom karakterboka, der *særs godt* og *mykje godt* hang høgast.

Visst var det bokmål rundt oss, i Donald og Barne-TV, men for meg var språket nynorsk, og det fanst ingen større grunn til å reflektere rundt dette. Dei første lommepengane eg tente, stod trygt i inn*skots*boka frå *Noregs* Postsparebank, og eg var framleis lukkeleg uvitande om at eg snart skulle ut i den *store* straumen. Der ein krev deg for svar på kvifor. Kvifor sym du motstraums? Kvifor skriv du nynorsk?

I løpet av utdannings- og yrkeslivet mitt har eg sumt mot straumen min del og svart på dette *kvifor* uendeleg mange gongar – med humor, irritasjon eller med alvor – men alltid frå min eigen ståstad. I dette masterprosjektet har eg fått eit sjeldan høve til å vende meg rundt og sende spørsmålet vidare til næringslivet – eitt av samfunnsområda vi veit minst om når det gjeld bruken av nynorsk og bokmål. Undersøkingane mine er utført som del av mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda. Eg håpar og trur at undersøkingane mine har bidrege til ny og nyttig kunnskap.

Det betyr svært mykje for meg endeleg å kunne legge siste handa på dette prosjektet. Takk til alle som har trudd på at eg skulle få det til! Takk til informantane mine, Språkrådet for stipend, Høgskulen i Volda for at han finst, Arne, Ottar, Stephen og Øystein for inspirasjon og hjelp. Størst takk til Børre, Thor Aslak, Maren Elise og Samuel Aleksander. De viser meg at livet er så uendeleg mykje meir enn ein mastergrad.

Gurskøy, 1. mai 2016

Monika Haanes Waagan

---

[1], [2] og [3] Sjå eiga referanseliste for føreordet

# Innhald

**SAMANDRAG** .......... **3**

**SUMMARY** .......... **5**

**FØREORD** .......... **7**

**Innhald** .......... **8**

**1 INNLEIANDE DEL** .......... **10**

1.1 Bakgrunn .......... 10

1.2 Teoretisk og fagleg fundament .......... 11

1.3 Tidlegare forsking .......... 13

1.4 Føremål og avgrensing .......... 15

1.5 Problemstilling .......... 17

**2 PRESENTASJON AV FORSKINGSOMRÅDET** .......... **19**

2.1 Introduksjon .......... 19

2.2 Grunnlaget for den nynorske skriftkulturen .......... 21

2.3 Sunnmøre og sunnmøringen .......... 26

2.4 Den maritime klynga .......... 28

**3 TEORIDEL** .......... **30**

3.1 Kva er *språk* og kva er *eit* språk .......... 30

3.2 Språk, samfunn og kultur .......... 32

3.3 Språk og identitet .......... 35

3.4 Diskursanalyse .......... 36

3.5 Klyngeteori ........ 41

**4 METODEDEL ........ 47**

4.1 Metodeval ........ 47

4.2 Metodiske krav og vurderingar ........ 50

**5 UNDERSØKINGAR, FUNN OG ANALYSE ........ 53**

5.1 Delundersøking 1: Kvantitativ innhaldsanalyse ........ 53

5.2 Delundersøking 2: Anonym spørjeskjemaundersøking ........ 63

5.3 Delundersøking 3: Semistrukturerte fenomenologiske livsverdsintervju ........ 72

5.4 Diskursanalyse ........ 96

**6 SUMMERING OG KONKLUSJON ........ 112**

**7 Figurar ........ 116**

**8 Referanseliste for føreordet ........ 117**

**9 Referansar ........ 118**

**10 Vedlegg ........ 127**

# 1 INNLEIANDE DEL

Denne delen av avhandlinga vil først skildre bakgrunnen for forskingstemaet, før det kjem ein gjennomgang av det teoretiske og faglege fundamentet for sjølve forskingsarbeidet. Etter ein kort presentasjon av tidlegare relevant forsking på området, vert det gjort greie for kva som er føremålet med forskingsprosjektet, korleis arbeidet vert avgrensa, og kva vurderingar som ligg til grunn for denne avgrensinga. Innleiinga munnar til slutt ut i tre konkrete forskingsspørsmål, som fungerer som prosjektet si problemstilling.

## 1.1 Bakgrunn

Innanfor næringslivet står nynorsken under stadig press frå bokmålet. Det vert sagt at nynorsken aldri har fått skikkeleg fotfeste her, korkje nasjonalt eller i det nynorske kjerneområdet, altså dei delane av landet der nynorsken elles står sterkt. Nynorsk vert til ein viss grad nytta av lokalt næringsliv i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, men bedriftene som har heile landet som marknad, har så og seie berre nytta bokmål i landsdekkande marknadsføring. I tillegg vert næringslivet hevda å vere det samfunnsområdet der språket vårt vert utsett for sterkast press frå engelsk, ved sida av høgare utdanning og forsking. Globaliseringa av det norske næringslivet har bidrege til ei endring av språkpraksisen i bedriftene. Norsk språk tapar terreng, og ein fryktar at engelsken, i alle fall delvis, vil overta på dette viktige samfunnsområdet. Ein slik prosess, der eitt språk trugar og gradvis fortrengjer eit anna, vert gjerne kalla for domenetap (Språkrådet, 2005).

Dette masterprosjektet undersøkjer språkpraksisen innanfor eit næringsområde der Noreg vert rekna å vere ei global stormakt, nemleg den maritime næringa. Den maritime næringa har lange tradisjonar på Sunnmøre, og her ligg også eitt av tyngdepunkta for det som i seinare tid har fått namnet *den maritime næringsklynga*. Bedriftene som er med i denne undersøkinga, er på ulike vis integrerte i det globaliserte næringslivet. Dei har samtidig sterke band til lokalsamfunnet og den lokale kulturen. Torger Reve skildrar difor moderne næringsklynger som: « … geografiske konsentrasjoner av samhørig kunnskap og kompetanse med globale fangarmer» (Reve & Sasson, 2012, s. 24).

At engelsk trengjer vekk norsk, eller at bokmål trengjer vekk nynorsk, er inga ønskt utvikling sett frå styresmaktene si side. Hovudmålet for den norske språkpolitikken er, ifølgje Kulturdepartementet, å

sikre bruken av eit velfungerande norsk språk på alle samfunnsområde. Strategien er å motverke domenetap – både for bokmål og nynorsk (Kulturdepartementet, 2014).

Som statens fagorgan i språkspørsmål er det Språkrådet som er sett til å følgje opp den norske språkpolitikken. I dette ligg også ansvaret for å følgje med på korleis språkstoda i landet utviklar seg over tid. Språkrådet delte i åra 2010, 2011 og 2012 observasjonane sine i ein årleg språkpolitisk tilstandsrapport, «Språkstatus». I årsrapportane vart det også lagt føringar for arbeidet vidare. I «Språkstatus 2012» heiter det i kapitlet om språkbruk i arbeids- og næringslivet:

> Språkrådet treng ei betre kontaktflate mot heile denne sektoren, og det bør forskast meir på språk og språkbruk i arbeids- og næringslivet i Noreg. […] Det trengst undersøkingar som viser kor mykje norsk og engelsk som vert nytta, og korleis bruken av bokmål og nynorsk fordeler seg, i private bedrifter (Språkrådet, 2012, s. 41).

Språkrådet har også ønskt seg meir kunnskap om haldningar, strukturar og identitetsoppleving knytt til språk, bakgrunnen for individuelle språkval og faktorar som påverkar bruk av det eine eller andre språket (Språkrådet, 2015).

## 1.2 Teoretisk og fagleg fundament

Ifølgje Johannessen et al. vil forskaren sitt eige ontologiske, epistemologiske og faglege perspektiv alltid vere med og styre korleis eit forskingsprosjekt vert gjennomført (2010, ss. 54–55). *Ontologisk perspektiv* dreier seg om korleis ein ser på og forstår verkelegheita, medan *epistemologisk perspektiv* handlar om synet på kunnskap.

Dette masterprosjektet er gjennomført som ein del av mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur ved Høgskulen i Volda. Prosjektet er prega av å vere del av eit tverrfagleg kulturstudium, der skriftspråket vert sett som ein uløyseleg del av kulturen eller kulturane der språket er i bruk, og der ein nyttar perspektiv frå fleire fagtradisjonar for å utforske språkkulturelle fenomen.

Analysemetodane er både kvantitative og kvalitative, med bakgrunn i ei forståing av at fenomen som har med samhandling mellom menneske å gjere, er komplekse og i stadig endring eller skaping. Kunnskap om slike fenomen krev eit mangfald av framgangsmåtar og metodar, og ein kan likevel aldri gjengi den sosiale verda eller verkelegheita *som ho er*. Ein forskar kan berre ta inn, tolke og

analysere små utsnitt av verkelegheita slik ho viser seg, og deretter presentere meir eller mindre vellukka representasjonar av henne (Jf. Johannessen et al., 2010, s. 36).

Vitskapssynet til ein forskar har også konsekvensar for sjølve forskarrolla. Som Hans Skjervheim forklarar, mellom anna i «Deltakar og tilskodar» frå 1957, kan ikkje samfunnsforskaren vere berre ein tilskodar til samfunnet: «Vi kan ikkje stille oss utanfor […] spesielt kan vi ikkje stilla oss utanfor oss sjølv» (Skjervheim, 1996, s. 86). Han tek avstand frå vitskapleg objektivering av mennesket. I staden tek han til orde for vitskapleg subjektivering, der ein tek del og engasjere seg i den andre. «Å ta den andre alvorleg er det same som å vere viljug til å ta hans meiningar opp til ettertanke, eventuelt diskusjon» (pp. 74–75). Forskaren vert med dette sjølv ein veljande aktør, og dei dataa som vert brukte, er påverka av forskaren sine førehandsoppfatningar. Johannssen et al. kallar dette forskarens *forforståelse* eller *forståelseshorisont*. I løpet av forskingsprosessen utøver forskaren ein omfattande seleksjon, både av kva som vert observert, korleis observasjonane skal registrerast, korleis dei registrerte dataa skal analyserast – og til slutt tolkast og rapporterast (Johannessen et al., 2010).

Ein slik type subjektivitet kan tolkast på fleire måtar. Frå ein positivistisk ståstad vil metodane kunne reknast som uvitskaplege. Den positivistiske tradisjonen legg vekt på nøytrale metodar som ikkje er avhengige av forskarens subjektivitet, interesser og verdiar. Frå eit diskursanalytisk perspektiv kan det å påverke og endre diskursen derimot godt vere eitt av føremåla med forskinga, utan at det skal gå ut over forskingsmessige prosedyrar (Johannessen et al., 2010, s. 40). I det same forskaren ytrar seg som forskar, vil han sjølv måtte vere både tilskodar til og deltakar i diskursen. Når ein, som i dette prosjektet, til dømes nyttar fenomenologiske intervju som del av eit diskursanalytisk prosjekt, må ein vere medviten på at ein ikkje berre tek informantane si subjektive oppleving på alvor. Allereie i organiseringa og gjennomføringa av intervjuet har ein sjølv teke eit steg inn i diskursen. I dette ligg det også ei erkjenning av at eit fenomen viser seg ulikt i ulike samspelsituasjonar. Både intervjupersonen og intervjuaren vil difor naturleg påverke kunnskapsproduksjonen (Kvale & Brinkmann, 2015, ss. 255–260).

I diskursanalysen ser ein det også som ein fordel med inngåande bakgrunnskunnskap om kulturen eller kulturane ein studerer. I dette prosjektet har det, på den eine sida, vore ein fordel med eigen deltakarkompetanse i både nynorskkulturen, sunnmørskulturen og næringslivskulturen. Det har, på den andre sida, gjort det tilsvarande nødvendig med jamleg refleksjon over eiga forskarrolle, for å halde på den nødvendige analytiske distansen til problemstillingane.

## 1.3 Tidlegare forsking

I *Språkfakta 2015* har ein sett seg som mål å «… samle all relevant statistisk informasjon om bruk og utbreiing av språk i Noreg mot ein internasjonal bakgrunn, med vekt på dei to norske språka» (O. Grepstad, 2015, p. 7). Samlinga inneheld mellom anna 867 tabellar og 34 figurar og kart, fordelt på 19 hovudtema. Kapittel 3.7 om næringsliv startar likevel slik: «Næringslivet er eit av dei samfunnsområda vi veit minst om når det gjeld bruken av nynorsk og bokmål» (O. Grepstad, 2015).

Det offentlege ordskiftet om den norske skriftspråkpraksisen og den offentlege norske språkpolitikken er begge tente med eit breiare og meir solid kunnskapsgrunnlag. Er dette grunnlaget mangelfullt, kan ein lettare kome til diametralt ulike konklusjonar i same sak, noko dei følgjande påstandane kan stå som døme på.

I «Norsk i hundre!» kan ein lese at «En rekke bedrifter på Vestlandet har de siste årene gått over til å bruke nynorsk også i sin nasjonale markedsføring» (Språkrådet, 2005, s. 43). Med dette som bakgrunn hevdar forfattarane at det går føre seg ei sakte endring, der bedrifter forlèt bokmålet, etter å ha nytta fleirtalsspråket i fleire år. I 2014 hevda mållagsleiar på Sunnmøre, Terje Kjøde, at Stranda skisenter sitt skifte frå bokmål til nynorsk er « … eit eksempel på eit fenomen vi gler oss over akkurat no. Vi ser ein klar tendens til meir nynorsk i næringslivet her på Sunnmøre» (Vatne, 2014). Om lag samtidig set kommunikasjonsmannen Hans Geelmuyden fram følgjande påstandar og tilhøyrande spådom for nynorsken i teksten «R.I.P.»: «Nynorsk er ikke dødt, bare døende. Fortsetter utviklingen som nå, vil døden inntreffe om noen år. Min spådom er at utviklingen vil akselerere» (Geelmuyden, 2013).

Når det gjeld språkpraksisen i næringslivet er vi framleis langt unna å kunne teikne noko fullstendig bilete av språksituasjonen. Det er etter måten få undersøkingar som tek føre seg språk i næringslivet. For dette prosjektet kan dei følgjande nemnast som relevante.

### Om fordelinga mellom norsk og engelsk

I samband med utgjevinga av dokumentet ««Norsk i hundre!»» gjennomførte Språkrådet i 2005 ei spørjeundersøking mellom tjue av dei hundre største private og offentlige bedriftene i Noreg. Tolv av desse bedriftene hadde valt det som undersøkinga kallar «offisielt» språk. Åtte hadde valt engelsk og

fire norsk, utan at dette såg ut til å ha innverknad på språkpraksisen i ulike situasjonar. Mellom engelsk-bedriftene dominerte engelsk i berre to interne språkbrukssituasjonar, nemleg som møtespråk i styret og i brev og e-post-korrespondanse. I alle andre situasjonar var norsk (bokmål) anten dominerande eller like mykje brukt. I norsk-bedriftene var norsk (bokmål) meir brukt enn engelsk i alle språkbrukssituasjonar. Engelsk vart også brukt i desse selskapa, i alle situasjonar bortsett frå som møtespråk i styret og i sakspapir til styremøta. I selskap som ikkje hadde fatta vedtak om å ha eit offisielt språk, vart norsk språk anten einerådande eller mest brukt i alle situasjonar. Det vart også her brukt engelsk i alle språkbrukssituasjonar, men i svært avgrensa grad (Språkrådet, 2005).

Benedikte Homme Holstad gjennomførte i perioden 2011 til 2012 ei mastergradsundersøking av bruksfordelinga mellom engelsk og norsk i norsk maritim industrisektor. Ho gjennomførte to nettbaserte spørjeundersøkingar, der til saman 42 bedrifter svarte – og dessutan fire informantintervju. Flest respondentar kom frå Møre og Romsdal og Hordaland, medan bedrifter frå heile femten av nitten fylke var representerte. Resultata frå undersøkinga tyder på at det har skjedd ei utvikling i retning av ein større del engelsk i desse bedriftene, og at engelsk er dominerande på dei mest offentlege, offisielle språkbruksområda (Holstad, 2012). Undersøkinga skilde ikkje mellom nynorsk og bokmål.

I 2015 vart det gjort ei større undersøking av språk i reklame i Noreg, der ein undersøkte språket i 1700 annonsar i tv, avismagasin, vekeblad og magasin gjennom ei veke. I undersøkinga vart det skilt mellom norske og utanlandske annonsørar, og det kom fram at norske annonsørar brukte bokmål i 85 prosent av annonsane og engelsk eller engelsk og bokmål i 13 prosent av annonsane. Dei utanlandske annonsørane brukte 43 prosent bokmål og 53 prosent engelsk eller engelsk og bokmål. Berre i *ein* annonse frå ein norsk annonsør vart det brukt nynorsk. Ingen utanlandske annonsørar som var med i denne undersøkinga, brukte nynorsk (O. Grepstad, 2015).

I ei undersøking publisert av Språkrådet i januar 2016, er bruken av engelsk undersøkt i nesten 300 bedrifter innanfor norsk industri og bygge- og anleggsverksemd. Resultata frå denne undersøkinga viser at 8 av 10 bedrifter i industrien og 5 av 10 bedrifter i bygg- og anleggsbransjen nyttar engelsk. 2 av 10 bedrifter i industrien har engelsk som offisielt arbeidsspråk, medan nesten ingen av bedriftene i bygge- og anleggsbransjen har det same. Effektiv ekstern kommunikasjon er den viktigaste grunnen til at bedriftene nyttar engelsk. Hovudkonklusjonen er, ifølgje Språkrådet, at bedriftene følgjer parolen i språkplakaten for næringslivet, som Næringslivets Hovudorganisasjon og Språkrådet står

bak: «Bruk norsk når du kan, og engelsk når du må» (NHO og Språkrådet, 2009; Nybø, 2016; Språkrådet, 2016).

### Om fordelinga mellom nynorsk og bokmål

Det er hittil gjort svært få undersøkingar av fordelinga mellom nynorsk og bokmål i næringslivet. Når det gjeld bruken av nynorsk i reklame viser Grepstad til to undersøkingar frå område av landet der nynorsken tradisjonelt står sterkt. Den eine undersøkinga er ein større analyse gjennomført av Torill Nedberge av reklamespråket i tre aviser i Sogn i tidsromet 1948–1980. Den andre undersøkinga, gjennomført av Ottar Grepstad, er av alle annonsane i Firda ei veke i dei tre åra 1972, 1992 og 2012. Begge undersøkingane viser ein tendens til auke i den totale nynorskdelen av annonsane (O. Grepstad, 2015).

### Om faktorar som påverkar språkbruken, haldningar, strukturar og opplevingar knytt til språk

Ei undersøking gjennomført av Språkrådet i 2008 viste at bruken av engelsk i bedrifter og i reklame hadde auka. I undersøkinga vart både bedriftsleiarar og publikum spurde. Over 70 prosent av bedriftsleiarane meinte at bruken av engelsk ikkje fremja effektiviteten. 60 prosent meinte også at bedrifter ikkje bør kunne lyse ut ledige stillingar på engelsk i norske medium. 42 prosent av befolkninga var i 2008 likegyldige til bruken av engelsk i reklame i Noreg. To år seinare viste ei ny undersøking ein klar auke i motviljen mot engelsk i reklame og marknadsføring. I begge gruppene, men særlig i befolkninga, var fleire negative til engelsk enn i 2008. Samtidig var det fleire som meinte at folk lar seg påverke ekstra av engelsk, men få trudde at engelsk faktisk fremjar salet av varer og tenester. Eit klart fleirtal var dessutan einige i at norsk bør brukast i all reklame og marknadsføring (Simonsen, 2009, 2011).

## 1.4 Føremål og avgrensing

Målet med dette masterprosjektet er å bidra til å tilfredsstille fleire av kunnskapsbehova som er melde ovanfor, særleg om bruken av nynorsk i høve til bokmål og engelsk. Prosjektet har som mål å auke kunnskapen om korleis skriftsspråka fordeler seg, korleis språkbrukarane sjølve omtalar

språkpraksisen og dei språklege vala sine, og korleis ein kan forstå språkpraksisen i relasjon til den sosiale og kulturelle verkelegheita han går føre seg i.

Språkgeografisk siktar undersøkinga seg inn mot eit område der det er naturleg å vente seg ein viss nynorsk språkpraksis. Bedriftene som er med i undersøkinga, held til på Sunnmøre – i ein viktig del av det som ofte vert kalla *det nynorske kjerneområdet*. Bedriftene i utvalet er aktive i ei næring som er sterkt integrert i både den lokale, den nasjonale og den globale næringsøkonomien. Den maritime næringa på Sunnmøre har sterk ankring i den lokale næringskulturen, men dei er samstundes utsette for sterk språkleg og kulturell påverknad frå både nasjonalt og internasjonalt hald.

Til den maritime næringsklynga på Møre vert rekna 13 konsulentselskap, 14 skipsverft, 20 reiarlag og 169 utstyrs- og tenesteleverandørar (*Breaking Waves*, 2015). For dette prosjektet har det vore praktisk å velje dei 39 medlemsbedriftene i MAFOSS (Maritim forening for Søre Sunnmøre) som utval for undersøkingane, for det første fordi omfanget vart rekna som tilstrekkeleg og handterleg for dette prosjektet, og for det andre fordi MAFOSS har nedslagsfeltet sitt i sju kommunar som alle reknar seg som nynorskkommunar. Minst like viktig er det likevel at bedriftene, gjennom medlemskapen i MAFOSS, sjølve aktivt definerer seg inn i fellesskapen som vert kalla *den maritime klynga,* ei nemning som stammar frå økonomisk klyngeteori. Nemninga vert i stor grad nytta av næringa sjølv – på medarbeidar-, bedrifts- og organisasjonsnivå, frå nasjonalt og internasjonalt forskarhald og i næringspolitiske samanhengar.

Det er vanskeleg å finne referansar til språk og språkpraksis i litteraturen om næringsklynger, men næringsklynga kan likevel betraktast som ein viktig kontekst for den språklege praksisen i bedriftene. I litteraturen vert næringsklynga mellom anna omtalt som fellesskap med eigne *kulturelle særtrekk,* og for dette prosjektet er det særleg interessant at den maritime klynga på Sunnmøre vert trekt fram som eit døme på kor avgjerande desse kulturelle særtrekka kan vere.

Forskingsprosjektet har ei fleirdelt målsetjing og søkjer etter fleire ulike typar kunnskap – ved hjelp av fleire ulike metodar. Dette har igjen konsekvensar for kor stor del av utvalet som vert nytta i dei ulike delundersøkingane. Den første delundersøkinga tek føre seg observert språkpraksis for heile utvalet på 39 bedrifter. Her vert skriftspråket undersøkt slik det kjem til syne på bedriftene sine eigne nettsider, i sosiale medium, i stillingsannonsar og i årsrapportar. Den andre delundersøkinga tek også føre seg alle dei 39 MAFOSS-bedriftene. Ho vert gjennomført som ei semistrukturert, nettbasert og

anonym spørjeundersøking med spørsmål knytte til språkpraksis, eventuelle språkvedtak, faktorar som påverkar språkpraksisen og reaksjonar frå publikum. Den tredje delundersøkinga er gjennomført som eit kvalitativt forskingsintervju med eit utval på tre informantar frå tre ulike bedrifter som nyttar nynorsk. I diskursanalysen vert til slutt både dei kvantitative og kvalitative forskingsresultata analysert i ein større kontekst, som går langt utanfor dei 39 MAFOSS-bedriftene.

Forskingstemaet er avgrensa til å handle om skriftspråket – ikkje talemål eller dialektbruk. I den grad det kjem fram kunnskap om talemål eller dialekt i undersøkinga, er dette berre teke med dersom det har relevans for det skriftspråklege. Utvalet er skreddarsydd for å bidra til meir kunnskap om bruken av nynorsk i næringslivet, og det er lagt mindre vekt på bruken av bokmål og engelsk. Utvalet er avgrensa til eitt særskilt næringslivsområde. Deler av undersøkinga har også eit svært lite utval, med berre tre særleg utvalde informantar. Resultata kan difor ikkje på nokon måte reknast som gjeldande for den norske næringslivspopulasjonen, korkje nasjonalt eller innanfor det nynorske kjerneområdet. Resultata *kan* vise seg å vere representative for populasjonen av *maritime klynge-bedrifter i nynorskkommunar på Sunnmøre*. Denne vurderinga føreset kunnskap om i kva kommunar dei 216 bedriftene som er rekna med til næringsklynga, er lokaliserte. Dette har ikkje vore prioritert her.

Dei tre delundersøkingane er gjennomførte i 2014 og 2015, altså innanfor eit avgrensa tidsrom. Vi veit at næringslivet heile tida er i endring. Marknader skiftar, og handelen og produksjonen av varer og tenester går opp og ned. I bedriftene skiftar språkbrukarane arbeidsoppgåver, verksemder får nye eigarar og det kjem nye språkbrukarar til i leiande posisjonar. I den digitale verda, der mykje av den skriftlege språkpraksisen i bedriftene går føre seg, kjem det stadig nye verkty, trendar og kommunikasjonsflater. Denne undersøkinga ville difor høgst sannsynleg få andre resultat om ho vart gjennomført om fem eller ti år.

## 1.5 Problemstilling

Dette forskingsprosjektet har, som vist over, ei fleirdelt målsetjing, noko som inneber at problemstillinga også må innehalde fleire spørsmål. For dette masterprosjektet er problemstillinga samanfatta i følgjande tre forskingsspørsmål, som alle søkjer etter ulike typar kunnskap:

1. I kva omfang vert nynorsk nytta som bedriftsspråk i den maritime klynga på Sunnmøre – samanlikna med bokmål og engelsk?

2. Korleis forklarar språkbrukarane sin eigen nynorskpraksis, og kva meining legg og finn dei sjølve i denne praksisen?
3. Korleis kan ein forstå nynorsk språkpraksis i lys av den sosiale og kulturelle konteksten han går føre seg i?

Denne første delen av avhandlinga er det gjort greie for bakgrunnen for forskingstemaet, teoretiske og faglege fundament for forskinga og ein kort oversikt over tidlegare forsking. Kapittelet munna ut i sjølve problemstillinga. Det neste kapitlet går djupare inn i forskingsområdet, som ei førebuing til metodededelen og deretter sjølve undersøkingane.

# 2 PRESENTASJON AV FORSKINGSOMRÅDET

Denne delen av avhandlinga er meint som ein grundigare introduksjon til forskingsområdet. Kapitlet tek føre seg grunnlaget for den nynorske skriftkulturen, frå dei eldste norskspråklege tekstane og fram til stoda for nynorsken i dag. Deretter kjem ein presentasjon av sunnmørskulturen og sunnmøringen, med utgangspunkt i nokre mytiske førestellingar som framleis synest å vere levande. Til slutt kjem ein gjennomgang av kva som ligg i nemninga *den maritime klynga*.

## 2.1 Introduksjon

Sunnmøre, den sørlege delen av Møre og Romsdal fylke, er ein kystregion med eit sterkt oppskore landskap med mange øyar, djupe fjordar og fjell. Allereie i mellomalderen var regionen kjend under namnet *Sunnmærafylki*. Til Sunnmøre høyrer i dag 17 kommunar med til saman 141 755 innbyggjarar (tal frå 2015). Bykommunen Ålesund er størst med 50 345 innbyggjarar. Andre store tettstader er Ørsta, Volda, Ulsteinvik, Sykkylven, Nordstrand (Valderøy), Fosnavåg og Hareid (Thorsnæs, 2015).

Talespråket på Sunnmøre, på folkemunne *sunnmøring*, høyrer til dei nordlege e-måla, det vil seie at infinitiv og ubunden form eintal av svake honkjønnsord endar på –e. Sunnmørsmålet var språkforskaren Ivar Aasen sitt eige målføre og det første han granska. Det vert av somme hevda at sunnmørsmålet og andre talemål på Vestlandet har prega landsmålet og seinare nynorsken i større grad enn andre talemål, nettopp fordi det var her Ivar Aasen starta arbeidet med å samle inn og systematisere dei norske talemåla (O. Grepstad, 2006, s. 85, 2014; Venås, 2014). Det administrative skriftspråket i kommunane på Sunnmøre er nynorsk, med unnatak av den språknøytrale bykommunen Ålesund, som i praksis er ein bokmålskommune. Ser ein på Møre og Romsdal under eitt, har fylket i dag 22 nynorskkommunar, 13 språknøytrale kommunar og ein bokmålskommune.

Tradisjonelt har folk på Sunnmøre livnært seg av kombinasjonsbruk med jordbruk og fiske, men i løpet av dei siste to hundreåra har det vore store endringar innanfor næringsliv, kommunikasjonar og generelle samfunnstilhøve. I 1813, Ivar Aasen sitt fødselsår, vert det sagt at sunnmøringane åt opp kornlagera sine, sjølv om dei blanda bork og andre erstatningsvarer i brødet. I 1814 måtte den einaste folkevalde utsendingen frå Sunnmøre, Elling Olsen Valbø, *gå* den 450 kilometer lange vegen frå Ørskog til Eidsvoll, der den grunnlovsgivande forsamlinga skulle starte arbeidet sitt 10. april 1814

(Høidal, 2014). To hundre og eitt år seinare sende statsministeren i Noreg, Erna Solberg (H), *videohelsing* frå hovudstaden til Klevenkonsernet si jubileumsfeiring på Sunnmøre. Her seier ho mellom anna: «Utfordringene vil fortsatt være store. Derfor dreier det seg om å […] fortsatt tenke at det er ingen begrensning for en bedrift med lange tradisjoner på Sunnmøre» (Myren, 2015, s. 155). Den maritime klynga er i dag solid etablert på Sunnmøre. Relasjonen tilbake til næringsmiljøa i Oslo er endra, og Sunnmøre vert gjerne oppfatta som eit industrielt og innovativt tyngdepunkt – meir enn ein utkant. Skilnaden i levekår frå tida då Ivar Aasen, til liks med dei fleste andre på Sunnmøre, vaks opp i «en Bondes Hytte» til i dag er enorm.

Iver Neumann fastslår at ein bør kjenne til terrenget ein går inn i og ha ein viss grad av kulturell kompetanse for å kunne gjere ein diskursanalyse (Neumann, 2010, s. 50). Denne delen er ein introduksjon til dei tre kulturane som i dette prosjektet vert rekna som viktige kontekstar for språkpraksisen i den maritime næringsklynga på Sunnmøre, nemleg den *nynorske skriftkulturen* (heretter kalla *nynorskkulturen*), *sunnmørskulturen* og *næringslivskulturen*. Bedriftene som er med i utvalet er deltakande i alle tre, om enn i varierande grad, og kulturane viser seg både åtskilde og vovne i kvarandre på same tid. *Den maritime næringsklynga på Sunnmøre* vert også skildra nærare i denne delen, og kan i denne samanhengen også kallast ein eigen kultur eller delkultur – innlemma i alle dei tre andre kulturane, slik det er forsøkt illustrert i figuren under.




*Figur 2-1: Klynga og nynorsk-, næringslivs- og sunnmørskulturen*

Kulturomgrepet vert her nytta ut frå ei generell forståing av omgrepet, slik det er skildra nærare i kapittel 3.2, og der ein kultur gjerne svarar til eit samfunn eller eit samfunnsområde.

## 2.2 Grunnlaget for den nynorske skriftkulturen

Forskingsterrenget for næringslivsspråk på Sunnmøre kan vanskeleg skildrast utan også å ta med eit historisk tilbakeblikk – som for nynorskkulturen i det minste må nå to hundreår tilbake. Neumann påpeikar at ein ikkje kan gå tilbake til «Arilds tid» for alle analysar, men ein kultur og ein diskurs vil alltid bere i seg det Neumann kallar «minner om sin egen tilblivelseshistorie» (Neumann, 2010, s. 57). Historia om notida for den nynorske skriftkulturen kan difor gjerne starte ved årstalet 1814, då Noreg fekk si eiga grunnlov etter at den 400 år lange dansketida var over. Men skrifttradisjonen som nynorskkulturen ber i seg, er meir enn tusen år lang. Dansketida og reformasjonen representerte eit brot på ein norsk skriftspråktradisjon som i si eldste form strekkjer seg heilt tilbake til runetida (år 200–1050). Allereie på 1000-talet meiner ein at dei første bøkene var skrivne på det norrøne morsmålet.

Kristninga av Noreg omkring år 1000 hadde ført med seg latinen, men også på denne tida vart det produsert norrøn dikting og andre skrifter, mellom anna den kjende preikesamlinga *Gamal Norsk Homiliebok* skriven omkring år 1200 (Halse, 2011; Torp & Vikør, 2003). Elles i Europa medverka reformasjonen i kyrkja på 1500-talet til å fremje folkemåla på kostnad av den framande latinen. Martin Luther og andre reformatorar var opptekne av å få Guds ord ut til folket på folket sitt eige språk. I Noreg skjedde ikkje dette, nettopp på grunn av dansketida. Følgjene av reformasjonen vart i staden ei fordansking på kostnad av det norske (Halse, 2011). Rett nok fanst det mange skrivande norske bønder, som framleis skreiv med innslag av norske språkmerke, men det var ingen norsk skriftspråkstandard å følgje, og i kontakten med kyrkje og kanselli, forsvar og skuleverk var det berre dansken som dugde. Dansken vart også nytta i varehandel, eigedomshandel og anna næringsdrift.

Då dansketida (1536–1814) var over, og Noreg fekk si eiga grunnlov i 1814, var sjølve det formelle grunnlaget for det norske språkspørsmålet lagt. Men i samband med den generelle nasjonale og demokratiske vakninga i samfunnet, hadde tankane om eit eige norsk språk lenge vore levande mellom unge intellektuelle. Når det no var etablert eit ytre rammeverk for den norske staten, kunne tida difor vere inne for å ta stilling til kva som skulle vere det norske språket (Torp & Vikør, 2003). I fleire hundre år hadde det danske skriftspråket så å seie vore det einaste brukelege her i landet. Dansken var dessutan eit morsmål for den norske statsberande eliten. På denne tida var det allereie ei utbreidd lese- og skrivekunne i landet. Så mykje som 90 prosent av alle i Noreg kunne truleg lese, og

det fanst bøker på dansk i mange heimar, for det meste religiøse skrifter. Det første og det naturlege spørsmålet etter 1814, var difor om dansk også kunne kallast norsk. (Apelseth, 1996; O. Grepstad, 2006). Allereie i den nye Grunnlova, i versjonen som vart vedteken den 4. november 1814, kalla ein dette språket «det Norske Sprog» (Grundloven, 1814).

Det som hende i 1814 skapte likevel ikkje noko språkleg skilje på kort sikt, men utover i første halvdelen av 1800-talet vaks det fram ei forståing av at det som var norsk måtte skilje seg frå det danske, også språkleg. Debatten om korleis språkreforma skulle skje, blussa opp på 1830-talet. Spørsmålet var no om ein skulle fornorske det eksisterande danske eller skape eit nytt norsk skriftspråk basert på folkemålet. Ein vart aldri samd om dette, og frå 1840 gjekk ein så å seie parallelt i gang med to konkurrerande norske språkreformer; den moderate fornorskingslina, sterkast representert av Knud Knudsen (1812–1895) og den radikale målreisingslina, representert av Ivar Aasen (1813–1896) (Apelseth, 1996; O. Grepstad, 2006; Torp & Vikør, 2003).

## Ivar Aasen og den radikale målreisingslina

I 1840 hadde Ivar Aasen rokke å vekse opp, lese, skrive og studere seg fram til å verte ein særs lærd ung mann. I dagboka hans frå mars 1840 får vi eit lite glimt inn i nokre av dei vitskapsområda han var oppteken av: botanikk, grammatikk og framandspråk:

> *Marts 2.* Fundet Hanblomster af Graa-Aaren med fuldkomment Sædstøv. Til den 7. fordetmeste tørt og mildt Veir. I disse Dage forfærdiget et Fragment af en Ordbog, som Bilag til min Fremstilling af det søndm. Almuesprogs Bygning. 6. og flere Dage, syg i den venstre Halvdeel af Hovedet, og især i Tænderne. In the beginning I thought, it was an effect of too much use of petum optimum (for I confess, that I kept not the good resolution, which I took latest in January); but later I found, that it could not be the cause. […] (Aasen, 1960).

I denne perioden var han privatlærar hos kaptein Daae på Solnør, den einaste skikkelege storgarden på Sunnmøre. Biblioteket på Solnør, med sine 10 000 band, var eitt av dei største i landet (Høidal, 2014). Aasen vart verande på Solnør i sju år, frå 1835 til 1842. Han følgde samstundes med i den nasjonale språkdebatten. Allereie i 1836 skreiv han teksten «Om vort Skriftsprog», som, sjølv om han ikkje vart utgjeven før etter hans død, har vorte rekna som ein nøkkeltekst i Ivar Aasens liv og verk (O. Grepstad, 2013). Her finn vi argumentasjonen for kvifor ein burde tufte det nye landsmålet på

folkeleg talemål. Det var folkespråket som måtte verte hovudspråket i landet, hevda Aasen, slik Noreg høyrer folket til. Folkespråket var framleis i munnleg bruk hos allmugen, difor var det hos allmugen ein ville finne grunnlaget for det rette norske skriftspråket. «Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte,» skreiv Aasen (Aasen, 1836).

Aasen kom til å representere den radikale målreisingslina i det norske språkspørsmålet. Han ville jamføre dialektane og byggje det nye språket på dei alle. Knud Knudsen, som representerte den moderate fornorskingslina, meinte også at språket burde «… bygges på den norske tale, norske ord skrives som norsk tale lyder.» Han meinte Aasen sitt prosjekt var urealistisk. Knudsen ville gå stegvis fram med fornorskinga av språket, og ville heller bruke *den Dannedes Tale* enn folkespråket som basis for skriftspråket (Lundeby, 1995; Torp & Vikør, 2003).

Aasen ville hente bakgrunnsmaterialet for det nye språket i bygdene, og meinte at ein burde velje dei dialektformene som låg lengst vekk frå dansk. Etter kvart vart det tydeleg for Aasen at han sjølv burde vere den som gjennomførte granskingane av det norske folkespråket: ««Et saadant Arbeide», tænkte jeg, «kan kun udføres af En, der er født og opdragen i en Bondes Hytte. Jeg vil forsøge et saadant Arbeide.»» (Aasen, 1841).

Han gjennomførte ei imponerande og omfattande gransking av dialektane i ulike deler av landet, særleg i perioden 1842–1847. Innsamlingsarbeidet la grunnlaget for verka *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folksprog* (1850). Seinare kom *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873) (O. Grepstad, 2013, 2015; Torp & Vikør, 2003).

## Utbygginga av landsmålet

I *Språkplanlegging, prinsipp og praksis* plasserer Lars Vikør (2007) både dagens nynorsk og bokmål i kategorien utbyggingsspråk. Utbyggingsspråk har som kjennemerke at dei er standardiserte som skriftspråk (normalt også som talespråk), og så godt utvikla i ordtilfang og uttrykksmåtar at dei kan brukast til alle dei funksjonane eit moderne samfunn krev (Vikør, 2007, s. 54). Med grammatikane og ordbøkene hadde Aasen lagt grunnlaget for ein skriftspråkstandard for landsmålet. No stod det att eit stort arbeid med å utvikle språket og ta det i bruk på alle samfunnsområda der dansken, og etter kvart det dansk-norske, hadde vore einerådande. Aasen sjølv byrja tidleg å forme og gi ut skrifter i mange ulike sjangrar. Tekstane var i stor grad meint som inspirasjon og føredøme for dei som skulle prøve ut

den nye skriftstandarden, men det utvikla seg snart eit nettverk av flittige landsmålstilhengjarar. Utfordringa for nynorsken var at det danske språket allereie var utbygd, og den moderate fornorskingslina, som landsmålet skulle måle seg mot, kravde inga radikal omlegging av språket.

Utover andre halvdelen av 1800-talet vart landsmålet spreidd til fleire og fleire felt. Skipinga av og utgivingar frå Det Norske Samlaget (1868) og avisene *Fedraheimen* (1877) og seinare *Den 17de mai* (1894) bidrog sterkt til dette. Frå rundt 1870 vart også ei mengd salmar, preiker, katekismar og bibelstykke publiserte på landsmålet. I 1878 vedtok Stortinget at skuleborna skulle få opplæringa si på «Børnenes eget Talesprog», og i 1885 kom jamstellingsvedtaket, der «det norske Folkesprog» vart jamstilt med det dansk-norske «almindelige Skrift- og Bogsprog». Som ei vidareføring av dette, kom det i 1892 ei lov som sa at opplæringsspråk i skulen og liturgispråk i kyrkja skulle avgjerast lokalt. (O. Grepstad, 2006; Halse, 2011)

Etter dette spreidde språket seg raskt til det meste av Vestlandet, fjellbygdene, mykje av Trøndelag og indre deler av Austlandet – men ikkje til byane (Torp & Vikør, 2003). Etter hundreårskiftet og fram mot 1930-talet bidrog fleire viktige vedtak og institusjonar til at den nye skriftkulturen festa seg. I 1901 kom den første offisielle rettskrivinga for landsmålet. I 1902 og 1907 vart det innført obligatorisk eksamen i landsmål for høvesvis lærarskulen og gymnaset, og i 1930 vedtok Stortinget ei lov om målbruk i statstenesta, som gav eit visst pålegg om bruken av begge målformene. Med skipinga av Det Norske Teatret i 1913 opna dørene seg for landsmålet på teaterscena. Samtidig vaks det fram ein rikhaldig flora av lokale aviser og blad (O. Grepstad, 2006). Innanfor kyrkja representerte autorisasjonen av ein nynorsk liturgi, *Tekst- og altarboka*, i 1907 eit offisielt gjennombrot for nynorsk som kyrkjespråk (Halse, 2011). Kring hundreårskiftet vart det skipa to slagkraftige organisasjonar, Noregs Ungdomslag i 1896 og Noregs Mållag i 1906. Begge vart svært viktige for den landsomfattande nye målrørsla, og gjennom desse organisasjonane vart landsmålet sterkt knytt til folkeviseleik, folkedrakter og synleggjering av ein norsk bondekultur (O. Grepstad, 2006). Samtidig vaks ideen om å redusere skilnadene mellom dei to skriftspråka, slik at dei til slutt kunne smelte saman til eitt. Både rettskrivingsreforma frå 1917 og samnorskreforma i 1938 bidrog til ei tydeleg tilnærming mellom skriftspråka.

Men sjølv om landsmålet spreidde seg, møtte brukarane motstand på alle område der språket ikkje hadde vore brukt før. Landsmålet, som etter 1929 skulle kallast *nynorsk*, fekk aldri fotfeste på Austlandet, i Finnmark og i byane. Sterkast var motstanden i skulen, kyrkja og teatret. Det dansk-

norske språket, som i 1929 fekk namnet *bokmål,* hadde eit enormt forsprang. Med den tyske okkupasjonen (1939–1945) vart både reformprosessen og prosessen med å spreie nynorsken til fleire samfunnsfelt sett på pause, og etter krigen og utover 1950- og 1960-åra hadde nynorsken ein kraftig tilbakegang. Tilnærmingspolitikken møtte også mykje motstand, særleg frå dei som ynskte ei meir konservativ fornorsking av riksmålet, men også frå nynorsk-tradisjonalistar.

## Språkstoda i dag

I 2002 vart «tilnærmingsparagrafen» i lov om Norsk språkråd av 18. juni 1971 oppheva (J. Grepstad, 2012). I dag er både nynorsk og bokmål solid og stabilt til stades i Noreg, og fundamenta for begge dei norske skriftspråka er tydelege i både skrift, institusjonar og regelverk. Nynorsk må reknast som eit mindretalsspråk, og kvantitativt er bokmålsbrukarane sterkt dominerande. I 2015 er det 3,6 millionar innbyggjarar (over 15 år) som har bokmål som førstespråk, medan om lag 600 000 har nynorsk. Det er framleis flest nynorskbrukarar utanom byane og den daglege bruken av nynorsk er no konsentrert om dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (O. Grepstad, 2015).

Som nemnt har i dag alle kommunane på Sunnmøre nynorsk som bedriftsspråk, med unnatak av den språknøytrale bykommunen Ålesund. I 2016 har spørsmålet om offentleg målform vore aktualisert ved fleire høve. Som ledd i ei pågåande utgreiing om kommunesamanslåing, der ti kommunar har arbeidd fram ein intensjonsavtale om ein ny Ålesund storkommune, vart det i mars gjort vedtak om at den eventuelle nye kommunen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk (Hovik, 2016). Seinast i april 2016 vedtok Fylkestinget at Møre og Romsdal fylkeskommune framleis skal ha nynorsk som administrasjonsspråk (Fylkestinget, 2016).

*Det nynorske kjerneområdet* er eit omgrep som ofte vert brukt i språkgeografisk meining, om område der nynorsken anten dominerer eller blir brukt relativt mykje meir enn elles i landet. Sjølv om talet på nynorskbrukarar er stabilt i Noreg, ser er det ein prosentvis nedgang av nynorskbrukarar i høve til bokmålsbrukarar, noko som, ifølgje Grepstad kan forklarast ved at folketalsauken i Noreg i hovudsak skjer utanfor det nynorske kjerneområdet (2015).

På same måte som det var vanskeleg å nå fram med nynorsken til alle *geografiske* område, har det også teke lang tid å nå fram på fleire samfunnsdomene, ikkje minst på næringslivsområdet, slik det også er vist til i del 1.

## 2.3 Sunnmøre og sunnmøringen

Historikar Arnljot Løset hevdar at den sunnmørske identiteten er knytt til ein del kjenneteikn eller mytar som går att når sunnmøringen vert omtalt. Sunnmøringen vert skildra som gjerrig, måtehalden og oppfinnsam. Ifølgje eit forskingsprosjekt om næringskulturar på Nord-Vestlandet gjennomført i 2004, trur bedriftsleiarar på Sunnmøre på mytane – og dei har et positivt forhold til dei (Bukve, Løseth, & Gammelsæter, 2004). Historikaren Eldar Ø. Høidal hevdar også at mytane om sunnmøringen står sterkt i Noreg, og nemner at sunnmøringen vert oppfatta som sparsam, innovativ og praktisk. Både Løseth og Høydal trekkjer dessutan fram at det relativt jamstelte sunnmørssamfunnet truleg forklarar noko av livskrafta og omstillingsevna til næringslivet på Sunnmøre. (Bukve et al., 2004; Høidal, 2014; Løseth, 1996). I det følgjande vil desse førestillingane vere innfallsporten til ei skildring av det som kan kjenneteiknast som typisk for sunnmørskulturen.

### Sunnmøringen som pietistisk, arbeidsam og sparsam

> Ein god sunnmøring stiller ikkje store krav til kvilestundene. Livet er til for at ein skal arbeide – og tene pengar (Bruaset, 1999, s. 19).

Dei pietistiske vekkingane på Sunnmøre på 1800-talet og den puritanske, religiøse rørsla som då breidde seg, får æra for verdiar som flid og disiplin, både i samfunnet generelt og i det sunnmørske næringslivet spesielt. Særleg viktig for utviklinga av det sunnmørske næringslivet var den haugianske vekkingsrørsla, som ifølgje *Nord-Vestlandet – liv laga* fremja driftigheit og sørgde for ein vellukka symbiose mellom Gud og mammon. Hans Nielsen Hauge var både lekpredikant og industrigründer, og tankane hans og den kraftfulle koplinga mellom tru, haldningar og materielt strev skulle vise seg å få god grobotn i sunnmørssamfunnet (Bukve et al., 2004; Høidal, 2014). I eit sitat i boka til Bukve et al. fortel fiskebåtreiar og KrF-politikar Einar Hareide: «For meg har nettopp mitt kristne livssyn og den pietistiske arv jeg fikk i vuggegave, gitt meg den ballast som jeg har trengt til de mange oppgaver og avgjørelser som jeg har møtt og måttet ta min del av» (Bukve et al., 2004, s. 50).

## Sunnmøringen som innovativ

> Vert ein sunnmøring plassert på ei aude øy, byggjer han ein fabrikk av drivved og byrjar å produsere møblar (Høidal, 2014, s. 181).

Stereotypien om sunnmøringen som får pengar ut av gråstein lever ifølgje Arnljot Løset i beste velgåande. Han hevdar at stereotypien har verka samlande på folk i regionen og fremja ein sterk regional identitet. Han har også utvikla seg til eit regionalt symbol og skapt ein forventningskultur som fører til at sunnmøringen klarer seg godt i nedgangstider (Bukve et al., 2004, s. 51). Også utanfrå vert denne myten om sunnmøringen stadfesta. Ein informant frå Sogn, referert i det tidlegare nemnde forskingsprosjektet om næringskulturar på Nord-Vestlandet, seier dette: «Eg føler at sunnmøringen er mest kreativ. Eg lurer på om det er noko med sunnmøringen. Det er trykk i dei. Når du begynner å snakke om business, då blir dei glødande engasjerte. Sunnmøringen er kjent. Dei er kremmarar» (Bukve et al., 2004, s. 81). Høidal hevdar at fiasko-historiene frå det sunnmørske næringslivet, for dei var det også mange av, må ha kome i skuggen av suksesshistoriene – og det er suksesshistorier som sel. Det låg ei eiga marknadsmakt i førestillinga om den suksessrike sunnmøringen, hevdar Høidal, og også sjølve spreiinga av suksesshistoriene i medie- og kulturfeltet har difor bidrege til å halde mytane i live (Høidal, 2014).

## Sunnmøringen som jamstelt

> Lat no andre om Storleiken kivast, lat deim bragla med Rikdom og Høgd! Millom Kaksar eg litet kann trivast, millom Jamningar helst er eg nøgd. (Aasen, 1868)

Den sjuande strofa i ein av Aasen sine mange versjonar av diktet «Nordmannen», vert i *Gull av gråstein* nytta til å illustrere den sosiale likskapen som kjenneteiknar sunnmørskulturen (Høidal, 2014). Den sunnmørske bondeøkonomien var opphavleg basert på kombinasjonsdrift mellom jordbruk og fiske, både i indre og ytre strok. Saman med kombinasjonsdrifta på gardane, er det den relativt jamne fordelinga av ressursane, som har fått mykje av æra for at sunnmøringane og sunnmørssamfunnet berga seg bra gjennom naudsåra tidleg på 1800-talet. Det vert hevda at dei egalitære tradisjonane i sunnmørssamfunnet seinare bidrog til ein desentralisert industrikultur, med nye verksemder også utanfor byen. Både næringsstrukturen og likskapsideala er ifølgje Høydal med å prege sunnmørsindustrien også i våre dagar (Høidal, 2014). Til dette høyrer også ei førestilling av

fellesskap. Sjølv om dei sunnmørske suksesshistoriene handlar om konkurransar som er vunne, er ein oppteken av at ein både skal konkurrere og samarbeide. Også internt i bedriftene og mellom bedriftene og lokalsamfunnet skildrar ein eit ansvar for og ei glede over å lukkast i fellesskap (Bukve et al., 2004, s. 80).

## 2.4 Den maritime klynga

Den maritime klynga på Nord-Vestlandet består av bedrifter innanfor skipsdesign, skipsbygging, produksjon av spesialisert utstyr som framdriftssystem, kranar, vinsjar og styringssystem – i tillegg til reiarlag. Til saman utgjer desse bedriftene så å seie heile offshorefarty-verdikjeda. I tillegg reknar ein med forskings- og utdanningsaktørar og tenesteleverandørar innan bank, finans og jus. Aktørane i klynga er knytte til kvarandre gjennom kunde- og leverandørrelasjonar, medan det på same tid går føre seg stor grad av konkurranse på alle ledd i verdikjeda, både innanfor og utanfor klynga.

Ein reknar ofte kjerneområdet for klynga frå Haram kommune i nord til Søre Sunnmøre i sør. Det kunnskapsmessige tyngdepunktet i klynga ligg i Ålesund, med campus-området til Høgskolen i Ålesund, simulatorsenteret, Kunnskapsparken og opplæringssenteret til Rolls-Royce Marine. Det industrielle tyngdepunktet er i Ulsteinvik, med mellom andre Ulstein-gruppa, Kleven Verft og Rolls-Royce Marine. I kommunane på ytre Søre Sunnmøre ligg også det meste av reiarlagsverksemda (*Breaking Waves*, 2015; Jakobsen, Iversen, Jordell, & Røtnes, 2012).

Samarbeidet mellom dei maritime klyngebedriftene er formalisert gjennom fleire ulike prosjekt og samarbeidsfora. Døme på dette er Maritimt Forum Nordvest, Maritim forening for Søre Sunnmøre og Global Centre of Expertise, som på kvar sin måte har ei målsetjing om å styrke og vidareutvikle det maritime miljøet i regionen. Klyngeprosjektet Blue Maritime Cluster er ledd i ei massiv nasjonal satsing på dei mest globalt retta og vekstkraftige næringsklyngene i Noreg. Satsinga er direkte ankra i teorien om næringsklynger, som vil bli skildra nærare i kapittel 3.5 (GCE Blue Maritime Cluster, 2015; MAFOSS, 2016; Maritimt Forum Nordvest, 2015).

Denne andre delen av avhandlinga har vore meint som ein presentasjon av forskingsområdet for dette prosjektet. Kapitlet har teke føre seg grunnlaget for den nynorske skriftkulturen, ein presentasjon av sunnmørskulturen og sunnmøringen og til slutt kva som ligg i nemninga *den maritime klynga*.

Heretter følgjer teoridelen, som handlar om språk, diskursanalyse og klyngeteorien presentert frå eit diskursanalytisk perspektiv.

# 3 TEORIDEL

Teoridelen av avhandlinga tek først føre seg nokre etablerte haldningar til kva eit språk er, og korleis språkforståinga er kontekstrelatert. Språkforståinga vert så kopla til ulike perspektiv på språket i relasjon til samfunnet og kulturen, først med fokus på sosiologvistisk teori om *språksamfunn* i relasjon til diskursanalysen sitt *diskursfellesskap* og det antropologiske *kulturomgrepet*. Etter ein kort gjennomgang av literacy-tradisjonen si forståing av språk og kultur, følgjer ein bolk som tek føre seg det identitetsskapande aspektet ved språk. Diskursanalysen har ikkje noko skarpt skilje mellom teori og metode. Av praktiske grunnar er den generelle presentasjonen av diskursanalysen plassert i teorikapitlet, medan dei metodiske vala som gjeld dette masterprosjektet, er å finne i metodekapitlet. Til slutt vert det greidd ut for korleis den økonomiske klyngeteorien kan bidra til å kaste lys over språkpraksisen i næringslivet på Sunnmøre – ikkje primært som ein økonomisk teori, men som eit kulturelt bakteppe og eit viktig diskursfellesskap for dei maritime bedriftene som er med i undersøkinga.

## 3.1 Kva er *språk* og kva er *eit* språk

Det finst inga eintydig språkvitskapleg forklaring på kva språk er. Dei språkvitskaplege retningane fordeler seg over eit breitt spekter med ulike fagområde, og kan difor vere interesserte heilt ulike sider ved språket. Ifølgje Lars Vikør var opphavleg all språkvitskap normativ eller preskriptiv. Ein var altså oppteken av å skildre eller fastsette den rette språkbruken. Den deskriptive språkvitskapen, som interesserte seg for den faktiske språkbruken, utvikla seg etter 1800. Særleg utover på 1900-talet kom det ei rad ulike språkvitskaplege retningar både innanfor lingvistikk og andre fag, samt det Vikør kallar *grensevitskapar* mellom lingvistikk og fag som etnologi, sosiologi og psykologi (2007, ss. 44-45).

Det tradisjonelle språksynet, der språket først og fremst var forstått som eit middel for kommunikasjon mellom tenkjande subjekt, vart innafor fleire vitskapar tidleg på 1900-talet avløyst av ei forståing av at språket i tillegg er eit medium som formidlar vår konseptuelle tilgang til verda. Språket, per se, kom i fokus. Dette paradigmeskiftet, som gjerne vert kalla *den språklege vendinga*, fekk følgjer for fleire vitskaplege retningar og gjorde at språket vart eit sentralt emne for ny vitskapleg analyse (Haga, 1987, s. 30). Den språklege vendinga følgjer mellom anna opp Ferdinande

de Saussure sitt skilje mellom språket som relasjonelt system («langue») og språket i bruk («parole»). De Saussure meinte at objektet for lingvistikken skulle vere *langue,* altså språket som system, medan strukturalisten Michael Bakhtin meinte at ein i tillegg trengde ein vitskap om *parole,* altså språket i levande og konkret heilskap, som kunne seie noko om dei dialogiske relasjonane mellom ord, tekstar og menneske (Neumann, 2010, s. 19). Skiljet mellom langue og parole svarar på mange måtar til det Torp & Vikør kallar dei indre og dei ytre sidene ved språket, der dei indre sidene er strukturelle og dei ytre er sosiale eller sosiopolitiske (Torp & Vikør, 2003).

Ludwig Wittgenstein (1889–1951) var også oppteken av tilhøvet mellom språk, meining og verkelegheit. I den seinare filosofien sin kalla han heilskapen av språk og dei handlingane som språket er vevd saman med, for språkspel (Wittgenstein, 1997, s. 38). I dei ulike språkspela har språket funksjonar og reglar som er tett knytte til menneskelege livsformer. Det å forstå eit språk betyr difor ikkje berre at ein kan namngje ting i verkelegheita, ein må i tillegg kunne bruke det i praksis. På denne måten er språkspelet ein del av livet til alle menneske. Vitskapen som undersøkjer korleis språklege uttrykk gir meining gjennom bruk, og som kan seiast å byggje på filosofien til Wittgenstein, vert gjerne kalla lingvistisk pragmatikk. Ifølgje Fairclough er lingvistisk pragmatikk: «the study of language in relation to its users» (Fairclough, 2003, s. 221).

Når ein skal forske på enkeltspråk treng ein likevel, ifølgje Lars Vikør, ein snever og individualiserande definisjon av språkomgrepet. I boka *Språkplanlegging* forklarar han at ein slik snever språkdefinisjon er ein føresetnad for å kunne snakke om *enkeltspråk* – skilt frå andre enkeltspråk (2007, ss. 49–50). Ifølgje Vikør, kan det likevel vere vanskeleg å definere kva som kan reknast som eit eige språk. I dette prosjektet vert til dømes nynorsk og bokmål rekna som to ulike språk, men dette kan ifølgje Vikør problematiserast. Vikør går sjølv ut frå at dei to er «to skriftlege varietetar av eitt språk, norsk», men han ser ikkje bort frå andre tolkingar. Ottar Grepstad hevdar i *Språkfakta 2010* at dette ikkje er så enkelt i ei vidare tyding, men at ein i Noreg har løyst det med omgrepet *målform*. I 2015-utgåva omtalar Grepstad konsekvent bokmål og nynorsk som to norske språk, og meiner med dette å kunne setje punktum for si eiga tenking om emnet (2010, s. 17, 2015, s. 11). Unn Røyneland slår på si side fast at termen språk *ikkje* er ein lingvistisk term og hevdar at det er heilt andre tilhøve enn dei språklege som avgjer kva som vert rekna som eit eige språk. «Svært ofte har politiske, geografiske, historiske, sosiologiske og kulturelle forhold langt meir å seie enn dei reint lingvistiske» (Sandøy, Akselberg, Røyneland, & Mæhlum, 2008, s. 17). I ein slik samanheng skil ein

gjerne mellom *avstandsspråk,* som har stor lingvistisk avstand til andre språk, og *utbyggingsspråk*, som er standardiserte som skriftspråk (og ofte talespråk) men manglar ein lingvistisk avstand til nabospråka. Døme på dette er norsk, svensk og dansk. Bokmål og nynorsk kan også reknast som utbyggingsspråk.

## 3.2 Språk, samfunn og kultur

Den sosiale verkelegheita, altså ei eller anna form for samhandling mellom menneske, er studieemne for alle samfunnsvitskaplege forskingsprosjekt (Johannessen et al., 2010). Korleis ein innanfor dei ulike samfunnsvitskaplege retningane ser på språket i den sosiale verkelegheita, og kva sider av språket og verkelegheita ein legg vekt på, er likevel høgst ulikt. Ulike teoriar vil difor også utvikle ulike omgrep, og sjølv om dei tilsynelatande ligg relativt tett opp mot kvarandre i meiningsinnhald, kan dei bere i seg skilnader knytt til underliggande og ulik teoretisk ankring. Ved ei tverrfagleg tilnærming til eit fenomen, vil ein også kunne hente inn og gjere nytte av omgrep frå fleire ulike fagretningar samtidig. Omgrepa som kort vert skildra under, kan stå som døme på dette.

Innanfor språkvitskapen vert område for sosial aktivitet, der språket vert brukt, ofte kalla domene (Gammelgaard, Mejdell, & Svarverud, 2004, s. 3). Slike område vert definert som eit sett sosiale situasjonar som er avgrensa av eit sett reglar for oppførsel, også av språkleg art. Domene tyder ifølgje Norsk etymologisk ordbok eigentleg *felt som nokon rår over* (Caprona, 2013). Eit språkdomene er ofte brukt i tyding samfunnsområde eller språkbruksarena, men kan også brukast på samfunnets mikronivå, i tydinga interaksjonelle situasjonar (Ljosland, 2008, s. 27). Vitskap og teknologi, administrasjon, politikk, utdanning, moderne kultur og næringsliv er døme på slike domene.

Innanfor sosiolingvistikken vert den sosiale samanhengen der språket vert brukt, ofte kalla eit *språksamfunn*. Ein av definisjonane på eit språksamfunn er «… ei sosial gruppe som blir halden saman ved hyppig sosial interaksjon og kommunikasjon mellom medlemmene» (Sandøy et al., 2008, s. 31). I dei seinare åra har denne termen blitt vidareutvikla til omgrepet *språkleg praksisfellesskap*, noko som passar betre for studium av samfunn som er prega av stor heterogenitet, som er språkleg diffuse og der den enkelte språkbrukaren si åtferd ikkje berre kan forståast som del av eit større system, men som individuelle språkhandlingar basert på kjennskap til fleire ulike normsystem.

Medan det bak termen språksamfunn ligg ei interesse for system og samanheng, er språklege praksisfellesskap konsentrert om interaksjonar, praksis og identitet. (pp. 32–33)

Innanfor diskursanalysen, som vil bli handsama grundigare i kapittel 3.4, blir dei språklege samanhengane kalla *språkleg kontekst*, medan omgrepet *diskursfellesskap* svarar til sosiolingvistikkens *språksamfunn*. Diskursfellesskap eller *discourse community* skil seg likevel frå det ein kallar språksamfunn, ved at medlemskapen i eit diskursfellesskap også inneber ein form for meinings- eller interessefellesskap (Borg, 2003; Hitching, Nilsen, & Veum, 2011, s. 23).

Innanfor sosialantropologien er *kultur* eit svært sentralt omgrep. Det generelle kulturomgrepet sidestiller gjerne ein kultur med eit samfunn eller eit samfunnsområde. *Ein* kultur kan i denne tydinga tenkjast skilt frå ein annan kultur, som eit samanhengande og heilskapleg system av tanke-, kommunikasjons- og åtferdsmønster (Schackt, 2014). Ein annan definisjon av kulturomgrepet som dreier seg meir om *innhaldet* i den menneskelege fellesskapen i eit samfunn, vert også nytta i denne avhandlinga. Kultur kan i antropologisk tyding nemleg også forklarast som *innhaldet* i den menneskelege fellesskapen i eit samfunn, eller meir presist som: « … ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar fra den foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre – ofte noe forandret – til neste generasjon» (Klausen, 1992, s. 27).

Platon (427–347 f.Kr) var kan hende den aller første som skreiv om skrifta sitt potensiale til å endre ein kultur. Eitt døme på dette finn vi i dialogen *Faidros.*

> Men da så turen kom til skrifttegnene, sa Theuth: 'Denne kunnskap, o konge, vil gjøre egypterne visere og minnessterkere. For den er oppfunnet som et middel for visdom og hukommelse.' Da svarte Thamus: 'Min fagkyndiste Theuth. Ett er å oppfinne tekniske ting, noe annet å bedømme hvilken skjebne, til gavn og til skade, oppfinnelsen medfører for dem som vil anvende den […] av velvilje hevder du det motsatte av hva de formår. For denne oppfinnelse vil inngi glemsel i lærlingenes sjel ved at minnet forsømmes (Platon, 1981, s. 93).

Innanfor moderne literacy-forsking, også skildra som *skriftkulturforsking*, viser ein særleg interesse for tilhøvet mellom tale og skrift, kva som er dei samfunnsmessige følgjene av skrift, og korleis skrift påverkar kulturelle og kognitive strukturar. Ifølgje Leidulf Melve vert to teoretiske retningar – brotsynet og ideologisynet – gjerne stilt opp mot kvarandre innanfor literacy-forskinga (Melve, 2001, s. 17). *Brotsynet* ser på skrift som ibuande årsak til endringar i eit samfunn. Det mest sentrale bidraget

til denne teoretiske posisjonen er truleg artikkelen The Consequences of Literacy, av antropologane Ian Watt og Jack Goody. Dei hevdar at oppfinninga av skrifta, og dei kulturelle konsekvensane dette har hatt, har fått for lite merksemd.

> In our view, however, isufficient attention has been paid to the fact that the urban revolution in the Ancient Near East produced one invention, the invention of writing, which changed the whole structure of the cultural tradition. Potentially, human intercourse was now no longer restricted to the impermanency of oral converse (Goody & Watt, 1963, s. 344).

Representantar for brotsynet tek til orde for at skrifta i seg sjølv har effekt på kognitive strukturar, sosiale prosessar og institusjonar. Sterkt forenkla kan ein ut frå dette synet hevde at med skrift tek mennesket til å tenkje på ein annan måte. Konsekvensen av brotsynet er at ein vurderer talekulturar og skriftkulturar som ulike på fleire grunnleggande punkt. Ein del påstandar knytt til brotsynet har vore særleg omstridde, som at talekulturar manglar grunnlag for analytisk tanke.

*Ideologisynet* dukka opp som eit kritisk motstykke til brotsynet. Der brotsynet er ser på skrifta først og fremst som ei oppfinning eller ein teknologi med potensiale til å endre kulturar, hevdar ideologisynet at den gjevne bruken av den valde forma er sosialt bestemt. I den grad skriftteknologien kan føre til endringar, er opphavet til desse endringane å finne i den sosiale omgjevnaden og ikkje i teknologien i seg sjølv. Ideologisynet set heller ikkje eit like sterkt skilje mellom det skriftlege og det munnlege som brotsynet (Berge et al., 2002; Melve, 2001, ss. 17-30).

Dei ulike literacy-teoriane har, som ein kan sjå, nær slektskap til *antropologien*. Innanfor antropologien søkjer ein å finne heilskaplege forklaringar av meining og åtferd i menneskelege samfunn. Denne meininga er ikkje allmenngyldig, men gjeld for menneskegruppa eller enkeltindivida som produserer henne. Meiningsproduksjonen skjer for og av deltakarane gjennom deltaking i sosiale praksisar og gjennom kommunikasjonen om desse. Ut frå ein antropologisk ståstad er det ikkje openbert kva som er tekst og kva som er kontekst. Situasjonar, gjenstandar, språkuttrykk og kulturell praksis er alt saman med i meningsproduksjonen. Duranti og Goodwin forklarar korleis ein bør sjå språk og kontekst som noko som står i eit gjensidig refleksivt forhold og påverkar kvarandre:

> Instead of viewing context as a set of variables that statically surround strips of talk, context and talk are now argued to stand in a mutually reflexive relationship to each other, with talk, and the interpretive work it generates, shaping context as much as context shapes talk. […]

> [The] relationship between language and context [is] a process that emerges and changes through time and space (Duranti & Goodwin, 1992, ss. 31-32).

Innanfor diskursanalysen deler ein dette synet på relasjonen mellom tekst og kontekst, og diskursen blir forstått som dei *systema* der desse prosessane går føre seg. Diskursanlysen studerer både korleis diskursar vert generert og realisert i kommunikativ handling, men også korleis kontekstane dannar bakgrunn og rammer for handlingane og bidreg til danninga av verkelegheitsbilete, tankemønster og kunnskap – med dei samfunnsmessige og sosiale effektar og konsekvensane dette har.

## 3.3 Språk og identitet

Ifølgje Iver Neumann bør identitetar studerast som representasjonar, altså førestellingar om verkelegheita. Han forklarar identitetar som relasjonelle, ved at ein identitet berre kan definere kven ein person eller ei gruppe er – i høve til andre personar eller grupper. Når ei gruppe samtalar om kven «dei andre» er, handlar samtalen difor også om kven «vi» er. Markørar som skil «oss» frå «dei», kallar Neumann *diakritika*. Slike identitetar av «vi» og «dei andre» er ikkje statiske, og treng difor heile tida å bli stadfesta. Det er dei representasjonane som til ei kvar tid er gyldige, som er konstitutive og legg grunnlaget for sosiale handlingar (2010, ss. 124–127).

Kvar person har ei rad ulike identitetar, og kvar identitet vil bli aktivert berre i enkelte samanhengar. Identitetar som er enkle å bruke, og som, ifølgje Neumann er fiks ferdig til bruk, kallast subjektposisjonar. Av og til vil det vere mogeleg å aktivere fleire identitetar samtidig. Andre gongar vil den eine identiteten vere viktigare enn den andre, og difor kome i forgrunnen. På denne måten er identitetar situasjonelle (Neumann, 2010, ss. 124–127). Dette er eit tema som vert problematisert i stortingsmeldinga «Mål og meining»: «Både språk og identitet er menneskeskapte. I det moderne samfunnet kan eitt menneske ha meir enn ein identitet. Blant desse ulike identitetane kan éin vera viktigare enn dei andre. Den språklege identiteten treng ikkje vera den viktigaste» (Kultur- og Meld. St. nr. 35 (2007-2008), 2008, s. 65).

I artikkelen Aasen, språk og identitet åtvarar også Tove Bull mot å tolke identitet som noko statisk. Ho meiner vi må sjå på mennesket som foranderleg, at det ikkje har nokon fast personligdomskjerne. I staden konstituerer og skaper vi identiteten vår livet igjennom, i relasjon til andre menneske. Det er ikkje slik, hevdar Bull, at det finst ei «identisk» språktilhøyrsle som vi så å seie kan «identifisere eller

blinke ut og indentifisere oss med» (Bull, 1996). Ifølgje Bull er det å tale om *ein* språkleg identitet som er knytt til *ein* språkvarietet for kvar enkelt av oss difor meiningslaust. Mennesket representerer, også som språkvesen, motsetnadsfulle identitetar.

## 3.4 Diskursanalyse

Samfunnsvitskapleg diskursanalyse er ei samlenemning for ulike språkleg orienterte analysar av tilhøvet mellom språk og verkelegheit. Det finst ei rad ulike måtar å gjennomføre diskursanalyse på. Det som er felles, er prinsippet om å kombinere analysar av ytringar, tekstar og kommunikative handlingar med analysar av kulturen og samfunnet, og diskursar kan skildrast som språklege system som formar måten vi oppfattar verkelegheita på. Diskursane svarar gjerne til visse område av samfunnet, der ein tenkjer seg at tekstar, utsegner, samtalar og diskusjonar følgjer visse mønster, som igjen formar verkelegheitsoppfatninga på feltet (Johannessen et al., 2010).

Ei av dei mest kjende studia som nyttar diskursanalyse, er *Seksualitetens historie*, der filosofen Michael Foucault undersøkjer forestillinga om seksuell frigjering og studerer diskursen om seksualitet i relasjon til ei rad andre politiske, økonomiske og historiske diskursar. I forordet til den norske omsetjinga forklarar Espen Schaaning diskursomgrepet til Foucault slik:

> Hos Foucault betegner diskurs ikke bare skrift og tale generelt, men først og fremst skrift og tale slik de utøves innenfor bestemte vitensdisipliner. […] Diskursbegrepet peker ikke primært på språket som form, men på språket for så vidt det er knyttet til utøvelsen av bestemte praksiser, særlig innenfor ulike institusjoner. (Foucault, 1999, s. 8)

Foucault revurderte i tillegg historia til humaniora, fengselsvesenet, galskapen og helsevesenet, og korleis slike ulike samfunnsinstitusjonar påverkar menneska og sjølvoppfatninga deira og meininga den enkelte legg i sin eksistens (Duranti & Goodwin, 1992, s. 30).

Den britiske lingvisten Norman Fairclough har gitt viktige bidrag til den meir lingvistisk orienterte diskursanalysen. Han byggjer vidare på Foucault sin konstruktivistiske teori, men meinte at teorien var for abstrakt. Fairclough sin kritiske diskursanalyse fokuserer på korleis diskursive praksisar har ideologiske verknader, og er meir orientert mot sjølve teksten enn kva som er tilfelle hos Foucault (Hitching et al., 2011, ss. 22-24).

Ifølgje Teun A. van Dijk er kritisk diskursanalyse ein type diskursanalytisk forsking som primært studerer korleis sosiale maktovergrep, dominans og ulikskap vert bestemt og reprodusert og oppretthaldne av tekst og tale i den sosiale og politiske konteksten. Den kritiske diskursanalytikaren tek dermed sjølv aktivt stilling til fenomenet han studerer og søkjer å forstå, avdekke og til slutt motverke sosial ulikskap (van Dijk, 2001).

Den meir etnografisk orienterte diskursanalysen tek gjerne utgangspunkt i korleis individ koordinerer språkbruk og kommunikativ praksis på mikronivå. Analysen fokuserer på meiningsproduksjon og nyttar eit breiare utval av data, til dømes ein kombinasjon av deltakande observasjon, intervju og skriftlege og munnlege tekstar analysert i lys av menneskeleg samhandling og materiell og sosial kontekst. (Hitching et al., 2011, ss. 235-238)

Iver Neumann har i boka *Mening, materialitet, makt* valt følgjande definisjon av diskurs: «En diskurs er et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som, ved å innskrive seg i institusjoner og fremstå som mer eller mindre normale, er virkelighetskonstituerende for sine bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner» (2010, s. 18). Han presenterer ei samfunnsvitskapleg, meir enn lingvistisk, orientert tilnærming til diskursanalysen, men utan at han «på noen måte avskriver lingvistisk diskursanalyse» (s. 21).

Ifølgje Neumann er sjølve hovudpoenget med diskursanalyse å analysere meining som ein del av det generelt sosiale der meining vert danna. Ein undersøkjer meiningsskaping og kommunikative praksisar på mikronivå i relasjon til samfunnsmessige og sosiokulturelle strukturar på makronivå. Utgangspunktet for undersøkingane er først og fremst språket, sidan primæroppgåva til språket er å skape meining. Forenkla kan ein difor seie at diskursanalysen sitt forskingsområde, diskursen, er *tekst i kontekst*. På same måte som teksten treng ein kontekst for å vere meiningsfull, eksisterer konteksten berre i relasjon til ein tekst (Neumann, 2010).

Som vist ovanfor er det mange ulike teoretiske utgangspunkt for diskursanalysen, og det praktiske arbeidet med analysen vil vere avhengig av kva tilnærming ein vel. For dette prosjektet er det valt å ta utgangspunkt i ein analysemåte foreslått av Iver B. Neumann. Han deler analysen inn i tre innleiande steg: (i) val og avgrensing av diskurs, (ii) identifikasjon av diskursen sine meiningstypar eller representasjonar og (iii) identifikasjon av lagdelinga i diskursen. Denne prosessen kallar han også *modellering av diskursen*. Neumann set kulturell kompetanse som ein viktig føresetnad for å kunne

gjere ein god analyse. Ein må ha ein generell kjennskap til det han kallar «terrenget man begir seg inn i» (2010, s. 51). Analysen kan, ifølgje Neumann, gjerne stoppe etter at diskursen er modellert gjennom dei tre innleiande stega. Dette er opp til forskaren og dei måla han har sett seg for analysen. Det kan vere aktuelt, men ikkje nødvendig, å gå vidare til å analysere *diskursens materialitet, diskursens effektar* og *diskursens maktrelasjonar.* Neuman framhevar at diskursanalysens er særleg eigna for studiet av makt og identitet.

## Kulturell kompetanse

Neumann føreset kulturell kompetanse i antropologisk forståing av omgrepet. Skal ein studere ein gitt diskurs må ein altså kjenne til eller skaffe seg kunnskap om kulturelle idear, verdiar, reglar, normer, kodar og symbol, og korleis desse har blitt vidareført innanfor kulturen. Når ein skal analysere representasjonar av verkelegheita slik dei viser seg i ein kultur, dette kan vere i form av tekstar, handlingar eller institusjonar, kan manglande kulturell kompetanse føre til at ein går glipp av viktige nyansar og meiningsinnhald og representasjonen sine alternative handlingsføringar.

Ei utfordring for diskursanalytikaren er at mengda av potensielt relevant materiale er enorm. Det er likevel viktig å identifisere kva tekstar som må reknast som viktige i diskursen. Neumann foreslår fleire innfallsvinklar til dette arbeidet. *Kanoniske tekstar* er tekstar ein ofte kan finne referansar til i sekundærlitteraturen. Dei har brei resepsjon og spelar ei viktig rolle i diskursen. I denne prosessen vil ein kunne finne fram til det som vert kalla *hovudposisjonar* og *variantar* i diskursen. Tekstar som er viktige for ein diskurs og som peikar seg ut som knute- eller forankringspunkt for diskursen, vert også kalla *monument.* Ein kan også finne fram til dei tekstane som skapar mest liv og røre. Dette kan vere til hjelp for å lokalisere diskursens *konfliktar.* At ein ikkje kan finne «bråk», eller at representasjonar stille og rolig blir gjentekne, tyder likevel ikkje at diskursen er konfliktlaus. Det tilsynelatande *fråveret av konflikt* som følgjer av sensur eller ignorering, må ut frå dette kunne lesast som viktige tekstar for diskursen. *Pionertekstar* er tekstar som føregrip ein hovudrepresentasjon. Dei representerer på den måten ein profeti for etableringa av ein representasjon, men teksten kan først identifiserast som dette i det representasjonen fester seg. Neumann viser til at Foucault har eit ideal om å lese og studere alt (*On devrait tout lire, tout étudier*), men at dette sjølvsagt ikkje er realistisk. På eit tidspunkt må ein kunne seie at ein har lest tilstrekkeleg, sjølv om det alltid vil vere ein viss risiko for at relevante tekstar ikkje blir tekne med (2010, ss. 50-55).

## Modellering av diskursen

Som nemnt deler Neumann det innleiande diskursanalytiske arbeidet inn i dei tre stega *val og avgrensing, identifikasjon av representasjonar* og *identifikasjon av lagdelinga*. Etter å ha gått desse tre stega har ein danna seg ein modell av diskursen, noko som i seg sjølv er ei viktig forskingsoppgåve.

### Steg 1: Val og avgrensing av diskursen

Det første steget i modelleringa av diskursen handlar om å avgrense det som skal studerast. Behovet for å skilje ut deler av den sosiale verkelegheita frå andre er eit praktisk behov som diskursanalysen deler med all annan analyse. Sjølv om ein diskurs aldri heilt kan lausrivast frå andre diskursar, må ein i analysen kunne kommunisere om han *som separert* frå andre diskursar. Kvar grensene for ein diskurs skal trekkast, og kva skala ein skal legge opp til når ein avgrensar, er eit val som må takast for kvar enkelt diskursanalyse. Neumann minner om at dette alltid vil by på avgrensingsproblem, ikkje minst fordi ulike diskursar vil overlappe kvarandre. Den valde avgrensinga må likevel alltid kunne forsvarast.

Diskursavgrensinga handlar med andre ord om å definere kva som skal reknast innanfor og utanfor diskursen ein vil studere. Ein diskurs kan gjerne svare til eit visst område i samfunnet, som politikk, juss eller medisin (Johannessen et al., 2010, p. 221). Norman Fairchlough forklarar ulike diskursar som ulike perspektiv på verkelegheita. Ulike perspektiv heng saman med dei ulike relasjonane ein person har til verkelegheita, og relasjonane til verkelegheita er i sin tur avhengige av personen sin posisjon, sosiale og personlege identitet, og kva relasjon denne personen har til andre (Fairclough, 2003, s. 124).

Ei slik skalering av diskursen handlar om å avgrense rekkevidda til diskursen. Fairclough hevdar at diskursar varierer, både når det gjeld repetisjon, alminnelegheit, stabilitet over tid og rekkevidd – med andre ord vareierer det kor stor del av verkelegheita diskursane inkluderer. Kor stor utbreiing diskursane sine ulike representasjonar av verkelegheita har, vil difor også variere (Fairclough, 2003).

Ein diskurs bør også avgrensast i tid. I prinsippet er alle tekstane som har gått føre for ein tekst relevante for diskursen, og eit genealogi-perspektiv kan vere nyttig for analysen. Ifølgje Neumann har

genealogien som oppgåve å diskutere notida i lys av fortida, eller sagt på ein annan måte: å fortelje historia om notida. (2010, ss. 55-60). Men også her må ein setje ei grense for kor langt tilbake i tid det er føremålstenleg å gå. Di lengre tilbake ein strekkjer tidsgrensene for diskursen, di meir grovmaska vil diskursanalysen bli.

#### Steg 2: Diskursens representasjonar

Etter at diskursen er avgrensa, foreslår Neumann å setje opp det han kallar ei inventarliste over representasjonane eller verkelegheitsversjonane som finst i den valde diskursen. Ein diskurs inneheld som hovudregel eit sett dominerande representasjonar – i tillegg til eitt eller fleire sett med alternative representasjonar (2010, ss. 60-62). Diskursanalysen er godt eigna til å studere situasjonar der eit kulturelt hegemoni vert halde ved like ved hjelp av maktmiddel som sjeldan vert utfordra. Det er likevel sjeldan mogeleg å lukke diskursar meiningsmessig. Det er også vanskeleg å tenkje seg ein diskurs som er heilt open over lengre tid, altså at det ligg føre fleire representasjonar, der ingen av dei kan seiast å vere dominerande.

Dei ulike representasjonane i diskursen syner kva som er grunntrekka ved meiningsmønsteret og kva som er variantar av dette. Representasjonar kjem til syne både i form av ytringar og praksis som berarane av diskursen tek del i. Gjennom deltakinga bidreg dei sjølve til å halde oppe ei gitt avgrensing av diskursen. Praksisen er på den måten med på å regulere kva for representasjonar som vert tillatne, altså kva verkelegheitsversjonar som kan inngå i diskursen. Om grensene for diskursen vert trua, vil ein kunne møte sanksjonar – til dømes i form av sensur eller ignorering.

Når berarar av same representasjon institusjonaliserer seg og dannar ei norm, vil dei utgjere ein posisjon i diskursen. Dette kan ein finne døme på i politikken. Her vil gjerne to eller nokre få meiningsmønster skilje seg ut, og ein vil kunne skilje mellom grunntrekk i meiningsmønsteret (det som samlar ein posisjon) og variantar av mønsteret (det som differensierer ein posisjon) (2010, ss. 60-62).

#### Steg 3: Diskursens lagdeling

Det tredje steget i modelleringa av diskursen er å avdekke diskursens lagdeling. Dette inneber å skilje dei trekka ved ein representasjon som er lette å endre frå trekk med større grad av tregleik. Trekk som samlar er til dømes sett på som vanskelegare å endre enn dei trekka som differensierer. Når

meiningsspennet er lite, vil altså dette trekket ved ein representasjon ha større grad av tregleik. Neumann nyttar ulike trekk ved kjønnsrepresentasjonane som eit døme på trekk som kan vere vanskelege, men ikkje umoglege, å endre. Innanfor representasjonane av kvinne og mann vil til dømes biologiske kjønnstrekk vere tregare, altså vanskelegare å endre, enn dei sosiale kjønnstrekka. På same måte vil trekk som er knytte til materielle fakta vere vanskelege å bortforklare. Slike materielle fakta kan til dømes vere gjenstandsfunn eller tal- eller skriftfesta ytringar. Neumann hevdar også at teikn som er lette å ty til, eller «gode å tenkje med», vil verke særleg verkelegheitskonstituerande (Eriksen, 2002; Neumann, 2010).

Når ein er ferdig med stega 1–3, står ein att med ein modell av ein diskurs, og ifølgje Neumann kan altså analysen godt stoppe her. Modelleringa av diskursen er i seg sjølv ei viktig forskingsoppgåve. Kapittel 5.4 viser eit døme på korleis teori kan møte metode gjennom ei modellering av diskursen om nynorsk i næringslivet.

## 3.5 Klyngeteori

Ut frå eit diskursanalytisk perspektiv er klyngediskursen, sjølv om han i svært liten grad handlar om språk, ein viktig del av konteksten for språkpraksisen i dei maritime bedriftene som er med i denne undersøkinga. I denne delen vert hovudinnhaldet i den økonomiske teorien om næringsklynger presentert, og det vert gjort greie for korleis den økonomiske klyngeteorien kan bidra til å kaste lys over språkpraksisen i næringslivet på Sunnmøre – ikkje primært som ein økonomisk teori, men som eit kulturelt bakteppe og eit viktig diskursfellesskap for dei maritime bedriftene som er med i undersøkinga.

### Bakgrunn

Omgrepet næringsklynge har, særleg sidan 1990-talet, vore eit sentralt omgrep i både internasjonal og norsk økonomisk teori. Klyngeteoriar og klyngeforsking har påverka den næringspolitiske debatten i stor grad, og gjer det framleis. Både internasjonalt og i Noreg har klyngeteoriar fungert som fagleg grunngjeving og grunnlag for viktige næringspolitiske verkemiddel. Professor ved Harvard Business School Michael E. Porter forklarar næringsklynger som: « … geographic concentrations of interconnected companies and institutions in a particular field» (Porter, 1998).

Ifølgje fleire variantar av klyngeteori vil aktørar som opererer innanfor næringsklynga kunne oppnå positive klyngeeffektar samanlikna med aktørar som opererer utanfor. Slike effektar kan til dømes vere at verksemder dreg nytte av fellesgode, som tilgang til kvalifisert og spesialisert arbeidskraft, næringsretta utdanning og forsking, felles infrastruktur og lettare og meir kostnadseffektiv tilgang til kundar og leverandørar. I tillegg vil verksemder lett lære av kvarandre, og ein vil sjå fleire nyetableringar innanfor ein næringsklynge, sidan klyngefordelane gjer det lettare for nye verksemder å starte opp. Konkurransen mellom bedriftene vil dessutan ha ein positiv effekt på viljen til innovasjon og kunnskapsheving (Reve, 2007).

Teorien om næringsklynger er ikkje ny, og var det heller ikkje i 1990-åra, men det var i denne perioden han fekk ein slags renessanse. På denne tida var det stor næringspolitisk frustrasjon i mange europeiske land. Økonomiske paradigme som hadde vore rådande i etterkrigstida, stod for fall, og klyngeteorien vart relansert. Opphavet til teorien finn ein i Alfred Marshall si bok *Principles of Economics* (første utgåve var publisert i 1890):

> When an industry has thus chosen a locality for itself, it is likely to stay there long: so great are the advantages which people following the same skilled trade get from near neighborhood to one another.[…] And presently subsidiary trades grow up in the neighborhood, supplying it with implements and materials, organizing its traffic, and in many ways conducing to the economy of its material (Marshall, 1920, s. 27).

Den amerikanske økonomen og nobelprisvinnaren Paul Krugman har fått mykje av æra for at teorien om næringsklynger fekk eit gjennombrot i 1990-åra. Hovudspørsmålet han ville finne svar på var: «… why and when does manufacturing become concentrated in a few regions, leaving others relatively undeveloped?» (Krugman, 1990).

Nye forskingsresultat, basert på dei same tankane, vart samtidig presenterte av eit av verdas leiande miljø innan økonomisk forsking; Harvard University i Boston. Her var Michael Porter ein av dei aller viktigaste bidragsytarane. Han var oppteken av at det økonomiske verdskartet, trass i ny teknologi, moderne kommunikasjon og opne markander, framleis er prega av opphoping av verksemder som opererer innanfor same felt. Betydninga av lokalisering i den økonomiske konkurransen har altså ikkje minska – slik ein kunne ha venta.

> Clusters [det engelske omgrepet for klynger] are not unique, however; they are highly typical—and therein lies a paradox: the enduring competitive advantages in a global economy lie increasingly in local things—knowledge, relationships, motivation—that distant rivals cannot match (Porter, 1998).

Porter utvikla ein mykje brukt modell for næringsklynger, diamantmodellen, som har blitt eit standard verkty for å strategisk analyse av næringar, regionar og land. I Torger Reve si bearbeidde form viser modellen fire hovudvariablar og fire eksogene variablar. Modellen inkluderer dei viktigaste eksterne forholda som bør analyserast i ein næringsanalyse.




*Figur 3-1: Diamantmodellen (Reve, 2009)*

## Det klyngeteoretiske perspektivet på norsk næringsliv

Også i Noreg fekk klyngeteorien raskt næringspolitisk interesse og eit solid og varig fotfeste mellom økonomar, bedriftsøkonomiske forskingsmiljø, næringspolitiske miljø og ikkje minst hjå bedriftsleiarane innanfor mange ulike sektorar. Klyngeteorien har som ein følgje av dette vore med og lagt føringar for mykje av den aktive næringspolitikken som har vore ført i Noreg dei siste åra.

Det vart tidleg gjennomført to store nasjonale klyngestudium i Noreg; «Et konkurransedyktig Norge» i 1991, og «Et verdiskapende Norge» i 2001. Når ein i desse studia leita etter næringar som fylte

krava til å vere fullstendige næringsklynger, fann ein berre tre næringar som kunne kvalifisere til dette i Noreg, nemleg *olje- og gassnæringa, maritim næring og sjømatnæringa*. Dei tre komplette næringsklyngene er i all hovudsak lokaliserte på Vestlandet. Stavanger er tyngdepunktet for olje- og gassnæringa og Nordvestlandet er tyngdepunkt for både maritim industri og til dels sjømat. Slik sett står Vestlandet fram som den norske industriregionen, ei rolle landsdelen har overteke frå Oslofjordregionen. Når det gjeld reiarlagsdelen av maritim næring har denne tyngdepunktet sitt på Austlandet, medan skipsbyggings- og skipsutstyrsindustrien har tyngdepunkt på Nordvestlandet (Reve, 2007).

I dagens næringsfaglege Noreg er det brei semje om at aktiviteten og samspelet som går føre seg innanfor næringsklynger styrkjer innovasjonsevna og kunnskapstilgangen i næringa. Næringsklynger har både en horisontal og en vertikal struktur, og det er koplingene mellom aktørene som er det sentrale. (Reve, 2006).

## Teorien sin relevans for prosjektet

Som nemnt har klyngeteorien fått plass i dette prosjektet fordi han representerer ein viktig referanse for bedriftene som er med i undersøkinga. I eit diskursanalytisk perspektiv bidreg teorien til viktige representasjonar av verkelegheita som kan sporast i både tekstleg og ikkjetekstleg materialitet. Dette vil det bli gjort nærare greie for i analysedelen i kapittel 5.4. Nokre få sider ved klyngeteorien skal likevel nemnast her, fordi dei frå eit skriftkulturelt perspektiv er av særleg interesse.

### Regionalitet kontra globalitet

Ifølgje Reve er det særleg fire lærdomar frå klyngeforskinga som vert framheva som politisk viktige. Med tanke på at vi lever i ein globalisert økonomi, er det interessant at alle punkta på eitt eller anna nivå handlar om betydninga av regionalitet: (i) Regionar må bygge på sine unike styrkar heller enn å bli mest mulig lik andre regionar. (ii) Klyngebasert innovasjonspolitikk må gå vidare enn analyse og bør utformast i tett dialog med bedriftene i næringsklyngene (ii) Det trengs ulike innovasjons- og verdiskapingsstrategiar for ulike næringsklynger (ii) Det må utviklast økonomiske omgivnader som får nye næringsklynger til å vekse fram nedanfrå, heller enn å prøve å skape nye næringsklynger gjennom strategiske investeringar (Reve, 2006).

### Betydninga av kultur

Som vi kan sjå av Reve sin versjon av diamantmodellen, vert kultur sett på som ein av fire viktige eksogene variablar i ein mikroøkonomisk næringsanalyse. Han forklarar at det gjerne er felles kulturelle trekk med sterk vekt på entreprenørskap, kommersialisering og vekst som knyter sterke næringsmiljø saman. Reve nemner to døme på slike næringsklynger, Silicon Valley og Sunnmøre, og hevdar også følgjande: «Det er umulig å flytte Silicon Valley, og det er vanskelig å klone sunnmøringer» (Reve & Sasson, 2012, s. 33). Alfred Marshall skildrar denne kulturen for entreprenørskap slik:

> The mysteries of the trade become no mysteries; but are as it were in the air, and children learn many of them unconsciously. Good work is rightly appreciated, inventions and improvements in machinery, in processes and the general organization of the business have their merits promptly discussed: if one man starts a new idea, it is taken up by others and combined with suggestions of their own; and thus it becomes the source of further new ideas. (Marshall, 1920, s. 27).

### Betydninga av identitet

Klyngeidentitet vert i det norske fagmiljøet rekna som ein av variablane som kan påverke kor store effektar aktørane kan få av si klyngetilknyting.

> Evnen og viljen til å igangsette og gjennomføre samhandlingsprosesser for å realisere synergiene, avhenger av gruppenes relasjonelle forutsetninger for samhandling, for eksempel om det er tilstrekkelig geografisk og kulturell nærhet, om aktørene har tillit til hverandre og om det er utviklet en felles (klynge-)identitet. […] konkrete samhandlingsprosesser [vil da kunne] lede til effekter/måloppnåelse i form av innovasjon, økt produktivitet, styrket internasjonal konkurranseevne og dermed til vekst og lønnsomhet (Jakobsen et al., 2012, s. 6).

Identitet er altså ein del av dei relasjonelle føresetnadene for samhandling mellom klyngebedriftene. I diamantmodellen sorterer klyngeidentitet inn under hovudvariabelen *klyngeforhold*. Klyngeidentitet er difor også ein variabel som har vore testa i evalueringa av nasjonale klyngeprosjekt som eksplisitt har si forankring i teorien om næringsklynger.

### Betydninga av lokal tilknyting og historie

Ifølgje næringsklyngeteorien er lokaliseringa av bedrifta avgjerande for at ei bedrift skal lukkast. Identitet spelar også inn her, sidan sterk klyngeidentitet forsterkar bedriftene sin profil som offensive og dynamiske bedrifter, noko som igjen har ein sjølvforsterkande effekt på rekruttering av bedrifter og investorar til miljøet. Bedriftene ynskjer i tillegg å halde til på stader med god tilgang på kompetanse og kapital, der dei kan vere del av eit læringsmiljø med lokalt tilgjengelege ressursar som kan bidra til kontinuerleg forbetring og innovasjon. Lokal næringshistorie legg også ofte grunnlaget for ny næring, slik ein ser døme på innanfor offshoremiljøet i Noreg, der den maritime kompetansen som alltid har vore sterk på Vestlandet er vidareutvikla til verdsleiande kompetanse innan område som supply, seismikk, boring, produksjonsskip og undervassteknologi (Reve, 2006; Reve & Sasson, 2012).

Del 3 har teke føre seg nokre utvalde språkteoretiske omgrep og problemstillingar, i tillegg til ein eigen presentasjon av diskursanalysen. Den siste delen av kapitlet har handla om klyngeteorien, som del av eit kulturelt bakteppe for språkpraksisen i dei maritime bedriftene.

# 4 METODEDEL

I denne delen av avhandlinga vert det først gjort greie for metodiske val som er gjorde for å kunne svare på kvart av dei tre forskingsspørsmåla. Det vert også gjort greie for viktige metodiske vurderingar som er gjorde både på førehand og undervegs i forskingsprosjektet.

## 4.1 Metodeval

Som nemnt tidlegare spør problemstillinga for prosjektet etter ein kombinasjon av fleire ulike typar data om nynorsk språkpraksis i næringslivet, noko som også krev fleire ulike metodar for datainnsamling – både kvantitative og kvalitative. Ein slik kombinasjon av ulike tilnærmingsmåtar for å kartlegge eit fenomen vert kalla *metodetriangulering*. Ifølgje Johannessen, Tufte, & Christoffersen kan metodetriangulering bidra til ei meir nyansert skildring og ei meir heilskapleg forklaring av dei aktuelle problemstillingane (2010, s. 367).

Prosjektet består av i alt tre delundersøkingar (Delundersøking 1, 2, og 3) samt ein diskursanalyse, der resultata frå dei tre undersøkingane utgjer eit viktig grunnlag for analysen av diskursen om nynorsk næringslivsspråk.

I samfunnsvitskapane er det vanleg å skilje mellom harde og mjuke data, og forenkla kan ein seie at harde data kan registrerast ved hjelp av tal, medan mjuke data vanskelegare lar seg kvantifisere (Johannessen et al., 2010). I dette prosjektet vil til dømes førekomsten av nynorsk bedriftsspråk i hovudsak registrerast som harde data, medan språkbrukarane sine eigne forklaringar og forståingar av språkpraksisen i hovudsak vil bli registrert som mjuke data. Noko klart skilje er her likevel ikkje. Kunnskapen om forklaringar og forståingar av språkpraksisen vert også samla inn som harde data, til dømes ved at språkbrukarar kryssar av i eit spørjeskjema for faktorar som kan ha påverknad for språkpraksisen i bedrifta. Samtidig vert mjuke data frå tre intervjusamtalar, via spørsmålet «Er dette noko du synest stemmer?» nytta for å undersøke om dei harde dataa om førekomsten av nynorsk bedriftsspråk representerer verkelegheita på ein god måte.

Omgrepa kvantitativ metode og kvalitativ metode er ofte nytta for å skilje desse to metodetypane. Forenkla kan ein seie at kvantitative metodar gir harde data, som igjen vert analyserte ved hjelp av

ulike former for oppteljing. Kvalitative metodar gir derimot mjuke data, som igjen vert analyserte gjennom bearbeiding av tekst (Johannessen et al., 2010, s. 367).

Både forskingsmetoden og forskingsdesignet må ta utgangspunkt i prosjektet sine forskingsspørsmål. Dei legg føringar for kva data som vil vere relevante for prosjektet og dette vil igjen vere styrande for kva framgangsmåte det vert vurdert som mest fruktbar. Den følgjande utgreiinga om metodane for dette forskingsprosjektet tek difor utgangspunkt i forskingsspørsmåla slik dei er formulerte i kapittel 1.5.

## Metodeval for forskingsspørsmål 1

I kva omfang vert nynorsk nytta som bedriftsspråk i den maritime klynga på Sunnmøre – samanlikna med bokmål og engelsk?

Dette forskingsspørsmålet søkjer etter kvantitativ kunnskap om språkpraksis – med den avgrensinga som er sett i kapittel 1.4, nemleg 39 klyngebedrifter i seks nynorskkommunar. For å kunne svare på dette spørsmålet er det vurdert som relevant å registrere to typar data, nemleg observert og rapportert språkpraksis.

*Observert språkpraksis:* Her vert det registrert data om nynorsk, bokmål- og engelsk språkpraksis frå bedriftene sine nettsider, sosiale medium, avisannonsar og årsrapportar, slik dei kan observerast av det offentlege samfunnet. Målet med undersøkinga har vore å skaffe objektive data om språkbruk i bedriftene. Metoden som vert nytta er kvantitativ datainnsamling og innhaldsanalyse. Metoden handlar om systematisk, objektiv og kvantitativ skildring av eit skriftleg materiale (Østbye, Helland, Knapskog, & Larsen, 2007, s. 209).

*Rapportert språkpraksis:* Her vert det samla inn informasjon om språkpraksisen slik bedriftene sjølv rapporterer han, og omfattar både utovervend og intern språkpraksis. Føremålet har vore å få eit grunnlag til å samanlikne språkpraksisen som skjer innanfor bedrifta med den utoverretta språkpraksisen, slik han viser seg for ålmenta. Det er fleire delmål for denne delen av undersøkinga. Det eine er å undersøke om det er samanfall mellom språkpraksisen slik informantane sjølve rapporterte han og språkpraksisen slik han kan observerast utanfrå. Eit anna delmål er meir kunnskap om bedriftsintern språkpraksis som ikkje kan observerast utanfrå. Til dette føremålet er det nytta ei

*anonym spørjeskjemaundersøking* – send på e-post til alle dei 39 bedriftene i utvalet. Spørjeskjemaet er *semistrukturert*, med både opne og lukka spørsmål.

## Metodeval for forskingsspørsmål 2

Korleis forklarar språkbrukarane sin eigen nynorskpraksis, og kva meining legg og finn dei sjølve i denne praksisen?

Dette spørsmålet søkjer etter kvalitativ kunnskap om korleis språkbrukarane forstår og forklarar den nynorske språkpraksisen – og kva meining som vert lagt i denne praksisen. Hovudmetoden som er nytta for å svare på dette forskingsspørsmålet er *semistrukturerte fenomenologiske livsverdsintervju.* I tillegg vert det henta inn mjuke data frå den anonyme semistrukturerte spørjeskjemaundersøkinga.

Den fenomenologisk inspirerte intervjuforma vart valt fordi ho nettopp fokuserer på den intervjua si eiga oppleving og forklaring av verkelegheita. Spørsmåla i slike intervju er relativt opne og kunnskapen blir produsert ved hjelp av lengre intervjusamtalar. Intervjusamtalane produserer potensielt store mengder data, og utvalet for livsverdsintervjuet må difor avgrensast til det ein vurderer som *tilstrekkeleg* (Kvale & Brinkmann, 2015).

I dette prosjektet er utvalet er grensa for tilstrekkeleg sett ved tre informantar frå tre ulike bedrifter, som alle nyttar nynorsk i varierande grad. Informantane representerer eit verft, eit reiarlag og ein utstyrsleverandør. Dei representerer dessutan to kjønn og kjem frå to ulike kommunar. Alle tre er innfødde sunnmøringar, og dei er tilsette i bedriftsleiinga på sine respektive arbeidsplassar.

## Metodeval for forskingsspørsmål 3

Korleis kan ein forstå nynorsk språkpraksis i lys av den sosiale og kulturelle konteksten han går føre seg i?

Spørsmål tre søkjer etter samanhengar mellom fenomenet nynorsk språkpraksis og konteksten der språkpraksisen går føre seg. Ein seier gjerne at diskursanalysen analyserer tekst i kontekst, og at sosiale praksisar kan lesast som tekst. For å svare på spørsmål tre er det difor valt *diskursanlyse* som metode, og både kvalitative og kvantitative data frå delundersøkingane 1,2 og 3 vert nytta som viktig grunnlagskunnskap for analysen. I tillegg vert tekstar som vert vurdert som viktige for diskursen nytt

som datagrunnlag for analysen. Diskursanalyse kan gjennomførast på ulike måtar. I dette prosjektet er det valt ein framgangsmåte som er foreslått av Iver B. Neumann (Neumann, 2010).

Forskingsdesignet for dette prosjektet er altså prega av metodetriangulering. Fordelen med metodetriangulering er at ein kan undersøke korleis ulike tilnærmingar gir ulike svar, som anten utfyller eller avviker frå kvarandre. Dette kan både styrke tilliten til resultata og stimulere til nye tolkingar, nyttig nyansering og ei meir heilskapleg forklaring av problemstillinga (Johannessen et al., 2010).

Den største praktiske utfordringa ved å nytte metodetriangulering i eit masterprosjekt, gjeld i all hovudsak disponering av arbeidet. Metoden krev skifte av fagleg fokus, og kunnskap om fleire ulike teoriar og metodar, som kvar set ulike metodiske krav, mellom anna til validitet (gyldigheit) og reliabilitet (pålitelegheit). Ein må setje av tilstrekkeleg tid til dei ulike undersøkingane og analysane, og samtidig gjere tilstrekkelege utsilingar, både i utval, analyse, tolking og rapportering, til at prosjektet kan presenterast innanfor rammene av ei masteravhandling. Lærings- og forskingsutbytet ved eit smalare design ville nok bere preg av større djupn innanfor eitt enkelt fokusområde. Til gjengjeld innbyr metodetrianguleringa til eit mykje breiare og meir heilskapleg lærings- og forskingsutbyte.

## 4.2 Metodiske krav og vurderingar

### Reliabilitet og validitet

I kvantitative undersøkingar, som i delundersøking 1 og deler av 2 i dette prosjektet, er reliabilitet kritisk. Reliabiliteten knyter seg til i kva grad data er nøyaktige, kva typar data som vert nytta, måten dei vert samla inn på, og korleis dei vert bearbeidde. I dette prosjektet er det nytta to ulike kvalitative metodar for innsamling av data om språkpraksis. Den eine er basert på systematisk, objektiv og kvantitativ skildring av eit skriftleg materiale, medan den andre er basert på anonyme rapporteringar frå eit utval informantar. Dei to undersøkingane produserer til dels ulike resultat. I ei samanlikning av metodane, må den første metoden kunne reknast som meir reliabel enn den andre, sidan spørjeundersøkingar, også dei som spør etter harde data, uansett inneber individuelle tolkingar av spørsmål, svaralternativ og – ikkje minst – individuelle tolkingar av verkelegheita. I kvalitative

undersøkingar, som i dette prosjektet gjeld intervjua og dei ustrukturerte delane av spørjeundersøkinga, er krava om reliabilitet lite hensiktsmessige, på grunn av den opne strukturen i undersøkingane. I intervjusituasjonen er forskaren dessutan sjølv eit viktig instrument for forskinga. Han får difor ein erfaringsbakgrunn for tolkinga av intervjuet som vanskeleg kan gjerast tilgjengeleg for andre. Medan reliabiliteten til kvantitative undersøkingar kan testast gjennom ei gjentaking av undersøkinga, også kalla test-retest-reliabilitet eller interreliabilitet, vil det vere vanskeleg for ein forskar å kopiere ei kvalitativ undersøking (Johannessen et al., 2010).

Validitet handlar om kor godt, eller relevant, data representerer det fenomenet som skal undersøkast, slik at det ut frå resultata er mulig å trekke gyldige slutningar eller gi gyldige svar på forskingsspørsmåla. I dette prosjektet er det nytta metodetriangulering, nettopp ut frå eit ønske om gyldig og nyansert kunnskap om språkpraksisen som går føre seg i bedriftene. Ein av fordelane med trianguleringa er at ein kan teste om ulike tilnærmingar fører til same resultatet. Like viktig for dette prosjektet er det at dei ulike perspektiva gir ei meir heilheitleg forståing av fenomenet enn det ein kunne få ved bruk av berre ein metode. I kvantitative undersøkingar kan det vere relevant å spørje om forskingsresultata kan generaliserast frå utvalet til ein heil populasjon. (Johannessen et al., 2010, s. 357). Som vist i 1.4 er utvalet i dette prosjektet av ein slik karakter, at det på ingen måte er representativt for den norske næringslivspopulasjonen, korkje nasjonalt eller innanfor det nynorske kjerneområdet. Ein slik statistisk validitet er heller ikkje ein del av målsetjinga til dette prosjektet.

## Etiske vurderingar og meldeplikt

Etikk handlar om prinsipp, reglar og retningsliner for vurdering av om handlingar er rette eller galne, først og fremst i høve til andre menneske. Dette prosjektet har i heile forskingsprosessen, frå planlegging til gjennomføring og rapportering, retta seg etter forskingsetiske retningsliner for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teologi, slik dei er skildra av De nasjonale forskningsetiske komiteene. Dette er retningsliner som er ankra i forskingsetiske interne og eksterne normer for god vitskapleg praksis. Interne normer inkluderer element som åpenheit, relevans, redelegheit og etterprøvbarheit, medan dei eksterne normene er knytte til tilhøvet mellom forskinga og samfunnet. Når ein brukar informantar i forskinga, som i dette prosjektet, ligg det i desse retningslinene krav som er knytte til respekt, menneskeverd, konfidensialitet og fritt og informert samtykke. Retningslinene

legg også føringar for forskarrolla og for vurderingar av uavhengigheit, interessekonflikt, samfunnsansvar og formidling (De nasjonale forskningsetiske komiteene, 2016).

Nokre av dei etiske normene som er nedfelte i dei forskingsetiske retningslinene, er også heimla i lovverket. Personopplysningslova regulerer korleis ein som forskar skal behandle personopplysningar. Dette er opplysningar og vurderingar som anten direkte eller indirekte kan knytast til ein person. Elektronisk behandling av slike opplysningar er meldepliktig og skal som hovudregel vere basert på fritt og informert samtykke. Dersom eit forskingsprosjekt er meldepliktig skal prosjektet meldast inn til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD) før datainnsamlinga startar, og det kan ikkje setjast i gang datinnsamling før det har kome tilbakemelding frå personvernombodet (Personvernombudet, 2016).

Dette mastergradsprosjektet består av tre delundersøkingar og ein diskursanlyse. Av desse undersøkingar er berre det kvalitative intervjuet (delundersøking 3) som vert rekna som meldepliktig. Her vert personopplysningar som kan koplast til enkeltpersonar, samla inn ved hjelp av lydopptak, som deretter vert behandla elektronisk. Delundersøking 1 vert ikkje rekna som meldepliktig, sidan det i denne undersøkinga ikkje vert samla inn personopplysningar. I delundersøking 2 vert det nytta eit nettbasert spørjeskjema, noko som *kan* utløyse meldeplikt, sjølv om undersøkinga i utgangspunktet er anonym. Den nettbaserte løysinga som er nytta i dette prosjektet lovar fullstendig anonymitet. Spørsmålet er drøfta med sakshandsamar i NSD, som også stadfestar konklusjonen om at delundersøking 2 ikkje kan reknast som meldepliktig. Diskursanalysen gjer bruk av opplysingar som kan koplast til enkeltpersonar, men undersøkinga som samla inn desse er allereie meld. Analysen utlyser difor ikkje ny meldeplikt.

# 5 UNDERSØKINGAR, FUNN OG ANALYSE

Denne delen av avhandlinga tek føre seg dei ulike delundersøkingane i masterprosjektet. I første underkapittel kjem ein gjennomgang av den kvalitative innhaldsanalysen av språkpraksisen i dei 39 medlemsbedriftene i Maritim Forening for Søre Sunnmøre. Underkapitlet tek føre seg vurderingar rundt kva typar data som er registrerte, sjølve datautvalet og korleis registreringa har gått føre seg. Resultata vert presenterte ved hjelp av figurar og forklaringar, før ei oppsummering av funna og korleis dei bidreg til å svare på problemstillinga.

Deretter kjem ein gjennomgang av den anonyme spørjeundersøkinga som var sendt ut til alle dei 39 bedriftene i hovudutvalet. Etter ein kort gjennomgang av planlegginga og den praktiske gjennomføringa av spørjeundersøkinga, vert resultata presenterte – også her ved hjelp av figurar og forklaringar. Først kjem resultata som er knytte til dei kvantitative sidene ved språkpraksisen, deretter kjem resultata som handlar om påverknadsfaktorar, diskusjonar om og reaksjonar på språkpraksisen. Til slutt kjem det også for denne undersøkinga ei oppsummerande vurdering av korleis resultata bidreg til å svare på problemstillinga.

Det tredje underkapitlet er ein gjennomgang av dei tre semistrukturerte livsverdintervjua. Først kjem presentasjonen av og refleksjonane rundt utvalet, rekrutteringsmetoden, førebuingane og ei utgreiing om den praktiske gjennomføringa av intervjusamtalane. Deretter vert resultata frå sjølve intervjua presenterte. Presentasjonen er strukturert tematisk i all hovudsak i den rekkefølgja temaa vart undersøkte i løpet av intervjusamtalane. Resultata er illustrerte med sitat og presentasjonen vert avrunda med ei kort oppsummering av funna.

I det fjerde underkapitlet vert det presentert korleis diskursanalyse er nytta for å setje språkpraksisen i bedriftene i samanheng med den sosiale og kulturelle konteksten der språkpraksisen går føre seg. Dette er vist gjennom ei modellering av nynorskdiskursen, strukturert ut frå dei tidlegare nemnde stega som er føreslegne av Neumann.

## 5.1 Delundersøking 1: Kvantitativ innhaldsanalyse

I den kvantitative innhaldsanalysen er det valt å undersøke fire ulike flater for skriftleg språkpraksis i bedriftene. Undersøkinga skal bidra til å svare på forskingsspørsmål 1, som spør etter omfanget av nynorsk språkpraksis i bedriftene – samanlikna med bokmål og engelsk. Dei valde flatene er offentleg tilgjengelege for publikum, og vert vurderte å vere stader der bedrifta viser sitt språklege andlet for publikum. Flatene som er valde, er bedriftene sine eigne firmanettsider, bedriftene sine eigne sosiale mediekanalar, stillingsannonsar i Sunnmørsposten og digitalt tilgjengelege årsrapportar.

## Registreringsmåte og kjelder

Utvalet på 39 bedrifter er basert på MAFOSS si liste over medlemmer våren 2014. Figuren under er ei dataliste som viser kva typar data som er lasta ned, registrert, printa og arkivert for den enkelte bedrifta i utvalet. Det er berre nytta digitale kjelder for datamaterialet. Desse kjeldene er nettsidene til Maritim Forening for søre Sunnmøre (www.mafoss.no) for medlemslister og linkar til ein del firmanettsider, Brønnøysundregistrene (www.brreg.no) for organisasjonsnummer, adresser og årsrapportar, papiravisa til Sunnmørsposten i digital utgåve (smp.alda.no) og bedriftene sine eigne nettsider og digitale mediekanalar. For å finne fram til bedriftene sine nettadresser er det gjort nettsøk ved hjelp av søkemotoren Google (www.google.no). Alle dataa vart løpande mata inn i eit Excel rekneark (Vedlegg 1), og alt grunnlagsmaterialet frå nettet vart lasta ned, printa ut og arkivert, med unnatak av årsrapportane, som ligg lett tilgjengeleg for publikum i Brønnøysundregistrene.

**Firmanamn**
**Organisasjonsnummer**
**Type klyngebedrift**
- Skipskonsulentar, verft, reiarlag eller tenesteleverandørar

**Adresse/lokalisering**
- Lokal firmadresse
- Hovudkontor i kva land
- Adresse for hovudkontor i Noreg

**Hovuddomene i Noreg**
- URL for hovuddomene
- URL for ev. lokal hovudside
- URL for om oss
- URL for produktside

**Språk på nettsida**
- Språk på hovuddomene (definert som hovudspråk)
- Språk på ev. lokal hovudside
- Språk på om oss
- Språk på produktside
- Tal på andre tilgjengelege språk enn hovudspråket
- Andre tilgjengelege språk enn hovudspråket
- Nedlasta, printa og arkivert dato

**Språk i sosiale medium**
- Språk på Facebook
- Språk på G+
- Språk på LinkedIn
- Språk på YouTube
- Språk på Twitter
- Språk på Instagram
- Nedlasta, printa og arkivert dato

**Språk i utlysingstekstar** inkl. publiseringsdato
**Språk i årsrapportar 2013**
- Språk i årsrapportar tilgjengelege frå nettsida
- Språk i årsrapportar tilgjengelege frå Brønnøysundregisteret

*Figur 5-1: Delundersøking 1: Dataliste*

## Bedriftsdemografi

Av 39 bedrifter er det tre skipskonsulentverksemder, fire skipsverft, eitt reiarlag og 31 utstyrs- og tenesteleverandørar. Lokalt fordeler bedriftene seg over seks av dei sju kommunane i MAFOSS sitt nedslagsfelt. Ni bedrifter held til i Hareid, seks i Herøy, fire i Sande, 16 i Ulstein, tre i Volda og ei i Ørsta. 36 bedrifter har hovudkontor i Noreg, medan dei tre andre har hovudkontor i England, Sverige og Sveits. 30 av bedriftene har (det norske) hovudkontoret plassert innanfor MAFOSS-kommunane, medan ni bedrifter har hovudkontor i Asker (2), Askøy (1), Bærum (1), Kongsberg (1), Oslo (1), Sandnes (1), Ski (1) og Stavanger (1). Av kommunane som ligg utanfor MAFOSS-området har fire kommunar bokmål som administrasjonsspråk medan fire er såkalla språknøytrale kommunar (Forskrift om målvedtak, 2013). I realtiteten praktiserer språknøytrale kommunar oftast bokmål som sitt administrasjonsspråk (O. Grepstad, 2015).

## Bedriftsspråket, bedrifta sitt hovudspråk

Den enkelte bedrifta sitt hovudspråk eller *bedriftsspråk* vert i dette prosjektet definert på grunnlag av skriftspråket kvar av bedriftene praktiserer på sine eigne nettsider. Nettsidene er den lettast tilgjengelege skriftege kanalen mellom bedrifta og publikum generelt, og må kunne reknast som bedrifta sitt viktigaste vindauge mot omverda. Denne vurderinga vert understøtta av undersøkingar som viser at stadig fleire av kjøpsprosessane innanfor det som vert kalla B2B-marknaden (bedrift-til-bedriftsmarknaden) startar på internett, anten med eit generelt produktsøk eller med eit besøk på den aktuelle bedrifta si nettside (Snyder & Hilal, 2015). I løpet av ei veke i 2015 hadde dessutan 93 prosent av nordmenn mellom ni og 79 år, ifølgje Statistisk sentralbyrå, vore innom internett. Berre 66 prosent hadde lese ei trykt avis (2016).

Skriftpraksisen i delundersøkinga er registrert for tre hovudkategoriar av nettsideinnhald. Dette er gjort for å sikre at registreringa er gjort på tilstrekkeleg grunnlag og ikkje berre ut frå språkpraksisen på hovudsida (framsida) for domenet. Føremålet med å undersøkje ulike interne sidekategoriar er difor å skaffe eit tilstrekkeleg tekstomfang som er henta tilstrekkeleg djupt i nettsidestrukturen. Følgjande sidekategoriar er undersøkte: *Hovudsida,* som ligg på nettsida sitt norske hovuddomene – til dømes slik*: www.bedriftsnamn.no* eller *www.bedriftsnamn.com.* Den andre sidekategorien er *om oss*, dette er sider som svært ofte har nettopp «Om oss» som overskrift og som inneheld ein eller

annan form for presentasjon av bedrifta. Den tredje sidekategorien er *produktsider*, med presentasjon av produkta eller tenestene bedrifta tilbyr. Språkpraksisen på eventuelle lokale undersider er også registrert. I den grad det har vore ei språkblanding innanfor kvar av sidekategoriane, er det språket som *i all hovudsak* er nytta som er registrert.

Det viser seg at språkpraksisen på hovudsida, for alle bedriftene i utvalet, er samanfallande med språkpraksisen på dei andre undersidene. Språket på hovudsida vert ut frå dette også definert som bedrifta sitt *bedriftsspråk*. Av dei 39 bedriftene som er med i utvalet er 9 bedrifter registrerte med nynorsk som bedriftsspråk, 18 bedrifter er registrerte med bokmål og 12 med engelsk. Vidare i avhandlinga vert desse bedriftene også kalla *nynorskbedrifter*, *bokmålsbedrifter* og *engelskbedrifter*.

| Bedriftsspråk | |
|---|---|
| Nynorsk | 9 |
| Bokmål | 18 |
| Engelsk | 12 |
| N | 39 |

*Figur 5-2: Delundersøking 1: Bedriftsspråk*

## Tilbod om språkval på bedriftsnettsider

Det vert også undersøkt om bedriftene, frå framsida av nettsidene, tilbyr brukarane å lese innhaldet på andre språk enn hovudspråket – og i tilfelle kva for språk. Dette handlar om språkval som bedriftene gir til lesarane sine, og er altså noko anna enn medvitne eller umedvitne innslag av andre språk på nettsida. Praksisen er registert som *andre tilgjengelege språk.* Av dei 39 bedriftene i utvalet er det 18 som tilbyr slike språkval og 21 som berre presenterer innhald på hovudspråket. 5 nynorskbedrifter, 12 bokmålsbedrifter og 1 engelskbedrift tilbyr språkval.

Alle dei norskspråklege bedriftene som tilbyr språkval, tilbyr engelsk som tilleggsspråk. 12 tilbyr berre engelsk, medan 5 tilbyr engelsk og eitt eller fleire andre ikkjenorske språk. Ingen av bedriftene tilbyr nynorsk eller bokmål som tilleggsspråk. Den eine engelskbedrifta som tilbyr språkval, tilbyr 3 ikkje-norske språk.

| | Tilbyr ikkje språkval | Tilbyr språkval | Berre engelsk som tillegg | Engelsk + andre som tillegg | BM eller NYN som tillegg | Berre ikkjenorske som tillegg |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Alle | 21 | 18 | 12 | 5 | 0 | 18 |
| NY-bedrifter | 4 | 5 | 3 | 2 | 0 | 5 |
| BM-bedrifter | 6 | 12 | 9 | 3 | 0 | 12 |
| EN-bedrifter | 11 | 1 | - | - | 0 | 1 |

*Figur 5-3: Delundersøking 1: Andre tilgjengelege språk enn hovudspråket på bedriftsnettsider*

## Språkpraksis i sosiale medium

Prosjektet har undersøkt språkpraksisen til dei 39 bedriftene i 6 ulike sosiale mediekanalar. Ikkje alle bedriftene er i tidsromet for undersøkinga til stades i sosiale medium, men i løpet av dei siste månadene før sjølve undersøkinga, har både talet på kanalar med aktive bedrifter og talet på nærværande bedrifter i kvar kanal auka. Dette er altså ein del av undersøkinga som meir enn nokon annan del speglar eit augeblinksbilete av språkpraksisen. Det er totalt 28 bedrifter som er til stades i ein eller fleire av dei seks kanalane som er undersøkte. Av desse er 8 nynorskbedrifter, 12 bokmålsbedrifter og 8 engelskbedrifter. Nynorskbedriftene i dette utvalet verkar altså å vere relativt meir til stades i sosiale medium enn bokmåls- og engelskbedriftene. Facebook er den mest bruke kanalen. 25 av dei 28 bedriftene er til stades på *Facebook*, 11 er til stades på *Google+*, 18 på *LinkedIn*, 19 på *YouTube*, 10 på *Twitter* og seks på *Instagram*. 11 av dei 39 bedriftene er ikkje til stades i nokon av desse seks mediekanalane.

| | Til stades | | | | Ikkje til stades i sosiale medium | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | NY | BM | EN | Tot | NY | BM | EN |
| Sosiale medium | **28** | 8 | 12 | 8 | **11** | 1 | 6 | 4 |
| Facebook | **25** | 8 | 11 | 6 | | | | |
| G+ | **11** | 2 | 6 | 3 | | | | |
| LinkedIn | **18** | 4 | 6 | 8 | | | | |
| Youtube | **19** | 5 | 8 | 6 | | | | |
| Twitter | **10** | 2 | 4 | 4 | | | | |
| Instagram | **6** | 2 | 3 | 1 | | | | |

*Figur 5-4: Delundersøking 1: Nærvær i sosiale medium. Nynorsk-, bokmåls- og engelskbedrifter.*

Når det gjeld bruken av dei ulike skriftspråka i sosiale medium, er det ikkje lenger samanfall mellom *hovudspråket* og *språkpraksisen i dei ulike kanalane*. Fleire bedrifter enn berre nynorskbedriftene nyttar her nynorsk, og fleire enn engelskbedriftene nyttar engelsk. Bedriftene vekslar også ofte mellom norskspråklege og engelskspråklege oppdateringar. På Facebook er nynorsk det skriftspråket som vert mest brukt, medan det vert minst brukt på nettsidene. På LinkedIn og YouTube er det fleire engelskbrukarar enn det er engelskbedrifter som er til stades i kanalane.

| | **Bedrifter som brukar nynorsk eller har innslag av nynorsk** | **Bedrifter som brukar bokmål eller har innslag av bokmål** | **Bedrifter som brukar engelsk eller har innslag av engelsk** |
|---|---|---|---|
| **Facebook** | 13 | 8 | 10 |
| **G+** | 1 | 6 | 5 |
| **LinkedIn** | 5 | 4 | 15 |
| **Youtube** | 4 | 5 | 14 |
| **Twitter** | 2 | 3 | 7 |
| **Instagram** | 2 | 3 | 3 |

*Figur 5-5: Delundersøking 1: Bruk av nynorsk, bokmål og engelsk i seks ulike sosiale medium*

## Språk i utlysingstekstar

Det har late seg gjere å finne stillingsannonsar i Sunnmørsposten for 22 av dei 39 bedriftene som er med i utvalet. Annonsane har vore publiserte i papirutgåva av avisa i perioden september 2012 til september 2014 og dreiar seg i all hovudsak om sals- og leiarstillingar i tillegg til ingeniør-, montør- og operatørstillingar. I denne perioden nyttar 8 av 22 bedrifter nynorsk i ein eller fleire annonsar, medan 15 nyttar bokmål. Engelsk er ikkje nytta. Dei annonsane der stillingstitlar er på engelsk, medan utlysingsteksten elles er på norsk, er registrerte med det norske språket. Med unnatak av dei 4 nynorskbedriftene, som alle nyttar nynorsk i avisa, er det altså heller ikkje her direkte samsvar mellom hovudspråk på nettet og språket i utlysingstekstane. 4 andre bedrifter enn nynorskbedriftene nyttar nynorsk i avisa, og både bokmåls- (2) og engelskbedrifter (2) er mellom desse. Både bokmåls- og engelskbedriftene nyttar likevel mest bokmål.

| | Berre NY | Berre BM | Berre EN | Kombinasjon NY+BM | Kombinasjon NY+EN | Kombinasjon BM+EN | Kombinasjon NY+BM+EN | Andre kombinasjonar | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nynorskbedrifter | 4 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 |
| Bokmålsbedrifter | 1 | 6 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 8 |
| Engelskbedrifter | 2 | 8 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 10 |
| Alle | 7 | 14 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 | 22 |

*Figur 5-6: Delundersøking 1: Språk i utlysingstekstar i*

## Språk i årsrapportar

Med årsrapportar er her meint rapportar som inneheld årsrekneskap, årsmelding, notar og eventuell revisjonsmelding for bedrifta. Alle bedrifter i Noreg som har regnskapsplikt etter rekneskapslova § 1-2 skal sende desse opplysningane inn til Regnskapsregisteret i Brønnøysund. Ifølgje § 3-4 skal årsrekneskapen og årsberetninga som hovudregel vere på norsk. (Brønnøysundregistrene, 2016; Regnskapsloven, 2015). Dokumenta er offentleg tilgjengelege og kopiar kan bestillast frå Brønnøysundregistrene. I tillegg utarbeider fleire bedrifter sine eigne publikasjonar av årsrapportane, i ein meir tilgjengeleg skriftleg stil, og med bruk av visuelle verkemiddel som fargar, foto, grafar og andre illustrasjonar.

Undersøkinga er gjennomført ved å bestille og laste ned digitale kopiar av dokumenta frå Brønnøysundregistrene for rekneskapsåret 2013, for alle 39 bedriftene. Språkpraksisen i tekstane er deretter undersøkte, og alle innslaga av ulike språk er registrerte for kvar rapport. Det er ikkje teke omsyn til kor stor del av teksten som er på det eine eller andre språket. Til dømes er rapportar der det meste av teksten er på nynorsk, men der det er nytta bokmål i notane til rekneskapen, registrerte med nynorsk og bokmål (NY+BM). Kategorien *andre kombinasjonar* i tabell 5-7 gjeld kombinasjonen bokmål og svensk.

Til saman 10 av bedriftene nyttar nynorsk i Brønnøysund-rapportane. Berre ei av dei nyttar nynorsk utan innslag av andre språk, åtte nyttar nynorsk i kombinasjon med berre bokmål og ei bedrift nyttar nynorsk, bokmål og engelsk i same rapporten. Til saman 37 bedrifter nyttar bokmål i rapportane. 24 av dei nyttar berre bokmål, tre nyttar bokmål i kombinasjon med engelsk, ei i kombinasjon med svensk og altså ni i kombinasjon med berre nynorsk (8) eller både nynorsk og engelsk (1). Til saman

fem bedrifter nyttar engelsk i årsrapportane. Ei av desse nyttar berre engelsk, ingen nyttar berre engelsk og nynorsk, medan altså fire nyttar engelsk i kombinasjon med anten berre bokmål (3) eller både bokmål og nynorsk (1).

Av dei 9 nynorskbedriftene er det 7 som nyttar nynorsk i årsrapportane, dei fleste i kombinasjon med bokmål. Av dei 18 bokmålsbedriftene nyttar alle bokmål, dei fleste utan innslag av andre språk. Av dei 12 engelskbedriftene nyttar berre 3 engelsk i årsrapportane. Dei fleste engelskbedriftene nyttar berre bokmål.

| | Berre NY | Berre BM | Berre EN | Kombinasjon NY+BM | Kombinasjon NY+EN | Kombinasjon BM+EN | Kombinasjon NY+BM+EN | Andre kombinasjonar | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nynorskbedrifter | 1 | 2 | 0 | 5 | 0 | 0 | 1 | 0 | 9 |
| Bokmålsbedrifter | 0 | 14 | 0 | 2 | 0 | 1 | 0 | 1 | 18 |
| Engelskbedrifter | 0 | 8 | 1 | 1 | 0 | 2 | 0 | 0 | 12 |
| Alle | 1 | 24 | 1 | 8 | 0 | 3 | 1 | 1 | 39 |

*Figur 5-7: Delundersøking 1: Språk i årsrapportar (Brønnøysundregistrene)*

Undersøkinga av språkpraksisen i dei eigenpubliserte årsrapportane, gjeld berre årsrapportar som er tilgjengelege frå bedriftene sine nettsider på tidspunktet for undersøkinga. Det har late seg gjere å finne 12 slike publikasjonar. Av 12 bedrifter nyttar 4 bedrifter nynorsk, 7 nyttar bokmål og 8 nyttar engelsk. Av 4 nynorskbedrifter nyttar alle nynorsk, 1 nynorsk åleine og 3 i kombinasjon med anten berre bokmål (1)  eller både bokmål og engelsk (2). Av 4 bokmålsbedrifter nyttar 2 berre bokmål, medan 2 nyttar berre engelsk. Av 4 engelskbedrifter nyttar alle engelsk, 2 av desse nyttar berre engelsk, medan 2 nyttar engelsk i kombinasjon med bokmål.

| | Berre NY | Berre BM | Berre EN | Kombinasjon NY+BM | Kombinasjon NY+EN | Kombinasjon BM+EN | Kombinasjon NY+BM+EN | Andre kombinasjonar | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nynorskbedrifter | 1 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 2 | 0 | 4 |
| Bokmålsbedrifter | 0 | 2 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 |
| Engelskbedrifter | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 2 | 0 | 0 | 4 |
| Alle | 1 | 2 | 4 | 1 | 0 | 2 | 2 | 0 | 12 |

*Figur 5-8: Delundersøking 1: Språk i årsrapportar (eigne)*

## Språkinnslag i bedriftene uansett flate

Om ein ser på språkpraksisen til kvar enkelt bedrift på alle flatene som er undersøkte, viser det seg at dei aller fleste brukar meir enn eitt av dei tre skriftspråka. Berre 4 av dei 39 bedriftene brukar berre eitt av språka, 21 brukar to av språka og 14 brukar både nynorsk, bokmål og engelsk. Alle dei 39 bedriftene brukar norsk, 19 brukar nynorsk og 38 brukar bokmål. 31 av bedriftene brukar engelsk, men ingen brukar berre engelsk.

| Språkinnslag uansett flate | Tal på bedrifter |
|---|---|
| Innslag av nynorsk | 19 |
| Innslag av bokmål | 38 |
| Innslag av engelsk | 31 |
| Innslag av norsk | 39 |
| N | 39 |

| Språkinnslag uansett flate | Tal på bedrifter |
|---|---|
| Innslag av eitt av språka | 4 |
| Innslag av to av språka | 21 |
| Innslag av tre av språka | 14 |
| N | 39 |

*Figur 5-9: Delundersøking 1: Observert språkpraksis – uansett flate.*

## Oppsummering, observert språkpraksis

Delundersøking 1 skal bidra til å svare på forskingsspørsmål 1: I kva omfang nynorsk vert nytta som bedriftsspråk i den maritime klynga på Sunnmøre – samanlikna med bokmål og engelsk? Resultata frå undersøkinga kan summerast i følgjande hovudfunn.

### Flest brukar bokmål og færrast brukar nynorsk som bedriftsspråk

Prosjektet definerer bedriftsspråket til ei bedrift som det skriftspråket bedrifta nyttar for å presenterer seg for omverda på bedrifta sine nettsider. I dette utvalet vel dei fleste bokmål (18) som bedriftsspråk, medan dei færraste vel nynorsk (9). Det er langt fleire som vel norsk (27) som bedriftsspråk enn engelsk (12).

### Nesten alle nynorskbedriftene er aktive i sosiale mediekanalar

Nesten alle nynorskbedriftene er aktive i sosiale mediekanalar, medan fleire av både bokmåls- (6) og engelskbedriftene (4) enn av nynorskbedriftene (1) ikkje er der. Facebook er den mest brukte kanalen totalt, og er også den kanalen både nynorsk- og bokmålsbedriftene brukar mest. LinkedIn er den mest brukte kanalen mellom engelskbedriftene.

### Mest nynorsk på Facebook, mest engelsk på YouTube og LinkedIn

På Facebook er det fleire bedrifter som brukar nynorsk (13) enn det er bedrifter som brukar bokmål (8) eller engelsk (10). På YouTube og LinkedIn brukar flest bedrifter engelsk, medan nynorsk og bokmål blir like mykje, eller lite, brukt. Dei andre mediekanalane er lite brukt, og fordelinga mellom skriftspråka i desse kanalane vert difor ikkje kommentert nærare.

### Alle skriv norsk i papiravisa

Alle stillingsannonsane som er publiserte i Sunnmørsposten er skrivne på norsk. 8 bedrifter nyttar nynorsk og 15 bedrifter nyttar bokmål, ei av desse bedriftene nyttar bokmål og nynorsk – i ulike annonsar.

### Mange språk samtidig i årsrapportane

I årsrapportane er det heile 13 bedrifter (i Brønnøysund-rapportane) og 5 bedrifter (i eigne rapportar) som brukar fleire skriftspråk innanfor den same årsrapporten. Bokmål er det skriftspråket som vert nytta av flest bedrifter i Brønnøysund-rapportane, medan engelsk er det språket som vert nytta av flest bedrifter i eigne årsrapportar.

### Dei fleste brukar meir enn eitt språk og språkpraksisen skiftar frå flate til flate

Det er berre 4 av bedriftene i utvalet som berre brukar eitt av språka på alle dei flatene som er undersøkte. 35 bedrifter brukar altså to eller fleire av språka. Bokmål er det språket som flest bedrifter har innslag av (38) medan 19 brukar nynorsk og 31 engelsk. Det er altså fleire som brukar engelsk enn som brukar nynorsk, medan alle dei 39 bedriftene brukar norsk. Det er ikkje mogleg å finne noko tydeleg mønster i eller korrelasjon mellom kva språk som vert brukt på dei ulike skriftlege flatene som er med i denne undersøkinga. Resultata viser at bedriftene både gjer heilt ulike og til dels motsette val. Det finst mange døme på dette i utvalet, som: (i) konsekvent bruk av berre eitt skriftspråk på alle flater, (ii) nynorskbedrift som brukar bokmål på alle andre flater enn på nettsida, (iii) engelskbedrift som skriv engelsk på nettsida og i alle sosiale mediekanalar, men berre bokmål i papiravisa og årsrapporten, (iv) engelskbedrift som skriv nynorsk i sosiale medium, i avisa og årsrapportane og (v) bokmålsbedrift som skriv engelsk i sosiale medium og nynorsk i avisa (Vedlegg 1).

## 5.2 Delundersøking 2: Anonym spørjeskjemaundersøking

Delundersøking 2 skal bidra til å svare på forskingsspørsmål 1 og 2, som spør etter (1) omfanget av nynorsk språkpraksis i bedriftene – samanlikna med bokmål og engelsk, og (2) korleis språkbrukarane forklarar sin eigen nynorskpraksis, og kva meining dei sjølve legg og finn i denne praksisen.

Delundersøkinga er gjennomført som ei semistrukturert anonym spørjeskjemaundersøking med til saman 13 opne og lukka spørsmål (Vedlegg 2). Alle dei 39 bedriftene i utvalet har fått tilbod om å svare, og invitasjonar til å delta er sendt til bedriftene via e-post, ved hjelp av Questback sine verkty for utsending og purring (Vedlegg 3). Det kom inn i alt 29 svar på undersøkinga, noko som svarar til 79 prosent. Undersøkinga er gjennomført i samarbeid med Nynorsk kultursentrum.

### Spørsmål knytt til kva språk som vert brukte i bedrifta

I den første delen av spørjeskjemaet svarar respondentane på spørsmål om kva språk som vert brukte i bedrifta, både generelt og på ulike område. Det er også spørsmål om eventuelle språkvedtak og kven som eventuelt har fatta slike vedtak.

#### Kva for bedriftsspråk (eitt eller fleire) vert brukt i dykkar bedrift i dag?

Av 29 respondentar er det 23 som rapporterer at det vert nytta nynorsk i bedrifta, 20 rapporterer at det vert nytta bokmål og 19 engelsk. I tillegg rapporterer 4 at det vert skrive dialekt og 2 at det vert nytta andre språk (rumensk og polsk).

| Språk | Tal |
|---|---|
| Nynorsk | 23 |
| Dialekt | 4 |
| Bokmål | 20 |
| Engelsk | 19 |
| Andre språk | 2 |
| N | 29 |

*Figur 5-10: Delundersøking 2: Rapportert språkpraksis: bedriftsspråk i bruk*

**Kva skriftspråk (eitt eller fleire) brukar dei tilsette på følgjande område: interne dokument, digitale medium, marknadsføring, utlysingar, styredokument, årsmelding?**

Nynorsk det språket flest respondentar rapporterer som brukt både i interne dokument, digitale medium og utlysingar. I marknadsføring er nynorsk, bokmål og engelsk rapportert brukt av om lag like mange. I styredokument og årsmelding er bokmål det språket flest bedrifter rapporterer som brukt. Av andre språk som er rapportert brukt er dansk, polsk og rumensk i interne dokument, dansk og polsk i digitale medium og dansk og polsk i utlysingar.

| | Nynorsk | Dialekt | Bokmål | Engelsk | Veit ikkje | Andre språk | N |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Interne dokument | 23 | 4 | 19 | 10 | 1 | 3 | 29 |
| Digitale medium | 19 | 1 | 16 | 16 | 0 | 1 | 29 |
| Marknadsføring | 16 | 1 | 16 | 17 | 0 | 1 | 29 |
| Utlysingar | 20 | 1 | 14 | 10 | 0 | 1 | 29 |
| Styredokument | 13 | 0 | 16 | 6 | 2 | 0 | 29 |
| Årsmelding | 13 | 0 | 16 | 9 | 0 | 0 | 29 |

*Figur 5-11: Delundersøking 2: Rapportert språkpraksis: Skriftspråk i bruk på ulike område*

**Kva skriftspråk nyttar bedrifta i aksjonæravtale, vedtekter og andre liknande dokument?**

Av respondentane som har svart på dette, er det 20 som rapporterer å bruke bokmål i dokument som aksjonæravtale, vedtekter og liknande. 12 rapporterer å bruke nynorsk medan 2 respondentar rapporterer at engelsk blir brukt. 2 har svart veit ikkje.

| Språk | Tal |
|---|---|
| Nynorsk | 12 |
| Bokmål | 20 |
| Engelsk | 4 |
| Veit ikkje | 2 |
| Andre språk | 0 |
| N | 29 |

*Figur 5-12: Delundersøking 2: Rapportert språkpraksis: Skriftspråk i bruk i aksjonæravtalar, vedtekter o.l.*

**Har bedrifta gjort noko formelt vedtak om bedriftsspråk?**

Av 26 respondentar som har svart ja eller nei på dette, er det 9 som svarar ja og 17 som svarar nei.

| Alternativ | Tal |
|---|---|
| Ja | 9 |
| Nei | 17 |
| Veit ikkje | 3 |
| N | 29 |

*Figur 5-13: Delundersøking 2: Språkvedtak*

**Når vart det formelle vedtaket om bedriftsspråk gjort?**

Ifølgje resultata har 9 bedrifter gjort formelt vedtak om bedriftsspråk. 7 har svart på *når* det formelle vedtaket er gjort. Vedtaka er gjort i perioden 1990–2014.

| Årstal for språkvedtak |
|---|
| 1990 |
| 2004 |
| 2006 |
| 2007 |
| 2007 |
| 2012 |
| 2014 |

*Figur 5-14: Delundersøking 2: Årstal for språkvedtak*

**Kven fatta det formelle vedtaket om bedriftsspråk?**

Av respondentane som svarar på dette spørsmålet, svarar 3 at det er styret og 4 at det er dagleg leiar som har fatta det formelle vedtaket om bedriftsspråk. Ingen svarar generalforsamlinga, medan 2 svarar veit ikkje.

| Alternativ | Tal |
|---|---|
| Generalforsamlinga | 0 |
| Styret | 3 |
| Dagleg leiar | 4 |
| Veit ikkje | 2 |
| Andre | 0 |
| N | 9 |

*Figur 5-15: Delundersøking 2: Kven som fatta språkvedtaket*

**Er det innført særreglar for bruk av bedriftsspråk for ein eller fleire deler av verksemda og kva særeglar er i tilfelle innført?**

3 av respondentane svarar at det er innført særreglar for bruk av bedriftsspråk for ein eller fleire deler av verksemda. Særreglane handlar ifølgje respondentane om bruk av engelsk på eitt særleg

saksområde, bruk av bokmål ved felles pristilbod med bokmålsbedrifter og bruk av ulike skriftspråk for avdelingar i ulike deler av landet.

| Svar | Tal |
|---|---|
| Ja | 3 |
| Nei | 6 |
| Veit ikkje | 0 |
| N | 9 |

*Figur 5-16: Delundersøking 2: Særreglar*

| |
|---|
| All teknisk saksbehandling skal være på engelsk. |
| dersom vi jobbar i lag med andre bedrifter på felles anbod der dei har bokmål som bedriftsspråk brukar også vi det |
| Avhengig av hvor i landet bedriften ligger så blir det benyttet feks engelsk i Stavanger i mange sammenhenger og bokmål i andre, mens kontoret på Hareid bruker dialekt/nynorsk i gitte sammenhenger og mindre bruk av engelsk. |

*Figur 5-17: Delundersøking 2: Ulike særreglar*

## Spørsmål knytt til påverknadsfaktorar, diskusjonar om og reaksjonar på språkbruken i bedrifta.

### I kor stor eller liten grad vert den daglege språkbruken påverka av faktorane som er nemnde nedanfor?

Dei enkeltfaktorane som flest respondentar rapporterer å påverke den daglege språkbruken i ganske stor eller svært stor grad, er medarbeidarane sitt eige skriftspråk (20), lokal identitet eller lokalt skriftspråk (19), sedvane – at det berre har blitt sånn (17) og leiinga sitt eige skriftspråk (16). Dei enkeltfaktorane som flest respondentar rapporteter å påverke den daglege språkbruken i ganske liten eller svært liten grad, er språket til konkurrentane eller andre bedrifter (17), språket til leverandørar eller tenesteytarar (13), administrasjonsspråket i kommunen (12) og uformelle signal frå eigarane (11).

| | I svært stor grad | I ganske stor grad | Korkje stor el. liten grad (nøytralt) | I ganske liten grad | I svært liten grad | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Uformelle signal frå eigarane | 0 | 7 | 10 | 2 | 9 | 1 |
| Uformelle signal frå leiinga | 3 | 6 | 12 | 1 | 7 | 0 |
| Sedvane – at det berre har blitt slik | 0 | 17 | 7 | 0 | 4 | 1 |
| Eigarane sitt eige skriftspråk | 3 | 6 | 10 | 3 | 6 | 1 |
| Leiinga sitt eige skriftspråk | 4 | 12 | 10 | 1 | 2 | 0 |
| Medarbeidaren sitt eige skriftspråk | 6 | 14 | 4 | 1 | 4 | 0 |
| Lokal identitet eller lokalt skriftspråk | 9 | 10 | 6 | 1 | 3 | 0 |
| Administrasjonsspråk i kommunen | 1 | 4 | 12 | 3 | 9 | 0 |
| Språket til leverandørar eller tenesteytarar | 1 | 5 | 10 | 5 | 8 | 0 |
| Språket til konkurrentane eller andre bedrifter | 0 | 3 | 9 | 8 | 9 | 0 |
| Språket til kundane | 6 | 5 | 9 | 2 | 7 | 0 |

**Har det dei siste fem åra vore interne diskusjonar om bedriftsspråket i bedrifta, og kva var eventuelt følgjene eller resultatet av desse?**

På dette spørsmålet var det 12 respondentar svara ja, at det har vore diskusjonar, medan 15 svara nei, at det ikkje hadde vore diskusjonar i bedrifta. Dei som svara ja, vart bedne om å svare på kva som var følgjene eller resultatet av diskusjonane. Som sitata under syner, handlar dei fleste følgjene og resultata om bruken av nynorsk (9), medan 3 handlar om bokmål og 2 handlar om engelsk. To respondentar nemner ikkje kva språk som har vore diskutert. Enkelte av sitata er omarbeidde til nynorsk eller anonymiserte.

| Svar | Tal |
|---|---|
| Ja | 12 |
| Nei | 15 |
| Veit ikkje | 2 |
| N | 29 |

- *Vi skal vere tydelege på å vere ein premissleverandør av nynorsk inn til våre kundar, og vi har tilsett eigen tekstforfattar.*
- *Endeleg konklusjon ikkje teken.*
- *Ei enda klarare haldning til at nynorsk er det sjølvsagde språket, og at vi skal legge stor vekt på eit godt språk.*
- *Sterk identitet knytt til det å bruke nynorsk, meir merksemd på at det er bedriftsspråket og at vi skal bruke eit godt språk.*
- *Bruk av engelsk for visse dokument i eit anna område av landet og nynorsk/dialekt på Sunnmøre.*

- *Vi held fram som før. Engelsk og nynorsk på ekstern kommunikasjon.*
- *Både nynorsk og bokmål kan nyttast, men ein skal ta omsyn til mottakar av kommunikasjonen som vert send.*
- *Vi held på vår opprinnlege språkprofil, sjølv om verksemda veks i område som ikkje er utprega nynorskområde.*
- *Diskusjon/spørsmål om bruk av nynorsk kan vere ei ulempe for selskapet. Har ikkje ført til endring av språket i selskapet.*
- *Vi laga ikkje rettningsliner på det noverande tidspunktet.*
- *At vi valde å nytte bokmål som bedriftsspråk.*
- *Einige om å bruke nynorsk. Men vanskeleg med personar med utanlandsk bakgrunn som har lært bokmål i Noreg.*

**Kor ofte eller sjeldan er skriftspråk eit tema i bedrifta, t.d. i form av spørsmål, kommentarar eller meiningsytringar?**

Dei fleste respondentane (20) svarar at skriftspråk ganske sjeldan eller svært sjeldan eller aldri er eit tema i bedrifta, medan 4 respondentar svarar at skriftspråk er tema i bedrifta ganske ofte.

| Svar | Tal |
|---|---|
| Svært ofte | 0 |
| Ganske ofte | 4 |
| Korkje ofte eller sjeldan (nøytralt) | 4 |
| Ganske sjeldan | 14 |
| Svært sjeldan eller aldri | 6 |
| Veit ikkje | 1 |
| N | 29 |

*Figur 5-18: Kor ofte er skriftspråk eit tema?*

**Kva positive eller negative reaksjonar har bedrifta fått frå ulike hald, på bruken av nynorsk som bedriftsspråk?**

Dette spørsmålet var tenkt ruta til alle dei som svarte *nynorsk* på spørsmålet om kva bedriftsspråk som vert brukt i bedrifta, men det vart ved eit mistak ruta til berre 12 nynorskbrukande bedrifter. Dette har gitt eit noko mindre utval av respondentar enn ynskjeleg. Når det gjeld reaksjonar *frå eigne fagmiljø* rapporterer 4 respondentar om mest positive reaksjonar, 4 rapporterer om både positive og negative reaksjonar og 3 rapporterer om ingen reaksjonar. Om reaksjonar *frå kundar* rapporterer 4 om

berre positive eller mest positive reaksjonar, 1 om mest negative reaksjonar og 5 om ingen reaksjonar. Når det gjeld reaksjonar *frå konkurrentar eller andre bedrifter,* rapporterer ingen om negative reaksjonar, 4 rapporterer om berre positive eller mest positive reaksjonar og 5 om ingen reaksjonar. Om reaksjonar *frå leverandørar eller andre tenesteytarar* er det 3 som rapporterer om mest positive reaksjonar, 1 om både positive og negative og 4 om ingen reaksjonar. Ingen rapporterer om negative reaksjonar *frå lokalsamfunnet*, 5 rapporterer om ingen reaksjonar og 5 om berre positive eller mest positive reaksjonar. Om *reaksjonar frå kommunen* er det 5 som rapporterer om ingen reaksjonar og 5 som rapporterer om berre positive eller mest positive reaksjonar.

| | Berre positive reaksjonar | Mest positive reaksjonar | Både positive og negative reaksjonar | Mest negative reaksjonar | Berre negative reaksjonar | Ingen positive eller negative reaksjonar | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Frå eige fagmiljø** | 0 | 4 | 4 | 0 | 0 | 3 | 1 |
| **Frå kundar** | 2 | 2 | 0 | 1 | 0 | 5 | 2 |
| **Frå konkurrentar eller andre bedrifter** | 1 | 3 | 0 | 0 | 0 | 5 | 3 |
| **Frå leverandørar eller tenesteytarar** | 0 | 3 | 1 | 0 | 0 | 6 | 2 |
| **Frå lokalsamfunnet** | 5 | 2 | 0 | 0 | 0 | 4 | 1 |
| **Frå kommunen** | 4 | 1 | 0 | 0 | 0 | 5 | 2 |

*Figur 5-19: Reaksjonar på nynorskbruken*

### Kommentarar frå respondentane

12 av respondentane har nytta høvet til å kome med kommentarar og utdjupingar. Desse er siterte her. Nokre er omarbeidde til nynorsk eller anonymiserte.

- Kontinuerlege drøftingar i bedrifta. Ikkje minst rettskriving og godt språk.
- Vi driv forretning, ikkje språkpolitikk. Men eit medvite val av nynorsk som språk for bedrifta (i tillegg til engelsk) har ført til positiv merksemd for bedrifta, og har gjort eigne tilsette meir medvitne på å nytte nynorsk – og meir merksemd rundt at kva språk vi brukar og korleis vi brukar det er viktig.
- Generelt så har oljeindustrien i Stavanger i stor grad nytta engelsk språk, medan i den marine industrien med eit solid fotfeste på Mørekysten, så er bokmål og eller dialekt nytta. Eg skriv dialekt for det er ikkje heilt nynorsk sjølv om det er nært. Når det er sagt, har den marine industrien mange internasjonale kundar og då er engelsk sjølvsagt det språket som vert nytta.

- Vi er del av eit internasjonalt konsern, med tilsette og kundar frå fleire land. Difor vert engelsk mykje nytta som bedriftsspråk.
- Vår bruk av nynorsk er sterkt kopla til identitet. Vi trur at språket (vårt) fortel kvar vi er frå, litt om kven vi er og ikkje minst at kundane våre møter same språket både på papir og munnleg i deira kontakt med oss.
- Omlag halvparten av dei tilsette brukar nynorsk i det meste av skriftleg kommunikasjon. Dette skjer likevel i kombinasjon med engelsk, der dette er påkravd, og også bokmål, sidan dei fleste ynskjer å halde i hevd eigne kvalifikasjonar i begge skriftspråk.
- Eg føler av og til at søknader på nynorsk blir lågare vurdert enn søknader på bokmål.
- Har inntrykk at det er vanskelegare for tilsette som har bokmålsbakgrunn å bruke nynorsk enn omvendt.
- Medarbeidarar med utanlandsk bakgrunn vil bruke nynorsk dersom dei har fått norsk språkopplæring på nynorsk. Dei som har fått opplæring på bokmål vegrar seg mot å bruke nynorsk.
- I intern kommunikasjon vel vi den enklaste språkforma. I formelle dokument er det brukt bokmål eller engelsk.

## Oppsummering, rapportert språkpraksis

Delundersøking 2 skal bidra til å svare på forskingsspørsmål 1 og 2, som spør etter (1) omfanget av nynorsk språkpraksis i bedriftene – samanlikna med bokmål og engelsk, og (2) korleis språkbrukarane forklarar sin eigen nynorskpraksis, og kva meining dei sjølve legg og finn i denne praksisen.

### Nynorsk og bokmål vert brukt i like mange bedrifter

Kunnskapen knytt til forskingsspørsmål 1 vert i hovudsak samla inn frå den første delen av spørjeskjemaet, som tek føre seg den rapporterte språkpraksisen i dei 29 bedriftene det har kome svar frå. På spørsmål nummer ein om kva for bedriftsspråk (eitt eller fleire) som vert brukt i bedrifta i dag, er det 23 som rapporterer at nynorsk blir brukt, 20 bokmål og 19 engelsk. Etter å ha studert materialet nærare, respondent for respondent, viser det seg at totalt 26 av bedriftene svarar at nynorsk blir brukt

på eitt eller fleire område i bedrifta. Like mange, altså 26, svarar at bokmål blir brukt, og 20 svarar at engelsk blir brukt på eitt eller fleire område i bedrifta. Alle bedriftene brukar norsk.

#### Dei fleste brukar alle tre skriftspråka

Det viser seg også av resultata at dei fleste bedriftene rapporterer å bruke både bokmål, nynorsk og engelsk (17), 9 brukar to av språka og 3 bedrifter brukar berre eitt av språka. Ingen brukar berre engelsk.

| Rapportert språkbruk uansett område | Tal |
|---|---|
| Nynorsk | 26 |
| Bokmål | 26 |
| Engelsk | 20 |
| Norsk | 29 |
| N | 29 |

| Rapportert språkbruk uansett område | Tal |
|---|---|
| Innslag av eitt av språka | 3 |
| Innslag av to av språka | 9 |
| Innslag av tre av språka | 17 |
| | |
| N | 29 |

*Figur 5-20: Rapportert språkbruk – uansett område*

#### Ingen klar skilnad mellom eksterne og interne flater

Resultata frå delundersøking 2 viser at relativt fleire bedrifter *rapporterer* om nynorsk språkpraksis enn kva som kunne *observerast* i delundersøking 1. Det er difor naturleg å undersøke om det er skilnad på den rapporterte språkpraksisen på flater som kan observerast utanfrå og flater som ikkje er like tilgjengelege for publikum flest, men noko klart skilje kan ikkje registrerast mellom desse 29 respondentane. Til eksterne flater er då rekna digitale medium (flest rapporterer nynorsk), marknadsføring (om lag likt), utlysingar og årsmelding (flest rapporterer bokmål). Til interne flater er rekna interne dokument (flest rapporterer nynorsk), styredokument (flest rapporterer bokmål) og aksjonæravtalar (flest rapporterer bokmål).

#### Den daglege språkbruken er påverka av faktorar nær språkbrukarane sjølve

Medarbeidarane og leiarane sitt skriftspråk, lokal identitet og sedvane vert oftast rapportert å påverke språkbruken i størst grad. Språket til konkurrentar, leverandørar og kommunen verkar å påverke i mindre grad, og er dei faktorane som oftast er rapportert til å påverke lite.

### Skriftspråk er sjeldan eit tema, men dei som har diskutert, har stort sett diskutert nynorsk

Nesten ingen av respondentane svarar at skriftspråk ofte eit tema i bedrifta, t.d. i form av spørsmål, kommentarar eller meiningsytringar. Om lag halvparten av respondentane svarar at bedriftene har hatt språkpraksisen til intern diskusjon i løpet av dei siste fem åra. Av desse handlar dei fleste resultata eller følgjene av diskusjonane om nynorsk.

### Ingen reaksjonar eller mest positive reaksjonar på nynorskpraksisen

Alternativet *ingen positive eller negative reaksjonar* er det svaralternativet som er nytta aller mest på spørsmålet om kva positive eller negative reaksjonar bedrifta har fått på bruken av nynorsk. Av reaksjonar som har kome til bedrifta, rapporterer respondentane i all hovudsak om positive reaksjonar.

### Refleksjonar kring eigen språkpraksis

Dei fleste respondentane (26 av 29) er anten nynorskbrukararar sjølve, eller dei representerer ei bedrift der nynorsk vert brukt. Undersøkinga gir ikkje nok kunnskap i seg sjølv til å svare på forskingsspørsmål 2 om korleis språkbrukarane forklarar, legg og finn meining i sin eigen nynorskpraksis. Kunnskapen gir likevel eit godt grunnlag for intervjua i delundersøking 3, og særleg dei opne spørsmåla gir innblikk korleis språkbrukarane reflekterer over språket i kvardagen.

## 5.3 Delundersøking 3: Semistrukturerte fenomenologiske livsverdsintervju

Delundersøking 3 skal først og fremst bidra til å svare på forskingsspørsmål 2, som spør kva meining nynorskbrukarane sjølve legg og finn i eigen språkpraksis? Ho skal dessutan bidra til viktig bakgrunnskunnskap for å kunne svare på forskingsspørsmål 3: Korleis kan ein forstå nynorsk språkpraksis i lys av den sosiale og kulturelle konteksten han går føre seg i?

Delundersøkinga er gjennomført som eit semistrukturert fenomenologisk livsverdsintervju, og som det også vart nemnt i kapittel 4, kan ein intervjusamtale produsere store mengder data. For å kunne gjennomføre intervjua i eit metodetriangulerande forskingsprosjekt – innanfor rammene av ei

masteravhandling, er utvalet difor avgrensa til tre informantar frå tre ulike bedrifter som alle nyttar nynorsk. Informantane arbeider ved eit verft, eit reiarlag og ein utstyrsleverandør. Dei representerer begge kjønn og bedriftene ligg i to ulike kommunar. Alle informantane er fødde og oppvaksne på Sunnmøre og har nynorsk som sitt personlege skriftspråk. Dei er tilsette i bedriftsleiinga på sine respektive arbeidsplassar. Intervjua er gjennomførte hausten 2015.

Denne delen av masterprosjektet er vurdert som meldepliktig, og undersøkinga er difor meldt inn til *Personvernombudet for forskning* på førehand (Vedlegg 4). Ombodet konkluderte med at undersøkinga er meldepliktig, og at behandlinga av personopplysningar i prosjektet tilfredsstiller krava i personopplysningslova (Vedlegg 5).

## Rekruttering og førebuing

På spørsmålet om kor mange intervjupersonar ein treng, svarar Kvale et al. følgjande: «Intervju så mange personer som det trengs for å finne ut det du trenger å vite» (2015, s. 149). I denne delundersøkinga vert det intervjua tre personar, og denne avgrensinga er mellom anna gjort ut frå kapasitetsomsyn. Tre informantar er likevel vurdert som tilstrekkeleg til at forskinga kan levere kunnskap som er nyttig. Ifølgje Kvale et al. kan det å analysere berre eitt eller nokre få tilfelle gjere det mogleg for forskaren å vere mykje meir grundig. Det er også mogleg å seie interessante ting om kultur og samfunnet generelt ut frå berre eit fåtal tilfelle eller døme (2015, s. 149). Utvalet tilfredsstiller elles ønska om å intervjue personar frå bedrifter som nyttar nynorsk, frå ulike deler av næringsklynga, og som er tilsette nær eller i toppleiinga i bedrifta.

Informantane som vart førespurde om å ta del i intervjuet, vart valde ut med bakgrunn i data frå delundersøking 1. Dei vart kontakta på e-post, der det låg ved informasjonsskriv med framlegg til samtykkeerklæring og ei temaliste. Informantane visste difor på førehand at spørsmåla ville handle om språkpraksis i deira bedrift spesielt og i den lokale næringsklynga generelt. Informantane valde sjølve når og kvar intervjuet skulle gå føre seg. To intervju gjekk føre seg på møterom hos intervjuar, medan eitt intervju gjekk føre seg på kontoret til informanten.

Iscenesetjinga av intervjuet er ifølgje Kvale et al. ein svært viktig del av intervjuet. På førehand var det difor gjennomført eitt testintervju, noko som viste seg svært nyttig, for å teste både lydutsyr,

plassering i rommet, tidsrammer og spørsmålsformulering. Det vert nytta digital lydopptakar og skriftlege notat under intervjuet. Intervjua vart seinare transkriberte (Vedlegg 7 og 8).

Transkripsjon er prosedyren med transformasjon frå munnleg intervjusamtale til skriftleg tekst. Dette inneber ei omsetjing frå samtalespråk til skriftspråk. Omsetjingsarbeidet må til for at det skal vere mogeleg å gjere intervjusamtalen tilgjengeleg for analyse. I transkripsjonen blir samtalen mellom to menneske som er fysisk til stades, abstrahert og fiksert i skriftleg form (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 186).

Til alle tre intervjua i dette prosjektet, vart det nytta ein digital lydopptakar som viste seg å gi eit opptak med svært god akustisk kvalitet. Allereie i lydopptaket vil likevel viktige deler av samtalespråket gå tapt, slik som kroppsspråk, haldningar og gestar. I transkripsjonen frå lydopptak til tekst skjer det endå ein abstraksjon, der ein taper stemmeleie, intonasjon, tempo og pust. For å bøte på tapet av viktig informasjon i samtalen, er intervjua i dette prosjektet transkriberte ved hjelp av ein tilpassa versjon av Du Bois-systemet (Svennevig, 2001).

Transkripsjonen er utført i skriftspråkstil. Fleire anonymiserande grep er gjort undervegs i transkriberinga, og enkelte parti er utelatne frå transkripsjonen, for å ta vare på konfidensialiteten til informantane. I val av transkripsjonsmetode har det vore eit mål at transkripsjonen skal vere både påliteleg (reliabel) og gyldig (valid). Transkripsjonen er i stor grad utført ordrett, men med markeringar for hevdande, spørjande og fortsetjande intonasjonskontur, pause, forlenging av lyd, trykksterkt ord, emfatisk trykk, overlappande tale, latter, lattertale og sitattale. Dialektord er for det meste skrivne på nynorsk, men i visse høve er bokmålsformer frå talen nytta, mest for å unngå omskrivingar og eventuelt tap av informasjon. Der det har vore vurdert som nødvendig med forklaringar til transkripsjonen eller kommentarar til kontekst, er dette inkludert i klammer undervegs i den transkriberte teksten.

## Intervjusamtalane

Kvart intervju i dette prosjektet er gjennomførte som ein planlagt og fleksibel samtale, med lik intervjuguide for alle samtalane (vedlegg). Intervjuguiden er ei liste over dei temaa og generelle spørsmåla som er tenkt gjennomgåtte i løpet av samtalen. I denne forma for intervju går intervjusamtalen føre seg som ein dialog, med ei styrt veksling mellom ulike spørsmålstypar, der

spørsmål som er enkle å svare på som hovudregel kjem først, følgde av utdjupingar og meir inngåande spørsmål. Kvale et al. gjer greie for fleire nyttige spørsmålstypar som kan bidra til god kunnskapsproduksjon i ein intervjusamtale, som direkte- og indirekte spørsmål, spesifiserande spørsmål, tausheit og fortolkande spørsmål (2015, ss. 166-167). Intervjuet vert produsert i eit samspel med informanten, og for å kunne leie denne prosessen må intervjuaren meistre å heile tida gå inn- og ut av rollene som deltakar og observatør. Det tek tid å bygge opp god samtalekompetanse. Erfaring frå tidlegare yrke eller utdanning kjem difor godt med. I denne delen av avhandlinga vil intervjusamtalane bli presenterte i ein litterær stil, medan dei fullstendige transkripsjonane av intervjusamtalane er å finne som vedlegg.

### Introduksjon og sikring av felles utgangspunkt

Målet med ein god introduksjon til intervjuet, er å skape tydelege rammer, eit felles utgangspunkt for samtalen og eit trygt samtaleklima allereie frå starten. Alle dei tre intervjusamtalane starta difor med ein kort introduksjon til forskingstemaet med informasjon både om masterprosjektet generelt og denne delundersøkinga spesielt. Det vart vidare informert om tidsrammer, bruk av lydopptak og notat, konfidensialitet og publiseringsform.

Ein grunnleggande føresetnad for logikken i dette masterprosjektet, er ei førestelling om at fenomenet *den maritime næringsklynga* er av vesentleg betydning for dei maritime bedriftene på Sunnmøre, både som bedriftsøkonomisk forståingsmodell, kjelde til auka konkurransekraft og som ei bedriftsgruppering. Det var difor viktig å undersøke tidleg korleis informantane tolkar klyngeomgrepet, korleis dei vil relatere si eiga bedrift til den maritime næringsklynga, og korleis dei eventuelt definerer bedrifta si anten *inn i* klynga eller *i ein relasjon til* henne. Svara frå informantane viste at det var unødvendig med nærare avklaring omkring klyngeomgrepet for å samtale om klynga. Informantane kunne lett sjå seg sjølve som del av klynga, og dei refererer til henne som kjelde til både kundar og oppdrag, konkurrentar, samarbeidspartar og leverandørar.

> ***Informant A**: Vi er leverandørar til mange av dei andre bedriftene som er i denne klynga. Og så føler vi oss som ein del av klynga, både i måten vi har arbeidd på og måten vi arbeider på no. Det handlar om samarbeid, og då særleg i produktutvikling, når nye produkt skal fram og prøvast ut. Produkta kjem ofte ut av dette klyngefenomenet.*

*__Informant B:__ Verfta er jo staden der heile klynga kjem saman, ikkje sant? Det er der sluttproduktet blir skapt. Vi føler på ein måte at vi er navet i den maritime klynga. Utan skipsverfta hadde du ikkje hatt heile klynga.*

*__Informant C:__ Vi har ei mengd underleverandørar til båtane, og vi handlar veldig mykje lokalt. Også når vi bygger nytt, så kjøper vi veldig mykje i Noreg og her i distriktet. Det gjer vi. Så dei aller fleste båtane har [lokal] design, for eksempel, med mykje utstyr frå [lokal leverandør]. (Nemner deretter fleire lokale leverandørar.) Ja, vi har veldig mykje lokalt utstyr. […] Vi bygger også på [lokalt verft]. Så det å halde verfta i gang her lokalt, er veldig viktig, og det har jo sikkert med banda mellom bedriftene [å gjere] også.*

I innleiinga til boka *Et kunnskapsbasert Norge* vert moderne næringsklynger skildra som «geografiske konsentrasjoner av samhørig kunnskap og kompetanse med globale fangarmer» (2012, p. 24). Slik klynga vert omtalt i intervjusamtalane, er det med meir vekt på det lokale enn på det globale, sjølv om ein i teksten finn mange spor etter det Reve og Sasson kallar globale fangarmar. Eit døme på dette er skildringa av kven bedrift B handlar med.

*__Informant B:__ Vi handlar definitivt mest her oppe […] i klynga, så lengre nedover på kysten og så Noreg som heilheit og så verda […], i den rekkefølga.*

Korleis informantane forstår, forklarar og legg meining i bedrifta si tilknyting til det lokale, er relevant både i eit skriftsspråkleg og klyngeteoretisk perspektiv. Alle informantane skildrar korleis dei opplever at lokal kultur, natur og historie både påverkar bedriftskulturen i dag og er medverkande årsaker til at bedriftene eksisterer.

*__Spørsmål:__ Korleis vil du beskrive bedrifta si tilknyting til lokalmiljøet, kulturen, naturen og lokalhistoria.*

*__Informant A:__ Veldig sterk tilknyting, eigentleg nesten frå hundreårskiftet [1900]. […] Det har liksom vore epokar i næringslivet. […] Hadde det ikkje vore for det som skjedde på den tida, så hadde ikkje [bedrifta] eksistert i dag. Det hadde ikkje vore grunnlag for å etablere [bedrifta]. […] Familien dreiv med fiskebåtar og fraktebåtar […] dei klarte ikkje å henge med på det som skjedde med fiskeflåten […] på nybygg, og då bestemte dei seg for å gå på land og byrje med noko på land […].*

> ***Informant C:*** *Ja, det vil eg seie [at vi er knytte til lokalsamfunnet]. Eigarane våre har jo utspring frå næringslivet lokalt, […] og etter det eg har forstått, så var dei vel i arbeid på verftet i fleire omgangar, før dei starta sitt eige. Så, klart dei har vore del av det som har vore klippen i samfunnet i mange år tilbake.*

> ***Informant B:*** *Å, ja! Veldig [sterk tilknyting]. Altså, identiteten vår er jo viktig for oss, og vi trur at vi hentar konkurransekraft frå kulturen vår. Det at det blir forventa slash tillate at alle, uansett kva nivå du er på, har noko å bidra med. Og at alle skal bidra same kvar du er […] i hierarkiet. Og vi har jo nesten ikkje hierarki, det er veldig flatt. […] Det å vere veldig uredd i høve til hierarki, det er ganske sunnmørsk, då. Det at du får respekt for det du kan og ikkje for om du sit ute eller inne […], det vil vi jo gjerne tru er lokal kultur. [Næringslivshistoria på Sunnmøre] er veldig historia om oss, på lik line med alle andre bedriftene rundt oss, det må jo seiast. På vår bedrift er det jo historia om han som rodde over vika kvar dag i 17 år, eller til han fann ut at dette her kan han då like så godt gjere sjølv. Så han starta opp sitt eige. Det er ein viktig del av sjølvbiletet vårt.*

Den sterke tilknytinga kjem også til uttrykk i måten banda mellom bedrifta og lokalsamfunnet vert skildra.

> ***Informant A:*** *[Bedrifta] er jo nesten som ein institusjon i lokalsamfunnet, noko som alltid har vore der. Det ser ein jo no, når vi er på sosiale medium, at mange likar å følgje med på kva vi driv med og, […] litt sånn patriotisme.*

> ***Informant B:*** *Det er så små lokalsamfunn, ikkje sant? Du kjenner jo sjefane dine utanom arbeidsplassen også. Det ville vere unaturleg om du skulle ha eit veldig sånn ærbødig forhold.*

> ***Informant C:*** *Eg vil seie at [vi syner] plassen vår i samfunnet [ved at] dei [eigarane] er flinke til å bruke pengane sine her lokalt. Dei investerer i andre typar næringsverksemd og sponsar ulike samfunnstiltak. […] Det er ikkje viktig for oss at logoen vår er trykt opp over alt, men at vi skal ta vare på kulturlivet her. Det er både musikk og idrett og diverse. [Vi] vil ta vare på sentrumslivet og […] det må jo vere attraktivt for oss som jobbar her å bu her.*

### Språkpraksisen i bedrifta og i klynga

Som utgangspunkt for å samtale om eigen språkpraksis og språkpraksisen til resten av klynga, vart informantane presenterte for hovudfunna frå delundersøking 1 og 2. Slik vart det også mogleg å undersøke om resultata frå undersøkinga skilde seg frå informantane sitt eige bilete av språkstoda innanfor klynga. Informantane stadfesta at undersøkingane gav eit godt bilete av den utoverretta språkpraksisen i deira bedrift. Enkelte funn vart nyanserte, som at den eine bedrifta i enkelte høve nytta engelsk, og ikkje berre nynorsk, på Facebook. To av informantane var ikkje kjende med kva skriftspråk som vart nytta i bedrifta sine årsrapportar til Regnskapsregisteret i Brønnøysund. Når det gjeld inntrykket av språkpraksisen i resten av klynga, var det berre ein av informantane som uttrykte overrasking over funna.

> ***Informant B:*** *Det stemmer jo med oss, i alle fall. Når det gjeld inntrykket elles, så vil eg seie eg er litt overraska over at det var så mykje bokmål.*

### Klyngeeigenskapar, klyngekommunikasjon, og er det noko med språket på Sunnmøre?

Som vist i kapittel 3.5, hevdar klyngeteorien at ei komplett næringsklynge gir særlege konkurransefordelar for medlemmane sine. Bedriftene i klynga kan utnytte såkalla eksterne stordriftsfordelar. Det vil seie at dei haustar gevinstar av å dele både kunnskap, arbeidsmarknad og eksponering i internasjonale marknader. (*Maritim verdiskapingsbok 2012*, 2013). Det kunne vere nærliggande å tru at konkurransefortrinna inn i ein internasjonal marknad, ville vere grunna i eigenskapar som er knytte mot det globale. I staden vert mange fleire lokalt avhengige suksessfaktorar løfta fram. Kjelda til fortrinna vert hevda å ligge i nokre særskilde kyngeeigenskapar, og mange av klyngeeigenskapane vert knytte til det som har med relasjonar, relasjonsformer og lokal kultur å gjere. I intervjusamtalane kan ein også finne referansar til slike eigenskapar:

> ***Informant A:*** *Det handlar om samarbeid – og spesielt i produktutvikling når det er nye produkt som skal fram og prøvast ut. Dei kjem ofte ut av dette her klyngefenomenet. […]*
>
> *Det blir ofte sagt at vi veit kva det handlar om, vi veit kva krefter som er i sving der produkta våre skal brukast. […]Vi har den dag i dag folk som har vore på sjøen og som er på sjøen og som har førstehandskunnskap om det.*

Dei flate organisasjonane og dei uformelle tillitsbaserte relasjonane kjem også til syne, både i direkte referansar til bedriftsstrukturen og meir indirekte i skildringar av korleis ein som nyleg tilsett kan «gå inn til sjefen» og, i kraft av kunnskap meir enn formell status, få gehør for endringar.

> ***Informant B:*** *[…] Vi har jo nesten ikkje hierarki, det er veldig flatt, men same kvar du er i organisasjonen så vert det forventa at du seier i frå, dersom du ser at dette var ikkje effektivt, eller dette var ikkje den beste måten å gjere det på, eller «kva har dei teikna her?». Det er tillate og forventa at du gjer noko med det. Du får klapp på skuldra i staden for kjeft dersom du påpeikar noko.* ***Intervjuar:*** *Sjølv om du kjem rett frå læretida?* ***Informant B:*** *Ja, ja. Det blir oppmuntra til det, og det er heilt sikkert ein styrke. […] Eg veit ikkje om det ville ha skjedd om ein hadde veldig rangstige, for då ville du samtidig innrømme at dette her kan ikkje du.*

> ***Informant C:*** *Så eg gjekk inn til leiaren min og sa at eg synest ikkje [det å skrive bokmål] fungerer. […] Så var det berre: «Ja, ok, greitt, då! Du skal få lov. Det er heilt ok»*

Sjølve tiltalemåten, slik han vert skildra i intervjusamtalane, ber også preg av at relasjonane er uformelle og tillitsbaserte:

> ***Informant B:*** *Du veit kva den andre står for, du veit kva du skal ha gjort, det er berre å få sagt det. […] I alle fall i min industri så er det veldig tidspress og enorm konkurranse. Du forventar eit klårt svar der og då, og då er det ikkje tid til masse rundar. Der er ikkje tid til at den du snakkar med ikkje er den som skal ta avgjerda, for eksempel, […] og dersom det då betyr at du må snakke med han der [oppe], så går du rett dit.*

Som tidlegare nemnt, vert det hevda at klyngeeffektane vert større i klynger med uformelle, tillitsbaserte relasjonar og flate organisasjonar. Med dette som bakgrunn, er det interessant å undersøke om informantane forstår språket på Sunnmøre som berar av særskilde eigenskapar, som igjen kan vere med å bidra til ei realisering av klyngeeffektane.

> ***Intervjuar:*** *Vil du seie at sunnmørsk er meir eller mindre direkte enn andre språk, meir eller mindre høfleg eller forsiktig?* ***Informant C:*** *Forsiktig vil eg ikkje seie at det er. Det er vel heller meir direkte. Men om det er høfleg? Det er jo alt etter korleis du ordlegg deg. Det verkar kanskje litt hardare. Der er kanskje litt meir ord å velje i på bokmål, som er brukt for*

*å skrive rundt grauten.* ***Intervjuar:*** *Kva då med konkret, abstrakt, nært, fjernt?* ***Informant C:*** *Det er konkret og nært i høve til kva vi meiner. […] Eg synest nynorsk er eit traustare språk, og på ein måte eit meir seriøst språk. Det har på eitt eller anna vis litt meir tyngd.*

***Informant A:*** *Det er litt sånn som grønlendingane eller eskimoane, kor mange ord dei har for snø, på ein måte. Og det er noko med uttalen vår også, veit du. Altså korleis vi vektlegg det. Du veit når det blæs slik at det ryk bortetter, då ser ein som er på sjøen kva det er for noko, eller ein som har vore på sjøen. […] Orda er der allereie. Vi sit ikkje og pratar bokmål her ute.*

***Informant B:*** *Det er veldig direkte og kort og kutta inn til beinet, trur eg. Vi er veldig dårlige på høflegheitsfraser. Det er veldig rett på sak, der ein ikkje har behov for å etablere relasjonar og sånn. Du kan gå rett på, så eg trur språket også blir veldig direkte. Ein har ikkje tid å halde på med masse dill ved sidan av.*

Som ei forlenging av dette vart informantane bedne om å ta stilling til påstanden om at det ville verke positivt for klynga om ein nytta nynorsk som skriftspråk i felles utoverretta kommunikasjon, til dømes mot sentrale politikarar og andre viktige næringslivsaktørar.

***Informant C:*** *Ja, det har jo atter ein gong med identitet [å gjere], kvar vi kjem frå. Litt med seriøsitet og kva vi representerer.* ***Intervjuar:*** *Kva tenkjer du vi representerer, då?* ***Informant C:*** *Det er jo røtene våre, på ein måte. Vi er herifrå. Eg synest klynga bør bruke nynorsk. Eg synest det gir tyngd til det du skal seie, på ein måte. Tyngd, seriøsitet og truverd.*

***Informant B:*** *Ja, absolutt. Det har også med identitetsbygging å gjere. Å skilje seg ut og vere klår og tydeleg og stå trygt og stolt i det ein kjem frå.*

***Informant A:*** *Ja, eg trur det ville virke positivt. Det handlar om kven det eigentleg er som sit bak det skriftlege som går ut herifrå. Det er det same som eg har sagt om kvifor bedrifta vår brukar nynorsk, og dei (klyngeorganisasjonane) representerer veldig, veldig mykje nynorskfolk også, eller nynorskbedrifter og nynorskområdet.*

### Forklaringar på språkpraksisen i klynga og bedrifta

Eit viktig mål for masterprosjektet har vore å få kunnskap om kva *meining* bedriftsleiarane legg i den nynorske språkpraksisen sin. Meining kan skildrast som ei noko upresis nemning for det innhaldet det vert vist til i ein bestemt situasjon der nokon ytrar seg språkleg ved hjelp av teikn, symbol eller gestar (Mening – i språkvitenskap, 2012). Noko meir presist vil dette seie at intervjuet har som mål å utforske tankane om, innhaldet i, betydninga til, samanhengane til, målet for og føremålet med dei nynorske ytringane og den nynorske ytringsforma.

### Det naturlege og sjølvsagde skriftspråket

Når det gjeld tankane om nynorskpraksisen og kva nynorsken *er,* vert han i intervjusamtalane skildra som det naturlege og sjølvsagde skriftspråket. Dette naturlege og sjølvsagde vert knytt til ei forståing av nærleik mellom skriftspråket og talespråket. Språket vert også skildra som «vårt» språk. Denne forståinga vert både knytt til at språket har vore opplæringsspråk i skulen, men også nærleiken til talespråket – som også er «vårt» – bygger opp under språk-eigarskapet.

Når informantane i løpet av intervjuet vert utfordra til å vurdere dei to skriftspråka nynorsk og bokmål opp mot kvarandre, speglar svara ei forståing av at ei eventuell komparativ gradering av språket som godt, betre eller best, berre kan ha ei relativ gyldigheit.

> ***Intervjuar:*** *Er nynorsk eit betre språk enn bokmål?*
>
> ***Informant A:*** *Det er eit betre språk for dei det er naturleg for – for dei det ligg nærast.*
>
> ***Informant B:*** *Det er betre for oss, men det går ikkje an å seie at … […]. Nei, det er berre at det er vårt språk.*
>
> ***Informant C:*** *Ja,* ***eg*** *meiner jo det [at det er betre].*

Sjølv om nynorsken har høg verdi for informantane, opplever ein at nynorsken ikkje har fått like stor verdi i samfunnet, som dei språklege formelle rettane skulle tilseie.

> ***Informant C:** Eg tenkjer nynorsk skal stå like sterkt som bokmål, når vi har to skriftspråk. Kvifor skal bokmål stå framfor nynorsk i rang? Nei, det er ikkje naturleg, synest eg, når vi er herifrå.*

### Det naturlege og sjølvsagde – for avsendaren

At språket er naturleg og sjølvsagt *for oss*, og difor også *vårt*, kjem fram fleire stader i intervjusamtalane. Dette er det språket som ligg nærast talespråket, og det er det språket ein kan best.

> ***Informant A:** Når vi held på med eit produkt, så pratar vi eit språk som ligg nært opp mot skriftspråket. Det er det som rører seg oppe i hovudet, på ein måte, og då er det naturleg at det er det som kjem på papiret også.*

> ***Informant B:** Vi er opptekne av godt språk. Altså at alle verkty vi nyttar skal vere gode – inkludert språket. Og vi er best i nynorsk, så då må det bli sånn. Det er det språket vi har fått opplæring i og er vane med. Då blir vi best i det. Det er etablert med oss no, at nynorsk, det er oss, og det er godt, og det er nok.*

I samtaleutdraga over vert kva som er det naturlege og sjølvsagde språket, berre knytt til *avsendaren*. Det er *vårt* språk som vert brukt, i tydinga avsendaren sitt. Kva som er *mottakaren* sitt naturlege og sjølvsagde språk, påverkar altså ikkje valet mellom nynorsk og bokmål som bedriftsspråk. Det verkar heller ikkje å vere stor frykt for å ikkje bli forstått.

> ***Informant C:** [I internavisa] har eg skrive både på [ny-]norsk og engelsk, slik at dei får begge deler. Dei tilsette er ikkje berre sunnmøringar. Det er spreidd jamt over. **Intervjuar:** Får du kommentarar på det, då? **Informant C:** Nei då, det ser ut til at det går heilt bra.*

> ***Informant A:** Og dei som ikkje forstår og klarer å lese nynorsk, … då har vi eit alternativ på engelsk, når det trengst. **Intervjuar:** Og det opplever de av og til? At nordmenn ikkje forstår? **Informant A:** Nei, nei! Aldri, aldri! Har aldri høyrt noko om det! Men engelsk er vi nøydde til å ha.*

Omtanken og respekten for mottakaren er likevel med i dei språklege vurderingane. Men det å overta mottakaren sitt skriftspråk, vert ikkje opplevd som den rette måten å vise respekt på. Ekstra unaturleg,

eller rart, opplever ein det når begge aktørane i ein kommunikasjon nyttar eit anna språk enn det som, ut frå denne forståinga, er naturleg og sjølvsagt.

> ***Informant C:*** *Eg kom jo frå [anna bedrift], og både der og her er det folk som skriv bokmål når dei skriv epostar til kvarandre, men for meg blir det heilt … merkeleg. Når du snakkar sunnmørsk og nynorsk, og så skal du skrive bokmål til ein kollega som pratar sameleis som deg? Det blir veldig rart.*

I staden vert språkleg ærlegdom verdsett, ved at det er samsvar mellom munnleg og skriftleg kommunikasjon, mellom kven ein er og korleis ein skriv. I dette ligg altså noko av intensjonen bak språkpraksisen. Ein ynskjer å bli oppfatta som ærleg og som den ein er.

> ***Informant A:*** *Vi brukar nynorsk for at dei som er mottakarar ikkje skal bli forvirra […] at stemma vår er slik vi snakkar. Og det kjem best til uttrykk gjennom nynorsken. […] Når dei ringer til oss, så møter dei omtrent det same uttrykket som når dei les det vi har skrive. […] [Det som går ut] må mest mogeleg spegle det som bedrifta er.*

I tilfella der ein likevel vel å språkleg tilpassing, er det for å unngå mistydingar. I slike situasjonar må det sjølvsagde og naturlege avsendarspråket vike plassen for bokmål. Sjølv om dette andre språket kan vere mottakaren sitt språk, vert ikkje bokmålspraksisen her forklart som eit middel for å tekkast mottakaren. Det vert i staden nærast nytta som eit *lingua franca,* altså eit bru-språk for å kome over forventa språkbarrierar.

> ***Informant A:*** *Det kan vere, dersom eg skal skrive til ein danske. Då kan det hende eg skriv bokmål. Og det kan hende, at dersom eg skriv til austlendingar som eg veit er eldre, då er det eitt eller anna. Då tilpassar eg språket, for det er eitt eller anna. Eg veit ikkje kvifor.* ***Intervjuar:*** *Er du redd for å provosere dei? Er du redd for å miste …* ***Informant A:*** *Eg er redd for å kaste vekk tid på ikkje å bli forstått.*

I *Om vort Skriftsprog* seier Ivar Aasen at: « … vi skulde lede i vore Gjemmer, og see efter, hvad vi selv ejede, førend vi gik hen at laane af Andre (Apelseth, 1996, s. 4)». Denne motviljen mot å nedvurdere sitt eige, eller å tru at ein skal stå fram som noko(n) ein ikkje er, finn ein att i fleire intervjusamtalar, som til dømes i samtalen med informant C: *Kvifor skal vi skrive sånn og stå fram*

*som om vi er frå nokon annan plass enn det vi er, eigentleg?* Informant B nyttar omgrepet *å ta på seg eit anna språk* som ein metafor for dette:

> ***Informant B:*** *… når du skal ut, så skal du på ein måte vere formell, og ordentleg og då er det kanskje lettare å ta på seg eit anna språk.*

Informant A kallar det å *herme:*

> ***Informant A:*** *… eg veit at eg kan å uttrykke meg skriftleg. Det har eg fått tilbakemeldingar på, så det slepp eg å vere usikker på. Og då slepp eg å herme etter andre også, når eg skriv.* ***Intervjuar:*** *For det, tenkjer du, har vore gjort?* ***Informant A:*** *Ja, dersom eg skriv bokmål, så. Det er kjempelett å herme etter andre.*

Å bruke sitt eige språk handlar også om sjølvrespekt, identitetsbygging og språkleg sjølvtillit:

> ***Informant C:*** *Eg kan seie litt om grunnen til at vi brukar nynorsk eller norsk på Facebook. Vi ser at veldig mange tilsette fyl oss der, så det har på ein måte vore ein kanal der vi kan dele litt mjukare ting, ikkje interne ting, men det som er kjekt for våre eigne tilsette og ikkje berre omverda. Det har vore naturleg for oss å skrive på [ny]norsk.*

> ***Informant B:*** *Vi har valt å ha begge deler [engelsk og nynorsk] fordi identiteten vår er så knytt til språk. Og fordi vi vil at når folk les om bedrifta si, i alt som kjem frå bedrifta, så skal dei føle at dette er oss.*

> ***Informant A:*** *Når det gjeld innanfor bedrifta, så har eg ein eller annan idé om at folk føler seg trygge i bedrifta, fordi bedrifta respekterer veldig deira eige skriftspråk.*

Det vert også fortalt korleis den språklege sjølvtilliten i bedriftsleiinga kan smitte over på dei tilsette. For informant B er dette skildra som ein av fleire positive verknader av nynorskpraksisen. Dette er verknader som igjen er med å oppretthalde og skape ny meining for nynorskpraksisen.

> ***Informant B:*** *… Vi opplever mykje god respons på det internt, at folk føler at det har blitt … det har blitt oss. Og folk som kanskje ikkje har hatt så mykje sjølvtillit på sin eigen nynorsk, får litt sånn boost […]. Det har absolutt blitt eit tema. Og det er kjekt.*

Dei tilsette i dei tre bedriftene, kan likevel sjølve nytte det skriftspråket dei vil i sin eigen personlege kommunikasjon med samarbeidspartnarar, kundar og leverandørar – både innanfor og ut av bedrifta. Den nynorske profilen gjeld altså berre på bedriftsnivå, ikkje på individnivå, der meiningane om nynorsken kan vere ulike. Den norskspråklege praksisen mellom dei tilsette er difor ei blanding mellom bokmål og nynorsk.

> ***Informant A:*** *Internt i bedrifta er det både bokmål og nynorsk. […] Det er nokon som skriv bokmål som gjerne kunne tenkt seg [at bedrifta skulle] halde fram [med bokmål], eller som ikkje heilt skjønar kvifor vi skriv på nynorsk.*

> ***Informant B:*** *… for språk vert også opplevd veldig personleg. Og eg hadde jo fått alle piggane ut, om nokon kravde at eg skulle skrive bokmål i jobbsamanheng. Vi krev jo ikkje at nokon [i bedrifta] skal skrive nynorsk. Vi seier at det som vi sender ut, på nettsider og brosjyrar og sånn, det skal vere på nynorsk, men kva kvar enkelt skriv i sin kommunikasjon med folk, det må vere det som kvar enkelt føler dei beherskar best.*

I enkelte tilfelle kan den internt liberale haldninga føre til vanskar med å halde den utovervende språkprofilen konsekvent.

> ***Intervjuar:*** *Visste du at eg finn bokmål [i kommunikasjonen frå dykkar bedrift]?* ***Informant B:*** *Nei.* ***Intervjuar:*** *Det er noko i årsrapportane […]* ***Informant B:*** *Ja, det har eg ikkje tenkt på eingong. For det kjem frå revisorane, det der. [I årsrapportane] er det forskjellige folk som bidreg.*

> ***Informant C:*** *Det er [namn på tilsett] som har med finansane. Han har nok brukt bokmål, ja, det ser eg ikkje vekk frå. […] Eg er aldri borti eller ser finansrapporteringane.*

### Språk og identitet

Ordet identitet vert ofte nytta i intervjusamtalane, og alle informantane stadfestar at det nynorske skriftspråket er for identiteten vår. Identitet kan både opplevast som ein del av kva språket er, slik det vert uttrykt i denne formuleringa om språket: *«det (språket)* ***er*** *vår identitet»*, og som noko som kjem til syne gjennom språket, slik som her: *«[Det som går ut] må mest mogeleg spegle det som bedrifta er»*. Identitet kan også vere ein intensjon med og dermed også ein følgje av språket. Ein slik intensjon

kjem fram her: «*Vi vil at når folk les om bedrifta si […], så skal dei føle at dette er oss*». Følgjeleg kan ein, som informant B her forklarar, ikkje lukkast like godt med å vise eller skape identitet om ein nytta det andre språket:

> ***Informant B:*** *Det ville ikkje ha hange i hop, det vi seier. […] Som bedrift har vi rotfestet vårt her, vi har årelange tradisjonar på Søre Sunnmøre, og så skulle vi sagt det på bokmål? Det hadde ikkje gått. For det hadde vore to ulike historier.*

#### Forklaring på motsett konklusjon

Alle dei tre informantane har ei tydeleg haldning til at nynorsk er det beste språket å bruke – for deira bedrift. I løpet av intervjusamtalane leitar ein også etter forklaringar på korleis fleire lokale klyngebedrifter kan ha kome fram til motsett konklusjon – for si bedrift. Det vert opplevd som utfordrande å finne dei gode grunnane for dette for ei sunnmørsbedrift.

> ***Informant B:*** *At det var så mange som har bokmål, var overraskande, […] for det er det jo ingen grunn til. Eg forstår ikkje kvifor vi her ute skulle styre med det.*

> ***Informant C:*** *Vi snakka om det i førre veke også. Han klarer det ikkje, seier han. Han får det berre ikkje til. Han finn ikkje flyten på nynorsk.* ***Intervjuar:*** *Men han er ikkje frå nynorskområdet.* ***Informant C****: Jau, då. han er frå [nabobygda her]. Så det er ikkje nokon grunn til det, men han skriv på bokmål.*

Sjølv om ein kjem frå nabobygda, kan ein altså truleg oppleve nynorsk som vanskeleg. Det er også fleire som, sjølv om ein meistrar språket, vel det vekk i meir formelle situasjonar.

> ***Informant B:*** *Det er ingen grunn til at ein ikkje skal ha sjølvtillit på nynorsken sin, men det er sånn av og til, det ser eg. Sjølv folk som ein trur er trygge, solide nynorskbrukarar, ser eg tyr til bokmål, om dei skal vere litt sånn formelle. Så er det lett å vere meir formell på bokmål? Eg veit ikkje! […] Men dersom ein brukar nynorsk internt og så bokmål ut, det forstår eg ikkje.*

Kva som blir nytta som bedriftsspråk i dei ulike bedriftene i klynga, vert av informantane skildra som svært personavhengig.

*__Informant C:__ Eg brukte konsekvent nynorsk på min tidlegare arbeidsplass, og det gjorde kommunikasjonssjefen også. Og då vedkomande slutta, fekk eg ein sjef frå eit bokmålsområde som ikkje hadde det målet i det heile.*

***Informant B**: Eg veit det har vore veldig personavhengig. Dersom du har ein konserndirektør som skriv bokmål, så blir det lett til at pressemeldingar og andre sånne ting blir bokmål.*

Om tala i kapittel 5.1 gir eit nokolunde rett bilete av språket i den maritime klynga på Sunnmøre, vil nynorsk språkpraksis uansett utfordre eit rådande bokmålshegemoni i næringslivet. Ord som *sjølvtillit*, spesiell *interesse* for språk og *tøffheit* er eigenskapar som vert nemnde nærast som føresetnader, for både eigen og andre sin nynorskpraksis.

*__Informant C:__ Andre i min familie har ikkje dei språkgenane. Sjølv er eg meir hekta på språk og skrift og engelsk og norsk. Ja, eg trur det har litt med interesse å gjere. __Intervjuar:__ Så du skal ha ei spesiell interesse for språk, nesten, for å halde på nynorsken? __Informant C:__ Eg trur det hjelper i alle fall, ja. Det trur eg har litt å seie. For det er jo nesten slik at det må bli ei kampsak her og der […]. __Intervjuar:__ Så du må vere klar for å kjempe, altså? Må ein vere litt tøff, då? __Informant C:__ Ja, det må ein jo kanskje. Ja. Ja, eigentleg.*

*__Informant B:__ Eg lurer også på kvifor folk som eg kjenner godt, som eg veit skriv nynorsk, dersom dei kommenterer ting på Facebook, inne på avissider eller sånn, så skriv dei plutseleg bokmål. Og eg tenkjer: Kva er det? Ha då litt sjølvtillit, for guds skuld!*

Mytar og førestellingar av kva nynorsken representerer og ikkje representerer, kampane det vil kunne innebere, og kva identitet som følgjer med på lasset, er også nemnt som grunnar til å velje han bort. Det negative biletet som enkelte teiknar av nynorsken, kan også vere med å halde oppe fordomane, som igjen bidreg til ei vegring mot å ta nynorsken i bruk i næringslivet.

*__Informant A:__ Eg trur det er ei eller anna oppfatning av at det [nynorsk] ikkje er bra nok. Det trur eg. At det ikkje er eit forretningsspråk på ein måte. […]*

*__Informant A:__ Det kan jo noko dei heilt personleg ikkje vil identifisere seg med. Intervjuar: Har du tankar om kva det kan vere dei ikkje vil identifisere seg med? __Informant A:__ Det har*

*jo vore veldig mykje mobbing av nynorsk. […] Og då tenkjer dei berre: «Den gidd vi ikkje. Den kampen gidd eg ikkje å ta». Då er det like lett … då er det lettare å skrive bokmål.*

***Intervjuar:*** *Du snakka om rang i stad. Tyder det at nynorsken blir sett ned på?* ***Informant C:*** *Ja, det vil eg seie. Eg føler det ikkje på same måten med talespråket, og det trur eg har med at austlendingar blir tvinga til å lære det. Dei synest det er heilt forferdeleg.*

Ottar Grepstad ser slik på korleis fordomar og førestillingar kan bremse nynorsk språkpraksis i næringslivet.

«Botnlinja avgjer for kvar einaste næringsdrivande. Dagleg blir det teke val som viser att til slutt. Det avgjerdsgrunnlaget er bygt opp av erfaring, kunnskap og fordomar. Alle må ta noko for gitt, og då kjem ein ikkje utanom at det også må dømast og avgjerast før ein eigentleg veit. Dei for-domane gjeld ofte slikt som ikkje kan målast eller vegast. Forståinga av språk er ein del av denne porteføljen» (2015 s 285). I intervjusamtalane vart fordomane og haldningane til skriftspråket studert opp mot haldningane til talespråket.

***Informant B:*** *Haldninga til sunnmørsk? Har vi ikkje sjølvtillit på at det er heilt greitt, då? Det trur eg. Eg trur ikkje ein føler noko behov for å språke lenger.* ***Intervjuar:*** *Er det då annleis med skriftspråket?* ***Informant B:*** *Eg veit ikkje. Nei, som sagt, det er vanskeleg å seie sånn generelt, fordi det er ein så medviten ting for meg. […] Altså ein kan forstå det litt sånn rasjonelt, at det er enklast at ein har eitt språk å halde seg til, men kvifor skal ein vere den som gir seg, liksom?*

Sjølv om nynorsken er skildra som det naturlege og sjølvsagde språket for «oss», er det ikkje nødvendigvis det enklaste valet. I intervjusamtalane vert det nemnt fleire utfordringar.

***Informant B:*** *Nei, nynorsk er jo ikkje mest praktisk. Fordi at alle slags default og retteprogram er jo på bokmål, då. Så du må jo velje det på eit vis. Men det er mest praktisk, dersom du tenkjer kva som ligg nærast talespråket og kvar enkelt av oss.*

***Intervjuar:*** *Ser du føre deg at ein styrer mykje med det same [skrivemåtar og omsetjing] i ei bedrift som skriv bokmål?* ***Informant C:*** *Kavar med språket? Nei, det trur eg ikkje. […] Eg vil tru at dei som skriv nynorsk kanskje må tenkje seg om litt oftare enn andre.*

> ***Informant B:*** *Om vi finn opp nye ord, så ofte, det veit eg ikkje, men vi leitar i alle fall etter dei gode nynorske løysingar. Det gjer vi eigentleg ganske ofte. Utgangspunktet er veldig ofte engelsk eller bokmål, der vi må finne vår måte å beskrive det same på.*

### Språkskifte og språklivsløp

Kunnskapen om individuelle språkskifte er viktig, også for å forstå språkpraksisen i klynga. I samband med dette, vert omgrepet *språklivsløp* her introdusert. Formålet er å tydelegegjere at språkskifta kan studerast som meir enn isolerte språkskiftehendingar. Dei individuelle språkskifta skjer gjerne i samband med fasar eller periodar i skule-, utdannings- og arbeidsliv, og då kan det individuelle språklege livsløpet, altså *språklivsløpet*, innehalde viktige kjelder til kunnskap.

Det er gjort fleire undersøkingar om språkskifte, og når det gjeld kven som *ikkje* skifter ut nynorsken, summerer Ottar Grepstad slik: «Fleire nynorskbrukarar enn for 50 år sidan blir verande nynorskbrukarar, særleg viss dei er mange nok, har eit trygt språkmiljø i skulen, kan bruke nynorsk på jobb, har lett tilgjenge til lesestoff på nynorsk, og språket ikkje er særleg omstridd i lokalsamfunnet […] «Di meir utdanning ein person har, di meir sannsynleg er det at vedkomande bruker bokmål» (O. Grepstad, 2015, kap. 7).

I intervjusamtalane kjem det fram at nettopp utdanningsfasen vert opplevd som ein utfordrande fase, også for den som aktivt ynskjer å halde på nynorsken. Både mangelen på nynorsk litteratur, felles innleveringar og utfordringane ved å vere eit mindretal i bokmålsmiljøet vert nemnt.

Dette kan ein finne støtte for i talet på lærebøker for høgare utdanning med utgjevingsstøtte i perioden 1984–2014. Av meir enn 1100 lærebøker var berre 18 prosent på nynorsk (2015, kap. 10).

> ***Informant C:*** *Læreverket er på bokmål og du har studiekameratar som skriv bokmål. Du skriv veldig ofte oppgåver i lag i dag, ikkje nødvendigvis berre for deg sjølv, og må føye deg litt i rekkene der, vil eg tru. […] Eg stod omtrent på barrikadane, fordi eg ville ha nynorske bøker, men det fanst jo ikkje lærebøker på nynorsk. Alle eksamensoppgåver har eg fått på nynorsk, […] men eg innsåg fort at lærebøker, det eksisterer ikkje. Det er ytst få som er skrivne på nynorsk.*

*__Informant B:__ Forelesingane og forelesingsnotata du får og bøkene og alt er på bokmål, eller på egelsk, som det også er veldig mykje av. Då er det praktisk å sleppe å tenkje i to språk samtidig.*

*__Informant A:__ […] Håpet mitt er at det kanskje kan skje noko innanfor utdanning. At det kanskje kan bli litt fleire valalternativ for dei som skal ta utdanning, at dei faktisk kan få bruke språket [sitt]. […] Er der noko nynorsk universitet i landet?*

At ein skifter språk under utdanninga, overraskar altså ikkje, og både sterk eksponering for bokmål og vanskeleg tilgang på nynorske alternativ er faktorar ein meiner kan leie språklivsløpet inn i ein lang bokmålssving. Undersøkingar av språkbruk frå grunnskule til universitet og høgskule syner at det nettopp er i løpet av utdanningsperioden språkskifta frå nynorsk til bokmål finn stad. Det verkar å skje få språkskifte etter avslutta utdanning. Elles er det ein tydeleg tendens til at bokmålsbrukarar blir verande bokmålsbrukarar, medan mange nynorskbrukarar går over til bokmål i løpet av utdanninga. Svært mange vert også verande i bokmålet vidare inn i arbeidslivet (O. Grepstad, 2015).

Denne typen språklivsløp kan illustrerast slik:




*Figur 5-21: Språklivsløp. Skifte til nynorsk i vidaregåande skule og høgare utdanning.*

**Attende til nynorsken**

Det finst også dei som gjer som informant A, brukar bokmål i utdanninga, tek «eit sveip innom», som informant B kallar det, og så kjem attende til nynorsken etter utdanninga.

> ***Informant B:*** *Anten held du på nynorsken din, eller så har du eit sveip innom bokmål i sånn tidleg vaksen alder – i samband med utdanning. Det har igjen med kor medviten du er.*

> ***Informant A:*** *Det er veldig lett å henge seg på, på ein måte, då […], i utdanning også. [Under] utdanninga, så trur eg faktisk at eg brukte bokmål av og til. […] Eigentleg for ikkje å stikke meg fram, på ein måte.*




*Figur 5-22: Språklivsløp. Skifte til bokmål under høgare utdanning med tilbakeskifte og delvis tilbakeskifte i arbeidslivet.*

I *Språkfakta 2015* undrar Ottar Grepstad seg over ein vesentleg språkstabilitet mellom skuleungdom i visse delar av nynorskområda. Trass i at tenåringane i desse områda truleg blir eksponerte for nesten like mykje bokmål som elles, blir mange av dei verande nynorskbrukarar. Det er gjort få undersøkingar av kva mekanismar og maktfaktorar som gjer seg gjeldande her (O. Grepstad, 2015).

Her kan ein trekke parallellen til kva mekanismar som kan medverke til eit *tilbakeskifte* til nynorsk i arbeidslivet. I intervjusamtalane var også dette eit tema:

> ***Intervjuar:*** *Kvifor vel den eine det eine og den andre det andre, trur du?* ***Informant B:*** *Eg trur at for å velje nynorsk, så må du framleis vere meir bevisst. Det blir litt sånn motstraums.* ***Intervjuar:*** *Også på Sunnmøre?* ***Informant B:*** *Ja, og at det krev ei forklaring.*
>
> ***Informant A:*** *Då er det igjen dette her om [kor mykje] det betyr for den personen. Det er kanskje litt gale å seie: om den personen er tøff nok til å bruke sin eigen identitet. Eg veit ikkje det, men det kjem att det, på ein måte.* ***Intervjuar:*** *For litt tøff må ein faktisk vere, tenkjer du?* ***Informant A:*** *Ja, faktisk.*
>
> ***Informant C:*** *Og så er det då, kva du har i ryggmargen når du er ferdig [utdanna] og skal ut i jobb. [Det er] kva som er mest naturleg for deg, som avgjer løpet vidare.*

Sjølv om ein, på statistisk grunnlag, kan hevde at di meir utdanning ein person har, di meir aukar sannsynet for at vedkomande bruker bokmål, viser intervjusamtalane at det å ha ei utdanning også kan bidra til fagleg tyngd og sjølvtillit.

> ***Intervjuar:*** *Er det lettare å velje nynorsk no, når der er nokon med høg utdanning som seier at no skal vi skrive nynorsk? Er det lettare for deg å seie det enn for førre generasjon?* ***Informant A:*** *Ja. Eg trur faktisk det. Det har noko med at utdanninga har gjort meg meir sikker på at eg kan å uttrykke meg skriftleg.*
>
> ***Informant B:*** *Det er vel kanskje heller at ein tek litt den rolla, fordi det blir ein del av fagfeltet som ein skal styre med. Men, eg trur du har rett i at ein må ha ei viss teoretisk tyngd for å bli høyrd når det gjeld bedriftsspråket. Viss ikkje så, ja: «Kvifor skal du meine noko om det».*
>
> ***Informant C:*** *Då eg kom hit, [skulle eg] bruke bokmål […]. Det vart så unaturleg. […] Så eg gjekk inn til leiaren min og sa at eg synest ikkje dette fungerer.* ***Intervjuar:*** *Så du har faktisk endra språkprofilen for heile bedrifta, du, etter at du kom hit?* ***Informant C:*** *Det gjorde eg då eg kom hit, ja.*

### Mindretalsspråk på godt og vondt

Ei nynorskskrivande bedrift vert lagt merke til. For det meste vert merksemda omkring nynorsken opplevd som positiv, men som representant for mindretalet, må ein vere budd på både å forklare og

argumentere for språkvalet sitt. Dette forskingsprosjektet føyer seg for så vidt inn den same rekka av kravshavarar. Det kan kjennast ubehageleg å måtte stå til rette for sitt eige språk, noko som nok kan samsvare med kjenslene som vert uttrykt i dette Jon Fosse-sitatet frå 1992: « … Eg er veldig glad i språket mitt. Eg opplever det nedverdigande å måtte argumentere for det» (O. Grepstad, 2006, p. 263).

> ***Informant B:*** *Det er noko motstraums med det. Det krev ei forklaring, men dersom du skriv bokmål så krev ikkje det ei forklaring. Skriv du engelsk, så krev det kanskje ei forklaring, men alle vil forstå henne.*

> ***Informant A:*** *Eg føler ikkje vi er veldig spesielle, men eg føler at det å bruke nynorsken, det gjer oss i alle fall ikkje meir anonyme, tvert om. Vi klarer å nå fram med på ein betre måte. Dersom vi hadde brukt bokmål, så har eg ein tanke om vi hadde forsvunne litt i mengda. I alle fall av [produkt]-produsentar. Det er ein måte å skilje oss ut på også. Vi vil bli sett og lagde merke til. Ikkje som ei originalbedrift og ei rar bedrift som brukar eit rart språk, men ei bedrift som er bevisst på språk og identitet.*

> ***Informant B****: Eg har trua på gode eksempelet, på at det finst bedrifter som tek det som sjølvsagt. Og derfor er eg så ubekvem med at vi får merksemd rundt det. For då blir det liksom ei greie. Vi vil berre at det skal vere sjølvsagt.* ***Intervjuar:*** *Men samtidig så vil du at det skal vere nokre gode eksempel.* ***Informant B:*** *Ja, og ein må ha det, ikkje sant. Altså, dei må finnast utan at ein skal gjere ei så stor greie ut av det. […] Det er ikkje enkelt, då.*

Hovudinntrykket er likevel at den daglege nynorskproduksjonen og nynorskkommunikasjonen går føre seg utan større åtgaum. Det er sjeldan det kjem reaksjonar, ein gjer seg forstått som ein vil, og det er svært få som er direkte negative.

> ***Informant C:*** *Pressemeldingar og nyheitsbrev, det går på nynorsk. Aldri fått reaksjonar på det, korkje internt eller eksternt, men når eg skreiv for [tidlegare arbeidsplass] var det eit par austlandsaviser som ofte grein på nasen når det kom [pressemeldingar] på nynorsk, for då måtte dei skrive det om. Men elles har eg aldri fått kommentarar på det i det heile.*

### Framtida, samfunnsplikta og botnlina

Økonomiske omsyn har hatt lite å seie for språkvalet i bedriftene, slik det viser seg i desse intervjusamtalane. Dei økonomiske vurderingane er med, slik dei alltid må vere når ein driv ei verksemd, men nokon direkte verknad på botnlina er vanskeleg å få auge på. Ein nyttar ikkje nynorsk for å auke omsetnaden direkte. Det er kan hende lettare å få konkret auge på dei eventuelle utgiftene som fyl med.

> ***Informant A:*** *Når tempoet er veldig høgt, og vi brukar bokmålkonsulentar, så klarer eg ikkje å omsetje alt til nynorsk. Eg har berre enda opp med å seie at: «Ok, nei, vi skal få omsett det etterpå».* ***Intervjuar:*** *Men korleis hadde det vore om den konsulenten i utgangspunktet var nynorskbrukar som skulle levere til ei bokmålsbedrift?* ***Informant A:*** *Nei, då hadde han skrive bokmål. Det hadde ikkje vore eit spørsmål. Eg har ikkje tid til å ta den kampen no. Men eg ser pengane renn.*

> ***Informant C:*** *[Økonomiske omsyn?] Nei, det har ikkje noko å bety.*

> ***Informant B:*** *Vi vinn nok ikkje kontraktar fordi vi brukar nynorsk, men vi taper dei heller ikkje. Du er ikkje så nynorskpatriot at du bygger på eit nynorsk verft.*

Ein er ikkje særleg uroa for framtida til nynorsken, og informantane spår heller ein framgang enn tilbakegang for nynorsken i næringslivet. Enkelte av informantane kjenner på ei plikt til å ta i bruk nynorsken, men ikkje for å berge språket for språke si skuld, noko samtaleutdraga under er døme på.

> ***Informant B****: Det [språklege ansvaret] heng saman med at vi skal vere ein tydeleg lokal aktør […], og det ville følast litt sånn svikaraktig å bruke bokmål.* ***Intervjuar:*** *Kven svik du då?* ***Informant B:*** *Språket og omgivnadene. […] Eg tenkjer at dersom vi hadde brukt bokmål, så hadde vi signalisert at nynorsk kanskje ikkje var bra nok til det vi styrer med. Som eg synest ville vore frykteleg i høve til skuleungane. Det at dei ser nynorsk i lokalsamfunna sine som heilt sjølvsagt, det synest eg er kjempeviktig, og det føler eg eit ansvar for. […] Det er mitt språk, så det er naturleg at eg skal bruke det – ikkje for språket sin del, men fordi det er vårt og fordi det er vår identitet […] og for å vise at det er godt nok. Det er faktisk kjempebra.*

> ***Informant A:*** *Nei, eg føler ikkje noko plikt til å berge språk.* ***Intervjuar:*** *For å snu det den andre vegen, då; hadde du hatt dårleg samvit overfor nokon om de hadde nytta bokmål?* ***Informant A:*** *Eg trur ikkje det. Det er berre valet som blir gjort, på ein måte. Så eg føler det er like mykje butikk.*

## Oppsummering

Denne delundersøkinga skal først og fremst bidra til å svare på forskingsspørsmål 2, som spør etter korleis språkbrukarane forklarar sin eigen nynorskpraksis, og kva meining dei sjølve legg og finn i denne praksisen.

Informantane er sjølve nynorskbrukarar, som alle har vakse opp med nynorsk, og som i løpet av sitt språklivsløp anten aldri har forlate nynorskpraksisen sin, eller dei har kome attende til nynorsken etter å ha teke «eit sveip innom bokmålet».

På bedriftsnivå vert nynorskpraksisen skildra som personavhengig. Bruken av nynorsk som bedriftsspråk er i stor grad eit resultat av det personlege språkvalet til enkeltpersonar i leiinga eller i andre nøkkelposisjonar i bedrifta. Ei utskifting av desse personane, kan difor også føre til eit språkleg skifte for heile bedrifta. Sjølv om bedrifta dei arbeider for nyttar nynorsk som sitt norske hovudspråk, står medarbeidarane fritt til å nytte nynorsk eller bokmål i sin eigen kommunikasjon med samarbeidspartnarar, kundar og leverandørar – både innanfor og ut av bedrifta. Den nynorske profilen gjeld altså berre på bedriftsnivå, ikkje på individnivå. Dette samsvarar med funna i delundersøking 2, som viser ein meir variert språkpraksis enn det ein kunne observere i delundersøking 1.

Både den maritime daglege verksemda i bedriftene og den nynorske språkpraksisen vert nært kopla til det lokale. Lokale faktorar vert skildra som sterkt medverkande årsaker – både til at bedrifta eksisterer og at akkurat nynorsk vert brukt som bedriftsspråk. Språkbrukarane ynskjer å knyte bedrifta si til positive sider ved lokal kultur, næringshistorie og identitet. Om ein nyttar det pragmatiske perspektivet frå kapittel 3.1, kan ein altså tenkje seg at nynorskbedriftene – i sin skriftlege kommunikasjon – set i gang eit språkspel, der ein viktig del av bodskapen ligg i sjølve språkvalet. Dei ynskjer at mottakarane, i tillegg til å respondere på det semantiske innhaldet i kommunikasjonen, også skal oppfatte at avsendaren er ei bedrift med visse sunnmørske kvalitetar. Det pragmatiske aspektet kjem også fram i skildringa av nynorsk som *det naturlege skriftspråket* å

bruke – også av klynga som fellesskap og av andre klyngeaktørar som har ei like nær lokal tilknyting som dei sjølve. Informantane opplever at språket har ein nærleik til det lokale talespråket og at det er godt eigna til den flate kommunikasjonsstrukturen og effektive kommunikasjonsstilen i klynga.

Økonomiske omsyn har hatt lite å seie for språkvalet i bedriftene, slik det viser seg i desse intervjusamtalane. Når andre klyngeaktørar ikkje nyttar nynorsk, vert det forklart som alt frå uforståeleg til resultat av individuelle språkval, vanskar med rettskriving og dårleg språkleg sjølvtillit.

Informantane gir samtidig uttrykk for at det kan vere meir krevjande å vere nynorskbrukar enn bokmålsbrukar. Den nynorske språkpraksisen er difor oftare eit resultat av aktive individuelle val. Av utfordringar nemner informantane mangel på lærebøker i utdanninga, mangel på nynorsk terminologi, mangel på nynorsk språkval i vanlege dataprogram og ei generell nedvurdering av nynorsk i høve til bokmål i samfunnet. Den nynorske språkpraksisen vert difor også kopla saman med personlege eigenskapar som sjølvtillit, spesiell interesse for språk og tøffheit.

## 5.4 Diskursanalyse

I denne delen av masterprosjektet vert diskursanalyse nytta som ein metode for å undersøkje forskingsspørsmål 3: Korleis kan ein forstå nynorsk språkpraksis i lys av den sosiale og kulturelle konteksten han går føre seg i? I botnen ligg Iver B. Neumann sin definisjon av diskurs som: «et system for frembringelse av et sett utsagn og praksiser som, ved å innskrive seg i institusjoner og fremstå som mer eller mindre normale, er virkelighetskonstituerende for sine bærere og har en viss grad av regularitet i et sett sosiale relasjoner» (2010, s. 18). Systemet handlar i dette tilfellet om utsegner og praksisar knytt til bruken av nynorsk i næringslivet, og metoden som vert nytta byggjer på Neumann sitt forslag, slik det er skildra i kapittel 3.4.

### Val av relevant materiale for analysen

Når ein skal identifisere kva tekstar som må reknast som viktige i analysen av ein diskurs, er det visse teksttypar ein bør vere særskild merksam på. Som vist i kapittel 3.4 er dette til dømes kanoniske tekstar, monument i diskursen, tekstar som skaper liv og røre og pionertekstar. I tillegg bør ein vere vaken for tilsynelatande fråvær av konflikt. Her er det viktig å merke seg at også sosiale praksisar kan lesast som tekst. Døme på kanoniske tekstar i nynorskdiskursen er «Språk i hundre!», «Mål og

meining», Aasen sine utgjevingar og utgjevingar som *Språkfakta 2015* frå Nynorsk kultursentrum. Ivar Aasen sin tekst «Om vort skriftspråk» er døme på ein *pionertekst*. Døme på ein tekst som skapar liv og røre er Hans Geelmueyden sin tidlegare nemnde tekst «R.I.P.».

Resultata frå undersøkingane i kapittel 5.1–5.3 er også ein del av materialet som vert nytta i diskursanalysen. På den eine sida vert diskursanalysen nytta for å forstå praksisen, slik han kjem til syne i undersøkingane. På den andre sida blir resultata frå undersøkingane målt mot dei dominerande representasjonane i nynorskdiskursen, for å sjå om resultata utfordrar eller stadfestar dei etablerte representasjonane av verkelegheita. Både i tekstlesinga og tekstleitinga er, som Neumann minner om, nødvendig med ein viss *kulturell kompetanse*, altså kompetanse om dei kulturane tekstane vert produserte i. For dette prosjektet handlar det særleg om kulturane som vart handsama i kapittel 2; den nynorske skriftkulturen, sunnmørskulturen og næringslivskulturen.

Tekstar som er skrivne i relasjon til den økonomiske klyngeteorien, lokale klyngeprosjekt og elles tekstar som er publiserte på vegne av næringsklynga er også undersøkte, men i desse tekstane har det ikkje vore mogeleg å finne direkte referansar til det nynorske skriftspråket eller val av bedriftsspråk. Tekstane kan difor ikkje reknast som del av nynorskdiskursen. Dei er i staden del av ein overlappande diskurs som er svært viktig for språkbrukarane i dette prosjektet. I fortsetjinga vert denne diskursen referert til som *klyngediskursen*.

## Steg 1: Avgrensing av diskursen

Det første steget i modelleringa av diskursen, slik Iver Neumann foreslår å gjere det, handlar om å avgrense kva som i denne analysen skal reknast innanfor og utanfor diskursen. Om ein tek utgangspunkt i ordlyden i diskursdefinisjonen til Neumann, må ein altså i avgrensinga av diskursen setje grenser for *kva for system* for framsetjing av utsegner og praksisar som skal analyserast, *kven* som skal reknast som diskursberarar og *kva sett sosiale relasjonar* som kan definerast inn i den diskursen som skal analyserast. Han seier samtidig at avgrensinga av ein diskurs ikkje kan gjennomførast analytisk. Avgrensing av diskursar må ta utgangspunkt i korleis berarane sjølve tenkjer omkring kva umiddelbare samanhengar dei inngår i, og korleis dei sjølve sorterer sosial handling under ulike diskursar (2010, ss. 55-60). Dette forklarar også kvifor berre dei nynorskbrukande av klyngeaktørane kan reknast som aktive deltakarar i nynorskdiskursen. Dei fleste andre som engasjerer

seg i klynga, anten som politikarar, forskarar eller klyngeaktørar, verken snakkar eller skriv om språkpraksisen. Dei tek difor heller ikkje direkte del i nynorskdiskursen.

I dette prosjektet vert den aktuelle diskursen avgrensa til å vere ein diskurs om *nynorsk språkpraksis i næringslivet*. Diskursen må kunne kallast ein *skriftspråkdiskurs*, meir enn til dømes ein næringslivsdiskurs. Som skriftspråkdiskurs gjeld han *skriftspråket nynorsk*, først og femst til skilnad frå bokmål, dernest engelsk, men også til skilnad frå talemålet. Viktige *berarar av diskursen* er styresmaktene, akademia og andre deler av nynorskeliten, mållaget, nynorskbrukarar i næringslivet og andre. Felles for desse er at fenomenet *nynorsk i næringslivet* vert vurdert som meiningsfullt. Berarane av denne diskursen er samtidig berarar av andre og overlappande diskursar.

Sidan målet med denne diskursanalysen er å forstå nynorsk språkpraksis innanfor eit avgrensa samfunnsområdet, er utsegner og praksisar knytt til bruken av nynorsk i den maritime næringsklynga på Sunnmøre av særleg interesse for analysen. Her vert språkpraksisar eller språkhandlingar også lesne som tekstar. Sjølve diskursen strekkjer seg likevel vidare og er korkje avgrensa til Sunnmøre som språkgeografisk område eller til det maritime næringsområdet. Rekkevidda til dei dominerande representasjonane i denne diskursen vil likevel hovudsakleg vere dei setta av sosiale relasjonar som er *positive til fenomenet nynorsk i næringslivet*. Det vert seinare vist korleis eit negativt syn på nynorsk i næringslivet vert rekna som ygyldig innanfor grensene til diskursen.

Ein diskurs bør også avgrensast i tid. I dette prosjektet gjeld diskursen praksisar som går føre seg i notida. Det er likevel tekne med tidlegare tekster som er rekna som relevante for å bidra til å fortelje historia om notida (Neumann, 2010). Oppsummert kan nynorskdiskursen altså avgrensast til: *Dagens nynorskpositive diskurs om nynorsk språkpraksis i næringslivet.*

### Innleiringa i klyngediskursen

Neumann hevdar at ein diskurs kan vere inneleira i ei rad andre diskursar, som han hentar energi frå (2010, s. 75). Som tidlegare nemnt er *klyngediskursen* viktig for språkbrukarane i klynga. Teorien og litteraturen om næringsklynger må her kunne reknast som særleg viktige tekstar, og diskursen materialiserer seg mellom anna i klyngeorgansisasjonar, klyngeforsking og klyngeprosjekt. I klyngediskursen vert fordelane med å vere deltakar i ei næringsklynge knytt til særlege eigenskapar ved næringsklynga. Mange av klyngeeigenskapane vert knytte til det som har med relasjonar,

relasjonsformer og lokal kultur å gjere – eigenskapar som naturleg inneber både munnleg og skriftleg kommunikasjon. Ein *kunne* difor ha venta seg at språket også var eit tema i klyngediskursen. Det har like fullt ikkje vore mogeleg å finne noko i tekstar, klyngelitteratur eller andre utsegner i klyngdiskursen som handlar om rolla til bedriftsspråket. Heller ikkje representantar for nynorskbedriftene verkar å ytre seg om bedriftsspråket, korkje nynorsk eller bokmål, i klyngesamanheng. Deira ytringar om nynorsk som bedriftsspråk er i stor grad avgrensa til nynorsksamanhengar.

Denne tilsynelatande stilla om bedriftsspråket i klyngediskursen kan tolkast på ulike måtar. Ein kan til dømes tenkje seg at val av bedriftsspråk vert opplevd som så uproblematisk eller uviktig at det ikkje fortener merksemd i den sosiale verkelegheita der klyngebedriftene møtest. Neumann minner like fullt om at fråver av konflikt, liv og røre på ingen måte treng å bety at diskursen er konfliktlaus. Er det ikkje liv og røre, betyr det berre at ein må bruke meir tid og tankearbeid på å finne ut korleis ting blir som dei blir (Neumann, 2010, s. 53). Dersom ein føreset at dei materielle funna i delundersøking 1 i dette prosjektet er representative for heile den sunnmørske næringsklynga, vil nynorskbedriftene vere i mindretal i høve til bokmålsbedriftene. Ein kan altså seie at det ligg føre ein dominerande representasjon, nemleg at bokmål er klyngespråket. Representasjonen vert for så vidt halden oppe av praksis, men praksisen vert ikkje problematisert i diskursen. Når ein representasjon er forholdsvis uutfordra i diskursen, i den grad at han står fram som naturleg, eksisterer det ein tilstand av hegemoni (Neumann, 2010, s. 178).

Ifølgje Neumann kan ein tilsynelatande marginal diskurs, både utfordrast av og berast med hjelp frå andre og mindre marginale diskursar (Neumann, 2010, s. 75). Om ein føreset at den nynorskvenlege bedriftsspråksdiskursen er marginal i høve til klyngediskursen, kan følgjande ytring frå Gunvor Ulstein vere eit døme på at klyngediskursen kan gi energi til nynorskdiskursen. Først innleiar Ulstein klyngeforedraget sitt på denne måten: «Takk for invitasjonen! Eg synest de er modige som inviterer oss frå grisgrendte strok til Oslo. Eg trudde jo at ein slik konferanse skulle vere på Vestlandet, i og med at vi er vestlendingar – både Skagenfonda og vi, men eg har lært meg gjennom tida, at det er mykje kortare for vestlendingar inn til Oslo, enn det er for Oslo-folk ut til Vestlandet» («Nyttårskonferansen 2014 – Gunvor Ulstein, » 2014). Foredraget til Ulstein kan i liten grad seiast å inngå i den nynorskvenlege diskursen om næringslivsspråk, sjølv om ho nytta nynorskspråklege lysark. Temaet er næringsklynga, og det er i klyngediskursen ho her inngår. Det er likevel fleire

element i dette uttrykket som er med på å halde oppe den nynorskpositive diskursen om næringslivsspråk. For det første er dei nynorske lysarka eit materielt faktum som, for den nynorskpositive diskursen, stadfestar representasjonar om nynorsk som næringslivsspråk. For det andre spelar ho på regional identitet og skapar samtidig ein avstand til Austlandet, som for den nynorskpositive diskursen stadfestar avstanden til bokmålet.

## Steg 2: Diskursens representasjonar

Det andre steget i modelleringa av diskursen, slik Iver Neumann foreslår å gjere det, handlar om å finne fram til dei ulike representasjonane eller meiningstypane i diskursen. Ifølgje Neumann vil ein diskurs som hovudregel innehalde eit sett dominerande representasjonar av verkelegheita – i tillegg til eit sett med alternative representasjonar. Dei ulike representasjonane i diskursen syner kva som er grunntrekka ved meiningsmønsteret i diskursen og kva som er variantar av dette.

Representasjonar kjem til syne både i form av ytringar og praksis og handlar altså om korleis berarane opplever, forstår, tolkar og forklarar nynorsk språkpraksis i næringslivet. I tillegg handlar representasjon om korleis fenomenet i seg sjølv er med på å oppretthalde diskursen, som diskursens prov på at representasjonen er gyldig. Den følgjande gjennomgangen har teke utgangspunkt i fire dominerande representasjonar. Punkta kunne ha vore fleire eller færre, men dei vil innehalde dei representasjonane som vert rekna som mest relevante for å svare på forskingsspørsmåla i prosjektet.

#### 1: Nynorsk er *for* lite brukt i næringslivet

Dette er den representasjonen som legg grunnlaget både for den offisielle språkpolitikken, arbeidet til Noregs Mållag og for så vidt dette masterprosjektet. Kor lite som er lite, og når lite går over til å bli tilstrekkeleg eller mykje, er likevel relativt. Representasjonen er nødvendigvis påverka av kva som er den gjeldande målsetjinga for utbreiinga av det nynorske skriftspråket. Minst tre ulike målsetjingar er alle gyldige i dagens diskurs: At nynorsk og bokmål skal brukast like mykje i næringslivet i heile Noreg, at nynorsk skal vere det føretrekte bedriftsspråket i det nynorske kjerneområdet, og at nynorsk skal kunne brukast fullt ut på alle næringsområde i Noreg. Målsetjing nummer tre er nærast ei måloppnåing, medan målsetjing nummer to og særleg ein ligg lengst unna. Som punkt 2 vil ta føre seg, heng dette tett saman med det nasjonale og det regionale aspektet ved skriftspråket, der den regionale representasjonen dominerer.

Hovedmålet for språkpolitikken, slik han er skildra av regjeringa må tolkast som å sikre, ikkje nødvendigvis auke, bruken av språket på alle samfunnsområde – gjennom å motverke domenetap (Kulturdepartementet, 2014). I stortingsmeldinga Mål og meining er måla for politikken utdjupa noko. Her vert det nytta uttrykk som å legge til rette for at nynorsk blir meir reelt likestilt med bokmål, at nynorsk skal styrkast, fremjast, profilerast og synleggjerast . Det er likevel vanskeleg å tolke innhaldet i språkpolitikken dit, at det er eit ynskje om å ta inn forspranget bokmålet har på nynorsken. Tiltaka handlar meir om å hindre ytterlegare domenetap. Det er i alle høve ingenting som tyder på at målet med politikken er ei 50/50 fordeling mellom bruken av nynorsk og bokmål på noko samfunnsområde (Meld. St. nr. 35 (2007-2008), 2008).

At det i delundersøking 1 og 2 er observert nynorsk språkpraksis i 19 av 39 bedrifter og rapportert nynorsk språkpraksis i 26 av 29 bedrifter seier ikkje meir enn akkurat det. Dei same undersøkingane viser at det er fleire bedrifter som nyttar bokmål enn nynorsk, og at ni av 39 nettsider, som må kunne seiast å vere dei mest offentlege skriftlege flatene for næringslivet, er skrivne på nynorsk. Om dette kan reknast som lite eller mykje er, som nemnt, avhengig av kva ein har som mål og kor mykje ein ventar å finne. Om resultata utfordrar eller stadfestar representasjonen er difor usikkert.

**2: Nynorsk språkpraksis i næringslivet – eit regionalt fenomen**

I Noreg kan bedrifter velje mellom to tilgjengelege norske språk: nynorsk og bokmål. Nynorsk språkpraksis, slik han til dømes førekjem i næringslivet på Sunnmøre, kan anten reknast primært som eit norsk språkfenomen, eller primært som eit regionalt fenomen. Den dominerande representasjonen verkar å vere at når bedrifter på Sunnmøre, eller andre stader, vel nynorsk, så er det rekna som eit regionalt fenomen, knytt til regionalitet og lokal identitet. Som nemnt i kapittel 2.3, hevdar historikar Arnljot Løset at den sunnmørske identiteten er sterk, og at nordmenn sin identitet som nordmenn er forankra i eitt bestemt område, med ein eigen dialekt og ein eigen lokal- eller regionalkultur. At den nynorske språkpraksisen er identitetsskapande, er noko som i næringslivssamanheng vert framheva som noko positivt og i hovudsak knytt til lokal identitet. Den lokale identiteten vert forklart som sjølve årsaka til at bedrifter går over til å bruke nynorsk i nasjonal marknadsføring. «[Hotellet] har bevisst valgt å bruke nynorsk, som et uttrykk for lokal identitet» (Språkrådet, 2005, s. 43). Det må altså vere positive sider ved det lokale, eller regionale, ein ynskjer å identifisere seg med – for reiselivsnæringa kan det vere den lokale naturen eller kulturen, for næringslivet kan det vere den lokale næringslivskulturen.

Det regionale aspektet ved nynorsk språkpraksis i næringslivet kjem også til syne i nemningar som *det nynorske kjerneområdet*, som er nytta både i stortingsmeldinga Mål og meining (2008, s. 77), Språkrådet sitt strategidokument «Norsk i hundre!» (2005, s. 110), lærebøker som *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (Torp & Vikør, 2003, s. 129) og Nynorsk kultursentrum si faktabok *Språkfakta 2015* (O. Grepstad, 2015, s. 75).

Stephen J. Walton hevdar i artikkelen «Litt laust, mest fast» at nynorskkulturen har fjerna seg frå ynskje om å vere eit symbol på nasjonen. I staden ynskjer ein å representere ein regional identitet. Ideen om nynorsk som den einaste verkeleg norske målforma har dessutan, ifølgje Walton vorte erstatta med ein sjølvmarginaliserande tankegang, der nynorskkulturen representerer Bygde-Noreg og står i kontrast til storsamfunnet (1999, p. 12). Walton viser her til at det opprinnelege målet med reisinga av landsmålet og den seinare språkstriden, var å få eit folkespråk som skulle verte hovudspråk i heile landet. Etter som utbreiinga av landsmålet og seinare nynorsken stagnerte og gjekk attende, har altså ynskjet justert seg frå det nasjonale, i retning av å vere eit symbol på det regionale i kontrast til det nasjonale.

I arbeidsprogrammet til Noregs Mållag er likevel det nasjonale aspektet ved nynorsken tydeleg. Her står det i innleiinga: «Nynorsk skal vera sjølvsagt i heile Noreg og på alle samfunnsområde. Den nynorske identiteten skal styrkjast. Det skal vera sjølvsagt å vera nynorskbrukar». Nynorsk som nasjonalspråk og nynorsk som fyrstespråk får deretter om lag like stor plass i sjølve arbeidsprogrammet (Noregs Mållag, 2014). Frå mållaget si argumentliste for nynorsk i næringslivet kan ein likevel finne uttrykk for det regionale aspektet: «Ved å nytte nynorsk syner du fram kvar du kjem frå, både lokalsamfunnet og regionen. Det vil skilje merkevara/verksemda frå dei store nasjonale kjedene» (Noregs Mållag, 2015). Ynskjet om at nynorsk skal vere sjølvsagt i heile Noreg kan oppfattast å stå i motstrid med ei oppmoding om å bruke språket for å vise kvar du kjem frå. Kan hende handlar dette mest om skilnaden mellom ein ideell og ein reell språksituasjon.

Summert kan det altså synast tydeleg at representasjonen av språkpraksisen som eit regionalt fenomen dominerer, men utan at dette nødvendigvis speglar den ynskte verkelegheita for alle.

Resultata frå delundersøkingane i dette masterprosjektet utfordrar ikkje denne dominerande representasjonen av den nynorske språkpraksisen i næringslivet som eit regionalt fenomen. I dei tre

intervjusamtalane gir alle språkbrukarane uttrykk for at språkbruken i næringsklynga er direkte kopla til nynorskregionen og at språket reflekterer den lokale identiteten:

> ***Informant A:*** *Det som skjedde, det var jo det at bedrifta skulle vekse og utvikle seg, det skulle lagast meir brosjyremateriell, det kom heimeside det gjekk heile tida meir skriftleg materiell av bedrifta. Det må mest mogeleg gjenspegle det som bedrifta er. Og det gjer ein gjennom språket.*
>
> ***Informant B:*** *Du kan ikkje fortelje historia om framveksten av denne industrien på bokmål. Korleis skulle den historia ha hange i hop, når ho er så nært knytt til kultur, identitet, sjø, fisk, ytre Søre Sunnmøre.* .

Ut frå eit diskursanalytisk perspektiv kan ein på den eine sida forstå desse ytringane som ein konsekvens av diskursen. På den andre sida fungerer utsegnene bekreftande for hovudrepresenta-sjonen av nynorsk språkpraksis som eit regionalt – meir enn eit nasjonalt – fenomen, og dei er difor med på å halde representasjonen gyldig.

### 3: Næringslivet er ukjent språkterreng

Som vist i del 1 vert det etterlyst meir kunnskap om språkpraksis i næringslivet. Det ein særleg veit for lite om, er faktisk språkpraksis og kva som fremjar bruken av det eine eller det andre språket. Ytringar omkring nynorsk i næringslivet føreset difor ei viss førehandsmeining, både om språkbrukarane og om næringslivet. Ifølgje Neumann er oppgåva til diskursanalysen ikkje å avsløre om førehandsmeiningane eller fordomane stemmer med «det eigentlege». Det interessante er korleis førehandsmeiningane vert overlevert (2010,s. 72).

«Næringslivet er det domenet nynorsken aldri vant». Slik startar kapitlet Nynorsk og bokmål i næringslivet i strategidokumentet «Norsk i hundre!» (Språkrådet, 2005,s. 110). I Språkstatus 2012 skriv Språkrådet følgjande om tilhøvet til næringslivet: «[Det har] vore vanskeleg å knyta band til viktige støttespelarar og verkeleg få forankra det språkpolitiske arbeidet for å tryggja stillinga for norsk i sektoren. Dette kan nok ha grunnar som Språkrådet ikkje sjølv rår for, som kulturforskjellar og skilnader i arbeidsmåtar frå gammalt av» (Språkrådet, 2012). I *Språkfakta 2015* er næringslivet, som tidlegre nemnt, skildra som eitt av samfunnsområda vi veit minst om når det gjeld bruken av nynorsk og bokmål. (O. Grepstad, 2015).

Alle desse utsegnene speglar ein viss avstand frå «oss» til næringslivet. I det første sitatet vert omgrepet *domene* nytta som metafor. Ifølgje Neumann kan ein ved å studerer metaforbruk bli merksam på korleis ordval er med å gi ei viss retning til teksten (2010,s. 46).  Domene tyder, som tidlegare nemnt, *felt som nokon rår over* (Caprona, 2013). Implisitt er altså næringslivet området som «dei andre» rår over. Språkrådet, på si side, nyttar eit kulturperspektiv for å forklare avstanden til næringslivet. Utsegna frå Grepstad skildrar til slutt kor lite vi veit, med andre ord at næringslivet representerer eit «dei», eit ukjent område.

Korleis den typiske nynorskingen er, altså nynorskdiskursens «vi», er eit spørsmål fleire har bidrege til å gje svar på. Den nynorske identiteten har vore handsama av fleire forskingsprosjekt, frå ulike perspektiv og med ulike faktapresentasjonar som følgje. Forskingsresultata er i sin tur med på å skape og vedlikehalde representasjonar av nynorskingen – i høve til «dei andre»:

> «Mellom bokmåls- og nynorskbrukarar er der tydelege sosiale skilnader. Noko fleire kvinner enn menn bruker nynorsk privat, og nynorskbrukarane utgjer ein større del i dei eldre aldersgruppene enn i dei yngre. Di meir utdanning ein person har, di meir sannsynleg er det derimot at vedkomande bruker bokmål. Høg inntekt, adresse i by og yrke som papirflyttar er klare kjenneteikn på bokmålsbrukarane. Når bokmål og nynorsk har ulik posisjon i Noreg, heng det altså også saman med sosiale skilnader, og det sosiale elitespråket er bokmål» (O. Grepstad, 2015,s. 22).

I diskursanalysen analyserer ein også korleis eit sett utsegner aktiverar og set i spel ein serie sosiale praksisar, og korleis utsegnene i sin tur bekreftar eller avkreftar desse praksisane (Neumann, 2010). Svært mange diskursberarar uttrykkjer ei førestelling om at språkbruken i næringslivet er styrt av spesifikke verdiar, som skil seg frå verdiane til nynorskfolk flest, slik desse døma viser: «Valg av språk i markedsføringen vil styres av hva en tror vil gi best resultat. Valg av språk i årsrapporter, nettsider, interninformasjon osv. blir på den annen side vurdert som et kostnadsspørsmål» (Språkrådet, 2005,s. 111) og «Botnlinja avgjer for kvar einaste næringsdrivande» (O. Grepstad, 2015,s. 285). I «Norsk i hundre!» er det også dedisert eit eige kapittel til spørsmålet: «Kan norsk være lønnsomt?» (Språkrådet, 2005,s. 113).

Ein gjennomgang av satsingsområda til mållaget, slik dei er presenterte på Noreg Mållag sine nettsider, speglar også store skilnader når det gjeld førestillinga om kva verdiar som er viktige for

potensielle nynorskbrukarar i næringslivet i høve til andre samfunnsområde og målgrupper. For næringslivet har Noregs Mållag laga ei argumentliste med seks grunnar til å velje nynorsk i næringslivet. Fire av seks grunnar nyttar økonomisk verdi som argument, der lokal tilknyting, positive verdiar, ærlegdom og merksemd synest å vere rekna som verkemiddel for det eigentlege målet: forteneste. Eitt argument handlar om språkleg medvit og det siste argumentet er frå-motivert, her er argumentet nemleg å unngå språkleg jåleri (Noregs Mållag, 2015). For andre grupper er verdiane heilt andre, slik denne oppramsinga av verdiar knytt til målgruppe er meint å vise: *Potensielle medlemmer*: rettar og valfridom (Noregs Mållag, 2016a), *kyrkja*: rettar, valfridom og demokrati (Noregs Mållag, 2016f), *skuleverket*: kunnskap, haldningar, demokrati, jamstelling, valfridom og språkleg medvit (Noregs Mållag, 2016d), *IT:* vitalitet (Noregs Mållag, 2016b), *media*: rettar og valfridom (Noregs Mållag, 2016c) og til slutt *det offentlege*: rettar (Noregs Mållag, 2016e).

Eit alternativ til den tilsynelatande dominerande representasjonen om næringslivsfolk som annleistenkjande, nemleg at nynorskfolk i næringslivet er styrt av dei same verdiane som nynorskfolk flest, er også synleg i diskursen. Då Kleven i 2014 fekk Nynorsk næringslivspris, vart språkpraksisen i bedrifta forklart på ein måte som støttar ein slik alternativ representasjon: «Kleven er ein stor aktør i ein viktig bransje, og har valt nynorsk som språk fordi det er språket som står dei nærast – og som viser at dei er trygge på kvar dei kjem frå. […] Vi er båtbyggjarar i ein internasjonal marknad der det meste er på engelsk, men vi har valt å bruke både engelsk og norsk. Og for oss er norsk sjølvsagt nynorsk, smiler Ellen Kvalsund» (Høgstavoll, 2014).

Som vist i kapittel 3.3. er identitetar relasjonelle ved at ein identitet berre kan definere kven ein person eller ei gruppe er – i høve til andre personar eller grupper. Samtidig har kvar person ei rad ulike identitetar som vil bli aktiverte ulikt avhengig av samhandlingssituasjonen. Ein kan også seie at deltakarane i ein sosial situasjon må aktivere identitetar hos kvarandre, eller gyldige representasjonar av kvarandre. Når individ vert knytte til ferdige identitetar, heiter det i diskursanalysen at dei blir interpellerte, noko som igjen vil legge føringar for dei sosiale handlingane som går føre seg dei i mellom (Neumann, 2010).

I kraft av å skrive førstespråket sitt nynorsk i ein næringslivssamanheng vil språkbrukarane i dette prosjektet, meir eller mindre uproblematisk, vere *nynorskbrukande næringslivspersonar*, og dermed aktivisere to sentrale identitetar samtidig; nynorskbrukar og næringslivsperson. Dette tilsvarar altså både «dei» og «oss» i nynorskdiskursen. Truleg har dei *potensielle* nynorskbrukarane i næringslivet

også ein identitet som nynorskbrukar, men i tekstane i nynorskdiskursen er det ikkje denne identiteten eller potensielle identiteten som vert interpellert.

I intervjusamtalane gir språkbrukarane uttrykk for ei mengd verdiar som verkar styrande for sitt eige språkval. Dei bedriftsøkonomiske verdiane er rett nok rekna som viktige, men dei verkar å vere sekundære i høve til verdiar som identitet, rettferd, respekt og naturlegheit.

> ***Informant A:*** *Vi ynskjer å bli lagt merke til som ei bedrift som er bevisst på språk og identitet. […]Eg har ein idé om at folk føler seg trygge, fordi bedrifta respekterer veldig deira eige skriftspråk. […]Det er det som rører seg opp i hovudet, på ein måte, og då er det naturleg at det er det som kjem på papiret også. Orda er der allereie. Vi sit ikkje og pratar bokmål her ute..*

> ***Informant B:*** *Det er heilt naturleg at eg skal bruke det. Ikkje for språket sin del, men fordi det er vårt, og fordi det er vår identitet. Det er viktig at bedrifter brukar det, nettopp fordi då viser du at det er godt nok.*

> ***Informant C:*** *Eg skriv veldig lett og greitt på bokmål. Det har eg ikkje problem med. Men eg synest det er heilt unaturlig, og kvifor skal vi sende ut noko på bokmål?[…] Eg tenkjer nynorsk skal stå like sterkt som bokmål. Kvifor skal bokmål stå framfor nynorsken i rang?*

Noko anna er at informantane gjerne tolkar dei nynorskbrukarane som skiftar til bokmål som vanskelege å forstå, så også her kjem den manglande kunnskapen om «dei andre» til uttrykk:

> ***Informant B:*** *At det var så mange som har bokmål, var overraskande, […] for det er det jo ingen grunn til. Eg forstår ikkje kvifor vi her ute skulle styre med det.*

> ***Informant C:*** *Vi snakka om det i førre veke også. Han klarer det ikkje, seier han. Han får det berre ikkje til. Han finn ikkje flyten på nynorsk.* ***Intervjuar:*** *Men han er ikkje frå nynorskområdet.* ***Informant C****: Jau, då. han er frå [nabobygda her]. Så det er ikkje nokon grunn til det, men han skriv på bokmål.*

#### 4: Nynorsk er livskraftig (og nemner du død, er du ute)

Representasjonen av nynorsk som eit livskraftig språk er ein representasjon med fleire alternativ, som inneber ulike gradar av vitalitet. At nynorsken er truga er ein gyldig alternativ representasjon, som ikkje verkar å diskvalifisere representasjonen av nynorsken som livskraftig. Her set Noregs Mållag opp dei to alternativa som to sider av same sak: «Nynorsken vert stadig meir vanleg og godteken i Noreg. Han er i framgang i media, i litteraturen, i næringslivet og i forvaltninga. Målet om at nynorsk skal vera eit fullverdig språk på alle område i samfunnet, er nærare enn nokon gong. Situasjonen for nynorsk er såleis god, men også vanskeleg. Som mindretalsspråk vil nynorsk alltid vera utsett, og presset for å skifta til bokmål vil vera eit konstant trugsmål» (Noregs Mållag, 2014) .

I tekstar som argumenterer for at det skal takast særlege omsyn til nynorsken og nynorskbrukarane, kjem den mest vitale representasjonen likevel i bakgrunnen. Den offisielle språkpolitikken vert forklart mellom anna slik: «Hovedmålet for språkpolitikken er å sikre bruken av et velfungerende norsk språk på alle samfunnsområder. Strategien er at domenetap for norsk språk – både bokmål og nynorsk – skal motvirkes […] Når norsk språk er tema, skal det eksplisitt tas hensyn til nynorsk og nynorskbrukerne, fordi nynorsk, i kraft av å være et mindretallsspråk, har ekstra dårlige rammevilkår for å bli brukt og utviklet» (Kulturdepartementet, 2014).

Nynorsk kultursentrum og Ottar Grepstad hevdar jamnleg at nynorsk er eit levande språk – utan fare for å døy. Påstanden vert underbygd av tal og statistikkar, publisert både digitalt og i bokform. *Språkfakta 2015* opnar med denne setninga: «Både bokmål og nynorsk er blant dei hundre mest vitale språka i verda» (O. Grepstad, 2015). Grepstad er, som direktør i Nynorsk kultursentrum og styreleiar i Språkrådet, mellom dei som ofte uttalar seg i både riksdekkjande og lokal presse i saker som gjeld nynorsk. Om vitaliteten seier han dette til Sunnmørsposten i august 2015: «Nynorsken har blitt spådd den sikre død sidan 1852. Det byrjar å dra ut» (Nordal, 2015). Utsegna i Sunnmørsposten står, som ein kan sjå, i ein relasjon til andre tekstar – om språkdød. Her er eit døme på ein slik tekst, uttrykt av Hans Geelmuyden til avisa Bygdanytt: «Nesten ingen av dei store bedriftene på Osterøy profilerer seg på nynorsk på nettet. – Det gjer dei rett i. – Nynorsk er eit døyande språk» (Lid, 2013). Utsegna til Grepstad er eit døme på det som vert kalla intertekstualitet eller interdiskursivitet, og som viser korleis ulike dialogar kan vere inneleira i kvarandre. Tekstar og diskursar vil alltid stå i ein viss relasjon til andre tekstar og diskursar (Fairclough, 2003,s. 218; Neumann, 2010,s. 20).

Dialogen mellom desse to tekstane viser også korleis yttergrensene for diskursen kan haldast ved like gjennom diskursivt arbeid, altså representasjonsbekreftande produksjon av utsegner og praksisar. Når det gjeld kva representasjonar som er tillatne i diskursen, kan berarane ifølgje Neumann nytte sensur og sanksjonar. Då Hans Geelmuyden kom på banen med i ein diskurs om nynorsk i næringslivet, vart yttergrensene for diskursen tydelege – i form av sanksjonar. I teksten «R.I.P.» skriv han: «Jeg har fått nynorskmafiaen etter meg. Det går bra. De er ikke mange, men de er sinte. De er sinte fordi jeg har sagt at nynorsk er et døende sprog. Sannhet virker sterkt» (Geelmuyden, 2013). Leiar i Noregs Mållag sitt svar bidreg til rekonstituering av verkelegheita gjennom aktivt diskursivt arbeid: « Jo fleire som brukar språket, jo meir levande blir det. Vi veit at i områda der nynorsken står sterkast, er det nynorsk overalt, også der verksemdene møter omverda, seier ho. Tennø nemner fleire døme der større bedrifter på vestlandskysten har skifta frå bokmål til nynorsk dei seinare åra (Lid, 2013).

Representasjonen av nynorsk som eit døyande språk høyrer med andre ord ikkje til mellom dei gyldige representasjonane i dagens nynorskpositive diskurs om nynorsk språkpraksis i næringslivet, sjølv om Geelmuyden hevdar å vere positiv til skriftspråket:

> La meg understreke at jeg ikke føler noen glede over utviklingen. Jeg bare registrerer den. Jeg håper nynorsk litteratur får en like sentral plass i norskfaget i årene som kommer. Vesaas og Olav H. Hauge er blant mine favorittforfattere. Nynorsk er både klangfullt og vakkert. […] Det er grenser for hvor lenge man skal bære havre til en døende hest (Geelmuyden, 2013).

Alle dei mulegheitene som diskursen utelèt kan også kallast det diskursive felt eller det konstitutive ytre (Neumann, 2010,s. 64). Dersom diskursanalysen derimot hadde vore utvida til å også å gjelde den meir nynorskkritiske delen av ein diskursen om nynorsk bedriftsspråk, ville ytringa frå Geelmuyden kunne tolkast som ein gyldig representasjon i diskursen. Representasjonen om den vitale nynorsken ville då ha vore ein motpol, medan nynorskpositive variantar av livskraft ville ha kome ein stad midt mellom desse.

Intervjusamtalane stadfestar representasjonen av nynorsk som eit vitalt skriftspråk. Ingen av dei tre informantane er særleg uroa for framtida til nynorsken, og informantane spår heller ein framgang enn tilbakegang for nynorsken i næringslivet.

> ***Informant B:*** *Eg trur du det blir meir [nynorsk i forhold til bokmål]. Det er heller slik at norsken generelt forsvinn i forhold til engelsk.*

> ***Informant C:** Eg ser ikkje nokon grunn til at nynorsken skal døy ut. Eg har tru på nynorsken, og det viser seg at det aukar. Eg trur folk er meir reflekterte også i dag og tar eit standpunkt.*

> ***Informant A:** Eg trur det blir om lag like mykje.*

At informantane faktisk skriv nynorsk i næringslivet, er samtidig det Neumann kallar ein verkelegheitskonstituerande praksis. Praksisar som viser seg som meir eller mindre normale, slik den nynorske språkpraksisen er for informantane, er verkelegheitskonstituerande for sine berarar.

Resultata frå delundersøking 1 og 2 viser *observert* nynorsk språkpraksis i 19 av 39 bedrifter og *rapportert* nynorsk språkpraksis i 26 av 29 bedrifter. Forskingsresultata *kan* dermed utfordre eller nyansere den dominerande representasjonen av kor vital nynorsken er, avhengig av kva som var venta. Nynorskens vitalitetsgrad i næringslivet må knytast til to sentrale førehandsmeiningar. For det første at nynorsk er eit levande språk og for det andre at nynorsk er relativt lite brukt i næringslivet. Resultata seier ingenting om utviklinga, altså om det er meir eller mindre nynorsk enn før, og det er heller ikkje andre undersøkingar å samanlikne med. Resultata står likevel uansett i motstrid mot denne utsegna frå stortingsmeldinga Mål og meining: «I viktige samfunnssektorar – ikkje minst i næringslivet […] – er nynorsk så godt som fråverande» (Meld. St. nr. 35 (2007-2008), 2008,s. 195).

## Steg 3: Diskursens lagdeling

Det tredje steget i modelleringa av diskursen, slik Iver Neumann foreslår å gjere det, handlar om å avdekke diskursens lagdeling. Dette inneber å skilje dei trekka ved ein representasjon som er lette å endre frå trekk med større grad av tregleik. Teikn som er «gode å tenkje med» og materielle teikn vil ifølgje Neumann vere tregare å endre enn andre (Neumann, 2010,s. 66).

Mytar og symbol er døme på trekk som er gode å tenkje med. Desse kan difor vere med å oppretthalde og reprodusere representasjonar, som ikkje nødvendigvis stemmer med det ein meiner er objektive fakta. For den nynorske skriftkulturen generelt er Ivar Aasen sjølv kan hende det viktigaste symbolet, og som symbol påverkar han også diskursen om nynorsk i næringslivet. Han er rekna som opphavsmannen til nynorsken og både bilete, eigedelar, skriftutdrag og mytar om Aasen har fått sin plass i ulike forteljingar om dagens nynorske skriftkultur. Ifølgje Grepstad har Ivar Aasen som symbol, ikkje alltid vore rekna som positivt for nynorsken. Om midten av 1980-talet skriv han: « … sjølv sentrale målfolk på denne tida [såg ikkje] på Ivar Aasen som noko stort pluss. […] var ikkje

heile figuren med den krøkte ryggen og dei små stega blitt eit saktmodig og litt trist symbol? (2006,s. 273)« Når representasjonar i tillegg vert knytte til gjenstandsfunn, som eit par skeivtrakka sko eller biletet av ein alvorsam og lut gamling, er dei også vanskelege å endre. Dette er noko som vart problematisert av Apelseth i *Mellom tradisjon og inovasjon:* «Mannen Ivar Aasen har ofte vorte overskygga av mytane om han, og det er mange – slett ikkje berre i norskdomsrørsla – som har medverka i mytografien» (1996, s. 10).

På 1990-talet var det også fleire som for nynorskens del såg nytten av å rehabilitere oppfatninga av Ivar Aasen, og ein såg nok at innsatsen måtte vere høg (O. Grepstad, 2006). Frå og med Ivar Aasen-året i 1996, via opninga av det nye dokumentasjons- og opplevingssenteret Ivar Aasen-tunet i 2000, Ivar Aasen-instituttet i 2002 og fram til dagens produksjon av Ivar Aasen-truser, -servise og -smykke, er det gjort eit enormt diskursivt arbeid med å byggje ein ny og nyttigare representasjon av nynorskens opphavsmann.

I dagens nynorskpositive diskurs om nynorsk språkpraksis i næringslivet er mange av diskursberarane knytte til myndigheitene, akademia og det som kan kallast nynorskeliten i samfunnet. Desse produserer alle ein del materielle fakta om nynorsk språkpraksis, i form av språkpolitiske dokument, strategidokument, forskingsresultat og faktabøker. Slike materielle fakta er ifølgje Neumann døme på trekk som er vanskelege å «bortforklare» eller endre (Neumann, 2010, s. 66). Ein ser at mange forskingsresultat etter kvart får funksjon som kanoniske tekstar i diskursen, altså tekstar ein ofte kan finne referansar til i sekundærlitteraturen. Dei blir på denne måten også verkelegheitskonstituerande i større grad enn andre. For rekkevidda til representasjonane i ein diskurs, for å unngå marginalisering av diskursen og for å auke potensialet for påverknad på andre viktige diskursar, kan det difor vere avgjerande kor mykje forsking som går føre seg innanfor feltet.

## Oppsummering av diskursanalysen

Denne delundersøkinga skal først og fremst bidra til å svare på forskingsspørsmål 3, som spør korleis ein kan forstå nynorsk språkpraksis i relasjon til den særskilde sosiale og kulturelle næringslivskonteksten der praksisen utfaldar seg. Undersøkinga er gjennomført som ei modellering av diskursen om nynorsk språkpraksis i næringslivet, med særleg interesse for tekstar og praksis knytt til den maritime klynga på Sunnmøre. Som nemnt kan dei klyngeteoretiske og dei fleste klyngerelaterte tekstane som er undersøkte ikkje reknast som del av nynorskdiskursen. Dei er i staden

del av den overlappande klyngediskursen, som på fleire måtar kan seiast å gi energi til nynorskbrukarane si oppleving av nynorsk som det naturlege klyngespråket. Modelleringa av diskursen viser at nynorsk vert rekna som eit livskraftig språk som likevel vert brukt for lite – særleg i næringslivet. Sjølv om det kan vere eit ideelt mål om at nynorsk som landsdekkande næringslivsspråk skal nærme seg bokmålet, er ytringane om språkpraksis i næringslivet i all hovudsak kopla til det lokale eller regionale. Til dette er det også knytt ei dominerande førestelling om at nynorsk er identitetsskapande og kan knyte bedriftene til positive lokale eller regionale verdiar. Det er ein dominerande representasjon av næringslivet, at språkbruken på dette samfunnsområdet er styrt av økonomiske verdiar, noko ingen av delundersøkingane over kan seiast å stadfeste.

# 6 SUMMERING OG KONKLUSJON

Som statens fagorgan i språkspørsmål har Språkrådet ynskt seg meir kunnskap om språkpraksisen i næringslivet – både om bruken av nynorsk i høve til bokmål og norsk i høve til engelsk. Språkrådet ynskjer seg også kunnskap om haldningar, strukturar og identitetsopplevingar knytt til språk, bakgrunnen for individuelle språkval og faktorar som påverkar bruk av det eine eller andre språket (Språkrådet, 2015).

Dette prosjektet har hatt som målsetjing å bidra til å tilfredsstille fleire av desse ynskja og har valt å undersøke språket i den maritime næringa, eit næringsområde der Noreg vert rekna å vere ei global stormakt. Som vist i kapittel 1.3, har tidlegare forsking om næringslivsspråk i all hovudsak dreia seg om tilhøvet mellom norsk og engelsk. I desse undersøkingane har det anten ikkje vore skilt mellom nynorsk og bokmål, eller så har det ikkje vore med nynorskbedrifter i utvalet. I dette prosjektet har det difor vore eit særleg ynskje å kunne bidra til meir kunnskap om akkurat *nynorsk* som næringslivsspråk.

Avgrensinga av prosjektet er i tråd med desse ynskja. Difor er bedriftsutvalet på 39 bedrifter henta frå eit språkgeografisk område der ein også kunne vente å finne eit visst innslag av nynorsk i bedriftene. På Sunnmøre finn ein i tillegg fenomenet *den maritime næringsklynga*, ei geografisk opphoping av konkurrerande og samarbeidande bedrifter innanfor same næring, som er sosialt og kulturelt forvitneleg i seg sjølv. Det interessante ved å gjere utvalet på denne måten er også at den språklege praksisen her går føre seg innanfor eit avgrensa område, både når det gjeld næringstype, språkgeografi og lokalkultur. Med eit slikt utgangspunkt kan språkbruken undersøkast i lys av ein kontekst som er nokolunde lik for alle bedriftene i utvalet.

Forskingsperspektivet for undersøkingane er grunna i ein tanke om at språket, på den eine sida, er kvantifiserbart, slik at det er meiningsfullt å måle bruken av det eine opp mot bruken av det andre. På den andre sida er språket meiningslaust utan sin sosiale samanheng eller språklege kontekst. Dette perspektivet kjem også til uttrykk i problemstillinga for prosjektet, som spør etter både kvantitativ og kvalitativ kunnskap om bruken av skriftspråket. Både delundersøkingane og diskursanalysen som prosjektet har bestått av, har kvar for seg bidrege med kunnskap som kan stå åleine. Fordi det teoretiske og metodiske hovudperspektivet for prosjektet har vore diskursanalytisk, har likevel både

kulturundersøkingane i kapittel 2 og dei kvantitative og kvalitative delundersøkingane i kapittel 5.1–5.3 bidrege med viktig datamateriale for den meir heilskaplege diskursanalysen. Metodetriangu-leringa har på denne måten farga alle delundersøkingane i den same holistiske grunnfargen.

Om forskingsprosjektet har lukkast i arbeidet med å oppfylle kunnskapsynskja, er avhengig av i kor stor grad prosjektet har bidrege til å svare på forskingsspørsmåla, slik dei er formulerte i problemstillinga. Forskingsspørsmål 1 er formulert slik: I kva omfang vert nynorsk nytta som bedriftsspråk i den maritime klynga på Sunnmøre – samanlikna med bokmål og engelsk?

Delundersøking 1 gir dei mest objektive svara på dette første spørsmålet. Denne undersøkinga viser at dei færraste vel nynorsk, fleire vel engelsk og dei fleste vel bokmål som hovudspråk på bedriftene sine viktigaste og mest tilgjengelege vindauge mot publikum, nemleg bedriftsnettsidene. Nynorsk er det minst brukte av dei norske skriftspråka på alle dei skriftlege flatene som vert undersøkte. Eitt unnatak er den sosiale mediekanalen Facebook, der nynorsk er det språket som er mest brukt. Delundersøking 2 viser at sjølv om undersøkinga av den synlege språkpraksisen gir det mest *objektive* biletet, så gir ho ikkje det *fullstendige* biletet. Den rapporterte språkpraksisen gir eit mykje meir variert inntrykk av språkbruken i bedriftene, enn det som kan observerast utanfrå. Dei aller fleste rapporterer at nynorsk er i bruk i bedrifta i dag. Dei aller fleste rapporterer også å bruke både nynorsk, bokmål og engelsk.

Om dette kan reknast som lite eller mykje bruk av nynorsk i høve til bruken av bokmål og engelsk er avhengig av kor mykje ein ventar – eller håpar – å finne, og dette kan det difor vanskeleg takast stilling til her. Sidan det ikkje er gjort tilsvarande undersøkingar før, kan ein heller ikkje seie om dette er meir eller mindre enn *før*. Både delundersøking 1 og 2 kan derimot begge repeterast, og dei kan difor representere eit utgangspunkt for seinare målingar av eventuell framgang eller tilbakegang for nynorsken, bokmålet og engelsken i denne delen av næringslivet.

Det andre forskingsspørsmålet er formulert slik: Korleis forklarar språkbrukarane sin eigen nynorskpraksis, og kva meining legg og finn dei sjølve i denne praksisen?

Både den anonyme spørjeskjemaundersøkinga og dei tre fenomenologiske livsverdsintervjua bidreg til å svare på spørsmål 2. Språkpraksisen vert forklart som eit resultat av individuelle språkval, både på bedrifts- og individnivå. For bedriftene er det faktorar nær språkbrukarane sjølve som påverkar språkvalet. På individnivå vert den daglege språkbruken forklart i samanheng med det ein kan kalle

individuelle *språklivsløp*. Språkleg sjølvtillit, interesse og tøffheit er faktorar som vert forklart som avgjerande for valet om å halde på eller kome attende til nynorsken i løpet av skuletida, utdanningstida og yrkeslivet. Nynorsken vert skildra som eit språk som er godt eigna for kommunikasjonsstrukturen og -stilen i klynga. Inntrykket frå intervjusamtalane er også at brukarane finn det meiningsfullt å bruke nynorsk som bedriftsspråk. På den eine sida er det meiningsfullt å kunne bruke sitt *eige* språk. Samtidig gir det meining å vise, for både lokalsamfunnet, medarbeidarane og seg sjølve, at det lokale språket er *godt nok* – og sidan språket vert knytt så nært opp mot identitet, ligg det også i dette at *vi* er gode nok. På den andre sida vert det lagt ei identitets*byggjande* meining i den nynorske språkpraksisen, nært knytt til den lokale sunnmørske identiteten, slik han er vist gjennom studiet av mytar i kapittel 2.3. I denne meininga ligg det at språkbrukarane – til liks med mottakarane – koplar nynorsken til dei positive sunnmørske kvalitetane som til dømes flid, jamstelling og skaparkraft.

Det siste forskingsspørsmålet er formulert slik: Korleis kan ein forstå nynorsk språkpraksis i lys av den sosiale og kulturelle konteksten han går føre seg i?

Det diskursanalytiske perspektivet for dette masterprosjektet er valt nettopp med tanke på dette tredje forskingsspørsmålet. I kapittel 2 vert difor nynorskkulturen, sunnmørskulturen og klyngekulturen studert som viktige kontekstar for den språklege praksisen i bedriftene. Dette er kontekstar som er rekna som sentrale for språkbrukaren sine representasjonar av verkelegheita, tankemønster og kunnskapar. I kapittel 5 vert språkpraksisen deretter kvantifisert og sidan undersøkt i intervjusamtalar, ut frå ein tanke om at diskursar vert genererte og realiserte i kommunikativ handling. Diskursen om språkpraksis i næringslivet vert deretter undersøkt gjennom ei modellering av nynorskdiskursen. Det undersøkingane viser, er at diskursen om nynorsk i næringslivet er inneleira i fleire andre diskursar. Både sunnmørsdiskursen og klyngediskursen består av fleire sentrale representasjonar som dei deler med nynorskdiskursen – som betydninga av kultur, regionalitet, identitet, lokal tilknyting og lokal næringshistorie. Intervjusamtalane tydar på at nynorskbrukarane i næringsklynga nettopp nyttar desse diskursane for å hente energi til si oppleving av nynorsk som eit godt klyngespråk.

Temaet for dette masterprosjektet har vore nynorsk språkpraksis i næringslivet. Under alle dei tre forskingsspørsmåla har det heile tida lege på lur eit *kvifor?*. *Kvifor skriv ein nynorsk i næringslivet?* Etter å ha studert korleis nynorskpraksisen går føre seg i samspelet mellom fleire overlappande og

samanvovne diskursar, dukkar det opp eit spørsmål som kan verke like relevant – nemleg *kvifor ikkje?*. Dette prosjektet har med vilje retta dei fleste forskingsspørsmåla mot den nynorskpraktiserande delen av næringsklynga, og å svare på *kvifor ikkje?* har difor ikkje vore ein del av forskingsoppdraget. Det undersøkingane likevel viser, er at klyngediskursen teier om skriftspråkspørsmålet. I klyngetekstar er det fråverande, og heller ikkje representantar for nynorskbedriftene ytrar seg i særleg grad om bedriftsspråket, korkje nynorsk eller bokmål, i klyngesamanheng. Bokmålet verkar i staden å verte reprodusert som det dominerande klyngespråket gjennom konfliktlaus praksis og ein nonverbal konsensus i klynga.

Om prosjektet likevel skulle kunne utvidast eller vidareførast, kunne det vore interessant å undersøke korleis bokmålsbrukarane i den maritime næringsklynga på Sunnmøre forklarar sin eigen språkpraksis, og kva meining dei sjølve legg og finn i denne praksisen. Likeins kunne det vore interessant å undersøke bokmålspraksisen i lys av den sosiale og kulturelle konteksten han går føre seg i.

# 7 Figurar


Figur 2-1: Klynga og nynorsk-, næringslivs- og sunnmørskulturen 20

Figur 3-1: Diamantmodellen (Reve, 2009) 43

Figur 5-1: Delundersøking 1: Dataliste 54

Figur 5-2: Delundersøking 1: Bedriftsspråk 56

Figur 5-3: Delundersøking 1: Andre tilgjengelege språk enn hovudspråket på bedriftsnettsider 57

Figur 5-4: Delundersøking 1: Nærvær i sosiale medium. Nynorsk-, bokmåls- og engelskbedrifter. 57

Figur 5-5: Delundersøking 1: Bruk av nynorsk, bokmål og engelsk i seks ulike sosiale medium 58

Figur 5-6: Delundersøking 1: Språk i utlysingstekstar i 59

Figur 5-7: Delundersøking 1: Språk i årsrapportar (Brønnøysundregistrene) 60

Figur 5-8: Delundersøking 1: Språk i årsrapportar (eigne) 60

Figur 5-9: Delundersøking 1: Observert språkpraksis – uansett flate. 61

Figur 5-10: Delundersøking 2: Rapportert språkpraksis: bedriftsspråk i bruk 63

Figur 5-11: Delundersøking 2: Rapportert språkpraksis: Skriftspråk i bruk på ulike område 64

Figur 5-12: Delundersøking 2: Rapportert språkpraksis: Skriftspråk i bruk i aksjonæravtalar, vedtekter o.l. 64

Figur 5-13: Delundersøking 2: Språkvedtak 65

Figur 5-14: Delundersøking 2: Årstal for språkvedtak 65

Figur 5-15: Delundersøking 2: Kven som fatta språkvedtaket 65

Figur 5-16: Delundersøking 2: Særreglar 66

Figur 5-17: Delundersøking 2: Ulike særreglar 66

Figur 5-18: Kor ofte er skriftspråk eit tema? 68

Figur 5-19: Reaksjonar på nynorskbruken 69

Figur 5-20: Rapportert språkbruk – uansett område 71

Figur 5-21: Språklivsløp. Skifte til nynorsk i vidaregåande skule og høgare utdanning. **Error! Bookmark not defined.**

Figur 5-22: Språklivsløp. Skifte til bokmål under høgare utdanning med tilbakeskifte og delvis tilbakeskifte i arbeidslivet. 91

# 8 Referanseliste for føreordet

Aasen, I. (1989). *Norske ordsprog* (3. utg., nytt oppl. ed.). Voss: Vestanbok forl.

Garborg, A., & Midttun, O. (1952). *Haugtussa* (15. opplaget ved Olav Midttun. ed.). Oslo: Aschehoug.

Sande, J. (1956). Bygda søv. I *Dikt i samling*. Oslo: Gyldendal.

Sivle, P., Vesaas, H., & Johnson, A. (1963). *Berre ein hund : Og andre soger* (Ny utg. ved Halldis Moren Vesaas ; omslag og illustrasjonar av Arne Johnson. ed.). Oslo: Samlaget.

Uppdal, K. (1915). Kven er det som tralar (Solsongen til Gølløg) I *Snø-rim*. Kristiania: Aschehoug.

Vesaas, H. (1966). *Ord over grind : Dikt*. Stabekk: Den norske bokklubben.

Vormeland, S. (1975). *Med a og b til Alababa* (Nynorsk[utg.], 2. utg. ed.). Oslo: Samlaget.

# 9 Referansar


Aasen, I. (1836). Om vort Skriftsprog. Henta 17. april 2016 frå http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprak/historiske_tekstar/1801-1850/1836+Om+vort+Skriftsprog.b7C_wJnW5O.ips

Aasen, I. (1841). Selvbiografi. Henta 29. okt 2015 frå http://www.aasentunet.no/iaa/no/ivar_aasen/biografi/sjolvbiografi/

Aasen, I. (1868). Nordmannen. Henta 29. oktober frå http://www.aasentunet.no/iaa/no/ivar_aasen/nordmannen_-_temaside/Ivar+Aasens+ulike+versjonar.d25-SwljU1K.ips

Aasen, I. (1960). Brev og dagbøker : B. 3 : Dagbøker 1830-1896. Henta 17. april 2016 frå http://www.aasentunet.no/iaa/no/ivar_aasen/brev_og_dagboker/dagboker_1830-1896/1836-40/1840+januar-mars.b7C_xlnS3j.ips

Apelseth, A. (1996). *Mellom tradisjon og innovasjon : utgangspunkta for Ivar Aasens tidlege målstrev* Vol. h. nr 2. I. Aasen (Red.)

Berge, K. L., Melve, L., Rüppel, I., Jordheim, H., Vagle, W., Høyer, S., . . . Skjelbred, D. (2002). *Teksthistorie : tekstvitenskapelige bidrag* Sakprosa (online), Vol. nr 6. K. L. Berge (Red.)

Borg, E. (2003). Discourse Community. *ELT Journal, 57*(4), 398-400.

*Breaking Waves* (Operations Report 2015). (2015). Henta frå Ålesund:

Bruaset, O. (1999). *Sunnmøre og sunnmøringen*. Oslo: Samlaget.

Brønnøysundregistrene. (2016). Regnskaps- og innsendingspliktige enheter. Henta 20. april 2016 frå https://www.brreg.no/bedrift/innsending-av-arsregnskap/regnskapspliktige-enheter/

Bukve, O., Løseth, A., & Gammelsæter, H. (2004). *Nord-Vestlandet - liv laga?* Ålesund: Sunnmørsposten forl.

Bull, T. (1996). Aasen, språk og identitet. *Språknytt,* (1/1996). Henta 17. april 2016 frå http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_1996/Spraaknytt_1996_1/aasen-sprak-og-identitet/

Caprona, Y. C. d. (2013). *Norsk etymologisk ordbok : tematisk ordnet*. Oslo: Kagge.

De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2016). Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi. Henta 01. mai 2016 frå https://www.etikkom.no/forskningsetiske-retningslinjer/Samfunnsvitenskap-jus-og-humaniora/

Duranti, A., & Goodwin, C. (1992). *Rethinking Context: Language as an Interactive Phenomenon*. Cambridge: Cambridge University Press.

Eriksen, T. H. (2002). Innledning til Claude Lévi-Strauss: Den ville tanke. In E. Ringen (Red.), *Lévi-Strauss, Claude. La pensée sauvage*. Oslo: Spartacus.

Fairclough, N. (2003). *Analysing discourse : textual analysis for social research*. London: Routledge.

Forskrift om målvedtak. (2013). *Forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*. Henta 16. april 2016 frå https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-04-01-378.

Foucault, M. (1999). *Seksualitetens historie : 1 : Viljen til viten*. Oslo: EXIL.

Målform i Møre og Romsdal fylkeskommune. Behandling i Fylkestinget 11.04.2016., (2016).

Gammelgaard, K., Mejdell, G., & Svarverud, R. (Red.). (2004). *Standardspråk underveis*. Oslo: Unipub forlag.

GCE Blue Maritime Cluster. (2015). Breaking Waves. Ålesund.

Geelmuyden, H. (2013). R.I.P. Henta 19. september 2015 frå http://gknordic.com/no/nytt/ukesbrev/r-i-p/

Goody, J., & Watt, I. (1963). The Consequences of Literacy. *Comparative Studies in Society and History, 5*(3), 304-345. doi:10.1017/S0010417500001730

Grepstad, J. (2012). Samnorsk. Henta 05. oktober 2015 frå http://www.allkunne.no/framside/sprak/norsk-sprak/omgrep/samnorsk/67/4477/

Grepstad, O. (2006). *Viljen til språk : ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo: Samlaget.

Grepstad, O. (2010). *Språkfakta 2010*  Henta 22. september 2015 frå http://www.aasentunet.no/filestore/Ivar_Aasen-tunet/Sprk/Sprkfakta_pdf/Sprakfakta2010tekstar.pdf

Grepstad, O. (2013). *Historia om Ivar Aasen*. Oslo: Samlaget.

Grepstad, O. (2014). Ivar Aasen.   Henta 5. oktober 2015 frå http://www.aasentunet.no/iaa/no/ivar_aasen/

Grepstad, O. (2015). Språkfakta. Oslo: Nynorsk kultursentrum

Grundloven. (1814). *Kongeriget Norges Grundlov : given i Rigsforsamlingen paa Eidsvold den 17de Mai 1814 og nu, i Anledning Norges og Sveriges Rigers Forening, nærmerebestemt i Norges overordentlige Storthing i Christiania den 4de November 1814*. Christiania: s.n. Henta 5. oktober 2015 frå https://lovdata.no/dokument/HIST/lov/1814-05-17-18141104.

Haga, Å. (1987). Den språkfilosofiske vendinga. *Norsk Filosofisk Tidsskrift*(1-2), 29-48.

Halse, P. (2011). *Gudsord og folkespråk : då nynorsk vart kyrkjemål* (Vol. nr. 16). Trondheim: Tapir akademisk forl.

Hitching, T. R., Nilsen, A. B., & Veum, A. (2011). *Diskursanalyse i praksis : metode og analyse*. Kristiansand: Høyskoleforl.

Holstad, B. H. (2012). *Språk i et globalisert næringsliv – Bruk av norsk og engelsk i maritim industrisektor.* (Mastergradsoppgåve), Oslo.

Hovik, H. (2016, 2016, 15. mars). Full enighet om Ålesund. *Sunnmørsposten*. Henta frå http://www.smp.no/nyheter/2016/03/15/Full-enighet-om-%C3%85lesund-12283593.ece

Høgstavoll, O.-O. K. (2014, 16. november). Kleven tildelt Nynorsk næringslivspris. *Vikebladet*. Henta frå http://www.vikebladet.no/naeringsliv/article10353788.ece

Høidal, E. Ø. (2014). *Gull av gråstein : næringsliv på Sunnmøre gjennom 250 år*. Førde: Selja Forlag.

Jakobsen, E., Iversen, L., Jordell, H., & Røtnes, R. (2012). *Hovedrapport. Samhandling i og mellom klynger – evaluering av seks NCE-prosjekter* Henta 11. oktober 2015 frå http://menon.no/upload/2013/02/13/evaluering-av-seks-nce-prosjekter-hovedrapport.pdf

Johannessen, A., Tufte, P. A., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg. ed.). Oslo: Abstrakt.

Klausen, A. M. (1992). *Kultur : mønster og kaos*. Oslo: Ad notam Gyldendal.

Krugman, P. (1990). Increasing returns and economic georgraphy. *NBER Working paper series*. Henta 15. april 2016 frå http://www.nber.org/papers/w3275.pdf

Kulturdepartementet. (2014). Språkpolitikken. Henta 11. oktober 2015 frå https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/sprak-og-litteratur/innsiktsartikler/Sprakpolitikken/id762492/

Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Lid, L. S. (2013, 24. september). Vel bokmål i nynorskland. *Bygdanytt.* Henta 11. oktober 2015 frå http://www.bygdanytt.no/nytt/Vel-bokmal-i-nynorskland-86852.html

Ljosland, R. (2008). *Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap : om engelsk som akademisk språk i Norge : et kasusstudium i bred kontekst.* (2008:208), Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Det historisk-filosofiske fakultet, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Trondheim.

Lundeby, E. (1995). Knud Knudsen – riksmålets fader, bokmålets bestefar. *Språknytt,* (4/1995). Henta frå http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_1995/Spraaknytt-1995-4/Knud-Knudsen/

Løseth, A. (1996). *Likskap og lagdeling : 1920-1972*

MAFOSS. (2016). MAFOSS.   Henta  16. april 2016 frå http://www.mafoss.no/

*Maritim verdiskapingsbok 2012*. (2013).  Henta 01. mai 2016 frå http://www.menon.no/wp-content/uploads/26final_maritimtforum_verdiskapingsrapport2012_lavopplost.pdf

Maritimt Forum Nordvest. (2015). Hvorfor bli medlem?   Henta 16. april 2016 frå http://maritimt-forum.no/nordvest/om-oss/hvorfor-bli-medlem/

Marshall, A. (1920). *Principles of Economics*  Henta 16. april 2016 frå http://www.econlib.org/library/Marshall/marP24.html

Meld. St. nr. 35 (2007-2008). (2008). *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*.  Henta 01. mai 2016 frå https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?ch=1&q=.

Melve, L. (2001). *Med ordet som våpen : tale og skrift i vestleg historie*. Oslo: Samlaget.

Mening – i språkvitenskap. (2012). *Store norske leksikon*  Henta 01. mai 2016 frå https://snl.no/mening%2Fi_spr%C3%A5kvitenskap

Myren, T. (2015). *Bit for bit båt for båt.* Ulsteinvik: Kleven Maritime AS.

Neumann, I. B. (2010). *Mening, materialitet, makt : En innføring i diskursanalyse*. Bergen: Fagbokforl.

NHO og Språkrådet. (2009). Språkvett for næringslivet: NHO og Språkrådet.

Nordal, H. (2015, 2015, 14. august). 100.000 fleire nynosrkbrukarar. *Sunnmørsposten, smp.no*. Henta frå http://www.smp.no/nyheter/article11422426.ece

Noregs Mållag. (2014). Arbeidsprogram for Noregs Mållag 2014-2018. Henta 16. april 2016 frå http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10222,10225&id=3820

Noregs Mållag. (2015). Seks grunnar til å veje nynorsk i næringslivet. Henta 16. april 2016 frå http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10293,10390

Noregs Mållag. (2016a). Bli med i Noregs Mållag! Henta 16. april 2016 frå http://www.nm.no/innmelding.cfm?path=10536

Noregs Mållag. (2016b). IT og nynorsken. Henta 16. april 2016 frå http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10331

Noregs Mållag. (2016c). Mediepolitikk og nynorsken. Henta 16. april 2016 frå http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10332

Noregs Mållag. (2016d). Nynorsk i skulen. Henta 16. april 2016 frå http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10280

Noregs Mållag. (2016e). Offentleg målbruk. Henta 16. april 2016 frå http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10353

Noregs Mållag. (2016f). Val av kyrkjemål. Henta 16. april 2016frå http://www.nm.no/tekst.cfm?path=10198,10465

Nybø, B. N. (2016). Norsk på klar førsteplass. *Språknytt,* (1/2016). Henta 27. april 2016 frå http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/spraknytt-12016/norsk-pa-klar-forsteplass/

Nyttårskonferansen 2014 – Gunvor Ulstein. (2014). Henta frå https://www.youtube.com/watch?v=yMMYONCWxDE

Personvernombudet. (2016). Personvernombudet for forskning. Henta 27. april 2016 frå http://www.nsd.uib.no/personvern/

Platon. (1981). *Faidros : (Elskoven og sjelen) ; Ion*. Oslo: Aschehoug I samarbeid med Fondet for Thorleif Dahls kulturbibliotek og Det norske akademi for sprog og litteratur.

Porter, M. E. (1998). Clusters and the New Economics of Competition. *Harvard Business Review,* (November/December). Henta 15. april 2016 frå https://hbr.org/1998/11/clusters-and-the-new-economics-of-competition

Regnskapsloven. (2015). *Lov om årsregnskap m.v. (regnskapsloven).* Henta 15. april 2016 frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-56.

Reve, T. (2006). *Innovasjonssystemer, næringsklynger og verdiskaping*. Henta 15. april 2016 frå http://www.kunnskapsdugnad.no/ikbViewer/Content/745838/3.1%20Innovasjonssystemer_Reve.pdf

Reve, T. (2007). *15 år med klyngestudier : hva har vi lært?* Bergen: Fagbokforlaget.

Reve, T. (2009). Fra næringsklynger til kunnskapsnav. *Praktisk økonomi & finans*.

Reve, T., & Sasson, A. (2012). *Et kunnskapsbasert Norge*. Oslo: Universitetsforl.

Sandøy, H., Akselberg, G., Røyneland, U., & Mæhlum, B. (2008). *Språkmøte : innføring i sosiolingvistikk* (2. utg. ). Oslo: Cappelen akademisk forl.

Schackt, J. (2014). Kultur. *Store norske leksikon.* Henta 16. april 2016 frå https://snl.no/kultur

Simonsen, D. F. (2009). Meningsmålinger om engelsk. *Språknytt, 2/2009*. Henta frå http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2009/Spraaknytt-22009/Meningsmalinger-om-engelsk/

Simonsen, D. F. (2011). Motviljen mot engelsk i reklame og markedsføring øker kraftig. *Språknytt, 1/2011*. Henta frå http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2011/Spraknytt-12011/Motviljen-mot-engelsk-i-reklame-og-markedsforing-oker-kraftig/

Skjervheim, H. (1996). *Deltakar og tilskodar og andre essays*

Snyder, K., & Hilal, P. (2015). The Changing Face of B2B Marketing. Henta 18. april 2016 frå https://www.thinkwithgoogle.com/articles/the-changing-face-b2b-marketing.html

Språkrådet. (2005). *Norsk i hundre! : Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder : Et forslag til strategi.* Henta frå http://www.sprakradet.no/localfiles/9832/norsk_i_hundre.pdf

Språkrådet. (2012). *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*. Henta frå http://www.sprakradet.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf

Språkrådet. (2015). Tildelte stipend. Henta frå http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Stipend/utdelte-stipend/

Språkrådet. (2016). *Bruk av engelsk i industri og bygge- og anleggsvirksomhet* Henta 27. april 2016 frå http://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/rapporter-og-undersokelser/undersokelse-av-engelsk_industri-bygg-og-anlegg.pdf

Statistisk sentralbyrå. (2016, 2016, 14. april). Norsk mediebarometer 2015. Henta 14. april 2016 frå http://ssb.no/medie

Svennevig, J. (2001). *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse.* Oslo: Landslaget for Norskundervisning, Cappelen Akademisk Forlag.

Thorsnæs, G. (2015). Sunnmøre *Store Norske Leksikon*.

Torp, A., & Vikør, L. (2003). *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (3. utg. ). Oslo: Gyldendal akademisk.

van Dijk, T. A. (2001). Critical Discourse Analysis. In D. Tannen, D. Schiffrin, & H. r. Hamilton (Red.), Handbook of Discourse Analysis. (pp. 352-371). Oxford: Blackwell. Henta 01. mai 2016 frå http://www.discourses.org/OldArticles/Critical%20discourse%20analysis.pdf.

Vatne, B. (2014, 15. mars). Næringslivet brukar meir nynorsk. *Sunnmørsposten.* Henta 19. september 2015 frå http://www.smp.no/nyheter/article9331085.ece

Venås, K. (2014, 2014, 22. oktober). Dialekter på Sunnmøre. *Store norske leksikon.* Henta 16. april 2016 frå https://snl.no/dialekter_p%25C3%25A5_Sunnm%25C3%25B8re#menuitem0

Vikør, L. S. (2007). *Språkplanlegging : prinsipp og praksis* (3. utg.). Oslo: Novus.

Walton, S. J. (1999). Litt laust, mest fast. *Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet (trykt utg.), nr 7*.

Wittgenstein, L. (1997). *Filosofiske undersøkelser*. Oslo: Pax Forlag AS.

Østbye, H., Helland, K., Knapskog, K., & Larsen, L. O. (2007). *Metodebok for medievitenskap* (3. utg.). Bergen: Fagbokforl.

# 10 Vedlegg

Vedlegg 1: Dataoversikt for delundersøking 1

Vedlegg 2: Spørjeskjema for delundersøking 2

Vedlegg 3: Invitasjon til deltaking i delundersøking 2

Vedlegg 4: Meldeskjema for delundersøking 3

Vedlegg 5: Svar frå NSD

Vedlegg 6: Infoskriv og temaliste for delundersøking 3

Vedlegg 7: Intervjuguide for delundersøking 3

Vedlegg 8: Transkripsjonar for delundersøking 3

**Masterundersøking om bedriftsspråk**

MASTERUNDERSØKING OM BEDRIFTSSPRÅK

Undersøkinga gjeld **noverande språpraksis** i bedrifta, der ikkje anna er sagt.

Spørsmåla gjeld **skriftleg** framstilling – på papir eller digitalt.

**Bedriftsspråk** tyder i denne undersøkinga det skriftspråket eller dei skriftspråka bedrifta brukar i intern saksutgreiing, digitale medium, marknadsføring, utlysingar, styredokument, årsmelding m.m.
Identiteten din vil vere skjult.
Les om skjult identitet. (I eit sprettoppvindauge)

---

OM SPRÅKPRAKSISEN I BEDRIFTA I DAG

*Bedriftsspråk tyder her det skriftspråket eller dei skriftspråka bedrifta brukar i intern saksutgreiing, digitale medium, marknadsføring, utlysingar, styredokument, årsmelding m.m.*

**1) * Kva for bedriftsspråk (eitt eller fleire) vert brukt i dykkar bedrift i dag?**

☐ Nynorsk ☐ Dialekt ☐ Bokmål ☐ Engelsk ☐ Andre språk

SKRIFTSPRÅK PÅ ULIKE OMRÅDE I BEDRIFTA

**2) * Kva skriftspråk (eitt eller fleire) brukar dei tilsette på følgjande område:**

| | Nynorsk | Dialekt | Bokmål | Engelsk | Veit ikkje | Andre språk | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Interne dokument | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | |
| Digitale medium | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | |
| Marknadsføring | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | |
| Utlysingar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | |
| Styredokument | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | |
| Årsmelding | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | |

**3) * Kva skriftspråk nyttar bedrifta i aksjonæravtale, vedtekter og andre liknande dokument?**

☐ Nynorsk ☐ Bokmål ☐ Engelsk ☐ Andre språk

☐ Veit ikkje

SPRÅKVEDTAK

# Masterundersøking om bedriftsspråk

waaganmo@stud.hivolda.no

on 2016-04-20 21:39

Til:waaganmo@stud.hivolda.no <waaganmo@stud.hivolda.no>;

MASTERUNDERSØKING OM BEDRIFTSSPRÅK

Vi håpar du tek deg tid til å svare på denne korte spørjeundersøkinga. Svara dine vil vere eit viktig bidrag til auka kunnskap om språkpraksisen i norsk næringsliv.

Det tek ca. 5–10 minutt å svare.

**Klikk her for å delta**

SVARFRIST 28. AUGUST 2015

---

INFORMASJON OM UNDERSØKINGA

Denne spørjeundersøkinga er del av eit masterprosjekt som tek føre seg bruken av ulike skriftspråk i eit utval norske bedrifter. Målet med prosjektet er å bidra til auka kunnskap om språkpraksisen i norsk næringsliv.

Undersøkinga vert gjennomført av mastergradstudent Monika Haanes Waagan (Høgskulen i Volda) i samarbeid med Nynorsk kultursentrum.

OFFENTLEGGJERING AV RESULTAT

Resultata frå undersøkinga vert offentleggjorde i Språkfakta 2015 og i mastergradsavhandlinga til Waagan.

ANONYMITET

Det vert nytta ei anonym løysing for denne undersøkinga. Ingen opplysningar frå svara i denne undersøkinga kan såleis koplast til namngitte

bedrifter eller enkeltpersonar.

KVEN SKAL SVARE?

Vi ynskjer at dagleg leiar eller ein person med delegert mynde frå dagleg leiar svarar.

*Dersom bedrifta har fleire avdelingar, ber vi om at svaret kjem frå den lokale leiinga i Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda eller Ørsta.*

GJELD SKRIFTSPRÅK

Spørsmåla i undersøkinga gjeld berre skriftleg framstilling – på papir eller digitalt.

BEDRIFTSSPRÅK

Bedriftsspråk tyder i denne undersøkinga det skriftpråket eller dei skriftspråka bedrifta brukar i intern saksutgreiing, digitale medium, marknadsføring, utlysingar, styredokument, årsmelding m.m.

Takk for at du tek deg tid til å svare!

Klikk her for å delta

SVARFRIST 28. AUGUST 2015

[%%OPTOUTLINK%%]Lenke for å melde deg ut av undersøkinga.

Denne løysinga er levert av www.Questback.com - Questback Essentials

**4) * Har bedrifta gjort noko formelt vedtak om bedriftsspråk?**

Ja Nei Veit ikkje

## Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If "Har bedrifta gjort noko formelt vedtak om bedriftsspråk?" *equals* "Ja"
- )

**5) Når vart det formelle vedtaket om bedriftsspråk gjort?**

Årstal:

## Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If "Har bedrifta gjort noko formelt vedtak om bedriftsspråk?" *equals* "Ja"
- )

**6) * Kven fatta det formelle vedtaket om bedriftsspråk?**

Generalforsamlinga Styret Dagleg leiar Andre Veit ikkje

## Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If "Har bedrifta gjort noko formelt vedtak om bedriftsspråk?" *equals* "Ja"
- )

EVENTUELLE SÆRREGLAR

**7) * Er det innført særreglar for bruk av bedriftsspråk for ein eller fleire deler av verksemda?**

Ja Nei Veit ikkje

## Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
  - If "Er det innført særreglar for bruk av bedriftsspråk for ein eller fleire deler av verksemda?" *equals* "Ja"
- )

**8) * Kva særeglar for bruk av bedriftsspråk er i tilfelle innført for ein eller fleire deler av verksemda?**

ULIKE SPRÅKLEGE PÅVERKNADER

**9) * I kor stor eller liten grad vert den daglege språkbruken påverka av faktorane som er nemnde nedanfor?**

| | I svært stor grad | I ganske stor grad | Korkje stor el. liten grad (nøytralt) | I ganske liten grad | I svært liten grad | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Uformelle signal frå eigarane | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Uformelle signal frå leiinga | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Sedvane – at det berre har blitt slik | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Eigarane sitt eige skriftspråk | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Leiinga sitt eige skriftspråk | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Medarbeidaren sitt eige skriftspråk | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Lokal identitet eller lokalt skriftspråk | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Administrasjonsspråk i kommunen | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Språket til leverandørar eller tenesteytarar | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Språket til konkurrentane eller andre bedrifter | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |
| Språket til kundane | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ | ○ |

DISKUSJONAR OM BEDRIFTSSPRÅKET

**10) * Har det dei siste fem åra vore interne diskusjonar om bedriftsspråket i bedrifta?**

- ○ Ja
- ○ Nei
- ○ Veit ikkje

## Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
    - If "Har det dei siste fem åra vore interne diskusjonar om bedriftsspråket i bedrifta?" *equals* "Ja"
- )

**11) * Kva var følgjene eller resultatet av diskusjonen om bedriftsspråk?**

SKRIFTSPRÅK SOM TEMA I DET DAGLEGE

**12) * Kor ofte eller sjeldan er skriftspråk eit tema i bedrifta, t.d. i form av spørsmål, kommentarar eller meiningsytringar?**

- Svært ofte
- Ganske ofte
- Korkje ofte eller sjeldan (nøytralt)
- Ganske sjeldan
- Svært sjeldan eller aldri
- Veit ikkje

## Denne informasjonen blir berre vist i førehandsvisinga.

Dei fylgjande kriteria må vere oppfylte for at respondenten skal få spørsmålet:

- (
    - If "Kva skriftspråk nyttar bedrifta i aksjonæravtale, vedtekter og andre liknande dokument?" *equals* "Nynorsk"
- )

EVENTUELLE REAKSJONAR PÅ BRUK AV NYNORSK

**13) * Kva positive eller negative reaksjonar har bedrifta fått frå ulike hald, på bruken av nynorsk som bedriftsspråk?**

| | Berre positive reaksjonar | Mest positive reaksjonar | Både positive og negative reaksjonar | Mest negative reaksjonar | Berre negative reaksjonar | Ingen positive eller negative reaksjonar | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Frå eige fagmiljø | | | | | | | |
| Frå kundar | | | | | | | |
| Frå konkurrentar eller andre bedrifter | | | | | | | |
| Frå leverandørar eller tenesteytarar | | | | | | | |
| Frå lokalsamfunnet | | | | | | | |
| Frå kommunen | | | | | | | |

**14) Plass for eventuelle kommentarar eller utdjupingar**

© Copyright www.questback.com. All Rights Reserved.

# Masterundersøking om bedriftsspråk

waaganmo@stud.hivolda.no

on 2016-04-20 21:39

Til:waaganmo@stud.hivolda.no <waaganmo@stud.hivolda.no>;

MASTERUNDERSØKING OM BEDRIFTSSPRÅK

Vi håpar du tek deg tid til å svare på denne korte spørjeundersøkinga. Svara dine vil vere eit viktig bidrag til auka kunnskap om språkpraksisen i norsk næringsliv.

Det tek ca. 5–10 minutt å svare.

**Klikk her for å delta**

SVARFRIST 28. AUGUST 2015

---

INFORMASJON OM UNDERSØKINGA

Denne spørjeundersøkinga er del av eit masterprosjekt som tek føre seg bruken av ulike skriftspråk i eit utval norske bedrifter. Målet med prosjektet er å bidra til auka kunnskap om språkpraksisen i norsk næringsliv.

Undersøkinga vert gjennomført av mastergradstudent Monika Haanes Waagan (Høgskulen i Volda) i samarbeid med Nynorsk kultursentrum.

OFFENTLEGGJERING AV RESULTAT

Resultata frå undersøkinga vert offentleggjorde i Språkfakta 2015 og i mastergradsavhandlinga til Waagan.

ANONYMITET

Det vert nytta ei anonym løysing for denne undersøkinga. Ingen opplysningar frå svara i denne undersøkinga kan såleis koplast til namngitte

# MELDESKJEMA

Meldeskjema (versjon 1.4) for forsknings- og studentprosjekt som medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt
(jf. personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter).

## 1. Intro

| | | |
|---|---|---|
| Samles det inn direkte personidentifiserende opplysninger? | Ja ● Nei ○ | En person vil være direkte identifiserbar via navn, personnummer, eller andre personentydige kjennetegn.<br>Les mer om hva personopplysninger.<br>NB! Selv om opplysningene skal anonymiseres i oppgave/rapport, må det krysses av dersom det skal innhentes/registreres personidentifiserende opplysninger i forbindelse med prosjektet. |
| Hvis ja, hvilke? | ■ Navn<br>□ 11-sifret fødselsnummer<br>□ Adresse<br>■ E-post<br>■ Telefonnummer<br>■ Annet | |
| Annet, spesifiser hvilke | Stilling og arbeidsplass. | |
| Skal direkte personidentifiserende opplysninger kobles til datamaterialet (koblingsnøkkel)? | Ja ○ Nei ● | Merk at meldeplikten utløses selv om du ikke får tilgang til koblingsnøkkel, slik fremgangsmåten ofte er når man benytter en databehandler |
| Samles det inn bakgrunnsopplysninger som kan identifisere enkeltpersoner (indirekte personidentifiserende opplysninger)? | Ja ● Nei ○ | En person vil være indirekte identifiserbar dersom det er mulig å identifisere vedkommende gjennom bakgrunnsopplysninger som for eksempel bostedskommune eller arbeidsplass/skole kombinert med opplysninger som alder, kjønn, yrke, diagnose, etc.<br>NB! For at stemme skal regnes som personidentifiserende, må denne bli registrert i kombinasjon med andre opplysninger, slik at personer kan gjenkjennes. |
| Hvis ja, hvilke | Namn, stilling og arbeidsplass. | |
| Skal det registreres personopplysninger (direkte/indirekte/via IP-/epost adresse, etc) ved hjelp av nettbaserte spørreskjema? | Ja ○ Nei ● | Les mer om nettbaserte spørreskjema. |
| Blir det registrert personopplysninger på digitale bilde- eller videoopptak? | Ja ○ Nei ● | Bilde/videoopptak av ansikter vil regnes som personidentifiserende. |
| Søkes det vurdering fra REK om hvorvidt prosjektet er omfattet av helseforskningsloven? | Ja ○ Nei ● | NB! Dersom REK (Regional Komité for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk) har vurdert prosjektet som helseforskning, er det ikke nødvendig å sende inn meldeskjema til personvernombudet (NB! Gjelder ikke prosjekter som skal benytte data fra pseudonyme helseregistre).<br>Dersom tilbakemelding fra REK ikke foreligger, anbefaler vi at du avventer videre utfylling til svar fra REK foreligger. |

## 2. Prosjekttittel

| | | |
|---|---|---|
| Prosjektittel | Bedriftsspråk i den maritime klynga på Nord-Vestlandet | Oppgi prosjektets tittel. NB! Dette kan ikke være «Masteroppgave» eller liknende, navnet må beskrive prosjektets innhold. |

## 3. Behandlingsansvarlig institusjon

| | | |
|---|---|---|
| Institusjon | Høgskulen i Volda | Velg den institusjonen du er tilknyttet. Alle nivå må oppgis. Ved studentprosjekt er det studentens tilknytning som er avgjørende. Dersom institusjonen ikke finnes på listen, har den ikke avtale med NSD som personvernombud. Vennligst ta kontakt med institusjonen. |
| Avdeling/Fakultet | Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning | |
| Institutt | Ivar Aasen-instituttet | |

## 4. Daglig ansvarlig (forsker, veileder, stipendiat)

**Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS**
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES

Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Øystein Edvardsen Hide
Ivar Aasen-instituttet Høgskulen i Volda
Joplassvegen 1
6101 VOLDA

Vår dato: 01.09.2015 Vår ref: 44283 / 3 / AGL Deres dato: Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 21.08.2015. Meldingen gjelder prosjektet:

| | |
|---|---|
| *44283* | *Bedriftsspråk i den maritime klynga på Nord-Vestlandet* |
| *Behandlingsansvarlig* | *Høgskulen i Volda, ved institusjonens øverste leder* |
| *Daglig ansvarlig* | *Øystein Edvardsen Hide* |
| *Student* | *Monika Haanes Waagan* |

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, http://pvo.nsd.no/prosjekt.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.01.2016, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Audun Løvlie

Kontaktperson: Audun Løvlie tlf: 55 58 23 07
Vedlegg: Prosjektvurdering

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*

Monika Haanes Waagan
Masterstudent ved
Ivar Aasen-instituttet,
Høgskulen i Volda

Masterprosjekt:
Bedriftsspråk i den maritime klynga
på Nord-Vestlandet

# Førespurnad om deltaking i forskingsprosjektet

# "Bedriftsspråk i den maritime klynga på Nord-Vestlandet"

BAKGRUNN OG FØREMÅL
Dette forskingsprosjektet er mastergradsprosjektet til Monika Haanes Waagan, student ved Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Prosjektet undersøkjer bedriftsspråk i den maritime klynga på Nord-Vestlandet. Målet med prosjektet er å bidra til auka kunnskap om språkpraksisen i norsk næringsliv.

Bedriftsspråk tyder i denne undersøkinga det skriftspråket eller dei skriftspråka bedrifta brukar i intern saksutgreiing, digitale medium, marknadsføring, utlysingar, styredokument, årsmelding m.m.

DET ER TRE DELUNDERSØKINGAR I PROSJEKTET:
1. Registrering av språkpraksisen til 39 ulike bedrifter, ved ein gjennomgang av publiserte tekstar på firmanettsider, i sosiale medium, avisutlysingar og årsmeldingar.
2. Anonym spørjeundersøking om språkpraksisen i 39 bedrifter. Denne delen vert gjennomført i samarbeid med Nynorsk kultursentrum.
3. Semistrukturert intervju i 3 enkeltbedrifter som nyttar nynorsk, anten åleine eller i kombinasjon med andre språk.

INTERVJUET
Du er invitert til å delta i del 3, som er eit intervju der temaet er språkprasksis og val av nynorsk, bokmål og/eller engelsk som bedriftspråk.

OM UTVALET
I følgje Møreforsking sine tal frå 2014 omfattar den maritime næringsklynga på Møre 13 konsulentselskap, 14 skipsverft, 20 reiarlag og 169 utstyrs- og tenesteleverandørar. Klynga held ca. 20 000 personar med arbeid, og hadde ein omsetnad på over 54 milliardar kroner.

Dette masterprosjektet er avgrensa til dei 39 bedriftene som sluttar seg til foreininga MAFOSS (Maritim foreining for Søre Sunnmøre). MAFOSS har nedslagsfeltet sitt i sju nynorskkommunar.

På bakgrunn av data frå delundersøking nr 1, vert 3 av bedriftene som nyttar nynorsk, inviterte til å vere med på eit semistrukturert intervju.

KVA INNEBER DELTAKINGA
Di bedrift er kontakta på bakgrunn av data som er innsamla frå undersøking nr 1, registrering av språkparksis på nettsider, i sosiale medium, avisutlysingar og tilgjengelege årsrapportar.

Spørsmåla kjem til å handle om språkpraksis i denne bedrifta spesielt og i den lokale næringsklynga generelt. Intervjuet tek også opp refleksjonar kring val av bedriftsspråk, med fokus på val-alternativa norsk eller engelsk og nynorsk eller bokmål. (Sjå temaliste.)

Det vert nytta digital lydopptakar og skriftlege notat under intervjuet.

KVA SKJER MED INFORMASJONEN OM DEG
Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Ved transkribering av lydopptaka i etterkant, vert person- og bedriftsopplysningar anonymiserte. Det er berre student og rettleiar som vil ha tilgang til lydmaterialet. Opptaka vert sletta etter at prosjektet er avslutta, og personopplysningar og bedriftsnamn vert ikkje lagra saman med datamaterialet.

Monika Haanes Waagan
Masterstudent ved
Ivar Aasen-instituttet,
Høgskulen i Volda

Masterprosjekt:
Bedriftsspråk i den maritime klynga
på Nord-Vestlandet

# Introduksjon

## FØR INTERVJUET STARTAR:
## OM MEG OG FØREMÅLET MED UNDERSØKINGA

(EG VIL SEIE FRÅ NÅR EG STARTAR INTERVJUET)

- Namnet mitt
- Eg er masterstudent ved Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Master i nynorsk skriftkultur.
- Masterprosjektet mitt handlar om språkpraksis i næringslivet, med fokus på forholdet mellom norsk og engelsk, men særleg nynorsk og bokmål.

INTERVJUET TEK I OVERKANT AV 1 TIME, OG ER FOR DET MESTE OPNE SPØRSMÅL OM DYKKAR SPRÅKPRAKSIS

- Eg har valt å konsentrere meg om språket i den maritime næringsklynga på Sunnmøre.
  **Den maritime klynga** er ei sjølvsagt ei **næringsklynge, definert ut frå økonomisk teori**. I dette prosjektet ser eg på klynga også som eit språksamfunn.
- Du vil nok oppleve at du får spørsmål som er nokså uvande, men eg håpar at dei vil vere interessante å reflektere over, og at også du får noko ut av intervjuet.

- Bakgrunnen for dette masterprosjektet er at vi har **for lite kunnskap om språkpraksisen i næringslivet i Noreg, og det er noko som mellom andre Språkrådet etterspør**.
  - **Både kvantitativ kunnskap og kvalitativ kunnskap**
    - Nakne tal om faktisk språkpraksis og
    - Meir kvalitativ kunnskap om språkhaldningar og relasjonane mellom språkpraksis på mikronivå og strukturar i samfunnet på makronivå.

- Undersøkingane mine hittil:
  - Delundersøking 1: Observert språkpraksisen til MAFOSS-bedriftene
  - Delundersøking 2: Rapportert språkpraksis frå MAFOSS-bedriftene (anonym spørjeundersøking)
  - ***Delundersøking 3 (denne): Intervju av utvalde bedrifter som nyttar nynorsk i større eller mindre grad.*** *Her har eg lyst til å få* ***hjelp til å reflektere over relasjonane*** *mellom språkpraksis på mikronivå og strukturar i samfunnet, på makronivå.*

- De har fått ei liste over tema og generelle spørsmål som skal gjennomgåast i løpet av intervjuet. Både rekkefølga og innhaldet kan bli justert i løpet av intervjuet.

DET VERT NYTTA DIGITAL LYDOPPTAKAR OG NOKRE SKRIFTLEGE NOTAT UNDER INTERVJUET. INFORMASJON OM KONFIDENSIALITET OG PUBLISERING.

TRANSKRIPSJON AV INTERVJU *A16*
Forklaring:
1 = Intervjuar
2 = Informant
*A* =bedrifta
*Ax* = anna lokal bedrift
*Px* = annan person

((Introduksjonen er utelaten på grunn av opplysningar som avslører identiteten til informant og firma.))

1: em= korleis vil ‘du beskrive forretningsområdet for denne bedrifta?
2: ja tenkjer du geografisk?
1: kva de driv med, kva de tener pengar på
2: ja. ja vi-- vi driv med e- bearbeiding av (råvarenamn) er det vi brukar å seie. vi lagar (produktnamn) til fiskeoppdrettarar ... i heile Noreg. hovudsakleg på … e= i vest- og sør-noreg er største kundemassen
1: mhm?
2: og så har vi-- … nitti prosent av det vi held på med er knytt mot anten marin eller maritim akt-næringar
1: mm
2: men det var ein ‘annan ting eg skulle seie … dette her med å skifte mellom bokmål og nynorsk
1: mm
2: eg merkar det no når ‘tempoet er veldig ‘høgt
1: mm
2: og vi brukar bokmålkonsulentar
1: mm
2: så ‘klarer eg ikkje å omsetje ‘alt til ‘nynorsk
1: mm
2: eg ‘rekk det ikkje. eg ‘klarer ikkje å følgje med
1: nei, så du ‘kan ikkje ‘bestille noko på ‘nynorsk frå ein ‘konsulent?
2: det har på ein måte ikkje ‘gått inn, då. eg har berre enda opp med å seie at ok, nei vi skal få omsett det ‘etterpå.
1: så då tek de eigentleg ein ‘ekstra ‘kostnad
2: ja. og ‘det er litt ‘dumt
1: det er litt dumt
2: (H) (Hx) ‘det er det
1: mm (H) men e= ‘korleis hadde det vore om ‘den konsulenten i utgangspunktet var ‘nynorskbrukar … som skulle ‘levere til ei ‘bokmålsbedrift?
2: @@ nei, ‘då hadde han skrive ‘bokmål
1: hadde det vore eit ‘spørsmål?
2: nei. det ‘hadde ikkje ‘det
1: nei.
2: det er litt sånn. der ‘er nokre ‘sånne ‘mekanismar. det handlar litt om ‘mobbing … eller ‘undertrykking, eller at det er ikkje ‘like mykje ‘verd. det er ikkje same ‘respekten.
1: ja. kva får det deg til å føle då, som bedriftsleiar som ‘skriv ‘nynorsk.
2: nei, eg føler det, at veit du, eg har ikkje ‘tid til å ta den ‘kampen ‘no, då, men eg ‘føler-- eg ‘ser ‘pengane renn då.
1: mm

2: når vi må gjere ‘dobbelt ‘arbeid. og det er ikkje ‘bra.
1: mm
2: det er litt ‘irriterande, då
1: mm
2: og ‘så ‘føler eg det at det ‘svekkjer-- svekkjer oss på ein måte. det vi har ‘prøvd å bygge opp, då.
1: mm
2: det var ‘seinast ‘no, så var det ‘ein som hadde ‘skrive ein-- ein-- vi fikk hjelp til å skrive ein ‘søknad til innovasjon norge. det er klart det, det er ikkje ‘vi som ‘skriv det, då. då er det ikkje ‘kvalitetssikra. språket
1: mm
2: innhaldet.
1: mm
2: det kan det ‘aldri bli dersom vi ‘skriv det på ‘bokmål
1: nei … nei. !hm (H) (Hx) veldig, veldig interessant. (H) ‘då er vi litt meir over på ‘framtid. no er vi ‘snart ferdige. eg skal spørje deg litt om ‘framtida, og så skal eg ‘ha ‘noko som ‘heiter femten ‘kjappe til sutt … for å runde av.
2: mm
1: eg har lyst til å lese to sitat
((HER FORKLARE INTERVJUAR KVA SOM ER KJELDENE OG LES OPP DEI TO SITATA))
2: @@@@
1: @ så der er med andre ord veldig stort sprik i ‘spådomane då. kva spår ‘du? korleis vert ‘framtida for ‘nynorsken?
2: (H) nei, ja, det ‘første som eg ‘tenkjer, at ‘akkurat dette her med ‘søkbarheit og ‘sånn, det trur eg er meir sånn ‘teknisk ‘ting. at det trur eg ein kan ordne svært lett med teknologi.
1: mm
2: så akkurat ‘det er eg ikkje så ‘bekymra for, då
1: mm
2: så det, og … ((TENKJER LENGE)) nei, berre sånn-- dette er ikkje ‘mitt ‘fagfelt, då, men er det-- ‘er det slik at når-- sånn som i ‘noreg då, at vi har ‘vekst ganske spreitt utover landet, økonomisk vekst-- økonomisk eigentleg ‘gode tider, det er jo ein ‘medviten politikk i ‘noreg, at det ‘då ‘veks også det ‘lokale e= særpreget også, på ein måte. og det kan jo-- ein av dei tinga er jo ‘språk
1: mm
2: ja. og hadde det vore ‘dårlege ‘tider med ‘nedgang og svelt i hel og-- og … om det var ‘mindre ‘rom for å … ‘at dei ‘småsamfunna blei ‘høyrde, på ein måte
1: mm
2: eg veit ikkje. det var berre ein ‘spekulasjon. eitt eller anna sånt, kanskje
1: mm. så du trur eigentleg at-- dersom det blir gode tider, så blir det gode tider for ‘nynorsken også?
2: ja.
1: gode tider i ‘distrikta?
2: ja?
1: ja?
2: men eg ‘veit ikkje det
1: mm. sånn som-- dersom du tenkjer ti år fram i tid, i dette området her, trur du det blir ‘meir nynorsk i næringslivet, ‘mindre eller omtrent som no? … og då tenkjer eg nynorsk i høve til ‘bokmål, då
2: ja … nei, det eg trur-- e= det er det at når det går ‘bra med ei bedrift, då er det noko, då kan du ‘legge vekk denne her ‘påtekne språk’drakta
1: mm. ja? tilbake til ‘spørsmålet. meir, mindre eller ‘like mykje nynorsk

2: ja ein gong til …
1: om ti år. her. i ‘denne nærings--
2: nei eg ‘trur det blir om lag ‘like mykje @@@
1: @@ kva ‘håpar du, då?
2: eg håpar at ‘folk brukar det ‘språket som dei synest er ‘mest ‘naturleg.
1: mm. ja.
2: lyttar til det som-- … ja.
1: så du har ikkje noko ‘håp om at det skal bli meir ‘nynorsk, ‘mindre nynorsk eller meir ‘samnorsk eller …
2: nei … eg ‘føler jo på ein måte at sånn som det ‘er så-- nei ‘håpet mitt er at det kanskje kan ‘skje noko innanfor ‘utdanning, då. at det kanskje kan bli litt ‘meir … ‘valalternativ for dei som skal ta ‘utdanning, at dei faktisk kan få ‘bruke ‘språket, og sleppe å bli avslipt, nei av…?
1: -spist?
2: spist.
1: mm. ja? så då var det litt over på neste spørsmål om kva som skal ‘til. og ‘der seier du eigentleg utdanningssystemet.
2: ja … ja.
1: mm. supert. ‘no er det femten ‘kjappe, ‘sant eller ‘usant
2: mm. ja, spennande.
1: spørsmål nummer ein, nei ‘påstand nummer ein. det er ‘lettare for ‘oss å kommunisere ‘skriftleg på ‘nynorsk enn ‘bokmål
2: sant.
1: nummer to. bokmål er eit meir ‘moderne ‘bruksspråk enn ‘nynorsk
2: usant.
1: nummer tre. ‘nynorsk er eit ‘betre språk enn ‘bokmål?
2: usant.
1: kvifor det?
2: nei kva sa du? bokmål er eit ‘betre språk?
1: ‘nynorsk er eit ‘betre språk enn ‘bokmål.
2: og eg har berre to alternativ?
1: nei <@ du skal få ‘lov til å forklare og reflektere @> rundt det, om det er eit ‘håplaust spørsmål
2: ja, då blir ikkje det så ‘kjapt, då
1: <@ det gjer ingenting det @> @@ det skal ikkje--
2: hæ?
1: ja, ok, då. femten halv-kjappe. du skal få ‘lov til å bruke ‘tid på dei du føler ‘behov for å bruke tid på.
2: nynorsk er eit ‘betre språk?
1: enn ‘bokmål
2: det er eit ‘betre språk for dei som det er ‘naturleg for å bruke-- dei som har naturleg-- dei som ‘det ligg nærast
1: ja? ‘då er det eit betre språk?
2: ja
1: ok. dei som nyttar ‘bokmål som ‘bedriftsspråk har ‘fordomar mot nynorsk i næringslivet.
2: !sant
1: der var du ikkje i ‘tvil?
2: nei
1: nei. … folk utanfrå er missunnelege på dialekten vår.
2: sant

1: har du døme på det?
2: ja, eg høyrer ‘veldig ‘ofte ‘det. (HERMER) nei, dere har en fantastisk dialekt
1: mm. ‘byfolk har eit ‘negativt ‘syn på ‘nynorsk.
2: ‘sant
1: er ikkje ‘det litt ‘motstridande? misunneleg på dialekten og har eit ‘negativt ‘syn på ‘nynorsk.
2: ja, det er fordi dei-- dei blir ‘tvinga til å ha ‘nynorsk på skulen, dei.
1: åja.
2: og ‘det er ‘tvang. det er ikkje-- det er ikkje eit ‘språk, det er berre ‘tvang
1: ja. (Hx) ‘bokmål ligg ‘nærare ‘talespråket vårt enn ‘nynorsk.
2: usant
1: mm. det har du snakka eigentleg om tidlegare. det er ‘lettare å finne ‘gode ‘faguttrykk på ‘nynorsk enn på ‘bokmål.
2: ((TENKJER LENGE)) e= nei der vart eg ‘usikker
1: mm.
2: fordi at veldig mykje er omsett frå engelsk til ‘bokmål
1: mhm?
2: av ‘faglitteratur
1: mhm?
2: og difor så er det ikkje ‘alt som er-- kva var det? det er lettare å finne …
1: gode faguttrykk på nynorsk enn bokmål
2: ja, eg trur det er ‘usant. på grunn av det eg seier om at ....
1: ja.
2: ja
1: mm.
2: mm.
1: så det har-- det har ‘litt med ‘utdanningssystemet å gjere, faktisk.
2: ja
1: dette også då.
2: ja. ja.
1: mm. (H) bedrifter som brukar ‘bokmål vert ‘oppfatta som ‘jålete
2: usant.
1: mm. e= ‘du, då? oppfattar ‘du bedrifter som brukar ‘bokmål som ‘jålete?
2: nei.
1: nei. men ‘du sa noko, skjønar du, at ‘du ville ikkje ‘herme
2: mm
1: etter bokmål.
2: ikkje ‘jålete
1: ‘ikkje ‘jålete?
2: nei, meir med ‘sjølvtillit-- sjølv’respekt og sånne ting å gjere
1: ja, ok. mm. og kva er det som er-- altså då hadde det vore rett å skrive at bedrifter som brukar ‘bokmål vert oppfatta som … å ha ‘dårleg sjølvtillit? ‘språkleg sjølvtillit?
2: nei, heller å ikkje gjenspegle kven-- kven dei er
1: mm. ja. det ‘nynorsk ‘skriftspråket … er ein ‘viktig del av ‘identiteten ‘vår.
2: sant
1: ja. kan du ‘utdjupe det litt? sånn i <@ forbifarten @>? du har ‘sagt det eigentleg, før
2: hm?
1: du har ‘sagt mykje ‘om det
2: ja eg trur eg har-- at det ligg ‘nært … talemåten vår og--

1:	mm. men om du tenkjer sånn … det er den ‘du er, derfor ‘snakkar ‘du sånn-- eller ‘skriv du sånn, meiner eg. det er litt sånn ‘innanfrå og ‘ut. men om du ser ‘utanfrå og ‘inn, då? altså nokon som observerer ‘dykk som ‘nynorskbrukarar. ‘ser ‘dei også ‘kven ‘de ‘er?
2:	ja, eg ‘trur det.
1:	mm.
2:	det som eg ‘sa i ‘stad. at når-- når dei ‘ringer til *A1* så møter dei omtrent det same … ‘uttrykket som når dei ‘les det vi har ‘skrive
1:	mm. ja. ‘bokmål har eit ‘betre ‘rykte enn ‘nynorsk.
2:	usant
1:	m. (H) vi er ‘stolte av den ‘språklege ‘kulturarven vår?
2:	((TENKJER LENGE)) (H) (Hx) nei, eg ‘veit ikkje det. fordi at det har vore så mykje … det har vore så mykje ‘negativt
1:	mm.
2:	rundt ‘nynorsken opp igjennom. og ‘det har vi ikkje ‘klart å-- det har ikkje ‘snudd på ein måte
1:	mm.
2:	det er-- seinast i ‘volda-- eg var på eit møte i volda for ikkje så lenge sidan. og då vart-- då synest eg det var litt sånn … for dei skulle bestemme kva for eit tema dei skulle ha for ein presentasjon, og då vart ivar aasen harselert med, og sett opp imot ein annan-- og ‘det var litt sånn-- ja, eg vart ‘forundra-- kvifor dei måtte ‘herse med ‘han?
1:	mm.
2:	akkurat i ‘den samanhengen?
1:	mm.
2:	det hadde ikkje noko med ‘det å gjere, men då vart han brukt som ein-- som ein-- det var i alle fall teke-- det vart brukt som ein … ‘original … som ein ‘rar ‘ting.
1:	mm.
2:	((HERMER)) hahaha anten @@@ ivar aasen eller-- ja eg veit ikkje kva som er det rette ordet, men det vart i alle fall veldig sånn …
1:	mm. ja. … så ein er-- så ein er ikkje ‘stolt. nei, det er ikkje sånn at du tenkjer at ein er ‘stolt av den språklege ‘kulturarven. men er det litt sånn--
2:	eg ‘trur ikkje
1:	mobbeoffer, på ein måte?
2:	eg trur det-- eg trur det at-- inkludert underteikna-- ikkje ‘heilt e= … e= kan ‘historia bak den skriftlege … kulturarven
1:	mm.
2:	veit ikkje nok om det. ‘kan ikkje nok om det
1:	mm.
2:	kva det ‘er for noko
1:	er det eit ‘krav at du skal ‘kunne det, eller ‘føler du at det er ‘dumt at du ikkje ‘kan det?
2:	eg ‘føler i grunnen at det er ‘dumt at eg ‘ikkje ‘kan det då.
1:	men ‘kan ‘folk om ‘bokmålskulturarven, då?
2:	((TENKJER LENGE))
1:	eller er det slik at ein må ‘forsvare meir--
2:	eg trur det at dette blir litt sånn som med ‘kvinnelege ‘leiarar @@
1:	@@ ja?
2:	at ein må vere så ‘forbaska mykje ‘betre
1:	mm.
2:	enn mannlege-- for å kunne bli ‘respektert

1: mm. (H) ja. og så ... over til spørsmål nummer tretten, det ʻvar vi ʻogså inne på. det er ʻlettare å velje ʻnynorsk som ʻbedriftsspråk i ʻdag enn for ʻein generasjon sidan.
2: ja, det trur eg du har rett i
1: mm. so er det det siste spørsmålet. det ville verke ʻpositivt om ʻklynga, og då er det i parentes her då, mafoss, gce blue maritime cluster eller maritimt forum nordvest, det ville ʻvirke positivt for klynga om desse organisasjonane her i større grad nytta ʻnynorsk i ʻfelles utoverretta ʻkommunikasjon, til dømes mot sentrale ʻpolitikarar og ʻandre ʻviktige ʻnæringslivsaktørar.
2: ((TENKJER LENGE)) ja, eg ʻtrur det ville ʻvirke ʻpositivt.
1: mm. korleis det, då, for dette har vi ikkje ʻsnakka om
2: nei, det-- ʻtilbake til ʻdet at ʻkven det eigentleg ʻer som-- som sit ʻbak det skriftlege som går ʻut herifrå
1: mm.
2: og det ʻer ʻveldig mykje ʻnynorskfolk
1: mm.
2: ja.
1: mm.
2: det er liksom litt det same som eg har sagt om kvifor ʻbedrifta vår brukar ʻnynorsk
1: mm.
2: og dei ʻrepresenterer ʻveldig, veldig mykje ʻnynorskfolk også.
1: mm.
2: eller nynorskbedrifter og nynorskområdet og
1: mm.
2: det ʻtrur eg
1: mm. eg hadde faktisk ikkje fleire spørsmål, eg, men det kan godt hende ʻdu hadde ʻønska deg nokon ʻfleire spørsmål som eg har ʻgløymt å ʻstille
2: nei. eg trur ikkje det
1: då vil eg få takke deg for tida di. og så slår eg av.

((SLÅR AV))

TRANSKRIPSJON AV INTERVJU *B16*
Forklaring:
1 = Intervjuar
2 = Informant
*B* =bedrifta
*Bx* = anna lokal bedrift
*Px* = annan person

((Introduksjonen er utelaten på grunn av opplysningar som avslører identiteten til informant og firma.))

1: em=ja og så e= tenkte eg om du kan prøve å berre forklare for meg kva de driv med @@@ sånn, sånn s- som du vil f- for- formulere det da, kva som er forretningsområdet til *B*.
2: åja. skips'bygging. vi 'bygger avanserte farty. em= fram til no, så har det vore, eller dei siste ti åra, har det vore offshore, men no (H) er det eigentleg all slags 'store, avanserte farty.
1: mm.
2: !skipsbyggarar, rett og slett.
1: ja. og det har *B* vore alle tider? skipsbyggarar?
2: ja, altså i byrjinga var det jo 'smie, sant? laga utstyr, rett og slett, og så byrja ein å reparere fiskebåtar, og så byrja ein å bygge eigne båtar, etter kvart
1: mm.
2: på 60-talet
1: ja, mm.
2: (H) og på *B* er det jo også reparasjon, ombyggingar, ikkje berre nybygg
1: mm. ja. (H) em= sånn .. no har jo eg gått ut frå at de reknar dykk som aktørar i den maritime klynga. eg ser det, på ein måte så mykje i media
2: [!absolutt, ja]
1: og det blir snakka så mykje om det, at eg berre-- det var fint du var enig @
2: ja, !@@@
1: [@@@]
2: ja, men 'heilt sjølvsagt.
1: <@eh= men, då @> .. eh= det eg har lyst til at du skal seie litt om det, då, det er kvar de plasserer dykk .. i klynga. Altså, em= em= kven .. kven de kjøper frå, kven de sel til
2: [mhm]
1: samarbeider og konkurrerer med
2: !ok
1: ikkje sånn namn, nødvendigvis,
2: [nei]
1: men kvar de
2: (H) du veit
1: [plasserer dykk]
2: verfta er jo der heile klynga kjem i lag .. sant? det er jo der 'produktet blir skapt, sluttproduktet blir skapt, så våre kundar, det er 'reiarlaga. e= og våre leverandørar, det er designselskap og utstyrsleverandørar. eh= og alle, alle kjem 'inn på verftet når ein båt skal bli ferdig, ikkje sant?
1: [mm]
2: så vi .. 'vi føler jo at 'vi er på ein måte 'navet i den maritime klynga, sant?
1: [mm]
2: utan skipsverfta, så .. så hadde ikkje du hatt heile klynga
1: [mm]

2: då hadde du ikkje hatt ‘sluttresultatet
1: mm
2: e= .. men, e= kundane våre er reiarlaga
1: mm
2: og alle andre aktørar @@ er leverandørar.
1: ja. mm. (H) em= men har de .. e= ‘mest av kundar og leverandørar ‘innanfor det du vil seie er den maritime klynga på Sunnmøre? eller har de like mykje ute i <SIT verden SIT> av kundar og leverandørar?
2: ((OPPGITT SUKK)) !åh no skulle eg hatt med meg ‘boka vår, som vi laga no i … for der har vi ei veldig slik grafisk enkel oppstilling av det der.
1: ja?
2: eh= som viser kvar vi handlar ‘mest, og vi handlar ‘definitivt ‘mest em= her oppe @, altså
1: ja?
2: altså i det
1: [lokalt?]
2: i klynga, og så lenger nedover på kysten, og så Noreg som heilheit, og så verda, i den rekke-
1: [i den rekkefølga?]
2: i den rekkefølga, rett og slett
1: [ja, i .. rett og slett] i geografisk rekkefølge, nesten.
2: [og det har jo med at] vi er omgitt av .. leverandørar, ikkje sant? og veldig mange som ein ikkje tenkjer på, altså. vi … kva var ‘det talet, då? var det nesten .. vi kjøpte for nesten fem hundre millionar frå ‘Hareid .. i fjor.
1: mm
2: i 2014
1: mm
2: sant, det er jo veldig mykje *Bx*,
1: mm
2: ikkje sant? em= som ein kanskje ikkje tenkjer på som.. liksom ein maritim aktør
1: mm
2: men som absolutt er ein stor underleverandør
1: ja
2: sånn at .. ja, lokalt, vestland, maritim næring, det er absolutt viktigaste samarbeidspartnarane våre
1: mm, kvar ligg konkurrentane dykkar, då?
2: (H) !ut på (stadnamn) !@@@@
1: [@@@@@]
2: <@hovudkonkurrentane våre@> har, no når vi har bygd avanserte, store offshorefarty vore andre norske skipsverft, em= .. aller mest *Bx*.
1: mm
2: eh= … ‘men, det har også vore type Kina, Korea, India .. når det gjeld liksom litt enklare båtar
1: mm
2: men-- slik har det vore. no … er det heile verda.
1: mm
2: eh= no har vi kundar .. den båten som skal sjøsettast på laurdag, det er jo for ein kunde i Malaysia
1: mm
2: sant? frå Sør-Austasia. der dei har alle dei store skipsverfta sjølv
1: mm
2: så det er heilt klart at vi då har konkurrert med .. ‘Kina for eksempel,

1: m, mm
2: som er veldig store e= vi har kundar frå New Sealand og frå Afrika og frå rundt-- i Danmark, altså alle land som har store verft sjølve, eller i alle fall store verftsgrupper ‘nærmare enn Noreg
1: mm
2: så vi—‘no er konkurrentane våre ‘over heile verda.
1: mm (H) e= korleis klarer de å konkurrere med dei, då? @
2: @@@
1: [@@@, no] <@går eg litt utanfor spørsmåla mine, eigentleg@>
2: [pris] @@@ neida, men det= altså det er tre ting. det eine er ‘kvaliteten. ‘vi vil jo hevde at ‘norskbygde, ‘*B*-bygde båtar ‘held den ‘høgste kvaliteten du kan finne
1: mm
2: og det høyrer vi jo igjen også, at norskbygde båtar det- dei har eit veldig godt rykte på seg. dei-- eit enkelt tal på det er jo at andrehands-verdien, altså når båtane blir selde igjen, så kan du få nesten like høg pris som for ein ny båt, sant?
1: mm
2: fordi dei er fortsatt like god
1: ja
2: så ‘kvalitet er absolutt ein, og så er det leveringspresisjon
1: mhm?
2: em= du risikerer ikkje at båten blir liggande eitt år ved kai og ikkje bli ferdig, liksom. vi leverer når vi seier at vi skal levere. det er ‘ekstremt viktig. sånn at desse konstruksjonsbåtane og sånn som vi held på med no, og som har levert mange av, dei bør leverast i mars
1: mm
2: … helst, sant? altså, det er= ingen kunde er interessert i å få ein slik båt i … september, fordi då går den rett inn i vinterhalvåret, ikkje sant? og då er det ikkje jobb.
1: mm
2: då er det for tøft vêr, så= ja. så det å levere når vi seier vi skal levere
1: mm?
2: og så er det sjølvsagt ‘pris. e= og der e= konkurrerer vi, der ‘også. ein trur at norskbygd er veldig mykje dyrare
1: mm
2: (H) e= det ‘kan ikkje det vere, når vi får utanlandske kundar hit
1: mm
2: fordi at dei leikar ikkje @@ leikar ikkje business,
1: nei.
2: em= og så er det noko med å sjå totalprisen også. at dei har vel= no ‘vil jo vi sjølvsagt meine at det er best å bygge i Noreg, men vi har tallause døme på båtar … for reiarlag her oppe som er bygde i Kina, til dømes, som i utgangspunktet hadde mykje lågare pris, men (H) før dei er ferdige og før dei er i ein slik stand at ein kan bruke dei, så har det gått så lang tid, og ein har brukt så mykje på dei, at
1: mm
2: prisen er ikkje noko gunstig lenger
1: mm. mm
2: så vi konkurrerer heilt klart på pris også
1: ja.
2: kvalitet, leveringstid og pris.
1: ja.
2: langt svar for tre ord.
1: ja, veldig … bra

2: [@@]
1: eh= men der er eitt ord som du e= ikkje sa no @@
2: omdøme?
1: <@neida@>
2: [@@]
1: som er nemnt veldig ofte i lag med ordet klynge og det er <SIT innovasjonsevne SIT> altså at ein klarer å, slik som eg har forstått ‘det då, at ein klarer å e= levere dei mest moderne løysingane
2: mm
1: og ut-
2: det har blitt så sjølvsagt?
1: ja?
2: ja
1: ja, at
2: at det
1: at [det blir ikkje rekna med] i dei tre, ein gang? @@
2: nei. [@@@] em= men det-- vi
1: [det høyrer under kvalitet, kanskje?]
2: vi ‘er jo ikkje åleine
1: mm.
2: om det. em= og for ‘oss som bedrift, så handlar innovasjon ikkje om e= på ein måte nytt utstyr eller korleis ting ser ut men hos oss handlar det om produksjons-’prosessen,
1: ja
2: ‘korleis vi produserer båt
1: mm.
2: em= det å kunne gjere det meir effektivt, snarare, e= og på ‘den måten så er jo innovasjon-- bidreg det til at vi får kontraktar
1: ja? mm
2: fordi vi automatiserer, fordi vi har robotisert, ein del, fordi vi då klarer å bygge
1: mm
2: ‘raskare og til ein betre kvalitet
1: ja.
2: men det er på ein måte ein slik ‘underliggande--, norske verft-- vi klarer oss ikkje om vi ikkje er ‘fremst når det gjeld innovasjon
1: nei
2: sant?
1: ja
2: så det er ein slik underliggande
1: [mm]
2: så der er vi ‘nøydde å vere.
1: ja? ja. hm. (H) ja? em= … e= i … den maritime -- eh= kva skal eg seie, då. samtalen ‘om den maritime klynga, så vert det ofte sagt ting ‘om e= kulturen, lokalmiljøet, naturen
2: [mm]
1: altså, historia og sånn, er det noko som de tenkjer at de er knytte til?
2: !å ja. eh= veldig.
1: mm.
2: altså, ‘identiteten vår
1: mm.
2: er jo viktig for oss, og vi trur at vi hentar konkurransekraft frå- frå ‘kulturen vår.

1: mm?

2: em= det at det blir ‘forventa e= slash tillate at alle, uansett kva slags nivå du er på, har noko å bidra med

1: mm?

2: og at alle ‘skal bidra.

1: mm.

2: same ‘kvar du er i, på ein måte, i hierarkiet <@ og vi har jo nesten ikkje hierarki, det er veldig flatt @> men same kvar du er i organisasjonen så, dersom ‘du ser at ‘det var ikkje effektivt, eller ’det var ikkje den beste måten å gjere det på, eller ’kva har dei teikna her? så blir det ‘forventa at du seier frå

1: mm.

2: og at du gjer noko med det

1: ja.

2: (H) og det er ‘tillate

1: mm.

2: ikkje sant? du får klapp på skuldra i staden for kjeft dersom du påpeikar noko

1: [mm.mm.] sjølv om du kjem ‘rett frå læretida?

2: !jaja

1: ja. mm.

2: og det blir ‘oppmuntra til det. og det- det er heilt- heilt ‘sikkert ein styrke.

1: mm.

2: og det er ei ‘utfordring, når vi får inn ‘mykje arbeidskraft utanfrå

1: mm.

2: e= det å skulle … ‘bevare og vidareføre ‘det.

1: ja.

2: fordi ‘det er ikkje- det ligg ikkje i kulturen til … eh= for eksempel folk frå … Romania, som er vande til mykje meir autoritære arbeidsplassar

1: [mm.]

2: der du i ‘alle fall ikkje påpeikar nokon feil som kan ha skjedd ‘over deg

1: mm.

2: e= men berre stille og rolig held fram med å gjere det du har fått beskjed om

1: mm.

2: og det-

1: det skjønar eg

2: ja.

1: (H) er dette knytt til e= ‘norsk kultur, mest? eller også til ‘lokal kultur, tenkjer du?

2: eh= … ja=, eg veit ikkje kor ‘spesielt vi skal gjere det. vi likar jo å tenkje at det er veldig sånn sunnmørskultur, då, men eg trur det med å-- at folk ‘forventar ‘at dei på ein måte ‘har noko å bidra med, og har noko dei skal ha sagt, det er ganske norsk

1: mm.

2: men e= det å vere veldig ‘uredd i høve til e= hierarki og sånn, ‘det er kanskje ganske sunnmørsk, då

1: mm.

2: det at … det du får respekt for det er det du ‘kan og ikkje kva= om du sit ute eller inne eller

1: [mm.]

2: om du har, sant? ja

1: [mm.]mm.

2: så vi vil jo gjerne tru at det er lokal ‘kultur

1: mm.

2: eg veit ikkje nok … om korleis det er andre stader til å seie at det ‘er det
1: mm.
2: men vi- vi likar jo å tru det
1: ja (H)
2: [det] [!og det har heilt sikkert også-]
1: [det er ein identitet de likar å ‘ha i alle fall]
2: !det er det
1: mm.
2: og eg trur den ‘kjem av også det at det er så ‘små lokalsamfunn, sant?
1: ja?
2: at du ‘kjenner jo … sjefane dine og sånn
1: mm.
2: utanom arbeidsplassen ‘også
1: mm.
2: sånn at det ville vere veldig unaturleg om du skulle ha eit !veldig sånn erbødig forhold
1: mm. jajaja.
2: når du kjem på jobb.
1: ja, ungane spelar på same
2: ja.
1: laget, eller er med på bryting begge, eller-
2: ja.
1: ja. (H)(Hx) eh= m= bedriftshistoria, då? då tenkjer eg litt sånn-
2: mm.
1: e= eller ‘næringslivshistoria, då tenkjer eg litt sånn <SIT å ‘byrje med to tome ‘hender nedi ein kjellar og
2: mm.
1: det enda opp
2: mm.
1: @@ …som millionær SIT><@ eller, nei ikkje nødvendigvis, det @>
2: [det er veldig historia] om oss
1: ja?
2: og den har vi jo fortalt no-, no kom eg på- eg har jo bøker ute i bilen, eg skal- du skal få ei etterpå, eg skal hente. og ‘det er jo veldig historia om
((Intervjuar smiler og gir «tommel opp» mot mikrofonen))
2: !@@@ ja.
1: @@
2: om- om e= oss, på lik line med alle andre bedrifter rundt oss, det må jo seiast, sant?
1: ja?
2: men om denne her ‘smeden som byrja
1: ja.
2: og på *B* er det jo historia om smeden, som var smeden hans *Px*, ikkje sant? som rodde over vika her kvar dag i 17 år, eller til han fann ut at <@dette her kan han då ‘likså godt gjere sjølv@>
1: ja. @
2. så han starta opp si eiga. eh=
1: ja.
2. og ‘det er ein viktig del av ‘sjølvbiletet vårt
1: mm.

2: dette er at det er berre nokon … som har (H) eh= nokre ‘karar då, dessverre, men vi har nokre veldig tydelege ‘damer i historia vår også, som har byrja, og som på ein måte har hatt ein veldig ‘fin sånn tilnærming til kva som er ‘viktig, altså
1: ja.
2: altså, det- at det er hardt ‘arbeid som tel,
1: mm.
2: og- å jobbe ‘smart er fint, men å jobbe ‘hardt det er
1: mm.
2: på ein måte- er det aller viktigaste
1: mm.
2: og så har det utvikla seg, og så har vi fått ein ‘fin, ikkje sant, det var ‘ein mann som fekk fire søner, og dei fire sønene utvikla det, og så fekk dei tolv ungar og elleve av dei er i damer, og det passar eg alltid på å fortelje,
1: mm. @
2: når eg fortel historia, for det er ‘dagens eigarar
1: mm.
2: e= og at det er ein … på ein måte ei sjølvsagt fortsetjing, og at det
1: mm.
2: det går heilt fint
1: ja.
2: så vi har plukka ‘fram igjen- (H) det har på ein måte alltid ‘funnest der, men eg trur vi har- vi som er nye i bedriftene og sånn, vi har ikkje kjent til det. så vi har plukka fram igjen dette med kvar ‘kom vi ‘frå
1: mm.
2: og fortalt historia om han *Px* ((HERMESTEMME)) da,da,da og *Px* og dette her med at dei var- dei var- dei var nevenyttige og til å stole på, at
1: mm.
2: det var på ein måte derfor folk kom ‘til dei.
1: mm.
2: og at det er ‘det som er kulturen vår også at vi skal gjere godt arbeid og vere til å stole på
1: ja? mm.
2: at det er verdigrunnlaget vårt, og at det-
1: mm.
2: og at ‘det er ‘nok
1: ja.
2: altså, at det treng ikkje vere meir fancy enn det
1: ja
2: dersom du tek det på alvor, så (H) og det er veldig sånn ned på jorda, og
1: mm.
2: og det er ned på jorda vi vil vere.
1: mm. (H) er det sånn de skil dykk litt frå … andre … konkurrentar også?
2: (H) vi er ‘bevisste det, altså ein skal ikkje bli sånn-- ein skal ikkje kokettere med at ein er så-- tj-tj-jordnær liksom. men for oss har det vore medvite at
1: mm.
2: det- det kler ikkje oss å ‘pynte oss med
1: mm.
2: ord eller med schvongande design eller sånn. det skal vere solid, det skal vere skikkeleg, e= men det skal vere ekte.

1: mm.
2: og ‘det -- og når vi kjem inn på språk også så er det ein heilt ‘naturleg på ein måte konsekvens då, at det skal vere nynorsk
1: [mm.]
2: fordi at det- det er ‘det som er ‘oss @@
1: mm.
2: og at vi har eit medvite forhold til kva slags- altså- ‘korleis vi snakkar om oss sjølve, og ‘korleis vi framstår? at det skal vere-- vi ‘er nokre folk som driv og bygger båt, liksom
1: mm.
2: og her har ein gjort det i hundre år
1: mm.
2: og vi skal halde fram med å gjere det, og vi har-- vi har sjeikar og vi har all slags fine folk innom, liksom, men vi kan då ikkje endre oss for det
1: mm.
2: fordi at vi trur at det- det viktigaste vi gjer er å levere desse båtane ‘sånn som vi har sagt dei skal vere ‘når dei skal leverast
1: [mm.]
2: og så- er det det som tel
1: mm.
2: det at vi får kontraktane og det at vi (H) ja- at- når vi fortel om kontraktane også- at det er litt sånn- litt sånn !faktisk. at
1: mm.
2: !det gjorde vi !det er vi glade for, men ikkje noko sånn !Yeah= ((HERMESTEMME)) !innovasjon
1: mm. mm. ja.
2: men liksom !solid !viktig. ja
1: [@@@@@] mm. ja
2: og det er- det er ein kombinasjon av ‘at det ligg naturleg, men det er også ein medviten strategi, då
1: mm. mm.
2: at det- det er ‘der vi skal vere
1: mm.
2: det er det som passar oss
1: mm. ja for nå du seier ((HERMESTEMME)) !innovasjon
2: !ja. ja
1: ja, ja. då tenkjer du at ‘det er litt sånn jåleri? eller litt sånn e= som ikkje nødvendigvis ‘betyr noko, eller som
2: det blir litt å ‘pynte seg, og no sit vi jo <@ her inne, då, så det @> ein veldig, når eg byrja der borte så hadde eg ein veldig klar tanke om at vi skal ikkje bli *Bx*.
1: ja.
2: dei er ‘fantastisk flinke på PR. e= og ting er ‘veldig straumlinjeforma, og eg er !kjempemisunnelig på mykje av det grafiske og alt dei har fått til med merksemd og sånn, men- vi- ‘det er ikkje ‘oss.
1: mm.
2: e= ‘vi skal-- vi er ikkje designarar, vi er skipsbyggarar
1: mm.
2: e= vi- er ‘handverkarar, vi er ikkje programutviklarar altså ‘veldig sånn- ja. ‘vi byggjer ‘båt, og det er vi !stolte av
1: [mm.mm.mm.]
2: og det blir ikkje nokon ‘finare båt om-- fordi om at vi pyntar oss med noko liksom

1: [mm. ja.]
2: det er veldig sånn ‘sterk bevisstheit … og også litt skepsis når eg kom- at ss- sånn PR-greier liksom, kan det vere nødvendig? @@
1: mm. <@ !å ja, fordi at du fikk den stillinga @>
2: <@ !ja,ja @>
1: fordi at du fekk den stillinga som ny? [ny stilling?]
2: ja. ja. for den var ikkje der frå før, hadde eg nær sagt, skal vi bli sånn *Bx* liksom og -- men- men det skal vi ikkje.
1: nei.
2: sjølv om sånn fagleg, så kan ein vere misunneleg på alt dei får til, fordi dei er !snavla flinke
1: [ja, ja]
2: men- identiteten der borte er ‘veldig at-- det- vi- ‘det er ikkje ‘vi
1: mm. nei, ja (H) eg- <@eg må berre bla vidare@>
2: [<@ja,ja,ja@>]
1: <@eg kunne tenkt meg å snakka veldig lenge om @@ om ‘alt her trur eg @> skal vi sjå. du skal få sjå litt av det eg har funne ut, då, hittil. for det første skal du få berre sjå kva eg har observert om *B* og så skal du få sjå om du er samd i at eg ar funne rett.
2: mm?
1: dette her er-- det er ikkje noko symbolikk i fargane her … @@@@
((Vi går igjennom resultata og ser på tabellar))
1: de er jo av ‘dei som er veldig- det er veldig ‘lett å sjå kva som er dykkar språkprofil. de er ‘veldig tydelege på nynorsk på alt som er norsk, verkar det som
2: [mm, mm]
1: og engelsk der de må
2: ja. det er nok rett.
1: men der eg ’finn bokmål då- viste du at eg finn bokmål?
2: nei. @@@
1: nei. @@@ det er- det er noko i årsrapportane.
2: mhm?
1: i sånne økonomiske … notar og
2: ok.
1: og sånne- rekneskapsmessige ting
2: fordi at ‘det er det revisorane som-
1: ja.
2: ja. mm.
1: så, der er faktisk ‘ei anna bedrift, som er så konsekvent på nynorsk som dykk, faktisk,
2: mhm.
1: dei har også nynorsk ‘der ((peikar på årsrapport-tabellen))
2: mm.
1: så dei gjer på ein måte- heilt ’ut på ein måte til- eller kanskje dei har sine eigne innomhus
2: ja, det har eg ikkje tenkt på eingong, ja- nei- for det kjem frå revisorane det der.
1: ja, nei så eg vart nesten sånn- !hæ? @@
2: ja @@@
1: sant? de er jo veldig e= kjende også for profilen dykkar, i alle fall for folk som fyl med @@ på sånt
2: ja @@@
1: og s- og då e= du kan godt kommentere.
2: nei, nei. men det- det- stemmer jo. at det- det er

1: [no ligg dette litt tilbake også, sant]
2: det er opplest og vedtatt- at sånn skal det vere
1: ja. det kan jo hende at de til dømes har kome på fleire sosiale medium, sidan sist?
2: nei
1: det veit ikkje eg
2: det er vi ikkje. det er vi ikkje
1: nei. mm= så var det denne her anonyme- nei- nei- no skal eg sjå- no skal du få sjå kva som er generelt i klynga.
2: mhm?
1: og der er det em= på- eg har kalla då
2: på- på MAFOSS?
1: ja.
2: overraskande.
1: ja dette er hovudspråket på nettsida. det er em= det det viser det er på framsida, eigentleg, eller velkomstsida, eller heimesida eller kva eg skal seie. men det er så mykje likt på produktsida, på om oss-side og … ja det er vel dei … tre sidene? … kontaktsider. at eg har berre sagt at ok. dette er ‘hovudspråket ‘deira, slik som dei viser seg ut i ‘verda på det viktigaste mediet, ‘seier ‘Google i alle fall. at alle kjøpsprosessar, anten det er business to business eller-- det startar ofte med å vere innom nettsida.
2: [mhm, mm, mm,]
1: så eg sa ok. då har dei valt ‘det som hovudspråk. og då ser du av 39 så er det ni som har nynorsk, e= der er jo de også, nitten som har bokmål, og tretten som faktisk har engelsk.
2: !hm. ‘det var overraskande
1: mm
2: ja. kanskje ikkje så mykje ‘engelsk, men ‘bokmål. at det var så mange som har bokmål.
1: mm.
2: eg lurer på kvifor
1: ja. det var eg tenkt-- det var eg tenkt å spørje deg om @@@
2: ja !@@@@ det er det same som at eg lurer også på kvifor av og til folk som eg kjenner godt som eg veit skriv nynorsk, av og til ser- dersom dei kommenterer ting på Facebook på- inne på avissider eller sånn, så skriv dei plutseleg bokmål.
1: mm.
2: og eg tenkjer. kva ‘er det? ha då litt !sjølvtillit, då, for !guds skuld. kanskje det ikkje har noko med det å gjere. eg veit ikkje
1: [mm, ja, mm, ja]
2: men det var overraskande at det det var bokmål, for det- er det jo ingen grunn til.
1: em= så har- så har mange av bedriftene-- kva skal eg seie- val. at du kan gå inn og sjå engelsk for eksempel også då. og dersom ein ser på dei som er nynorskbedrifter då, som eg kallar nynorskbedrifter
2: mhm?
1: så er det fem av dei som har engelsk i tillegg, det er fire av dei, det blir ni, sant? ja. som ikkje har noko anna, så er det to som har andre språk også, då
2: ok. ja, vi har begge.
1: ja. de har-- de er der.
2: mhm.
1: og så-- dersom du ser på bokmålsbedriftene då … så er det mange av dei som har engelsk i tillegg, der er fem som ikkje har noko anna og så er det nokon som har ‘fleire tilleggsspråk, og då er det sånn … då er du opp i sånn … tyrkisk, kinesisk, russisk-- sånne ting.
2: [mhm, ja]
1: men ingen av dei har då nynorsk som val

2: nei.
1: det var vel kanskje ikkje så overraskande. på dei som har engelsk då … så er det ‘ingen av dei som har norsk som val.
2: [mm] nei. er det så mange?.
1. ja. dersom eg har talt rett, så er det det @@@
2: @@@ ja det har du sikkert.
1: !men ‘så er det litt interessant då … synest i alle fall eg. og det er at når vi sender ei anonym spørjeundersøking om kva dei har som bedriftsspråk … og då er det ikkje ‘min definisjon av bedriftsspråk ((peikar på resultata frå observert praksis)), men då er det berre sånn- kva er det slags skriftspråk som blir ‘brukt .. generelt.
2: mm
1: då er der !tjuetre som seier at vi brukar nynorsk.
2: og der var det ni?
1: ja.
2: @@
1: @@@
2: så dei trur dei gjer det?
1: !nei
2: eller ‘vil dei?
1: men det er no i andre ting også, sant? for eksempel styredokument, det har eg ikkje sett på
2: mhm
1: e= interne dokument har eg ikkje sett på, sant, for det er jo ikkje tilgjengeleg for meg.
2: nei.
1: så e= elles også … i ‘forhold til dette då, så over-- så blir det ‘kanskje over-rapportert litt nynorsk då. men, antakeleg vis så- så-- det det tydar på dette her då. i desse bedriftene. det er at det der skjer mykje nynorsk
2: mm
1: skriving
2: ja
1: i bedrifta
2: så ein opplever seg som nynorsk?
1: ja, at ein skriv når ein skriv ein e-post eller når ein skriv ei sakliste eller (H) andre sånne interne dokument
2: [mm] mhm
1: m= men- men det ein på ein måte viser ‘ut det er ikkje- det er mindre- mindre nynorsk.
2: ja. !hm.
1: !mhm. det var ‘det. ja. det er stort sett-- her er meir sånne detaljar dersom du--
2: mhm.
1: om vi skulle kome inn på det … utlysingstekstar? der= em= er der jo ikkje engelsk, då. dette her er sunnmørsposten.
2: mhm?
1: men der er framleis mykje meir bokmål enn nynorsk
2: ja
1: og i årsrapportane, der krympar nynorsken … dette er mine tal, då …
2: mhm?
1: og der er det … em= ja. dette her er ‘innslag av språk, sånn at der-- sjå då der har du ti nynorsk for eksempel. sjølv om det var berre ni …
2: åja, mhm.

1: men der er det mange som blandar.
2: ok
1: eller dei skriv noko på nynorsk, noko på nynorsk og noko på engelsk også
2: ja, for det er forskjellig folk som bidreg, så- … hm
1: ja. då var spørsmålet @@
2: @@@@
1: skal vi sjå no då @@ mm= ja det første var jo om du- om du- om du synest det stemmer. eh=
2: det stemmer jo med ‘oss, i alle fall dersom det-- og sånn inntrykket elles, så trur eg eg vil seie at eg er litt sånn overraska at det var så mykje … bokmål. det- men det er jo med- fordi at eg ikkje <@forstår kvifor vi her ute skulle styre med det@>
1: ja? det ligg i <SIT sakens natur SIT> skulle eg til å seie. du tenkjer anleis.
2: ja.
1: tydelegvis. ja? em= men de som har ein slik … konsekvent bruk av nynorsk. eh= du har sagt litt då. e= vegen fram til å vere så konsekvent. nei du har eigentleg-- ja du har sagt … dersom eg forstod deg rett, at det har skjedd litt i det siste at de har ‘henta fram litt meir av den gamle … identiteten.
2: ja det er meir sånn på ‘historieforteljinga ‘om ‘oss. men at e= vi- vi prøvde å finne ut det der, har det på ein måte nokon gong blitt ‘sagt sånn ‘formelt
1: [ja?]
2: at vi skal vere nynorskbedrift. og då e= fann vi i styrepapira frå- det var vel to tusen og- var det 2001? eller var det- !2001. det var då familien kjøpte det tilbake alt saman. men eg lurer på om det var 2007 då *B3* vart fusjonert inn, at det ‘då vart sagt at konsernspråket ‘skal vere nynorsk.
1: mm.
2. e= men, eg veit ikkje om det ‘då vart ‘følgt ‘opp på nokon annan måte enn at dei som då skreiv tilfeldigvis var nynorskfolk.
1: mm.
2: em= no- no er det vel-- og så lenge eg har vore der, så har det vore uttalt, liksom
1: mm.
2: veldig medvite at vi ‘skal- det ‘skal vere nynorsk og vi
1: mm.
2: opplever ‘mykje ‘god respons på det internt, at folk føler at det har blitt- det har blitt ‘oss. og folk som kanskje ikkje har hatt så mykje sjølvtillit på sin eigen nynorsk får litt sånn boost til å-
1: mm.
2: ja. og kjem og spør og, mykje folk som kjem og <SIT !åh. kan du ikkje sjekke dette her SIT> og
1: ja.
2: liksom korleis seier vi dette, og
1: så det vert litt ‘tema
2: det har absolutt blitt eit tema. og det er kjekt. og folk som … kanskje har skrive bokmål i utgangspunktet også blir litt sånn veldig sånn merksame på at, ja men det skal jo eigentleg- og prøver seg på nynorsk og- det er kjempekjekt. *P4* også, av alle, han jobbar jo ikkje der då, men liksom-- sånn at det- det har blitt ei greie med oss, at- at ‘vi skriv nynorsk.
1: [mm.mm. ja. mm]
2: em= sånn at dersom nokon- eller i alle fall ‘eg- om eg skulle driste meg til å skrive eitt eller anna-, eit ‘ord eller noko som ikkje god nynorsk så <SIT !haha SIT> @@@ så er dei der @@
1: @@ åja. <SIT !got you SIT> @@
2: eller engelsk, vi heldt på med dette, no når vi lyste ut desse ingeniør-stillingane, så hadde vi ei !lang runde med-
1: [@@]
2: at dei meinte at det ‘måtte heite principle ingenieur,

1: mm.
2: fordi ‘det ‘er på ein måte uttrykket-- du ‘har ikkje-- eg prøvde meg med leiande ingeniør og sånn- og dei seier det dekkjer ikkje. det ‘er ikkje det det er.
1: mm.
2: så eg måtte gi meg då. eg berre !åh. det var så vidt eg orka å !sjå på desse annonsene,
1: @@@@
2: <@ fordi det liksom- eg føler det liksom står der og !blinkar. @>
1: ja.
2: så … det har ‘blitt ei greie. og det ‘er ein bevisst politikk. ‘og det at vi også har- det har vorte merksemd om det litt sånn i media, det forsterkar det.
1: mm.
2: og det er !kjekt.
1: ja. kor- korleis var det ‘før? korleis var det for ein generasjon sidan? de har jo nokre generasjonar, de.
2: ja, vi har nokre generasjonar. eg trur det-- eller eg ‘veit. det har vore veldig sånn personavhengig
1: mm.
2: ikkje sant? dersom du har ein konserndirektør som skriv bokmål, så blir det lett til at pressemeldingar og andre sånne ting blir bokmål.
1: mm.
2: *Px* også fortel jo det at faren og dei- altså sånn ‘forretningsting skreiv dei på bokmål.
1: mm.
2: det- for det var liksom-
1: interessant.
2: det som ‘var ‘språket på ein måte. det var det ein ‘gjorde
1: mm.
2: e= så det har endra seg. men no har vi … konsernsjefen no er … veldig oppteken av … språk og identitet og hans … poeng er- som er eit godt poeng- er at vi skal vere ‘god i språk ‘også
1: mm.
2: og vi er best i ‘nynorsk, så difor er det sjølvsagt at det skal vere ‘det.
1: mm.
2: fordi. det er det vi er omgitt av og opplærde i og vande til. då blir vi best i det.
1: mm.
2: sånn at, det er ikkje berre det at vi skal bruke nynorsk, men vi skal bruke eit godt ‘språk
1: mm.
2: og det er fantastisk for meg å få lov til å jobbe ein sånn stad
1: mm.
2: der eg får sånne gule lappar av og til inn på- <SIT !du, kva er dette her? kva står på nettsida no SIT> <@og liksom @>
1: <@ å,ja @> @@@@
2: @@@@
1: blir passa på?
2: og det er glimrande. ja, og sånn- det er sånn forbod om ein del ord, der borte. ‘fokus for eksempel. er ikkje lov å seie. i *B* har vi ikkje fokus på ting. i *B* så ‘gjer vi ting.
1: mm.
2: em= og ‘sånt synest eg er gøy.
1: og det handlar ikkje om- berre om nynorsk bokmål. sant?
2: over hovudet ikkje. det handlar om å pynte seg med- men berre vere heilt ned på jorda-- og ikkje. ja. sånn svada-greier, liksom, det- det- då ler dei rått. det er ikkje lov

1: nei. @@@
2: så. sånn ja.
1: @@
2: pynting med ord. pynting generelt. det- nei. det skal vere ‘skikkeleg
1: em= m= desse her … som før skreiv- kva sa du … litt sånn forretningsdokument? … på engel- nei på bokmål.
2: mm.
1: har nokon av dei vore med på- på denne nynorske … perioden? har dei vore med inn i den, nokon av dei. og er dei- har dei-
2: om dei har forandra seg?
1: (H) er det nokon som har på ein måte vore med på eit slikt språkskifte … som du veit?
2: ja, eg ser at det- det er folk- ((stillingstittel)) og sånn med oss, som er austlending og som er bokmålsbrukar og ((stilling)) som er austlending og bokmålsbrukar. dei kjem og spør, og dei- sånn interne ting er ofte på nynorsk,
1: mm.
2: og så må vi le litt, for det blir litt sånn, sant? men der er ei ‘vilje, då,
1: mm.
2: til å-- men det er ingen som krev at interne dokument, e-postar og ting fram og tilbake- at det ‘må vere på nynorsk. det skal vere på ‘ditt språk. det du er ‘god til.
1: det eg var litt sånn ute etter då, det er at det- om der er ein- om der er- em= folk som har starta <@skrivinga si. på nynorsk @> i skuleverket, då. men som likevel skreiv bokmål på *B* ein gong, og som no igjen skriv nynorsk. om du …
2: ja.
1: veit noko om korleis dei har hatt det i dette språkskiftet. eller om dei har hatt det--
2: ja, men eg veit at det har skjedd i alle fall
1: ja.
2: for dei er jo av desse her som kjem og spør, og seier å eg er ikkje noko god i nynorsk og sånn, men sidan vi no skal vere nynorsk så prøver eg, og
1: mm.
2: og det er jo folk altså utanfrå ((stadnamn)), sant?
1: mm.
2: altså, som aldri har hatt noko anna enn nynorsk i opplæringa, men som har skifta kanskje på vidaregåande, sant? fordi ein har flytta vekk og
1: mm.
2: e= og som kanskje har synest det har vore kjekt også, det at det på ein måte blir sagt at vi
1: mm.
2: at ein finn litt sånn sjølvtillit
1: ja.
2: i at nynorsken nytta, då. og likevel, liksom.
1: sjølvtillit. det er eit ord som du kjem tilbake til, heile tida
2: ja
1: mm.
2: ja, men eg trur det ‘handlar mykje om det. at det- og det er ingen grunn til at ein ikkje skal ha sjølvtillit på nynorsken sin, men
1: mm.
2: det- det ‘er sånn av og til.
1: mm.

2: det ser eg. sjølv folk som du trur er trygge, solide nynorskbrukarar ser eg try til- dersom ein skal vere litt sånn formell, eller dersom ein skal-
1: mm.
2: så er det lett å vere meir formell på bokmål? eg veit ikkje @@
1: mm. eitt eller anna der.
2: ja men, eh= det= trur eg forandrar seg. det trur eg har- det er etablert med oss no at nynorsk det er ‘oss og det er ‘godt og det er ‘nok, liksom.
1: mm. (H) em= no er eg over litt på kommunikasjon meir sånn generelt (KREMT) og då innanfor klynga. em= det som eg har prøvd å sett meg inn i, då @ på min måte, om næringsklynger. det er at der skjer veldig mykje kommunikasjon mellom aktørane og bedriftene i klynga og at den ofte skjer litt sånn … annleis enn kommunikasjonen skjer utanfor klynga
2: mhm.
1: eg lurer på om du kan fortelje meg kor-- kva det er som skjer @@. korleis blir det snakka og skrive, kva er det som-
2: åh, ja sånn ja.
1: kva ‘er denne klyngedynamikken?
2: den er veldig lite formell, då- altså
1: ja?
2: der er korte linjer, der er- eg trur det er litt sånn når det gjeld førespurnader og tilbod og sånn. at det er ein heilt annan prosess enn- enn når vi skal ‘ut av klynga.
1: mhm?
2: her, så er det berre å ‘ringe og seie hei, du eg skulle hatt noko pris på noko. kan ikkje du berre sende meg eitkvart, sant?
1: mm.
2: veldig sånn. men eg veit ikkje om det er det du er ute etter?
1: jau, det er det. det er absolutt det eg er ute etter
2: ja. det uformelle, altså sjølv om ein er jo pinleg nøyaktig på at det forretningsmessige er ‘ riktig og sånn, men at der er veldig sånn låge gjerder mellom dei ulik
1: mm.
2: og at det er lett å- lett å finne rette personen, på rette nivå, og ein forventar liksom kjapp- kjapp respons,
1: mm.
2: og då er det mykje betre å ta ein telefon eller stikke bortom eller
1: mm.
2: ja. så det er nok ein … sjølv om det er forretningsmessig så er ‘forma veldig uformell
1: mm. no sa du sånn, ta opp telefon. kva om du skulle skrive, då? om du sender ein mail, om du sende ein kjapp mail i staden for, fordi det ikkje passa å ringe @@
2: mm. då. då er det faktisk av og til på engelsk, og det har med at mange er del av eit stort system,
1: mm.
2: der førespurnaden kanskje skal vidare til- til eit anna kontor- eller til ei anna grein, altså med *B4* og *B5* og
1: mm.
2: B6 og alle desse, sant som har avdelingar rundt omkring
1: mm.
2: så det har eg inntrykk av at der er- då kan det like så godt vere engelsk, men-
1: mm. er den like uformell tonen då?
2: nei.
1: kvifor ikkje?

2: mm nei det trur eg har med kva vi kan. at engelsk er vi på ein måte opplærde til meir sånn
1: mm.
2: formell stil, trur eg, og så blir det ikkje vårt- no synsar eg, då.
1: ja.
2: men då blir det ikkje
1: ja. det er bra. synsing er bra @@.
2: @@@@ då blir du- plutseleg posisjonen din og ikkje ho ((namn)) då blir du ((tittel)) som sender noko.
1: mm. men har det noko med eh= mottakaren å gjere, at du tenkjer at ‘han er frå ein annan kultur? eh= sånn, bedriftskultur? du snakka om det med Romania, for eksempel. der er det anleis
2: ja. ja det kan det vere, og då er det så viktig at du berre er heilt konkret og korrekt, ikkje sant, at det ikkje er farga, at det ikkje er
1: mm.
2: der er referansar liksom, sant?
1: ja.
2: det må vere heilt faktisk. du kan tillate deg noko heilt anna--
1: [du seier ikkje sånn] <SIT kor de går der borte SIT> liksom?
2: nei
1: det er ikkje--
2: <SIT ka du gjer på din !skrue SIT> @@
1: @@@
2: sant? ja. nei. då blir det meir forretningsmessig med ein gong
1: mm. mm. eh= men det er ikkje alle tider du skriv engelsk på mail.
2: nei, absolutt ikkje. når du veit kven det skal til, og sånn, og
1: ja?
2: du veit at det er vedkomande som kan avgjere det og sånn, så
1: ja? kva skriv du då? eller, kva er det som er vanleg. både kva ‘du skriv og kva du ‘får
2: ja, ‘eg skriv alltid nynorsk, og synest at eg … (Hx) no må eg tenkje, men eg synest jo, at eg som regel får nynorsk tilbake. og det er slik at eg reagerer på det om eg får bokmål frå lokale folk.
1: mm.
2: og så trur eg kanskje også det har blitt litt slik … at folk er klar over at eg synest nynorsk er viktig. eg veit ikkje, men eg føler …
1: @@@
2: av og til blir- folk blir litt sånn at dei ‘unnskyldar seg
1: !ja.
2: og så blir det litt sånn knoting med litt sånn dialekt inne imellom for å
1: ja
2: mjuke det opp, eller ..
1: mjuke opp bokmålet?
2: ja
1: ja, mm.
2: em= kanskje. ja. men eg- intrykket på *B* er jo at folk skriv nynorsk
1: ja?
2: e= fordi det er mest lokale folk og fordi vi seier at ‘det … ja.
1: mm. (H) (KREMT) men det at dei- sånn som du seier .. dei veit at du likar best nynorsk, og ‘då innstiller dei seg, altså endrar dei kanskje til ‘meir nynorsk, då? Det vil seie at ‘du påverkar faktisk ut, då? er det det du seier?
2: ‘det trur eg at vi gjer. ja

1: ja. mm.
2: em= og at (namn) gjer det. ja !(stillingsnamn) vår. han har jo. han har jo vore sånn som alltid har brukt bokmål, ikkje sant? og no
1: mm.
2: skriv ‘han nynorsk. e= og det er--
1: er= er han fødd <@ bokmåling @> @@@
2: ! han er jo frå (lokalt stadnamn). @@@ han (namn)
1: [å, nei, å ja] han har vakse opp med nynorsk
2: ja, ja, ja
1: men gått over til bokmål.
2: ja, fordi det liksom nei, eg er flinkast til det og liksom
1: ja, mm?
2: så, no driv han og lagar presentasjonar på nynorsk. dei er jo så skjønne
1: @@
2: og du må liksom inn og sjekke litt og sånn, då.
1: ja
2: og det- !eg trur folk synest det er kjekt. eg synest folk føler at ja men det er jo dette som er mest naturleg
1: mm.
2: men, at ein kanskje … igjen dette med sjølvtilliten på det. at det funkar som forretningsspråk
1: mm.
2: du framstår like profesjonell, likevel
1: mm.
2: og at der kanskje der har vore ei kjensle av at det ‘er ikkje eit forretningspråk,
1: mm.
2: at det blir ein sånn … em= barriere eller noko som tek fokus vekk frå det du eigentleg vil seie, eh= så, ja. der er folk som har … har skifta … eller skifta ‘tilbake.
1: ja? ja. mm. eg var inne på … eg berre blar litt, for eg skal finne der eg hadde
2: eg et litt eg. eg var så tom. @@@

((et sjokolade))

((her blir det ein liten pause i intervjuet. intervjuar hentar noko anna å ete til informanten. vi snakkar om tidsbruk og at vi er innanfor tidsskjemaet.))

1: nei, det var det du ‘sa. det har ‘vore ei oppfatning av at det ikkje er bra nok.
2: ja, igjen synsing, men det kan godt hende at det heng saman med min eigen, for eg har alltid brukt nynorsk
1: mm.
2: og eg jobba mange år i Oslo, og … slåst i ‘eitt, på ein måte, for eg- eg var ((stillingstittel)) og då, då var på ein måte-- ‘kommentarane på nynorsk var ikkje så morosame
1: mm.
2: altså, dei rett og slett irriterte seg grenselaust @@
1: ja til og med i *Bx*
2: jaja. og sant, dette er tjue år sidan, liksom, så eg trur det har endra seg, men, sånn at eg følte at det var litt sånn å kjempe litt i motbakke
1: mm.
2: eh= og veldig nydeleg då å kome hit att

1: mm.
2: og på ein måte kunne, med heva hovud, sjølv om ‘det var i *Bx*, og at det heller ikkje der var vanleg at språket ut var nynorsk, så var det nydeleg å berre kunne .. !jau ‘no bestemmer ‘eg. @@ sånn blir det.
1: @@@ emm=
2: men eg trur dette har endra seg, litt sånn generelt. trur du ikkje det også, då. at- er det nokon som reagerer negativt på nynorsk i næringslivssamanheng?
1: eg har ikkje- vi har vel ikkje fått noko svar som tilseier det
2: nei.
1: enkelte, men det er veldig, veldig få
2: mm. og då ville det vere dumt om vi sjølve skulle…
1: men hovudbiletet er at det er ingen negative
2: nei.
1: men heller ikkje så mange positive. heller det at det er ‘få kommentar.
2: mm.
1: det er det som er biletet på den anonyme- … etter den anonyme spørjeundersøkinga
2: ‘vi ‘får kommentarar. no er det jo heilt sikkert for eg legg merke til det, for eg får dei fleste, og fordi eg er oppteken av det sjølv, men ‘vi ‘får jo det.
1: ja?
2: men kun positivt … på at det er kjekt at ein …
1: kanskje-- eller kan det ha noko med at de også har vore veldig sånn ‘ut? med det? altså de har …
2: ja, ‘det ‘kan det. at det har blitt ei greie. no er det-- det er aldri ‘vi som har vore ut med det. altså, vi har aldri på ein måte profilert … <SIT sjå, då, vi brukar nynorsk SIT>
1: nei. nei? ja, ok.
2: vi har berre svart på spørsmål når dei kjem. og også no sist, det er eit par gongar vi har fått slike prisar. begge gongane har eg sagt at eigentleg er eg litt ukomfortabel med det, fordi vi gjer det som er ‘heilt sjølvsagt og heilt naturleg
1: mm.
2: vi brukar ‘vårt språk, og synest det er litt rart at det på ein måte skal vere ei greie
1: ja. mm.
2: e= men, dei som gir ut dei. det er jo saka deira, liksom, så, for ‘dei så er det ei greie.
1: mm.
2: og derfor så har det også blitt ei større greie enn vi på ein måte… vi driv ikkje med språkpolitikk
1: mm.
2: vi bygg båtar
1: mm. @@
2: <@og det er jo …. viktig@>. ja
1: mm.
2: vi er opptekne av godt ‘språk. altså at ‘alle verkty vi nyttar skal vere ‘gode. eh= inkludert språket vårt, eh= og vi er best i nynorsk. så då
1: mm.
2: må det bli sånn.
1: ja. mm. (H) men han der @ frå ((stadnamn)) som du sa, når han tidlegare var mest komfortabel med bokmål, eh=dersom vi skal bruke han … eller kven som helst andre, då
2: mm.
1: er det- har det skjedd noko, sånn generelt, som gjer at det no … er meir komfortabelt? å bruke nynorsk? at det før var mindre komfortabelt å bruke nynorsk, innanfor næringslivet

2: sånn generelt i ‘samfunnet så er det vel ‘større på ein måte toleranse for ‘forskjellar, sjølvsagt, og det at du høyrer mykje meir dialekt og-- og så er det ‘også noko med-- eg veit ikkje kor langt ein kan dra det, men det har også noko med kor-- det at dei siste åra har gått veldig bra med ‘*B*

1: mm.

2: at ein kan ha sjølvtillit på at ein jobbar i ei stor, solid, god bedrift

1: mm.

2: em= og at det då er lettare å liksom … <SIT !ja, då brukar eg ‘mitt språk.SIT> at det liksom

1: mm. <SIT deal with it SIT>, på ein måte?@

2: ja. og- !ja at ein har litt sjølvtillit på heile ‘pakken liksom. det er ingen grunn til å vere varsam, eller prøve å gli litt sånn stille …

1: nei.

2: vi står ‘støtt og trygt

1: mm.

2: og det trur eg er lettare å gjere når du … når på ein måt- det generelle bedriftsomdømet er … litt meir ‘solid, då kanskje

1: mm.

2: dersom vi- og det meiner vi jo at det har blitt

1: mm. ja.

2: synsar …. men, ja.

1: ja. !kjekt @@

2: @@@@ det kan hende eg tek !heilt feil. for eg er jo over gjennomsnittet oppteken av det

1: mm.

2: så kanskje ein tolkar ting litt langt, men.

1: mm. nei, men du snakka jo om sjølvtillit. det at du er oppteken av det kan jo også bety at du har ganske opne auge for kva som skjer, då, sjølv om du legg jo sikkert … ‘ditt syn til grunn, på ein måte

2: jada, og så ser eg jo at det- ja berre det at (Px) no, når han skriv private ting og politiske ting plutseleg skriv nynorsk

1: mm.

2: !eg synest det er heilt ‘nydeleg… em= ja. det var-

1: ja, med overtyding også, gjer han det

2: !ja, sant? og knotar så det grin etter, men eg synest det er heilt !supert at

1: ja, mm.

2: det, ja. fordi det er. det har med ‘identitet og … ja, eg synest det er kjempeinteressant. og eg synest det er- men eg er ‘skikkeleg dårleg til å diskutere det med folk som er veldig tydeleg på at det er heilt dust å bruke masse energi på nynorsk

1: ja. mm.

2: for eg har jo ikkje toleranse på @@@

1: @@@

2: !eg blir jo så irritert

1: nei. du har ikkje-- men ‘då har ikkje du toleranse for dei som er intolerante sjølv, på ein måte då.

2: nei, sant?

1: ja, men du sa at det er synsing og at du er så oppteken av det og sånn, men det er litt av poenget med ‘mi oppgåve no då, at eg vil faktisk spørje dei som … som har ei over-- eller som i alle fall som ser ut som dei har ei overbevisning, då.

2: mm.

1: som er meir opptekne av nynorsk enn dei som ikkje skriv det, rett og slett

2: ja

1: for meg er det meir interessant å spørje dei som ‘faktisk skriv nynorsk … kva dei tenkjer

2: ja
1: og der manglar det litt …
2: men det er vel kanskje også sånn at dersom du skriv nynorsk i næringslivssamanheng, så er det ei bevisst handling, på ein måte, at du har måtta tenkt over
1: [mm.]
2: det, fordi at det på ein måte ikkje er norma … eller, ja. så då blir du kanskje meir
((kommenterer biletet på veggen bak intervjuar. eit abstrakt fotografi)) @@@
2: at du då, du blir- du må bevisst ta eit ‘valg
1: mm.
2: på ein måte
1: mm.
2: det er ingen som spør deg kvifor du brukar bokmål
1: mm. nei. sånn er det <@ sånn er livet som mindretal @>
2: mm
1: em= ja … eg trur eg blar litt. her var … eh= berre eit sånt bilete av noko som vert kalla interessentkart. det har du sikkert-- eh= kanskje kjend med det begrepet
2: mhm.
1: eg har henta det frå Kommunikasjonsforeininga.
2: mhm?
1: e= spørsmålet mitt, då, eller liksom utgangspunktet for å ta fram dette er at eg lurer litt på … korleis eh= korleis ein tilpassar … måten ein snakkar på, då. eller skriv på.
2: mm.
1: til ulike mottakarar. og … du har jo eigentleg sagt litt om at innanfor klynga så blir det litt meir uformelt. enn ‘utanfor klynga
2: mm. det trur eg stemmer
1: (KREMT) det eg kanskje hadde lyst til å spørje om
((studerer figuren))
1: for eksempel … eg tenkte på sånn-- eigentleg sentrale styresmakter- står det her ein stad?
2: det står staten i alle fall
1: ja. eg tenkte litt sånn Innovasjon Norge, ehm= departementet, politikarar= sånne personar
2: mhm.
1: Dersom de skriv og snakkar til dei, korleis går det føre seg? og kva får de tilbake?
2: eh= lytså skriftspråk, meiner du?
1: mm.
2: ja, det er jo ‘alltid nynorsk ut frå ‘oss, med unnatak av *Px,* han trur eg skriv bokmål også utad em= (Hx) det er ‘lite sånn skriftleg- altså vi har ‘besøk og det- styr og stell men lite sånn skriftleg kommunikasjon med styresmakter. meir sånn ‘klassifiseringsstyresmakter og sånn
1: ja?
2: men. eh= og ‘det er ikkje eg involvert i
1: nei.
2: så eg veit liksom ikkje heilt korleis-
1: du er ikkje involvert i søknadar til Innovasjon Norge om--
2: nei
1: prosjektstøtte eller eg veit ikkje kva-
2: det er eg ikkje men, ‘det er slike ting som Px skriv, og han er jo ein nynorskmann på sin hals, så det- men om vi får det tilbake, det er eg ikkje sikker på.
1: eg har fått nokre sånne hint om at du ikkje- og som overraskar meg litt då, når ein sfaktisk skriv nynorsk inn til styresmaktene frå-

2: åja
1: så får ein bokmål tilbake
2: mm.
1: også frå … Ålesund og …
2: åja. det har eg ikkje noko følelese med, rett og slett altså. det-
1: nei
2: når du seier det, så trur eg at det er heilt-- det eg har kontakt med i departementet er jo ofte kommunikasjonsfolka der i samband med
1: ja?
2: (H) med besøk og sånn. og dei trur eg skriv nynorsk når eg skriv nynorsk altså. han ein er jo frå (stadnamn)
1: mm. han fyl mållova då, i alle fall @@@
2: ja. @@ nei, det veit eg ikkje så mykje om
1: skal vi sjå. eg veit ikkje kor relevante spørsmål eg har skrive her eg no, for du har eigentleg sagt mykje om det, men e=. om ein tenkjer på sånn meir … det som har kome fram ‘om klyng då
2: mm?
1: at det her er … om eg forstår- om vi kan tolke det slik då, så skjer her inne ((peikar på figuren)) innanfor bedrifta ganske mykje nynorsk,
2: mm.
1: men at det utad skjer meir bokmål og engelsk. kva trur du er prosessen bak eit slikt språkvalg?
2: nei, altså at det er engelsk, det er ikkje vanskeleg å forstå. det er jo det at vi opererer i ein internasjonal bransje.
1: mm.
2: og då må du velje. du er nøydd å ha engelsk. for å bli forstått. og då er valet skal du ha norsk i tillegg @@ eller skal du ikkje.
1: mm.
2: vi har valt å ha begge deler fordi at ‘ identiteten vår er … er så knytt til ‘språk
1: mm.
2: eh= og fordi at vi vil at når folk les om bedrifta si i alt som kjem frå bedrifta så skal dei føle at dette er ‘oss
1: mm.
2: ‘det gjer du ikkje dersom det er på engelsk
1: mm.
2: så akkurat ‘det synest eg ikkje er vanskeleg. men at ein … dersom ein brukar nynorsk internt og så bokmål ut … ‘det forstår ikkje eg
1: nei
2: det er der <@!ingen grunn til@>
1: @@@ nei @@@
2: <@ det må dei !slutte med @>
1: <@ men kvar er det dei tek feil hen då @>
2: altså
1: kva er det dei misforstår?
2: altså det interne opplevest sikkert som nærare og meir personleg
1: mm.
2: og då kan ein på ein måte- då brukar du det som ligg naturleg for deg
1: mm.
2: medan når du skal ut så skal du på ein måte vere ‘formell og … ‘ordentleg og då … er det kanskje lettare å ta på seg eit anna språk

1: mm.
2: det er jo berre tøys .. men
1: mm. ja.
2: ja. og så ‘trur veldig mange at dei er ‘flinkare å skrive bokmål enn nynorsk, men dei er jo ikkje det, for vi skriv jo så lett eit’ veldig ‘konservativt bokmål når vi skal skrive bokmål
1: mm.
2: for å vere sikre på at vi skriv bokmål, liksom
1: mm.
2: så vi er ikkje så ‘gode på det som vi trur @@@
1: nei @@@ mm.
2: eh= og så er det !veldig mykje sånn ‘fraser … som er enkle å klinger på bokmål, som vi kanskje ikkje ‘har
1: mm.
2: altså i samband med … tilbod og alt sånt … men då får vi ‘lage nokon då
1: mm.
2: @@@ nokon må byrje å ‘bruke dei på nynorsk då
1: ja. ja ‘driv du mykje med sånn språkutvikling? @@@
2: ja, i driv av og til og prøver å finne kva … kva kan vi heller kalle det? ref ... eh= denne her ingeniørstillinga for eit par veker sidan
1: mm. ja?
2: em= så det ‘skjer at vi gjer
1: mm.
2: og folk kjem og lurer <SIT du, ka … ka vi skal kalle dette her, då. Kva heiter dette på nynorsk? du din språknazi … kva heiter dette her? SIT> @@
1: ja? @@@
2: <SIT ja ‘no skal vi ‘sjå … skal vi slå opp i ‘bokja SIT> eh= og ‘det er jo ‘kjempeinteressant
1: ja? mm.
2: men eh=
1: så igjen, då, så er du litt sånn … at du faktisk ‘påverkar litt …
2: ja, det har blitt ei greie
1: at du er med å endre, eigentleg litt, då, språksituasjonen sånn i stor …
2: eg trur eg har vore med og endra ‘bevisstheita at det …
1: åja, men dersom du finn opp, i hermeteikn, nye ‘ord, så er du jo i største grad med og påverkar då
2: ja, om vi finner dei opp så ofte, det veit eg ikkje, men vi leitar i alle fall etter dei gode nynorske ‘løysingane
1: mm.
2: em= og det gjer vi eigentleg ganske ‘ofte fordi at … e= vi ‘er i ein sånn prosess med … e= sertifisering og ‘masse nye krav i forhold til HMS og kvalitet og alle sånne ting
1: mm.
2: em= og då. det som finst det er veldig ofte ‘engelsk eller ‘gamle bokmålsutkast … der vi må finne ‘vår måte å (H) på ein måte ‘beskrive det og at det skal bli både ‘rett ‘språkleg men at ‘innhaldet ….
1: mm.
2: og av og til må vi berre bestemme oss for at ja men ‘det betyr ‘det hos oss
1: mm.
2: em= sjølv om ikkje det det er det vanlege, så blir vi
1: mm.
2: no einige om at ein arbeidsleiar er det same som ein formann, for eksempel, sant?

1: mm.
2: det skal ikkje heite ‘formann, lenger. her er folk ‘arbeidsleiarar og då veit vi at det er ‘det det betyr. vi er einige om det.
1: mm. ja du nemnde ordet tilbod også … e= eller tilbod
2: ja tilbod @@@
1: a- anbud …
2: ja.
1: at det. det er ikkje så lenge sidan eg las faktisk akkurat om det at … nokon meinte då at <SIT ja men ein ‘kan ikkje bruke tilbod for det ‘dekker ikkje ‘det som anbudsordet betyr SIT>
2: mhm.
1: men det er som du seier då. ja men det … det ‘betyr det.
2: ja. her med oss ‘betyr det det. @@
1: ja @@@
2: og så lenge folk på ein måte har ein felles forståelse … det er o det det handlar om
1: mm.
2: at alle skal forstå kva det er som ‘ligg i ‘det ordet
1: ja. tenkjer du det der er ‘andre bedrifter rundt om som ‘driv på slik som du … og at de ikkje veit om kvarandre @@@ eller ‘er der …. har du kontakt med ‘andre som sit på same måten og seier <SIT !du kva kallar de … anbud? SIT>
2: (H) nei= e= av og til er vi kontakt med sånn ut på *Bx* for å finne ut meir sånn ‘stillingstitlar og liksom
1: ja? mm.
2: for å vere sikker … for folk ‘samanliknar jo ‘lønsnivået og sånn, ikkje sant?
1: mm.
2: så vi må liksom vite ja men er det eple og eple vi samanliknar her. kva ‘ligg i ‘det og …
1: mm.
2: men … !nei, det- det hadde vore ‘intressant om det var fleire som heldt på med det, og det er det sikkert, men …eg veit ikkje … kven det skulle vere @@@
1: nei? mm.
2: @@@ rett og slett
1: mm.
2: men ‘det kan godt hende, veit du om dei så vil eg gjerne vite om dei, for det er jo !kjempeinteressant
1: eg kan ikkje svare sånn her og no i alle fall, men det er jo eit ‘satsingsområde eigentleg for Språkrådet, då
2: mm
1: at det skal vere- at fakspråket skal vere- nei at ‘nynorsk fagspråket skal vere brukande over alt, sant … eller bli utvikla slik at det kan brukast.
2: ja. jada, og ‘mållaget ‘her hadde jo sånn i høve til butikkannonsering og sånn
1: mm.
2: dei har denne vesle … kva det no heiter
1: Blest
2: ja. ‘det er interessant
1: mm.
2: og det er min !beste ven er denne med andre ord-boka, sant?
1: mm.
2: nynorske versjonar av bokmålsuttrykk og sånn- det er veldig- den brukar vi

1: mm. m= skal vi sjå (KREMT) … litt i fortsetjinga av dette interessentkartet … eller korleis ein formulerer seg … og framstår (KREMT) eh= likt eller ulikt overfor dei ulike mottakarane … eller samarbeidspartnarane eller kven det er. så ‘lurer eg litt på … eh= ‘måten ein formulerer seg … generelt her på Sunnmøre
2: mm.
1: er den annleis enn andre plassar i landet?
2: mm. veldig direkte og kort og kutta inn til beinet
1: mm.
2: trur eg. ikkje noko sånn … veldig dårlig på sånn høflegheitsfraser og sånn
1: mm.
2: og at det er veldig ‘rett på ‘sak, der ein har ikkje ‘behov for den ‘innleiande på ein måte å ‘etablere relasjonar og sånn, som ein gjerne må ha med nokon som du ikkje kjenner så godt
1: mm.
2: du kan … ‘gå rett på, så eg trur ‘språket også blir veldig … ‘direkte
1: mm.
2: på … ein har ikkje tid å halde på med masse dill ved sidan av
1: mm. ja, men då er du innanfor klynga og liksom allereie i ein relasjon, på ein måte
2: ja. mm.
1: men der som du … em= reiser på klyngekonferansen i morgon @@@
2: mm.
1: <@ er det ikkje det det skal vere?@>
2: jau. det skal det vere.
1: og så treff du nokon som du ‘ikkje har treft før
2: mm
1: men frå Sunnmøre .. då da?
2: !åja. han er sunnmøring?
1: ja. @@.
2: jau, då trur eg det blir på … same greiea. der for ein lekter @@@ det kom plutseleg ei kran, berre
1: @@@
((ser ut av vindauget at ein lekter går forbi))
2: men vi ‘skal ikkje … det betyr ikkje at ein- ‘det er den ‘beste måten.
1: mm.
2: ‘det er det ikkje. når eg jobba i *Bx,* så var det opp til fleire gongar at folk på ein måte blir fornærma eller
1: åja.
2: synest vi er ‘utruleg uhøflege. fordi vi er så ‘direkte i ‘språket og det …
1: mm.
2: og ‘vi kan jo synest at det er litt ‘artig, men det treng ikkje å vere ein ‘fordel
1: nei.
2: overhovudet ikkje. og vi kunne ha godt av å lære litt sånn … small talk og … em= ja. sjefar som blir litt sånn ‘flau i eit møte fordi der er andre folk, og du som sjef blir ‘motsagt av folk som er ‘under deg, liksom, sant?
1: ja. ok. for eksempel, kva setting kan det vere?
2: ja <@det var heilt ‘konkret at eg og ein kollega var i England med vår sjef, og så var det på ein måte e= andre i sam avdeling, men som ikkje var norske. og vi gjorde jo slik som vi er vane med. at når han sa noko, så var det *Px* som liksom protesterte, då <SIT nei, veit du !kva? det der stemmer berre ikkje. sånn går det ikkje an å gjere det SIT> og ‘han blei ‘heilt sånn ‘skipla av det og måtte liksom <SIT he

he, ja sånn er det når du har nordmenn på ‘laget SIT> men var !kjempefornærma, då, fordi at du motseier jo ikkje sjefen din
1: nei.
2: i eit fora, medan det er vi vane med at det blir- det er nesten foventa for at du skal gejre jobben din, liksom
1: ja. mm.
2: sånn at sjølv-- vi skal ikkje- ein treng ikkje meine at ‘det er ein ‘fantastisk måte å snakke på. men det er ‘det vi ‘gjer … vi er veldig
1: i alle fall litt … annleis, då
2: ja @@@ litt anleis
1: i forhold til. ja. nei skiller oss.. ja. ok @@@
2: @@@
1: men er dette anleis i Oslo også?
2: ja, ‘det trur eg?
1: på den same måten? på ein akse der at England er litt lenger (teiknar med hendene i lufta ein akse)
2: ja. england er nok lengre .. men
1: vekk
2: ‘det er jo inntrykket at … ja. her- vi- det er kanskje- @@ her er ikkje så mange å snakke med @
1: @@@@
2: og ein treng på ein måte ikkje å … du ‘veit kva den andre står for, du veit kva du skal ha ‘gjort, det er berre å … !tsj (peikar tydeleg framover) få sagt det
1: mm. ser du parallellar, om du ser ‘ut av bedriftsverda? ut i lokalsamfunnet vårt?
2: mm= kva meiner du?
1: samfunnsstrukturen på Sunnmøre i høve til
2: at det heng i hop?
1: ja. heng det i hop?
2: (H) tja= prøver å tenkje litt sånn politikarspråk, men ‘det er jo ikkje så ‘veldig ‘direkte, då. der er ein jo ikkje så flinke til å … sei frå
1: mm.
2: nei. det har- eg trur det har med. i alle fall i min industri så er det veldig … ‘tidspress. det er ‘valdsam konkurranse. det er- folk ‘jobbar- jobbar så ‘hardt og så ‘mykje at du- du forventar eit klart svar der og då
1: mm.
2: eh= der er ikkje ‘tid til … masse runder. der er ikkje tid til at den du snakkar med ikkje ‘er ‘den som skal ta avgjerda, for eksmpel
1: mm.
2: som er veldig vanleg i andre organisasjonar at ein må ta det med seg til bake og så diskutere-- det går ikkje
1: mm.
2: for vi står her og skal bygge akkurat ‘no
1: mm.
2: så du ‘må snakke. og dersom det då betyr at du må snakke med (peikar oppover) ‘han der.
1: mm.
2: så går du ‘rett dit.
1: mm. ok. <SIT set meg over då SIT> @@@
2: ja, sant? <SIT få ‘snakke med han, ‘då SIT>
1: @@ ja.

2: som ein dyd av nødvendigheit … fordi at vi står her og får ikkje gjort det vi skal
1: mm.
2: em= ja. og at det der er ei forventning i ‘kulturen om at det- det- ja. sånn
1: mm. (KREMT) du- du snakka i stad om eh= hierarki. og så sa du … oo du litt og sa at vi har jo eigentleg ikkje hierarki.
2: nei.
1: men er det slik også i .. samfunnet elles? tenkjer du sånn sunnmørskulturen? er den på same måte, trur du?
2: ja er den ikkje det?
1: veldig ledande spørsmål, kanskje?
2: @@ men det må det ofte vere. eg brukar å få skjenn med *Px* fordi eg stiller alltid leiande spørsmål, eg. fordi eg veit jo kva svar eg vil ha, så <@ då må eg jo @> spør om det. men, ja trur du ikkje det?
1: [@@ jau, ‘eg trur jo det, det er difor eg spør, veit du @@@]
2: bedriftskulturen er jo ein ‘konsekvens av det, rett og slett. fordi at du- du er omgitt av veldig mykje av dei same folka
1: mm.
2: også utanfor jobb, så
1: mm. (H) em= så …
2: men der ‘er eit hierarki, då. men ‘det går ikkje så mykje på e= titlar, men som på kven som er ‘god på det ein ‘gjer
1: mm.
2: at det er på ein måte fagleg ‘dyktigheit som e= som trumfar
1: mm.
2: andre ting
1: mm.
2: så sjølv om det kanskje ikkje er … organisasjonsmessig den som skal avgjere, så er det lett å gå til den, fordi at, du vil i alle fall vite at ‘han synest det er ‘greit
1: mm.
2: fordi dette kan han, så
1: ja, for i stad, då du sa … ok dersom han ikkje kan svare då, han som er på ‘det nivået, så vil du bli sett direkte ‘opp eit noivå … eller til den som ‘kan avgjere det.
2: ‘vi forventar det. men det ville vere heilt utenkjeleg der borte
1: men skjer det også ‘omvendt då, som ein konsekvens av det, at dersom du stiller spørsmålet for høgt … og ahn ikkje kan svare så seier han <SIT men, du… kan ikkje du heller snakke med … SIT>
2: dei som styrer med det
1: han som har meir greie på det enn meg, berre at han er lågare på … lågare på den formelle rangstigen, då, eigentleg
2: ja, eg veit ikkje om det ville ha skjedd om ein ‘hadde veldig ‘rangstige, for det ville bety … då ville ‘du seie at dette her kan ikkje du. @@@
1: åja, du vil ‘innrømme det også, det du ikkje bør innrømme
2: ja. men borte med oss er det sånn at <SIT nei, du det der veit eg ikkje kn du ikkje høyre med karane ute i … verkstaden, liksom
1: mm. ja. (H) m= skal vi sjå … ja. litt sånn haldningar til ‘språket ‘vårt ‘her’ vi som ‘bur her på Sunnmøre
2: mhm.
1: (KREMT) kva trur du slags haldningar folk flest har til språket sitt? då kun du seie dialekt først … eller talespråket sitt.

2: haldninga til sunnmørsdialekten? eg trur vi er ganske … har ikkje vi litt sjølvtillit på at det er heilt greitt då?
1: mm.
2: ‘det trur eg
1: mm.
2: det er ikkje- eg trur ikkje ein føler noko behov for å ‘språke lenger
1: mm. er det då annleis med skriftspråket?
2: det som er rart, og som ikkje har vore … før. det er at vi uttrykkjer oss skriftleg så mykje på dialekt.
1: mm.
2: det er jo … nytt på ein måte
1: ja. mm.
2: og !kjempeinteressant em= og det tenkjer eg gjer at ein kanskje blir einda meir medviten på dialekten sin
1: mm.
2: når du skal skrive henne og ‘tenkje over korleis- korleis ‘seier eg det då, eller kor
1: mm.
2: ja. men, det er jo ein ‘heilt annan diskusjon, då
1: mm.
2: men, ‘det er ‘kjempeinteressant. kvifor gjer vi det og kva betyr det
1: mm.
2: og. kva seier det om relasjonar og … det var ho Audhild (masterstudent) skreiv vel om
1: mm.
2: ja.. mm. kva spurde du om? haldning til det-
1: ja? nei, for du seier eigentleg at vi er jo ganske- synest det er no greitt- språket vårt er jo veldig greitt og vi treng ikkje ‘språke … eller kva du sa. (KREMT)
2: ja, har ikkje det blitt slik då? kan ein ikkje vere sunnmøring i Oslo utan å … !jau
1: ju, eg trur det kanskje er litt sånne ‘praktiske grunnar kanskje ofte til at ein ‘språkar
2: !jada
1: dersom du seier jau, og så … eg meiner ‘jo, eller @@@
2: @@@ jada
1: det er jo den <SIT eg er so låk i haude kan ej få ein haudeverkstablett?> @@
2: ja @@@ ja, og det ‘må ein jo. det jorde jo eg også då eg jobba i Olso, at det var ting som du berre liksom
1: ja.
2: ‘det gidd eg ikkje å prøve å ‘forklare ein gong
1: mm.
2: sant? berre …
1: men ikkje for å … ‘heve deg sjølv, fordi du føler du er f- lenger nede på ran--
2: det ‘nesten du føler det er den ‘andre vegen, at du liksom det er litt sånn demeaning. liksom
1: mm. kva det er litt sån?
2: demeaning, altså du gjer deg litt lita med å måtte ‘språke
1: ja. mm.
2: e=
1: ja? og då lurte eg på. kva då med skriftspråket. har vi den same selfølgelegheita med at <SIT ja, det er greitt å skrive SIT> kan du bytte ut det @@
2: mm.
1: med skriftspråk. har vi den same ‘følelsen med det? … eller ‘kjensla då?

2: mm. ja !@@@ hem= eg veit ikkje- eg har prøvd å diskutere det med ungane, men dei stakarane er jo så inndoktrinerte på <SIT det er viktig å halde på språket SIT> og sånn då, så eg trur ikkje dei er heilt
1: @@@ heimanfrå?
2: nøytrale … ja @@@ nøytrale då
1: mm.
2: men for ‘dei er det heldigvis heilt sånn ‘sjølvsagt
1: mm.
2: at det er ikkje noko å … e= men eg ‘ser at han minste no, no er han (alder) og byrjar å få litt meir medvite tilhøve til det, men når han skulle- skal skrive’fritt og sånn på skulen, og liksom skal dikte?
1: ja.
2: !då blir det fort ‘bokmål
1: hm @@
2: ‘kjemperart. eg veit ikkje det er fordi at ‘forteljingar og ‘historier er på ‘bokmål eller
1: mm.
2: veldig rart. em=
1: (KREMT) mm.
2: men for- e= ja. nei, som sagt det er vanskeleg å sie sånn generelt, fordi for ‘meg så ‘er det så, er det ein medviten … ‘ting.
1: mm. (H) e= vil du seie- du ‘har jo eigentleg sagt det … @@@@ at språket er ein del av identiteten, for du har snakka mykje om identitet.
2: mm.
1: em=
2: absolutt. og heilt ‘uløyseleg knytt. altså, det ville ikkje ‘hengt i ‘hop det vi seier. som at vi er som bedrift, at vi på ein måte er ‘rotfeste i (stadnamn) og (stadnamn) og (xxx) års tradisjon og …
1: mm.
2: søre sunnmøre, og så skulle vi sagt det på ‘bokmål,
1: mm.
2: det hadde ikkje ‘gått
1: mm.
2: for det hadde vore to ulike historier
1: mm. og likevel så er det ‘nokon som ‘gjer det då
2: !ja og ‘det forstår eg ikkje
1: nei @@@
2: @@@@ men, nei. det- så det er heilt sånn bærebjelke i identiteten vår.
1: mm.
2: ‘heilt soleklart
1: ja. mm= ja, og så når eg er inne på kva som skil bedriftene, då, som vel ulikt, og du seier eigentleg at deu- det er litt vanskeleg å forstå. for deg. kvifor i all verda
2: mm.
1: vel dei å skrive--
2: det ‘kan vere- altså, dersom du er ei stor bedrift, eller har avdelingar mange plassar rundt i landet og sånn
1: mm.
2: at det (H) men, eg forstår det- altså ein kan forstå det litt sånn rasjonelt at det er enklast at ein har eitt språk å forhalde seg til, men kvifor skal ein vere den som ‘gir seg liksom @@2
1: @@ mm.
2: em= ja. og i *BX*enn i *B,* for då hade vi masse folk i (stadnamn) og sånn, ikkje sant?
1: mm.

2: som berre <SIT all verdens rike var dette her for noko SIT> og for ‘dei vart det då ikkje ‘deira bedrift, sant?
1: mm.
2: på same måte som vi meiner det er ‘viktig å vere ‘nynorsk fordi folk skal ‘føle at dette her er ,oss
1: mm.
2: så blei det unatureg for dei igjen
1: mm.
2: så, det. ja.
1: så då vert du eit mindretal, eigentleg, som av og til må bøye deg, eller
2: ja.
1: mm. em= skal vi sjå. på dette- i denne anonyme-- ja kor langt har vi kome med tida no
2: nei, det går bra, det går heilt fint
1: eg håpar denne tek opp her, ja
2: å,ja
1: jada @@
2: @@@@
1: ja, der var det, skal vi sjå. vi er på 60 % no cirka av intervjuet. e= (KREMT) der var ein e= em= eit spørsmål i intervjuet, nei i spørjeskjemaet, e= som gikk på kva som styrer språkbruken. og du har sagt mykje av det. men eg var tenkt å spørje litt om andre grunnar, då. skal vi sjå. og sprøsmålet var >SIT i kor stor eller liten grad vert den daglege språkbruken påverka av faktorane som er nemnde nedanfor SIT> og då var det uformelle signa frå eigarane, frå leiarane, sedvane, eigarane sitt eige skriftspråk og-- men du har vore innom mykje
2: ja alt det der, eigentleg @@
1: ja. @@
2: at det er- det ‘er tydeleg uttalt at ‘vi er ‘nynorskbedrift
1: mm.
2: og leiarane våre brukar det med den største selfølgelegheit
1: mm.
2: e=
1: ja, men eg vil hoppe ned til nore andre grunnar som ikkje var nemnde der. som eg berre lurer på
2: mm?
1: e= praktiske omsyn? @@ hensyn. er ‘det noko som speler inn? at det er mest praktisk?
2: (H) praktisk? … nei det er jo ikkje mest ‘praktisk, fordi at det sånn default retteprogram og sånn i all slags- er jo på ‘bokmål, då
1: mm.
2: så det er jo ikkje mest ‘praktisk. det er jo. du må jo ‘velje det @@ på eit vis
1: @@ mm.
2: e= men det er mest praktisk, dersom du tenkjer kva som ligg nærast … talespråket og kvar enkelt av oss.
1: mm.
2: om det er det du meiner med ‘praktisk
1: mm.
2: men sånn … ‘teknisk så er det ikkje alltid sa- det mest praktiske
1: mm. økonomiske omsyn, då?
2: … nei, eg kan ikkje ‘forstå at det skal ha noko påverknad, eigentleg
1: nei? tener de ‘meir på det, brukar de meir pengar på det? altså er der-
2: mm.
1: er der slike e= spørsmål som

2: mm. ‘brukar vi meir pengar .. nja, det m= . <@ det er nokre ‘ordbøker og noko slikt noko då, som må inn @>

1: @@ tre hundre og fem og tjue kroner @@@

2: nei, eg kan ikkje ‘sjå at det em= vi- vi vinn nok ikkje kontraktar fordi vi brukar nynorsk, men vi taper dei ikkje heller

1: mm.

2: altså eg trur ikkje det har noko påverknad på akkurat ‘det

1: nei.

2: det har påverknad på ‘omdøme og ‘sjølvbilete og sånn trur eg

1: mm.

2: men ikkje-

1: mm. så i tilfelle, så er det ganske så ‘indirekte?

2: ja, fordi det vi styrer med, det er så- ‘stort … på ein måte at det er heilt

1: mm.

2: andre- hadde vi vore ein ‘butikk eller noko, så hadde

1: mm.

2: det kanskje vore enklare å ‘sett at du kunne på ein måte vinne, finne nokon- men

1: mm.

2: men du er ikkje så nynorskpatriot at du bygger på eit nynorsk ‘verft, i motsetnad til-

1: nei @@ nei

2: altså, det. nei. det går ikkje @@

1: (KREMT) og så lurer eg litt på dette med speler det inn noko sånt samfunnsansvarskjensle, altså at du- at det- at bedrifta føler at ein har ei ‘plikt til å bruke språket?

2: (H) !eg føler at vi har det

1: ja?

2: men om eg kan seie at ‘bedrifta føler det … em= ‘det veit eg ikkje.

1: mm.

2: men, det heng i hop med at vi skal vere ein ‘tydeleg ‘lokal … aktør

1: mm.

2: e= em= og at det då er ‘sjølvsagt at vi brukar ‘språket vårt, og det ville følest litt sånn svikaraktig å bruke bokmål

1: kven svik du då?

2: em= ‘språk og lok- … ‘språket og lokal … altså omgivnadene

1: mm.

2: for eg tenkjer at dersom vi hadde brukt bokmål, så hadde vi signalisert at ‘nynorsk … kanksje ikkje var bra nok

1: mm.

2: til det vi styrer med. som eg synest ville ha vore frykteleg i høve til … ‘skuleungane og

1: mm.

2: til (H)

1: ja

2: ja. eg berre tenkjer sånn at. trur eg har sagt før, at ungane kan gå rundt med dei ‘gullskjerfa der det står noregsmeister

1: mm.

2: det gjer meir for nynorsken enn kva som helst altså

1: mm.

2: og det at dei ‘ser nynorsk i lokalsmafunna sine som ‘heilt sjølvsagt

1: mm.

2: det synest eg er ‘kjempeviktig.
1: mm.
2: og det føer eg eit ansvar for
1: mm.
2: fordi min jobb inneber å ‘styre med ‘språk
1: mm.
2: em= … ja.
1: mm. så du tenkjer eigentleg, dersom eg forstår deg rett, då, så tenkjer du meir at du har ansvar overfor ‘folka som bur ‘her, då, eller altså ‘bedrifta då.
2: jaja
1: @ ikkje ‘du kanskje men @@ at du em= at du gjer ein jobb for … ‘deira sjølvtillit, meir enn for ‘språket. at å berge eit språk er ikkje oppdraget ditt.
2: nei, ‘det er det ikkje. men det er ‘mitt språk, så det er heilt ‘naturleg at eg skal ‘bruke det,
1: ja?
2: men ikkje for ‘språket sin del
1: nei.
2: men fordi det er ‘vårt
1: ja. mm.
2: og fordi det er ‘vår identitet
1: mm.
2: og eg ‘synest det er viktig at bedrifter brukar det
1: mm.
2: e= nettopp fordi då viser du at det ‘er- det ‘er godt ‘nok
1: mm.
2: det er faktisk ‘kjempebra
1: mm.
2: e= og det må vi- ja. eg trur at når bedrifter bedrifter brukar det ‘sjølvsagt, så blir det … at på eitt eller anna vis, så påverkar ‘det ‘ut.
1: mm.
2: at fleire kan tenkje at <SIT j, men det SIT> ja.
1: mm.
2: <SIT at funkar det der, så kan jo vi også SIT>
1: (KREMT) og dei andre punkta her det er identitetsomsyn. det har du sagt. marknadsføring har du snakk om at det er ikkje sånn eigentleg … ‘derfor @@@. det er ikkje for å ‘selje meir, på ein måte?
2: nei. for det er ikkje sånn vi sel
1: nei.
2: men det er meir- i omdømebygginga er det jo viktig
1: ja. det var neste @@
2: ja. ok @@ nettopp fordi at det komplimenterer historia om oss. det ville-- du ‘kan ikkje fortelje historia om framveksten av denne industrien her- og så skal du gjere det på ‘bokmål. eg forstår ikkje
1: mm.
2: korleis ‘den historia skulle hengt i hop
1: mm.
2: fordi at det er så nært knytt til kultur, identitet, sjø, fisk, ytre søre sunnmøre
1: mm.
2: altså
1: mm.
2: og ‘det er ‘nynorsk

1: mm.
2: det m= ja.
1: kjekt
2: ja.
1: (KREMT) skal vi sjå. e= neste. eg må berre gå vidare, veit du. skal vi sjå (KREMT) e= litt om dette her med språk igjennom ‘livet, då. e= det også har vi jo vore ‘litt innom. e= e= at folk e= skiftar litt. du sa at dei ofte skiftar når dei kjem på vidaregåande eller når ein … fer til oslo og går på skulen eller
2: mm.
1: eller bergen eller, og nokon held på det, då, slik som du @@ gjer likevel. og sikkert har gjort i utdanninga di, då, også
2: mm.
1: mm. men kva er det som-- kva er det du tenkjer eller ‘typiske sånn ‘språklivsløpet for ein som jobbar … på verftet? her eller på
2: (H)
1: som underleverandør eller- (H)
2: (H) hm. eg. det er vanskeleg. anten er det det at du held på nynorsken din, eller så at du har eit !sveip innom bokmål i sånn tidleg vaksen alder
1: mm.
2: i samband med utdanning. med tanke-- det har igjen med kor … medviten du er. altså, for somme så- det er ikkje eit tema. dei skriv no når dei ‘må, og då er det ‘det som ligg ‘nærast i så eg trur ikkje alle har så medvite ‘forhold ‘til det
1: mm.
2: e= men det ‘synest jo <@ det synest eg jo dei burde ‘ha, då @>
1: @@@ ja?
2: og det er jo difor vi også gjer det sånn intern litt til ei greie
1: ja
2: inne i mellom … at det. ja. det heng i hop
1: mm.
2: med alt anna vi skal gjere på ‘skikkeleg vis, så skal vi også bruke ‘språk bevisst og ‘skikkeleg
1: mm. så det er litt … forstår eg deg rett då? at det er litt sånn e= for dei som ‘skiftar, meir enn du har gjort då, at det er litt meir sånn for … ja for ‘enkelheits ‘skuld … altså ikkje noko. det er ikkje noko big deal @@@ som det heiter
2: !nei, og fordi at forelesningane og forelesningsnotata du får og bøkene og alt er på ‘bokmål så
1: mm.
2: eller på egelsk som det
1: mm.
2: også veldig mykje er
1: mm.
2: så er det praktisk å sleppe å på ein måte ‘tenkje i ‘to språk
1: mm.
2: samtidig.
1: (H) dersom ein då tek neste steg, inn i arbeidslivet, og så seier ein då at ein etter nokre år så kjem ein i ein bedrift ‘på Sunnmøre, der ein faktisk kan ’påverke ‘bedriftsspråket, då
2: mhm.
1: så er det nokon som tenkjer <SIT ja, då skriv vi bokmål, eller vi skriv engelsk, eller vi skriv .. ‘nynorsk SIT >
2: mm.
1: e=. kva- kva er det som skil? @ kvifor vel dei eine det eine og dei andre det andre?

2: eg trur at for å velje nynorsk så må du framleis- så er det meir sånn ‘bevisst
1: mm.
2: litt sånn motstraums-greier fordi det-
1: mm. også på Sunnmøre. blir det det?
2: ja, og at ‘det krev ei forklaring, men
1: mm.
2: dersom du skriv bokmål så krev ikkje det ei forklaring
1: mm.
2: em= skriv du engelsk, så krev det kanskje ei forklaring, men alle vil forstå den @@
1: @@ mm.
2: sant?
1: mm.
2: for. det er for å gjere det enkelt
1: mm.
2: fordi du opererer på tvers av språk
1: mm.
2: em= sånn at eg tru kanskje nynorskbrukarar er meir ‘bevisst språk- det kan vere ‘heilt feil då
1: mm.
2: men eg ‘trur det, at er du-- tek du det valet så er det-- då har du eit meir medvite tilhøve til
1: mm.
2: ‘språk, nettopp fordi du er ein minoritet og
1: mm.
2: blir gjort merksam på at du er det
1: mm. (KREMT)
2: der er jo ikkje nokon grunn til å ‘ikkje gjere det, ‘likevel
1: nei @@.
2: @@@
1: em= … m= skal vi sjå. språket før og no i bedrifta sa du litt om i stad
2: mm.
1: e= og tidlegare generasjonar. !ja. det eg var litt sånn ute etter. ‘utdanningsnivå. em=
2: mm?
1: i bedrifta. før og no. eg reknar med der har vore litt e=
2: mm. at det har gått opp ja
1: ja at det har gått opp, ja
2: før så byrja du når du var konfirmert, å byrja du på ‘verft
1: dersom du em= koplar det til ‘språk. ikkje ndvendigvis på *B* no då, men sånn generelt. heng det i hop? altså det at det har blitt meir utdanna folk, gjer ‘det at det vert meir ‘bokmål ute i bedriftene, meir nynorsk, eller …
2: (H)
1: meir engelsk kan vel vere @ sjølvsagt også, då
2: mm. igjenså vil jo det vere heilt synsing, men eg ‘ vil tru det fører til meir bokmål
1: mm.
2: fordi at du-- du har nokre år der du er omgitt av det, på ein heilt annan måte. og
1: mm.
2: der du skal formulere deg sjølv og der alt input du får om eit fagfelt er på bokmål, kanskje
1: mm.
2: sånn at dine formuleringar- om det blir det
1: mm. du tek med deg fagspråket ‘inn

2: ja?
1: og så, slik som du sa, så manglar det noko fagspråk, ofte.
2: mm.
1: ja. mm.
2: så. det ‘trur eg. men eg har jo ikkje noko tal på det, men.
1: nei.
2: det vil eg tru
1: (H) (KREMT) om eg snur sprøsmålet den andre vegen då @@ e= det at ein har ei ‘utdanning … å slå i bordet med, kan det også føre til at folk lyttar til deg når du seier at eg vil at vi skal gå over til å bruke nynorsk ‘no
2: ja. ‘det tru eg
1: som du ikkje kan ‘slå i bordet med om du ikkje har den utdanninga
2: ja. ja ei slags utdanning
1: sjølv om den er utdanninga, eller sjølv om den handlar om heilt andre ting enn språk?
2: ja, no er det jo … ikkje nokon som har jobb på verft lenger utan at dei har utdanning
1: mm.
2: sant? no må j alle ha eitt eller anna
1: mm.
2: slags fagbakgrunn. men e= jau= sjølv om eg … eg er jo ikkje utdanna innan språk
1: mm.
2: men … innan (fag) men eg opplever jo at eg likevel på ein måte blir brukt som litt sånn autoritet på … på språk
1: mm.
2: em= men det er vel kanskje ‘heller at eg har. at ein ‘tek litt den rolla.
1: mm.
2: em= fordi det blir ein del av fagfeltet som ein skal styre med
1: mm.
2: men, eg trur du har rett i at ein … ein må ha ei viss … litt sånn teoretisk ‘tyngd, kanskje
1: mm.
2: for å … bli høyrd når det gjeld sånt
1: mm.
2: viss ikkje så … ja kvifor skal ‘du meine noko om ‘det på ein måte
1: mm.
2: at det må … ja.
1: ja. (H)
1: no er jo konsernsjefen (utdanning) men han er jo veldig tydeleg
1: ja?
2: på korleis det skal vere
1: mm.
2: han har mykje (fag)bakgrunn
1: em= ja. du var inne på-- det- for det var eitt av spørsmåla mine om bedriftene ‘her sitt omdøme. om det påverkar. og det ‘sa du litt om i stad. at du trudde, faktisk. at det at det går ‘bra no, gjer at du meir får ein sjølvtillit på språket o’også då.
2: ja, eg trur det gjer det ‘lettare
1: mm.
2: fordi at du generelt på ein måte har .. <SIT generelt på ein måte SIT> @@@ !æææh
1: @@@ det byrjar å bli seint @@
2: ja @@@ em= det er lettare å ha sjølvtillit på val som er litt sånn motstraums, når det går ‘godt

1: mm.
2: sjølv om det burde jo altså ikkje vere motstraums å bevisst velje nynorsk ‘her
1: mm.
2: em= og så … omdømet vårt har … den- det som vi har jobba med @ på ein måte siste åra. det- nynorsk har jo vore ein ‘del av ’det. altså sånn at eg føler at det er litt sånn u-skiljeleg. det kven *B* er og at vi brukar nynorsk og at vi på ein måte … dette her med at vi tek … industrien ‘tilbake til noreg
1: mm.
2: og alt sånn. ja, igjen. det heng i hop, og eg ‘hadde ikkje kunna fortalt det på ‘bokmål
1: mm.
2: det … eller sjølvsagt kunne eg det. men det hadde vore rart. det hadde vorte ‘falskt g det å vere-- at ting skal vere ‘ekte og skikkeleg, det er heilt sånn gjennomsyra del av … ja.
1: mm.
2: det skal vere ‘skikkeleg. vi skal gjere godt arbeid og vere til å stole på
1: mm.
2: det er ikkje … det er ikkje berre ‘pynt. det er heilt sånn
1: mm.
2: det skal vere ‘oss. ja
1: (H) (KREMT) mm= e= eg har nokre sånne kjappe spørsmål til slutt, som eg trur eg berre. eg trur dei dekker eigentleg
2: mhm?
1: men eg vil spørje deg litt om framtida. no skal du få ‘spå
2: yea, yea.
1: eg reknar med at du la merke til han Geelmeyden, då han sa at … e= at nynorsk <SIT er ikkje dødt, bare døende SIT>
2: @@ (SUKK) duste-
1: @@@ skal eg- skal eg lese det?
2: @@@ ja takk
1: altså han er seniorpartnar og sjef i Geelmeyden og Kiise, trur eg det heiter
2: mhm.
1: han sa då, det var i oktober i 2013. <SIT nynorsk er ikkje dødt, bare døende….SIT> ((les to sitat. eitt frå Geelmuyden og eitt frå Ottar Grepstad))
2: @@@@
1: e= poenget mitt er at det er mange som ser- prøvar å sjå inn i framtida, då
2: mm.
1: og no skal ‘du få lov
2: !yuhuu @@
1: @@ og då er det sånn enkelt og greitt, då.
2: mm.
1: trur du det blir ‘meir nynorsk i forhold til bokmål, i framtida. eller som no, omtrent eller mindre. nynorsk i forhold til bokmål. her i vårt område i den maritime klynga.
2: (H) åja. her?
1: mm.
2: ‘her ‘trur eg at det blir ‘meir em= og at dersom det går på bekostning av noko, hadde eg så nært sagt, så er det heller det at norsken generelt forsvinn i forhold til engelsk
1: mm.
2: men … em= eg trur at hadde du gjort den undersøkinga så ville det ha vore enda færre nynorskbedrifter, kankje
1: mm.

2: trur, igjen
1: mm.
2: em=
1: mm. ja, men det er mange som trur, for det er lite … kunnskap eigentleg
2: mm. at det har ‘snudd sånn generelt i samfunnet også. og så trur eg at sunnmørsk næringsliv har fått- igjen då- at vi har ganske god sjølvtillit på at ‘det vi driv med det ‘held
1: mm.
2: altså at ‘det er bra og at ‘språket … eg trur Geelmuyeden tek ‘feil, då, fordi ja det handlar om å- kva sa han om å bli sett eller å bli lagt merke til eller
1: ja. forsvinne i mengda, seier han
2: ja. kommunikasjon handlar trass alt om å bli lagt merke til. og då ser han jo heilt vekk frå ‘den sida med å bli lagt merke til som du ‘blir på grunnav språket ditt
1: mm.
2: ikkje sant? em= det handlar jo om å skilje seg ‘ut e= og det gjer du framleis med å bruke ‘nynorsk. og dette med søkjemotorane også. det ‘provoserer meg, fordi det blir vi også av og til konfrontert med
1: mm.
2: men det gjeld jo berre å-- at du har dei rette triggerorda, dei rette søkjeorda- em= og dei kan vere skjulte og dei kan vere synlege altså
1: mm.
2: og skip og verft og sånn er ikkje så veldig ulikt
1: mm.
2: det er klart det har med kva slags bransje du er i, men
1: mm.
2: ‘eg håpar og trur at også det at ungane våre. til ei heilt anna grad enn tidlegare skriv dialekt. at det vil gjere at dei er meir vane med å skrive talespråknært.
1: mm.
2: og at det vil vere på ein måte sjølovsagt for dei at … det normerte språket då må vere nynorsk, fordi at det det er så likt sånn som dei snakkar
1: mm.
2: og at det ‘forskjellen dialektkommunikasjonen deira digitalt og skriftspråket deira blir mykje mindre enn
1: mm.
2: om du skal … håpar eg
1: ja. så du tenkjer faktisk at dialektskriving ‘hjelper nynorsken
2: eg ‘tenkjer det. fordi du ‘ser at … du kan skrive nesten normert nynorsk
1: mm.
2: og skrive dialekt
1: mm.
2: for vår sin del, sant. du har nokre få sånn ej og sånn, men.
1: e= du håpar og ‘trur, sa du. og kva er det som skal ‘til. kav er det viktigste som må skje for at det skal ‘bli sånn
2: (H) (Hx) det er nok ‘veldig personavhengig.
1: mm.
2: em= i bedriftene. det ser ein jo. at dersom der er nokon som er klar på at det skal vere ‘nynorsk, så ‘blir det ‘det, for det store fleirtalet er ofte sånn <SIT ja, samme for meg, liksom SIT>
1: mm.
2: og dersom det er nokon då som meiner sterkt

1: mm.
2: så kan det ‘bikke
1: mm.
2: bikke til ‘nynorsk
1: mm.
2: men så har det ‘også med … at det er ‘tilrettelagt sånn ‘teknisk, at det alt slags retteprogram og sånn
1: mm.
2: at det er liksom mindre hassle. dersom ‘nynorsk hadde vore ‘gode nynorske retteprogram, ‘gode nynorske versjonar av e= liksom dei store vanlege programma, så hadde det vore så mykje ‘enklare
1: mm.
2: em= og ikkje at du må på ein måte ‘aktivt ut og ‘finne og ‘styre liksom
1: mm.
2: men at det det låg-- dersom der var defaulten, som det heiter på nynorsk
1: @@@
2: @@ i systemet ditt på jobb. at alt var stilt inn på ‘nynorsk. kor mykje greiare det hadde vore @@
1: mm. mm.
2: og så har det noko med litt sånn generell samfunns … altså at … nynorsken … det følest ikkje som ein sånn ‘kamp, liksom. at du ikkje er heil sånn utskudd, rar om du vel å stå på nynorsken din, ‘no
1: mm. du føler at det er sånn no
2: ja
1: mm. så det ligg eigentleg til rette for det allereie
2: ja, det er litt sånn i tida, er det ikkje det då? em=
1: så det er ikkje store ‘endringar du tenkjer må ‘skje om det skal bli meir nynorsk, det må berre fortsette ei utvikling som er i gang? er det det du ‘seier, eller
2: ja, eg ser ikkje heil kva- korleis det kan vere ei … ei endring initiert utanfrå, på ein måte, om kan påverke det
1: mm.
2: for språk opplevest også veldig ‘personleg. og eg hadde jo fått ‘alle piggane ute om nokon kravde at eg skulle skrive bokmål i jobbsamanheng
1: mm.
2: og vi krev jo ikkje at nokon på *B* at dei skal skrive nynorsk
1: mm.
2: vi seier at det som vi ‘sender ‘ut som- ‘frå *B* sånn på nettsider og alt sånn
1: mm.
2: og brosjyrar og sånn ‘det er på ‘nynorsk, men kva kvar enkelt ‘skriv i ‘sin kommunikasjon med folk, det må vere det som kvar enkelt føler dei beherskar best
1: mm.
1: kva trur du er det ‘typiske språkløpet i livet deira, sånn i skifte mellom nynorsk og bokmål, engelsk …
2: (H) (Hx) em= kjem an på om det er kontortilsette eller dei på båtane. dei har vel kanskje litt anna kvardagsbilete enn ‘oss
1: ja?
2: eg vil ‘tru at dei ‘fleste ‘skriv ‘nynorsk heile-- altså ‘fram til ‘studietida
1: mm
2: og så blir dei på ein måte kanskje tvungne over på ‘bokmål fordi du studerer ein annan stad, mogelegvis. læreverket er på ‘bokmål
1: mm
2: du har studiekameratar som er-- skriv ‘bokmål
1: mm
2: du skriv ‘veldig ofte ‘oppgåver i lag i dag
1: mm
2: og ikkje nødvendigvis ‘berre for deg ‘sjølv
1: ja.
2: og må føye deg litt i ‘rekkene ‘der, vil eg tru.
1: mm. du blir i mindretal, og då--
2: ja, og då blir det bokmål

1: mm
2: ja, sånn var det i alle fall då eg studerte
1: mm
2: og så er det då, kva du har i ‘ryggmargen når du er ‘ferdig og skal ut i ‘jobb, eigentleg
1: mm
2: kva som er mest ‘naturleg, trur eg, for ‘deg
1: mm
2: som avgjer løpet vidare
1: mm
2: det ‘trur eg. eg er kanskje ‘over gjennomsnittet oppteken av det, då @@@ < @ eg veit ikkje det @ >
1: @@@
2: andre i min familie har ikkje ‘dei ‘språkgenene. dei har meir ‘matte og realfag
1: mm
2: men eg er meir hekta på ‘språk og ‘skrift og
1: mm
2: engelsk og ‘norsk og, ja
1: ja?
2: eg trur det har litt med interesse å gjere
1: ja.
2: ja.
1: så du skal ha ei spesiell interesse for ‘språk, nesten for å ‘halde på ‘nynorsken?
2: trur det hjelper i alle fall, ja
1: ja? mm
2: det trur eg har litt å seie
1: mm
2: em= for det blir jo på ein måte. der er jo nesten slik at det må bli ei ‘kampsak her og der, for det du blir--
1: mm
2: viss ikkje så kjem du inn i det der ‘bokmålssporet
1: mm. så du må vere. du må vere klar for å kjempe, altså? må ein vere litt ‘tøff, då?
2: ja, det må ein jo kanskje. ja. ja, eigentleg
1: j. mm. ‘hm.
2: det er jo veldig mykje ‘ting som blir sendt ut frå det offentlege også, som blir ‘sendt på ‘bokmål. du må ‘be om ‘nynorsk om du skal ha det på ‘nynorsk
1: mm
2: det er ikkje-- ja.
1: mm … m= skal vi sjå, eg må berre sjå om det er noko vi ikkje har vore ‘innom, her
2: mm
1: (H) … ((LEITAR I PAPIRA)) (H) … det er litt sånn, de er ei så ‘ny bedrift at det er ikkje så ‘langt tilbake i historia å gå
2: nei, det er ikkje det
1: em= no er vi snart ferdige
2: ja
1: men du skal få ‘spå litt då. viss du vil det? @@@
2: mm. ja? kan jo prøve
1: til intro så skal eg lese ‘to ‘sitat ((LES TO ULIKE SITAT OM FRAMTIDA TIL NYNORSKEN))
2: @@@@

1: og no spør eg ‘deg. @@ korleis vert framtida?
2: nei, eg ser ikkje nokon ‘grunn til at ‘nynorsken skal ‘døy ut. vi ‘snakkar jo framleis ‘nynorsk. kvifor--?
1: mm
2: nei, eg har ‘tru på nynorsken. og det viser seg at det ‘aukar.
1: mm
2: og eg trur-- folk er meir ‘reflekterte over det også i dag, på ein måte
1: mm
2: og ‘tar eit ‘standpunkt. trur eg
1: mm
2: e= og ‘dei som ‘vil ‘prate det og ‘skrive det, kjem i alle fall til å ‘kjempe for å få ‘fortsette å gjere det
1: mm
2: og at det-- det handlar om å … vise-- stikke seg fram og profilere seg … ja, så er vel det ein ‘god måte å gjere det på då, tenkjer eg
1: mm
2: du ‘skil deg i alle fall ut i mengda når alle andre skriv på ‘bokmål.
1: mm
2: det ‘er jo ikkje ‘negativt, tenkjer eg. !nei det er det ikkje
1: nei.
2: og så lenge vi har ‘to skriftspråk i ‘noreg, så burde det vere ‘eitt fett kva for eit ‘språk du skriv på, og folk ‘forstår det, og viss dei ‘ikkje forstår det, så vil ikkje dei
1: mm
2: forstå det, tenkjer eg
1: mm @@
2: då er det-- då gjer dei seg ‘vanskelege
1: mm
2: ja
1: mm
2: viss du e= viss du skal spå for mafoss-bedriftene
2: mm?
1: e= trur du det blir ‘meir, eller mindre, eller likt med no-- i forhold til nynorsk
2: ganske så likt, tenkjer eg
1: mm?
2: ja.
1: om tjue år då?
2: ja, eg ser ikkje nokon ‘grunn til at det skal ‘endre seg så veldig, eg
1: mm
2: det-- det er jo klart at det-- sånn som vi vel jo å ha webside på engelsk fordi vi skal nå internasjonale kundar og sånt noko, så vi har på ein måte ikkje ‘norsk skriftspråk ‘der, så vi blir ikkje ‘råka av denne ‘søkemotorproblematikken, då men
1: mm
2: det er jo ganske intelligente verkty, det der, då, så eg tenkjer at … er det ‘verkeleg eit ‘problem i tjuefemten?
1: mm
2: at google ikkje klarer å finne deg?
1: mm
2: det ‘trur eg ikkje

1: mm
2: det høyrest ‘usannsynleg ut i alle fall
1: mm
2: at ikkje-- at det skal ‘stoppe ‘der
1: mm. ja det er i alle fall ikkje ‘tekniske grunnar til det-- men det ‘stemmer vel for så vidt at google-- diskriminerer nynorsken
2: nynorsken?
1: det er ‘eg som seier diskriminerer, då
2: ja, det kan hende det?
1: ja, for om du søkjer på-- med eit nynorskord, som nesten ingen gjer då, for du blir jo ‘opplærd av google også, då
2: ja
1: men--
2: ja, for det kjem jo opp ‘framlegg med det same…
1: sei ‘farty, då, sant, viss du søkjer på farty. mente du ‘fartøy? og så får du kun treffa på fartøy, og farty kjem … langt, langt, langt ned i
2: langt…ja?
1: sjølv om du søkte på farty.
2: ja. mm.
1: men at det ‘teknisk kunne gitt … e= likeverdige ‘svar,
2: mm
1: sjølv om du søkjer på ‘bokmål, at du også får ‘nynorsktreffa
2: mm
1: sånn i ‘likeverd.
2: ja?
1: det er ikkje noko ‘problem
2: nei det vil eg ikkje tru
1: å lage det til. men det er ikkje sånn i dag
2: men, det er ikkje ‘sånn i dag. nei?
1: det var jo ‘mitt ‘politiske ‘innlegg @@@
2: ja, men < @ men det er eit ‘viktig poeng @>
1: @@@
2: ja.
1: men har du ein-- er tendensen at det har blitt meir nynorsk i næringslivet eller?
2: eg trur jo kanskje det, då. em= men e= er ikkje så mykje eg har lagt på hovudet, sånn sett, men … eg ser jo berre den jobben som er gjort i enkelte bedrifter, det har ikkje vore nynorsk der heller ‘før. det har i alle fall blitt gjort eit stort ‘poeng av det
1: mm
2: etter-- etter det
1: mm
2: em-- *(Cx)* var jo også pur bokmål før eg og *(Px)* starta der, då var *(Cx)* der og det gjekk på (vedkomande) sitt skriftspråk, på ein måte
1: mm
2: kva med (Cx) det er nynorsk, ikkje sant?
1: det er nynorsk.
2: ivar aasen-kommune og greier
1: mm. nei vi ‘veit jo ikkje korleis ‘utviklinga-- for det har ikkje vore ‘målt, sant?
2: nei

1: i næringslivet
2: nei
1: så ein ‘veit ikkje ‘eigentleg kva utviklinga har vore, men
2: nei
1: men det er mange som ‘seier at det blir ‘meir nynorsk.
2: ja.
1: i ‘nynorskland
2: eg trur ikkje det blir ‘mindre i alle fall. det har eg ikkje inntrykk av
1: mm
2: men om det er nokon markant ‘auke det kan eg ikkje-- det torer eg ikkje helle påstå
1: nei, eg trur ikkje nokon kan ‘seie det, eller då må dei i alle fall ‘tilbake og forske i materiale som ligg arkivert
2: ja, ikkje sant? mm.
1: em=
2: (KREMT)
1: ja. kva håpar du då?
2: eg ‘håpar at det står ‘fjellstøtt eg
1: mm
2: ‘eg har tenkt å bruke det i alle fall
1: ja.
2: mm
1: kva skal til for at det blir slik, då? at det fortsatt står fjelllstøtt?
2: nei då må ‘folk ‘bruke det, tenkjer eg, at-- vi kan ikkje la oss ‘kue av @@ < @ oslogryta og @ > og desse … språkforkjemparane inn i ørsta gjer jo ein ‘god jobb, synest eg og
1: mm
2: og, ja. og det ‘er mykje større ‘fokus på det ‘no. ‘eg synest ‘det. og det må ein berre halde ‘oppe, på ein måte
1: mm
2: ja.
1: ja
1: kven har ‘ansvaret for å gjere det, då?
2: skulane må jo ta ein ‘kamp.
1: mm
2: e= få det inn ‘tidleg og at det er ‘naturleg for ungane å ‘skrive det og ‘lære det, på ein måte
1: mm
2: e= det er ikkje alle som er ‘einige i det då, at det blir ei tvangstrøye, at ein skal få ‘velje og alt sånt, men
1: mm
2: (H) (Hx) media har jo ei viktig ‘rolle i dette her
1: mm
2: kva avisene ‘rundt oss brukar
1: mm
2: em= … ja og ‘oss som bedrifter, tenkjer eg også
1: mm
2: i ‘profilering og … ja.
1: mm
2: det-- … vi har ein viktig ‘jobb å gjere, vi som er herifrå må vise at vi er-- det er ‘her vi høyrer ‘til, og det er her vi stammar frå og det--

1: mm
2: ja. det meiner ‘eg.
1: hm?
2: ja, det meiner eg at det er-- ja
1: mm
2: ja
1: då er det det siste. det er femten kjappe, sant eller usant @@
2: < @ sant eller usant @ > ok
1: og viss du ‘føler behov for å utdjupe, så skal du få lov til det
2: mm
1: men det er ikkje nødvendig, då
2: mm?
1: så no kjem eg med nokre ‘påstandar og så kan du seie om du er enig eller uenig
2: mm
1: nummer ein. det er ‘lettare for oss å kommunisere skriftleg på ‘nynorsk enn ‘bokmål.
2: sant
1: bokmål er eit meir ‘moderne ‘bruksspråk enn ‘nynorsk
2: e= sant
1: nynorsk er ei ‘betre språk enn ‘bokmål?
2: ja, ‘eg meiner jo det @@@
1: @@@
2: @@@
1: dei som nyttar bokmål som bedriftsspråk har fordomar mot nynorsk i næringslivet
2: o= ja, kanskje? sidan dei har ‘valt det?
1: mm. folk utanfrå er misunnelege på dialekten vår.
2: ja, nokre so
1: byfolk har ‘negativt ‘syn på ‘nynorsk
2: ja. det har dei. då trur eg du berre kan ‘stryke den oppom der.
1: kva?
2: det heng ikkje ‘heilt i hop. det at dei er misunnelege.
1: men her var det ‘dialekt
2: ja. og ‘der var ‘nynorsk. ja. det kan rime!
1: det rimar litt med det du sa i tad også. bokmål ligg nærare talespråket vårt enn ‘nynorsk?
2: nei
1: det er ‘lettare å finne gode faguttrykk på nynorsk enn på bokmål?
2: nei.
1: bedrifter som brukar bokmål vert oppfatta som jålete?
2: … (Hx) ja? tja. @@@
1: tja @@. det nynorske skriftspråket er ein viktig del av identiteten vår?
2: ja.
1: bokmål har eit betre ‘rykte enn nynorsk?
2: det kjem jo an på kven du pratar med, kanskje
1: mm
2: e= ja.
1: mm. viss du pratar med folk på gata i Ulsteinvik?
2: det har vel eit betre ‘rykte fordi at det har vore så mykje ‘negativitet om denne her ‘tvangspåføringa av nynorsken, kanskje, då at
1: mm. sidemålskampen, eller kva eg skal seie? debatten?

2: ja. ja. mm. eg trur nok det
1: ja. vi er ‘stolte av den språklege ‘kulturarven vår?
2: ja.
1: det er ‘lettare å velje ‘nynorsk som ‘bedriftsspråk i ‘dag, enn for ein generasjon sidan?
2: det veit eg ikkje noko om, eigentleg
1: mm. så er det eit litt annleis spørsmål. eller ‘påstand.
2: mm?
1: det vil verke positivt om klynga i større grad nytta nynorsk skriftspråk i felles utoverretta kommunikasjon, til dømes mot sentrale politikarar og andre viktige næringslivsaktørar. og då tenkjer eg på mafoss, maritimt forum nordvest eller klyngeprosjekt, slik som gce blue maritime cluster, til dømes.
2: ja, eg synest det.
1: vil du seie litt om kva--
2: ja, det har jo atter ein gong med identitet, kvar vi kjem frå.
1: mm
2: litt med dette her med ‘seriøsitet og kva vi ‘representerer og
1: mm
2: ja. em=
1: kva vi representerer. kva tenkjer du då?
2: (Hx) em= … skulle eg seie den ‘trauste ‘sunnmøringen? nei det skal eg ikkje seie @@@
1: ja? @@@ nokon ‘verdiar? er det det?
2: ja= det har-- det er jo ‘røtene våre på ein måte
1: mm
2: og-- (Hx) ja.
1: mm. ja?
2: kva skal eg seie … å, dette her med å ikkje få tenkje før ein må svare @@
1: mm @@@ berre ‘tenk, du @@@
2: em=
1: (KREMT)
2: (Hx) … få berre sjå den der litt (TEK PAPIRET FOR Å LESE PÅSTANDEN IGJEN)
1: mm
2: (LES)
1: dersom maritimt forum nordvest skal uttale seg til sentrale politikarar for eksempel, på vegner av næringslivet ‘her
2: mm. ja altså ‘eg. det er vel *(Px)* det då. han er vel erke-- men eg ser jo sånn som … gce brukar jo også ‘bokmål.
1: mm
2: men, dei-- det ‘skurrar litt for ‘meg i og med at vi er herifrå. eg synest det-- det er ‘nynorsk dei ‘bør bruke. og det-- eg synest det gir ‘tyngd til det du skal ‘seie, på ein måte. (SENDER ARKET TILBAKE)
1: mm
2: tyngd, seriøsitet og … ‘truverd e=
1: mm
2: det synest eg
1: mm
2: og det ‘er ikkje-- å bruke ‘bokmål, då tillegger du noko ‘unaturleg til det heile, synest eg då
1: mm
2: men det-- eg ‘forstår jo det-- altså når det er slik at leiaren ikkje skriv nynorsk naturleg. men, det du leverer ‘frå deg, kanskje i alle fall, frå ei ‘klynge som er herifrå
1: mm

2: burde vere på det skriftspråket som høyrer ‘til her
1: mm
2: mm.
1: for du-- har stor forståing for at ‘han skriv bokmål, ikkje sant?
2: ja, eg ser den. det--
1: men trur du ‘den forståinga hadde vore der omvendt, altså viss ein nynorskskrivar
2: mm
1: hadde den same stillinga i stavangerområdet for eksempel, då
2: ja, eller på austlandet
1: eller austlandsområdet. i stavanger er det vel kanskje av og til litt nynorsk. eg veit ikkje.
2: ja det er mange som ‘snakkar nynorsk
1: men trur du ein som skreiv på vegner av eit bokmålsområde … ville møtt den same forståinga?
2: nei. det trur eg kanskje ikkje.
1: mm
2: kanskje vi er litt meir ‘ettergivande her @@
1: mm @@
2: og elles i landet også, sikkert, for vi er jo ein ‘minoritet. det er ikkje til å stikke under ein stol
1: ja, for du vil seie ettergivande og ikkje ‘tolerant.
2: ja, det var vel det eg sa @@@
1: ja det ‘var det du ‘sa, då @@
2: @@@@
1: og det er litt stor skilnad
2: ja. det er det
1: for då gir du etter for noko
2: for eit press
1: press, ja
2: mm. og det føler eg kanskje at mange gjer, då.
1: mm
2: mm. men altså, vi er jo toletante også, vi må jo vere det for å på ein måte gi rom for ‘alt
1: mm
2: alt ‘bokmålet
1: mm
2: men.
1: ja
2: men det bør vere plass til begge. og alt på sin ‘plass. men ‘her snakkar vi sånn og då synest eg vi skal skrive sånn
1: ja
2: mm?
1: ja? det vart ikkje kjapt i det heile den nummer fjorten der. fjorten? femten kjappe sa eg, og så var det fjorten.
2: @@
1: no har eg jo kome gjennom alt av det eg hadde, då,
2: mm
1: men det kan jo hende du saknar eit spørsmål? @@ og då skal du få seie ‘det. det kan vere noko eg har gløymt
2: eg føler eg har sagt opp att og opp att det same heile tida, eg @@
1: å ja. men eg har stilt spørsmåla frå litt ulike vinklar, så det er
2: ja

1: det er-- eg synest eg har fått mykje-- mykje som er ‘veldig ‘brukande.
2: mm.
1: men visst du ikkje har noko meir du vil seie då, noko anna eg bør ta med…
2: (Hx)
1: så kan eg ‘slå av
2: j. nei da. eg trur eigentleg ikkje det er så mykje-- det-- eg kan jo grunngje kvifor vi har ‘engelsk der vi har ‘engelsk, til dømes
1: ja, det kan du gjere. det hoppa eg vel elegant over. det var ikkje ‘meininga eigentleg
2: @@ det har vel ‘litt med at vi har noko utanlandsk eigarskap.
1: mm
2: og også ‘det at det er ein del utanlandske kundar og båtar som går i utlandet. vi har difor mange lesarar som treng informasjonen som står på nettsidene. vi har mange revisjonar i året, og alt som blir gått igjennom må ligge føre på engelsk.
1: å ja. mm
2: så alt det går på engelsk
1: mm. så det å ha ei ‘norsk-- ein norskversjon er ikkje aktuelt. for nokon har jo det også
2: nokon har ‘det også. det har-- vi har ikkje omsnakka det, faktisk. teke ‘den vurderinga på web i det heile.
1: mm
2: nei. det har vi ikkje gjort.
1: mm
2: kun på interninfoen og så
1: mm
2: så valde eg å gjere facebook slik, då, i og med at
1: men då har det litt med ‘kven de snakkar ‘til då i dei ‘forskjellige
2: ja. det har med ‘mottakar å gjere. ja
1: ja. mm
2: så det var vel ‘det
1: ja, men tusen takk!
2: mm.
1: det var ‘bra du hugsa på det der.

(AVSLUTTAR)

**Er det meir du treng å vite før intervjuet startar?**

# Intervjuguide: Språkpraksis og val av bedriftsspråk

## 1. FØRST EIN FAKTASJEKK OM DEG OG BEDRIFTA

Namn:

Stilling:

Namn på bedrift:

Lokalisering:

Etablert:

- Korleis vil du forklare forretningsområdet for bedrifta?

- Korleis vil du beskrive bedrifta si tilknyting til og plassering i den maritime klynga?
  - sal til andre
  - kjøp av andre
  - samarbeid med andre
  - konkurranse med andre

- Korleis vil du beskrive bedrifta si tilknyting til lokalmiljøet, kulturen, naturen og lokalhistoria?

## 2. BILETET EG HAR FÅTT HITTIL AV SPRÅKPRAKSISEN I BEDRIFTA OG I KLYNGA

Legg fram tabellar, kakediagram og utskrifter frå nettsider osb. (delundersøking 1)
Kva bilete stemmer best av språkpraksisen i bedrifta i dag?

1) BEDRIFT

2) KLYNGE

3) ANONYM (KLYNGE)

Korleis vil du beskrive vegen fram til denne språkpraksisen?

Kan du beskrive eventuelle språkskifte i bedrifta?

Korleis er språkpraksisen dykkar i høve til språkpraksisen generelt i næringslivet?

Korleis vil du beskrive språkpraksisen i klynga i dag?

## 3. OM KOMMUNIKASJONEN MELLOM AKTØRANE I KLYNGA

I litteratur om næringsklynger er det nokre omgrep som ofte vert nytta.

Klyngenettverk, klyngedynamikk, møteplassar, samsnakking og klyngesamarbeid. Dette vert skildra som viktige aktivitetar for ein klyngeaktør. Utan klyngesamhandling, kan ein ikkje oppnå dei ønska klynge-effektane. Og sjølv om språk eller kommunikasjon ikkje nødvendigvis vert nemnt i desse samanhengane, vil eg spørje deg:

- Kan du forklare / gi meg eit bilete av korleis kommunikasjonen innanfor klynga går føre seg?
- Korleis skil klyngesamhandling seg frå andre typar samhandling mellom kundar, leverandørar, konkurrentar og samarbeidspartnarar?
- Kva rolle speler **skriftspråket** i slik klyngesamhandling?
- Korleis, kvifor, på kva måte?
- Er språkpraksisen noko du sjølv er medviten på i det daglege, eller kjem dette av seg sjølv ? Kan du gi eit døme?

Ferdig med ca 30 % av intervjuet.

DEL UT INTERESSENTKART

## 4. SAMANHENG MELLOM SPRÅKPRAKSIS OG INTERESSENTAR

Interessentkart (henta frå Kommunikasjonsforeningen som referer til R. Edward Freeman)

*« grupper og individer som kan påvirke - ha betydning for - eller er påvirket/berørt av, resultatene av en virksomhets forretningside (mission).» (Freeman)*




- Meir nynorskpraksis internt i bedriftene enn det som syner utvendig. Kvifor?
- Kvifor vel ein ulikt språk til ulike målgrupper eller interessentar?
- Er det skilnad på korleis ei bedrift vil stå fram / vise seg fram overfor dei ulike interessentane?
- På kva måte er det eller er det ikkje ein samanheng mellom type interessent og språkpraksis?

## 5. SPRÅKET PÅ SUNNMØRE

- Korleis vil du beskrive språket på Sunnmøre, om du samanliknar det med språket i andre landsdelar. (Dialekt og skriftspråk) (Samanlikne med t.d. språket i Oslo eller lenger sør på Vestlandet).

  -Måten ein snakkar på
  -Meir eller mindre direkte
  -Meir eller mindre forsiktig eller høfleg
  -Ord og uttrykk, konkret/abstrakt, nært, fjernt.
  -Dialekt og skriftspråk, er det dei same kjenneteikna?

- Kva haldningar har folk flest til språket sitt på Sunnmøre?

  -Dialekt og skriftspråk, er det likt?

- I kor stor eller liten grad vil du seie at språket på Sunnmøre ein del av den sunnmørske identiteten?
  -Dialekt og skriftspråk, er det likt?

# 6. FORKLARINGAR PÅ SPRÅKPRAKSISEN I KLYNGA OG BEDRIFTA

- Kva meiner du er den viktigaste forklaringa på at enkelte lokale klyngebedrifter vel å skrive bokmål og andre nynorsk? -

  -Kva er det som skil bedriftene?

  -Kva med engelsk/norsk?

- Kva meiner du er den/dei viktigaste forklaringa(ne) på at **di bedrift** vel denne språkpraksisen?

  -Kva skil di bedrift frå dei som har annan språkpraksis?

- Gå igjennom spørsmål 9 i anonymt spørjeskjema.

9) I kor stor eller liten grad vert den daglege språkbruken påverka av faktorane som er nemnde nedanfor?

| | I svært stor grad | I ganske stor grad | Verken - eller | I ganske liten grad | I svært liten grad | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Uformelle signal frå eigarane | | | | | | |
| Uformelle signal frå leiinga | | | | | | |
| Sedvane - det er berre blitt slik | | | | | | |
| Eigarane sitt eige skriftspråk | | | | | | |
| Leiinga sitt eige skriftspråk | | | | | | |
| Medarbeidaren sitt eige skriftspråk | | | | | | |
| Lokal identitet eller lokalt skriftspråk | | | | | | |
| Administrasjonsspråk i kommunen | | | | | | |
| Språket til leverandørar eller tenesteytarar | | | | | | |
| Språket til konkurrentane eller andre bedrifter | | | | | | |
| Språket til kundane | | | | | | |
| ANDRE GRUNNAR | | | | | | |
| Praktiske omsyn (det er enklast slik) | | | | | | |
| Økonomiske omsyn (vi tener på det) | | | | | | |
| Samfunnsomsyn eller pliktomsyn (Vi bør skrive slik, vi har ei plikt eller eit ansvar til å skrive slik…fordi: | | | | | | |
| Identitetsomsyn (Det viser kven vi er, det knyter oss saman) | | | | | | |
| Marknadsføringsgrunnar (Speglar kvalitet, stoltheit, Sunnmørsk bedriftskultur) | | | | | | |
| Omdømegrunnar (Vi ynskjer å stå fram på ein viss måte) | | | | | | |

Ferdig med ca 60 % av intervjuet

## 7. SPRÅK GJENNOM LIVET

Vi veit at mange skiftar mellom skriftspråk i løpet av livet.

Kan du forklare kva som kan vere eit typisk språk-livs-løp for folk som har arbeidet sitt innanfor næringsklynga på Sunnmøre?

- Kva er det som, etter ditt syn, gjer at enkelte anten held på nynorsken eller vender attende til nynorsken, medan andre skiftar til og held fast ved bokmålet?

## 8. SAMANHENGEN MED BEDRIFTS- OG LOKALHISTORIA

- Språket i bedrifta før, i høve til språkpraksisen no. Kva er likt, ulikt og kvifor?
- Språkpraksis, språkløpet og språkhaldningar hjå tidlegare generasjonar og grunnar for eventuelle språkskifte.
- Utdanningsnivået før og no.
- Kva var verdigrunnlaget, visjonane eller forretningsideen i bedrifta før. Kva har ev. endra seg?
- Korleis var og er tilhøvet og bindingane til resten av det lokale næringslivet? Kva har ev. endra seg og kvifor?
- Var det ei næringsklynge, også før omgrepet dukka opp i økonomisk litteratur? Forklar.
- Korleis var og er tilhøvet til næringsliv, politikarar og styresmakter på Austlandet eller i sentrale strok? Kva har ev. endra seg?
- Bedriftene sitt omdøme, før og no?

## 9. FRAMTIDA FOR SKRIFTSPRÅKET

Sitat frå Hans Geelmuyden, Senior partner og sjef i GKG:

*«Nynorsk er ikke dødt, bare døende. Fortsetter utviklingen som nå, vil døden inntreffe om noen år. Min spådom er at utviklingen vil akselerere. Dels skyldes det tiltakende urbanisering, dels internett der søkbarhet er en viktig funksjon. Bruker du nynorsk forsvinner du i mengden. Søkemotorene finner deg ikke. Derfor gjør bedriftene i Osterøy kommune klokt i å skrive på bokmål. Det er rett og slett mer effektivt. Kommunikasjon handler tross alt om å bli lagt merke til og forstått.» (gknordic.com, okt. 2013)*

Sunnmørsposten 14.08.15:

*«Ei undersøking gjennomført av Sentio Research på oppdrag frå Riksmålsforbundet tyder på at rundt 592.000 nordmenn over 15 år skriv nynorsk i private samanhengar. Det er over 100.000 fleire enn i 2005. – Undersøkinga er ei viktig melding til alle nynorskbrukarane: De er mange, og fleire enn ein skulle trudd, seier Ottar Grepstad til Framtida.no. Grepstad er styreleiar i Språkrådet og direktør i Nynorsk kultursentrum. – Nynorsken har blitt spådd den sikre død sidan 1852. Det byrjar å dra ut, seier han til nettstaden.»*

- Korleis vert framtida?
- meir, mindre eller likt (engelsk iht norsk og nyn iht bokmål)
- Kva håpar du? Kvifor?
- Kva skal til for at det skal bli slik du håpar?

Siste spørsmål!

## 10. SYN PÅ SPRÅKET

15 kjappe: Sant eller usant? Det er lov å utdjupe

1) Det er lettare for oss å kommunisere skriftleg på nynorsk enn bokmål.
2) Bokmål er eit meir moderne bruksspråk enn nynorsk.
3) Nynorsk er eit betre språk enn bokmål.
4) Dei som nyttar bokmål som bedriftsspråk har fordomar mot nynorsk i næringslivet.
5) Folk utanfrå er misunnelege på dialekten vår.
6) Byfolk har eit negativt syn på nynorsk.
7) Bokmål ligg nærare talespråket vårt enn nynorsk.
8) Det er lettare å finne gode fagutrykk på nynorsk enn på bokmål.
9) Bedrifter som brukar bokmål vert oppfatta som jålete.
10) Det nynorske skriftspråket er ein viktig del av identiteten vår.
11) Bokmål har eit betre rykte enn nynorsk.
12) Vi er stolte av den språklege kulturarven vår.
13) Det er lettare å velje nynorsk som bedriftsspråk i dag, enn for ein generasjon sidan.
14) Det ville verke positivt om klynga **i større grad nytta nynorsk** skriftspråk i felles utoverretta kommunikasjon, til dømes mot sentrale politikarar og andre viktige næringslivsaktørar. (MAFOSS, Maritimt Forum Nord-Vest, og klyngeprosjekt som GCE Blue Maritime Cluster)

Er det andre spørsmål du kunne ønske du hadde fått?

Er det noko anna du synest eg bør ta med?

TUSEN TAKK!

Ingen bedrifter eller enkeltpersonar vil kunne kjennast att i masterpublikasjonen, om ikkje det er særskilt avtalt og godkjent på førehand.

Prosjektet skal etter planen avsluttast 01.01.16.

FRIVILLIG DELTAKING
Det er frivillig å delta i forskingsprosjektet, og du kan når som helst og utan grunngjeving trekke samtykket. Dersom du trekker deg, vil alle personopplysningar bli anonymiserte.

Dersom du har spørsmål til prosjektet, ta kontakt med masterstudent Monika Haanes Waagan på tlf. 41632439 eller stipendiat og rettleiar Øystein Hide på tlf. 70075473.

Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

\---

SAMTYKKE TIL DELTAKING

Eg har motteke informasjon om forskingsprosjektet, og er villig til å delta.

\-------------------------------------------------------------------------------------------------------------

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Monika Haanes Waagan
Masterstudent ved
Ivar Aasen-instituttet,
Høgskulen i Volda

Masterprosjekt:
Bedriftsspråk i den maritime klynga
på Nord-Vestlandet

# Temaliste for intervju om språkpraksis og val av bedriftsspråk*

Temalista er ikkje eit spørjeskjema, men ei liste over tema og generelle spørsmål som skal gjennomgåast i løpet av intervjuet. Både rekkefølga og innhaldet kan bli justert i løpet av intervjuet. Det vert nytta digital lydopptakar og skriftlege notat under intervjuet. Intervjuar er masterstudent Monika Haanes Waagan, Høgskulen i Volda.

- BAKGRUNNSDATA
    - Namn, stilling, namn på bedrift
    - Forretningsområde for bedrifta
    - Band til den maritime klynga og næringslivet elles

- SPRÅKPRAKSISEN I BEDRIFTA
    - Språkpraksisen til bedrifta dykkar i dag

- SPRÅKET I DEN MARITIME KLYNGA PÅ NORDVESTLANDET
    - Gjennomgang av prosjektet sine allereie innsamla data om språkpraksisen i eit utval bedrifter
    - Kommentarar og utdjuping

- SPRÅKET PÅ SUNNMØRE
    - Det skriftlege kvardagsspråket i området generelt

- SPRÅKET I NÆRINGSLIVET PÅ SUNNMØRE
    - Næringslivsspråket spesielt

- VAL AV BEDRIFTSPRÅK, KVEN TEK AVGJERDA OG KORLEIS
    - Norsk og/eller engelsk
    - Nynorsk og/eller bokmål
    - Vurderingar ved val av bedriftsspråk

- NYNORSK SOM BEDRIFTSSPRÅK
    - Grunnar til å bruke nynorsk som bedriftsspråk
    - Grunnar til å ikkje bruke nynorsk

- TANKAR OM FRAMTIDA FOR NORSK SPRÅK I NÆRINGSLIVET
    - Norsk versus engelsk og nynorsk versus bokmål

- ANDRE INNSPEL TIL PROSJEKTET

Takk for at du tek deg tid til å vere med!

****Bedriftsspråk*** *tyder i denne undersøkinga det skriftspråket eller dei skriftspråka bedrifta brukar i intern saksutgreiing, digitale medium, marknadsføring, utlysingar, styredokument, årsmelding m.m.*

Kopi: Monika Haanes Waagan waaganmo@stud.hivolda.no

# Personvernombudet for forskning

## Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 44283

Utvalget informeres skriftlig og muntlig om prosjektet og samtykker til deltakelse. Informasjonsskriv og samtykkeerklæring er noe mangelfullt utformet. Vi ber derfor om at følgende endres/tilføyes:
-Fjern det følgende "... og personopplysningar og bedriftsnamn vert ikkje lagra saman med datamaterialet" da anonymisering av datamaterialet forutsetter at dette ikke lagres.

Revidert informasjonsskriv skal sendes til personvernombudet@nsd.uib.no før utvalget kontaktes.

Personvernombudet legger til grunn at forsker etterfølger Høgskulen i Volda sine interne rutiner for datasikkerhet. Dersom personopplysninger skal lagres på privat pc, bør opplysningene krypteres tilstrekkelig.

Forventet prosjektslutt er 01.01.2016. Ifølge prosjektmeldingen skal innsamlede opplysninger da anonymiseres. Anonymisering innebærer å bearbeide datamaterialet slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes. Det gjøres ved å:
- slette direkte personopplysninger (som navn/koblingsnøkkel)
- slette/omskrive indirekte personopplysninger (identifiserende sammenstilling av bakgrunnsopplysninger som f.eks. bosted/arbeidssted, alder og kjønn)
- slette digitale lyd-/bilde- og videoopptak

| | | |
|---|---|---|
| Fornavn | Øystein | Før opp navnet på den som har det daglige ansvaret for prosjektet. Veileder er vanligvis daglig ansvarlig ved studentprosjekt.<br><br>Veileder og student må være tilknyttet samme institusjon. Dersom studenten har ekstern veileder, kanbiveileder eller fagansvarlig ved studiestedet stå som daglig ansvarlig.<br><br>Arbeidssted må være tilknyttet behandlingsansvarlig institusjon, f.eks. underavdeling, institutt etc.<br><br>NB! Det er viktig at du oppgir en e-postadresse som brukes aktivt. Vennligst gi oss beskjed dersom den endres. |
| Etternavn | Hide | |
| Stilling | Stipendiat | |
| Telefon | 70 07 50 00 | |
| Mobil | 98831401 | |
| E-post | ohide@hivolda.no | |
| Alternativ e-post | postmottak@hivolda.no | |
| Arbeidssted | Høgskulen i Volda | |
| Adresse (arb.) | Postboks 500 | |
| Postnr./sted (arb.sted) | 6101 Volda | |
| Sted (arb.sted) | Volda | |

## 5. Student (master, bachelor)

| | | |
|---|---|---|
| Studentprosjekt | Ja ● Nei ○ | Dersom det er flere studenter som samarbeider om et prosjekt, skal det velges en kontaktperson som føres opp her. Øvrige studenter kan føres opp under pkt 10. |
| Fornavn | Monika Haanes | |
| Etternavn | Waagan | |
| Telefon | | |
| Mobil | 41632439 | |
| E-post | waaganmo@stud.hivolda.no | |
| Alternativ e-post | monikahaawaa@gmail.com | |
| Privatadresse | Kaivegen 1 | |
| Postnr./sted (privatadr.) | 6080 Gurskøy | |
| Sted (arb.sted) | Gurskøy | |
| Type oppgave | ● Masteroppgave<br>○ Bacheloroppgave<br>○ Semesteroppgave<br>○ Annet | |

## 6. Formålet med prosjektet

| | | |
|---|---|---|
| Formål | Prosjektet undersøkjer bedriftsspråket i den maritime klynga på Nord-Vestlandet. Målet med prosjektet er å bidra til auka kunnskap om språkpraksisen i norsk næringsliv. Delen som vert vurdert å vere underlagt meldeplikt, er eitt av tre delprosjekt. Dette prosjeketet er eit semistrukturert intervju med bedriftsleiarar i 3 bedrifter som nyttar nynorsk som bedriftsspråk, anten åleine eller i kombinasjon med andre språk. I intervjuet vert det spurt etter dagens språkpraksis, både i bedrifta spesielt og i næringsklynga generelt. Det vert spurt etter grunngjevingar for val av norsk, engelsk, nynorsk og/eller bokmål som bedriftsspråk. | Redegjør kort for prosjektets formål, problemstilling, forskningsspørsmål e.l. |

## 7. Hvilke personer skal det innhentes personopplysninger om (utvalg)?

| | | |
|---|---|---|
| Kryss av for utvalg | □ Barnehagebarn<br>□ Skoleelever<br>□ Pasienter<br>□ Brukere/klienter/kunder<br>■ Ansatte<br>□ Barnevernsbarn<br>□ Lærere<br>□ Helsepersonell<br>□ Asylsøkere<br>□ Andre | |

| | | |
|---|---|---|
| Beskriv utvalg/deltakere | Utval på 3 av totalt 39 medlemsbedrifter i MAFOSS (Maritim Forening for Søre Sunnmøre.) Informantar blir dagleg leiar eller person med delegert mynde til å svare. | Med utvalg menes dem som deltar i undersøkelsen eller dem det innhentes opplysninger om. |
| Rekruttering/trekking | Dei 3 bedriftene som skal intervjuast djupare , vert valt ut på bakgrunn av innsamla offentlege data (ikkje personopplysningar) om 39 utvalde klyngebedrifter. Dei tre bedriftene brukar alle nynorsk offentleg, men på ulike flater og i svært ulikt omfang. | Beskriv hvordan utvalget trekkes eller rekrutteres og oppgi hvem som foretar den. Et utvalg kan trekkes fra registre som f.eks. Folkeregisteret, SSB-registre, pasientregistre, eller det kan rekrutteres gjennom f.eks. en bedrift, skole, idrettsmiljø eller eget nettverk. |
| Førstegangskontakt | Dei 3 bedriftene vert kontakta per telefon og e-post. Kvar bedrift får også tilsendt e-post med informasjon om prosjektet og kva som skal vere tema for intervjuet. | Beskriv hvordan kontakt med utvalget blir opprettet og av hvem.<br><br>Les mer om dette på temasidene. |
| Alder på utvalget | □ Barn (0-15 år)<br>□ Ungdom (16-17 år)<br>■ Voksne (over 18 år) | Les om forskning som involverer barn på våre nettsider. |
| Omtrentlig antall personer som inngår i utvalget | 3 | |
| Samles det inn sensitive personopplysninger? | Ja ○ Nei ● | Les mer om sensitive opplysninger. |
| Hvis ja, hvilke? | □ Rasemessig eller etnisk bakgrunn, eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning<br>□ At en person har vært mistenkt, siktet, tiltalt eller dømt for en straffbar handling<br>□ Helseforhold<br>□ Seksuelle forhold<br>□ Medlemskap i fagforeninger | |
| Inkluderes det myndige personer med redusert eller manglende samtykkekompetanse? | Ja ○ Nei ● | Les mer om pasienter, brukere og personer med redusert eller manglende samtykkekompetanse. |
| Samles det inn personopplysninger om personer som selv ikke deltar (tredjepersoner)? | Ja ○ Nei ● | Med opplysninger om tredjeperson menes opplysninger som kan spores tilbake til personer som ikke inngår i utvalget. Eksempler på tredjeperson er kollega, elev, klient, familiemedlem. |

## 8. Metode for innsamling av personopplysninger

| | | |
|---|---|---|
| Kryss av for hvilke datainnsamlingsmetoder og datakilder som vil benyttes | □ Papirbasert spørreskjema<br>□ Elektronisk spørreskjema<br>■ Personlig intervju<br>□ Gruppeintervju<br>□ Observasjon<br>□ Deltakende observasjon<br>□ Blogg/sosiale medier/internett<br>□ Psykologiske/pedagogiske tester<br>□ Medisinske undersøkelser/tester<br>□ Journaldata | Personopplysninger kan innhentes direkte fra den registrerte f.eks. gjennom spørreskjema,intervju, tester, og/eller ulike journaler (f.eks. elevmapper, NAV, PPT, sykehus) og/eller registre (f.eks.Statistisk sentralbyrå, sentrale helseregistre).<br><br>NB! Dersom personopplysninger innhentes fra forskjellige personer (utvalg) og med forskjellige metoder, må dette spesifiseres i kommentar-boksen. Husk også å legge ved relevante vedlegg til alle utvalgs-gruppene og metodene som skal benyttes.<br><br>Les mer om registerstudier her.<br><br>Dersom du skal anvende registerdata, må variabelliste lastes opp under pkt. 15 |
| | □ Registerdata | |
| | □ Annen innsamlingsmetode | |
| Tilleggsopplysninger | | |

## 9. Informasjon og samtykke

| | | |
|---|---|---|
| Oppgi hvordan utvalget/deltakerne informeres | ■ Skriftlig<br>■ Muntlig<br>□ Informeres ikke | Dersom utvalget ikke skal informeres om behandlingen av personopplysninger må det begrunnes.<br><br>Les mer her.<br><br>Vennligst send inn mal for skriftlig eller muntlig informasjon til deltakerne sammen med meldeskjema.<br><br>Last ned en veiledende mal her.<br><br>NB! Vedlegg lastes opp til sist i meldeskjemaet, se punkt 15 Vedlegg. |

| | | |
|---|---|---|
| Samtykker utvalget til deltakelse? | ● Ja<br>○ Nei<br>○ Flere utvalg, ikke samtykke fra alle | For at et samtykke til deltakelse i forskning skal være gyldig, må det være frivillig, uttrykkelig og informert.<br><br>Samtykke kan gis skriftlig, muntlig eller gjennom en aktiv handling. For eksempel vil et besvart spørreskjema være å regne som et aktivt samtykke.<br><br>Dersom det ikke skal innhentes samtykke, må det begrunnes. |
| **10. Informasjonssikkerhet** | | |
| Spesifiser | Lydopptak og notat frå 3 ulike semistrukturerte intervju blir oppbevart i eige låst arkivskap på låst kontor, utan tilgang for andre personar. Ved transkribering vert person- og bedriftsopplysningar anonymiserte. Opptaka vert sletta etter at prosjektet er avslutta. Personopplysningar og bedriftsnamn vert ikkje lagra saman med det øvrige datamaterialet. | NB! Som hovedregel bør ikke direkte personidentifiserende opplysninger registreres sammen med det øvrige datamaterialet. |
| Hvordan registreres og oppbevares personopplysningene? | □ På server i virksomhetens nettverk<br>□ Fysisk isolert PC tilhørende virksomheten (dvs. ingen tilknytning til andre datamaskiner eller nettverk, interne eller eksterne)<br>□ Datamaskin i nettverkssystem tilknyttet Internett tilhørende virksomheten<br>■ Privat datamaskin<br>□ Videoopptak/fotografi<br>■ Lydopptak<br>■ Notater/papir<br>□ Mobile lagringsenheter (bærbar datamaskin, minnepenn, minnekort, cd, ekstern harddisk, mobiltelefon)<br>□ Annen registreringsmetode | Merk av for hvilke hjelpemidler som benyttes for registrering og analyse av opplysninger.<br><br>Sett flere kryss dersom opplysningene registreres på flere måter.<br><br>Med «virksomhet» menes her behandlingsansvarlig institusjon.<br><br>NB! Som hovedregel bør data som inneholder personopplysninger lagres på behandlingsansvarlig sin forskningsserver.<br><br>Lagring på andre medier - som privat pc, mobiltelefon, minnepinne, server på annet arbeidssted - er mindre sikkert, og må derfor begrunnes. Slik lagring må avklares med behandlingsansvarlig institusjon, og personopplysningene bør krypteres. |
| Annen registreringsmetode beskriv | | |
| Hvordan er datamaterialet beskyttet mot at uvedkommende får innsyn? | Datamaterialet som vert lagra på pc og backupdiskar: Innelåst og beskytta med brukarnamn og passord. Lydopptak og utskrifter er innelåst i eigne arkivskap på eige låst kontor, utan tilgang for andre personar. | Er f.eks. datamaskintilgangen beskyttet med brukernavn og passord, står datamaskinen i et låsbart rom, og hvordan sikres bærbare enheter, utskrifter og opptak? |
| Samles opplysningene inn/behandles av en databehandler? | Ja ○ Nei ● | Dersom det benyttes eksterne til helt eller delvis å behandle personopplysninger, f.eks. Questback, transkriberingsassistent eller tolk, er dette å betrakte som en databehandler. Slike oppdrag må kontraktsreguleres. |
| Hvis ja, hvilken | | |
| Overføres personopplysninger ved hjelp av e-post/Internett? | Ja ○ Nei ● | F.eks. ved overføring av data til samarbeidspartner, databehandler mm.<br><br>Dersom personopplysninger skal sendes via internett, bør de krypteres tilstrekkelig.<br><br>Vi anbefaler for ikke lagring av personopplysninger på nettskytjenester.<br><br>Dersom nettskytjeneste benyttes, skal det inngås skriftlig databehandleravtale med leverandøren av tjenesten. |
| Hvis ja, beskriv? | | |
| Skal andre personer enn daglig ansvarlig/student ha tilgang til datamaterialet med personopplysninger? | Ja ○ Nei ● | |
| Hvis ja, hvem (oppgi navn og arbeidssted)? | | |
| Utleveres/deles personopplysninger med andre institusjoner eller land? | ● Nei<br>○ Andre institusjoner<br>○ Institusjoner i andre land | F.eks. ved nasjonale samarbeidsprosjekter der personopplysninger utveksles eller ved internasjonale samarbeidsprosjekter der personopplysninger utveksles. |
| **11. Vurdering/godkjenning fra andre instanser** | | |
| Søkes det om dispensasjon fra taushetsplikten for å få tilgang til data? | Ja ○ Nei ● | For å få tilgang til taushetsbelagte opplysninger fra f.eks. NAV, PPT, sykehus, må det søkes om dispensasjon fra taushetsplikten. Dispensasjon søkes vanligvis fra aktuelt departement. |
| Hvis ja, hvilke | | |
| Søkes det godkjenning fra andre instanser? | Ja ○ Nei ● | F.eks. søke registereier om tilgang til data, en ledelse om tilgang til forskning i virksomhet, skole. |
| Hvis ja, hvilken | | |
| **12. Periode for behandling av personopplysninger** | | |

| | | |
|---|---|---|
| Prosjektstart<br><br>Planlagt dato for prosjektslutt | 01.09.2015<br><br>01.01.2016 | Prosjektstart Vennligst oppgi tidspunktet for når kontakt med utvalget skal gjøres/datainnsamlingen starter.<br><br>Prosjektslutt: Vennligst oppgi tidspunktet for når datamaterialet enten skalanonymiseres/slettes, eller arkiveres i påvente av oppfølgingsstudier eller annet. |
| Skal personopplysninger publiseres (direkte eller indirekte)? | □ Ja, direkte (navn e.l.)<br>□ Ja, indirekte (bakgrunnsopplysninger)<br>■ Nei, publiseres anonymt | NB! Dersom personopplysninger skal publiseres, må det vanligvis innhentes eksplisitt samtykke til dette fra den<br>enkelte, og deltakere bør gis anledning til å lese gjennom og godkjenne sitater. |
| Hva skal skje med datamaterialet ved prosjektslutt? | ■ Datamaterialet anonymiseres<br>□ Datamaterialet oppbevares med personidentifikasjon | NB! Her menes datamaterialet, ikke publikasjon. Selv om data publiseres med personidentifikasjon skal som regel øvrig data anonymiseres.Med anonymisering menes at datamaterialet bearbeides slik at det ikke lenger er mulig å føre opplysningene tilbake til enkeltpersoner.<br><br>Les mer om anonymisering. |
| **13. Finansiering** | | |
| Hvordan finansieres prosjektet? | Vanleg stipend- og lånefinansiert / eigenfinansiert utdanning. Har tidlegare motteke masterstipend på 20 000 frå Språkrådet for å gjennomføre prosjektet. | |
| **14. Tilleggsopplysninger** | | |
| Tilleggsopplysninger | | |

bedrifter eller enkeltpersonar.

KVEN SKAL SVARE?

Vi ynskjer at dagleg leiar eller ein person med delegert mynde frå dagleg leiar svarar.

*Dersom bedrifta har fleire avdelingar, ber vi om at svaret kjem frå den lokale leiinga i Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda eller Ørsta.*

GJELD SKRIFTSPRÅK

Spørsmåla i undersøkinga gjeld berre skriftleg framstilling – på papir eller digitalt.

BEDRIFTSSPRÅK

Bedriftsspråk tyder i denne undersøkinga det skriftpråket eller dei skriftspråka bedrifta brukar i intern saksutgreiing, digitale medium, marknadsføring, utlysingar, styredokument, årsmelding m.m.

Takk for at du tek deg tid til å svare!

Klikk her for å delta

SVARFRIST 28. AUGUST 2015

[%%OPTOUTLINK%%]Lenke for å melde deg ut av undersøkinga.

Denne løysinga er levert av www.Questback.com - Questback Essentials